sutarar pl. (av *sutari* m. skomakar) II 95_7 (1309, Bbk) III 96_7 (1311, Bbk); lat. *sutor*; ags. *sutere*.

Syghn m. sogning, X 38_5 (1340).

syrkot n. eit slag ytrebunad, X 91_7 (Bergen 1308; arn. avskr.) = *surkot* II 165_{24} (Bergen 1328); fr. *surcot*.

sæj n. eit slag ullty, V 69_{11} (1323), *sæy kyrtill* II 165_{22} (1328); jfr. gfr. og mnt. *saie*, lett ullty.

tabla f. tavla, IV 169_{15} (1326); lat. *tabula*.

tapit n. tæpe, II 165_{36} (1328); lat. *tapete*.

Tidæmaðr, Tiðmann, Tidæman Mn (tysk), sjaa ISVestl. I, Merkn. 347. Jfr. *Hærmaðr* ovanfor.

timbr n. fyrti i talet (av skinn): *halft timbr skinna* I 132_{11} (Bergen 1312); mnt. *timber, timmer* n. 40 eller 60 skinn.

træzsur m. skrin eller skaap til aa gøyma dyre eignaluter i? II 165_{2}, (1328); mnt. *tresôr* m. »Schatz; Schatzkammer«; lat. *thesaurus*.

tustleika gsg (av **tustleiki* m. tussigt, urolegt tilstand) VII 190_{14} (1341).

tygium dpl (av *tygi*, n. reidskap) I 321_{24} (1350); mnt. *tûch*, gen. *tûges*.

tyktir 2 pp (av *tykta*, tugta) VII 166_{17} (1339); mnt. *tuchten*.

? *typpings dukr* XI *alna* V 69_{16} (Bergen 1323), jfr. mn. *typpingx duka* pl. V 586_{44} (Trh. 1429), og *typpingsver* n. hjaa Fritzner.

þornen nsg, b. f. (av *þorn* m. turkehus) VI 84_{55} (Sogn 1314) *þornenom* dsg ibid.$_{29}$; jfr. *todn* f. turkehus for korn ell. malt, Nhl. Hard. hjaa Aasen og Ross, og *sonn* d. s.

þramlas v. ptc (for *þramlast*, vera forutan) I 317_{27} (Voss 1350).

vliat ptc, sjaa *olia*.

vliodans œyrum dpl (av *úhlióđanseyra*, dauvøyra, eig. øyra til ein som ikkje svarar) IX 117_{27} (1339), nyn. *oljösöyre*, ein som ikkje høyrer, Snm., *uliöyra* Dal. Jedr.

vmboret ptc (av *umbera*, hava tol med) I 195_{10} (1328, Bbk) o. fl. br.

vmbetra v. brigda so det vert betre, VII 154_{13} (1338).

vmoghuleghan adj. asm, umogeleg, VII 166_4 (1339).

vndirstadnigh (ɔ: *-ning*) f. skyn, I 276_{17} (1341) *vndirstađing* Rygjam. s. 95.

vprunabref n. frumbrev, upphavsbrev, I 164_{10} (Bergen 1321).

vsanlæiks m. gsg, usanning, VII 166_6 (1339).

vtskript n. avskrift, orskrift, I 164_{12} (1321).

vttinghi s. IX 100_{63} (Bergen 1328, Bbk), *fœra han i v.*: faa han utkasta (or raadet); mnt. *utinge* f. »Herauskehrung«.

uæfe f. utid, laak tid, I 107_4 (1306, Bbk).

? *vassarđar* m. nom. tiln. II 67_{27} (Bergen 1303): *Eirikr v.*; for *váshardr*? hard eller sterk til aa tola uvêr og mødor paa ferder (= *vásøflugr*); men nyn. *vaashard* adj. tyder mødesam.

waszkalar pl. (< *vazkallar* < *vazkarlar*, vatskjer) I 321_{27} (1350)[1]: *ii munlaugar ok ii w.*

Vernikr Mn (tysk) I 122_{20} (Bergen 1309).

vers m. asg (*þan vers*), vers, VIII 117_{13} (1338), elles n. Jfr. nyn. *vess* m. gamall formular.

veterstađa f. aarsfrest, V 14_{23} (1285).

vinberium dpl (av *vinber* n. druva, rosin) X 9_{22} (1308, avskr.).

visœyri m. asg, kongens visse inntekter, III 94_{13} (Sogn 1311).

æro f. gsg (av *æra*, æra) I 87_{22} (Bergen 1297); *gera* (*e-m*) *hæiđr ok æro* VII 89_{27} (1320); mnt. *êre* f.

æreleghr adj. nsm, heiderleg, IV 141_4 (1320); *erlighom* dsm I 304_1 (Voss 1347); jfr. mnt. *êrlik*.

ævanga m. apl (av *ævangr*, hestvang, der hestarne fær kvila og fær fôr) I 87_{18} (Bergen 1297, tr. kgbr.).

ølgognum n. dpl, ølkjer, I 134_5 (1312).

[1] Fritzner fører upp ordet med formi *vazskál*; det hev likevel visst ikkje noko med *skál* aa gjera, som i plur. i dette brevet vert skrive *skalr* (ɔ: *skáler*): *einar wagar skalr*$_{16}$. *mundlaugar* og *vazkarlar* er derimot ofte nemnde saman i brevi i upprekningar av lausøyre; *vaz-skál* er ikkje funne.

b. Fraa millomnorsk tid (1350—1525)[1].

1. Ord fraa sudvestlandske brev — utanfor Rogaland — som ogso finst eller vel maa ha funnest i gnorsk tid.

aker færa asg (av **akrferi* m. smal aakerteig) I $555_{16\cdot 20}$ (1396); jfr. nyn. *fere* m. smal teig, Sogn, Nhl. o. fl.

aldengarden m. asg, aldegard, aldehage, I 356_{14} (Hard. 1358); no *ald'ugār* m. Hard., der gn. *aldin* n. hev vorte *alda* f.

allunges adv. heilt, heilt upp, I 460_9 (Hall. 1380), *-is* I 516_{19} (1389); den egt vestnorske formi er *ollungis* II 424_9 (Bergen 1372) IV 967_{15} (VAgd. 1469), enno i bruk i Telem. (*ollungjes* Aasen).

alþingi n. aalmannating, storting paa Grønland, XVIII 33_{25} (Bergen 1389), soleis like eins som paa Island og Færøyarne, sjaa ovanf. under **a**. Jfr. *allþingi* at Rost (i Gudbrandsdalen) III 185_9 (1336) *allþinghith* i Rogaland I 770_9 (1439); *alþinghi* dsg i Lom II 4_{12} (1202—4).

alþingis adv. heilt, I 339_{11} (Nissed. 1354).

ansuar n. svar, III 830_{56} (1455); gn. *andsuar*.

arfdeilð f. arveskifte, III 384_{11} (1373).

arinzluthan asg (av *arinsluti* m. til *arinn* m. aare, eldstad), namn paa eit jordstykke paa garden »Udlesta« paa Voss, sjaa ISVestl. I, s. 82.

beitlosten adj. som hev beslag (t. d. av kopar) I 537_{11} (1391—92).

bolaxse f. dsg, buløks, II 662_{26} (Bergen 1421); gn. *boløx*.

buxtræmwnder m. nsg, fanden, XV 154_{37} (1522): *b. forbanne tegh*; jfr. *træmen* (*Gack t. j waldh*) ibid.$_{29}$, nyn. *tram, tramen, træmen* (Ross og Aasen); gn. *tramr*, troll.

dande kono dsg, heiderleg kvinna, egtekona, I 522_{10} (Rogal. 1390; uthordsk maalf.); *daande kono* d. s. II 527_{10} (Bergen 1391) = *eigin kona*; jfr. *dugande kona* = *eiginkona*, egtekona, IV 369_8 (Vestf. 1354) o. fl. br.

dandimanna gpl, dugande, heiderlege menn, I 562_{16} (Bergen 1398), *dandemæn* plur. III 830_{45} (Bergen 1455, dansk br.); jfr. gn. *dugandi maðr* d. s. Mykje tvilsamt um ordet paa norsk grunn hev sammenheng med gn. *dáð* f. (got. *gadêþs*); at det i norsk hev havt lang *a* synest skrivemaaten fraa 1391 visa[2]. Jfr. *dondhe manna* III 468 (1386, sv.).

dimbildagha wiku f. dsg, vika fyre paaske, I 348_{10} (Sogn 1356); gn. i *dymbildaga uiku* I 89_7 (Hjaltl. 1299), IV 148_6 Oslo 1321). Um upphavet til ordet sjaa Falk og Torp: Etym. Wörterb.

[1] Ord fraa denne tidi, uppførde i Rygjam. s. 96—102, er ikkje medtekne, um dei ikkje her er uppteikna fraa tidlegare aar enn i Rogaland. Nokre reint faae ord fraa dei næraste aari etter 1525 er medtekne; men dei er tidfeste, so ein ser det straks.

[2] Um forklaaringarne av ordet sjaa „Ekskurs om ordet ‚dannemand'" i Didrik Arup Seip's Laaneordstudier s. 95 o. flg.

Eggierdz Mn gen. (tysk) I 441_8 (Bergen 1376).

eighin kono dsg, egtekona, I 571_7 (Bergen 1400); gn. *eiginkona.*

endalang adj. VII 397_3 (Bergen 1435): *endalang Noreg.*

epplagardenn m. asg, eplehage, I 385_{15} (1365): *e. a Hausaþueit* (i Ullensvang, Hard.) *gras gardin j Hausaþuæitt* I 516_{11} (1389).

erfuadhe n. dsg, arbeid, V 331_{15} (1384); gn. *erfaði.* G.Tr. § 93 Merkn.

erlighin adj. nsf I 516_5 (1389): *e. kuinna*; gsv. *erlikin, erligen*; sjaa gn. *æreleghr* her ovanfor.

fogwitte m. fut, I 562_{25} (Bergen 1398) *fowyte* I 646_7 (1415); sjaa *folguti* ovanfor under **a**, og *vndirfwtte* her nedanfor.

forfaras v. spillast, forfarast, II 846_{10} (1462); gn. *fyrirfarast.*

frammælis n. gsg, framsegjing, VII 397_{21} (1435).

fren barne n. dsg, barn av en frænde, I 515_3 (Sogn 1389), synest mest brukt austanfjells.

færa m. asg, sjaa *aker færa* her ovanfor.

garduerd n. gards verd, II 424_7 (1372) = gn. *garðsverð.*

garpanar gpl, for *garpanna* (ISVestl. II s. 168, 23), av *garpr*, m. namn paa tyskar i Bergen liksom i andre norderlendske hansebyar, I 122 (Bergen 1309, bak paa brevet med ei yngre hand: *Om tionda gerdh garpanar med bryggiona*).

(*gein*) *i gein* adv. imot, igjen, I 750_{24} (1435), *i gæn* III 830_{56} (1455).

gremdær eidh m. asg (= *gremdarsvœri* n. hjaa Fritzner) XV 36_{23} (Otredal 1397).

gudrørsko f. dsg, gudløysa? VII 397_{39} (1435), < *guðræskiu*?

hagnyteligt adj. n. laglegt, III 652_{16} (1420).

handbila f. handøks, XV 154_{48} (1522).

heghn s. vern, I 812_5 (1450): *heghn oc traust*; gn. *hegnd.*

helfseldo f. gsg, av *halfsælda*, I 347_7 (Sogn 1356); sjeldsynt i vestlandsbrev. Ordet er her brukt i umtalen av ein gard paa Heidmark. Sjaa *hæfsællda* ovanfor under dei gnorske ordi (**a**).

helg f. helg, VII 397_{13} (1435); akk.: *helgi* ibid.$_{38}$.

herensked n. skamleg tale, IV 1066_{15}: *løygen oc h.* (Voss 1514), < gn. *herianskit.*

herradom m. majestæt (i tiltale til kongen) I 670_5 (1420).

homoll hallm m. akk. halm av rug eller kveite? III 497_{12} (Voss 1391).

horro adv. kor, II 375_{11} (1363): *horro skyld þau varo*; av *huar*, med paaverknad fraa *huerio* pron. dsn.

huiteradha ptc, dsn, b. f., kvita, gjera kvit, I 441_5 (Bergen 1376): *j h. loptinu.*

huusa botenne f. dsg, b. f., hus-voling, I 385_{22} (1365).

ilherskom adj. dpi (av *illherdskr*, illhard) VII 397_{36} (1435).

canunk m., sjaa under **a** ovanfor.

kelda f. brunn? I 527_{11} (Bergen 1390).

klaufftrodh n. nedtrakking under fe-fot, IV 921_{23} (1450).

hnekast n. for *knékast* med uviss tyding, I 356_{11} (Hard. 1358): *j hnekast, fæstarfe ok morgongiof*.

quernedam n. III $1000_{3.6.12}$ (Voss 1496); nyn. *damm* (*kverndamm*) m. Jfr. gn. *demma* v., og gsv. gdsk. *dam* m.

køpslagha v. driva handel, I 670_{20-21} (1420); gn. *kaupslaga* etter mnt. *kopslagen*.

landbo m. leiglending, IX 636_{45} (Sogn 1529); gn. *landbúi*; gdsk. og gsv. *landbo*.

lanđbolom m. dpl (av *landbóli*, leiglending) I 501_{24} (Bergen 1386, vkj. Hjaltland), sjaa *landzsete* ovanfor under **a**.

landz høfdinghie, storhovding i landet, styrar, III 999_{3} (Bergen 1496; vkj. Hjaltland); gn. *landshǫfđingi*.

longha fædghæ m. apl, forfeder i bein ættlina, III 1002_{10} (Valdr. 1496), gn. *langfeđgar* m. pl. med same tyding.

lidhskyldom f. dpl (av *lyđskylda*, undersaatleg skyldnad) I 812_{11} (1450); gn. *lyđskylda*.

luđa v. luda, lyda (um brev) I 376_{12} (1362, kgbr.); mnt. *luden* d. s. Ogso gsv. *ludha*.

magha v. kunna, I 812_{19} (Bergen 1450); austn. utjamningsform av gn. *mega*, jfr. *magande manne* dsg IX 319_{27} (Vestby i Rakkestad, Austf. 1453).

makt f. III 487_{13} (1390); alt i gnorsk tid innført fraa mnt. (*macht*).

mandaudin m. nsg, b. f. um den store manndauden (1349—1350) II 409_{22} (Bergen 1370; udat. vid); *j mandaudanum* I 462_{3} (Voss umkr. 1380).

mistyckelighæ adv. som vekkjer uvilje, uhugnad, I 756_{12} (1436), norsk umsetjing av eit engelsk kongebrev; jfr. gn. *misþykki* n.

motekosst n. pl. (av *motikast*, aatak, motlegg) II 371_{17} (1362).

pannen s. obl. enne, »stirn«, XV 154_{40} (1522); jfr. gdsk. »*hiærnpannæ* pandeskal«[1]. Med tydning koke-kjer alt i gnorsk; lat. *patina*. Sjaa Falk og Torp: Etym. Wörterb.

pukans m. gsg (av *púki* m. puke, djevel) VII 397_{10} (1435); ags. *púca*.

pytt ptc (av *pytta*, demma, stoppa vatn) VI 266_{4} (Bergen 1365); verbet fell i tyding saman med ags. *pyndan*, demma. Gn. *pyttr* m. er ags. *pyt*.

[1] Marius Kristensen: Fremmedordene i det ældste danske skriftsprog. København 1906.

pyttyng f. dam, stemma, VI 266_{10} (1365; etter samt. vid.).

sallt ketils vppsat f. saltverk, VIII 225_{17} (Hard. 1398); jfr. *psalltkathle* m., dsg av *saltketill,* I 348_5 (Kaupang 1356).

serlagæ adj. apm, serskilde, III 384_{34} (1373), *serlagæ men.*

sioiaklum m. dpl, isberg, isflak, XVIII 33_{35} (Bergen 1389; vkj. Grønland). Jfr. nyn. *jakili,* isflak, Set. (Ross).

skolapiltar m. pl. skulegutar, I 410_{24} (Bergen 1371, Bbk).

stædias v. pass. av *steđia,* fastsetja, løyva, VII $397_{33\cdot 51}$ (1435).

? *stiauls stouonne* dsg VII 301_4 (Voss 1378).

stioornaare m. stjornar, styrar, I 516_{16} (1389), brukt um dronning Margreta: *Noregs rikis stioornaare oc Dannmarkar retter erfwingi.*

sumarhallenne f. dsg III 384_{16} (Bergen 1373): *j s. korsbrødranna at Kristkirkiu.*

sutara m. apl, skomakarar, I 812_4 (1450), sjaa ovanfor under **a**, og nedanfor under 2 (*skomakarom*).

syntes 3 si upers. (av *sýnast*) I 555_{26} (1396): *ok syntes þeim swa at ...*

talma v. talma, I 812_{22} (1450); gn. *talma.*

tighund f. stand, I 812_{20} (1450); gn. *tigund.*

træmen, fanden, sjaa ovanfor *buxtræmwnder.*

thengskyldo f. asg, undersaatleg skyldnad, I 670_5 (Bergen 1420); gn. *þegnskylda.*

thiit adv. dit, I 670_{20} (1420) < gn. *þigat.*

þrideilingr m. jordstykke med ei viss vidd: *fiughura þrideilingna bol jardar j Kalfhagha . . . a Folke j Sogne* ɔ: jordstykke som er 4 trideilingar stort, I 353_{8-9} (Sogn 1358); ogso skrive *þrideilinga* I 370_{14} (1361) *þriddalinga* ibid.$_6$ *þriđđalinga* I 371_6 (1361), alle former gen. plur., og alle stader gjeld same garden. Jfr. I 352 (Sogn 1358) der same jordstykket er uppgjeve aa vera *þriggea mella bol iardar.* Dette *þrideilingr* synest berre ha vore brukt i Sogn; det finst ogso i BK s. 40 b_{6-7}: *j hofe halfr annar.* (ɔ: *mánađarmatr* ?) *ok fiorer þridelningar.*

wmbera v. sakna, missa, VII 397_{50} (1435); jfr. gn. *umbera,* og gsv. *umbära.*

vndirfwtte m. nsg, underfut, I 643_3 (Bergen 1415).

vndherførsla f. orsaking, IV 1066_{12} (Voss 1514); gn. *undanfœrsla.*

vpp antuardat ptc (av *uppantvarda*) gjeva yver, henda, II 308_{13} (1351), sjaa Rygjam. s. 98.

vttan æi ɔ: so nær som, II 371_{20} (1362).

vanfrægdh f. vanrop, uord, II 487_{18} (1390).

vanheidrazt v. verta vanæra, III 487_{12}.

uarda v. verta, III 652_{24} (1420): sjaa Rygjam. Merkn. 31, s. 21..

ymbremidrikædag (. *imbruvikudagr*) IV 1066_{2-3} (1514); ags. *ymbrendagas*, gn. *imbrudagar*, imbredagar.

æffwerdhelikan adj. asm, æveleg, I 670_{27} (1420). Ordet finst alt. i gnorsk tid (*æuærligrar* gsf II 226_{11} Skien 1337), men synest laant fraa gsv. *ävärþeliker* (gdsk. *everdelig*).

2. Framande, helst tyske, svenske (og danske) ord i millomnorske brev fraa Sudvestlandet i Norig (utanfor Rogaland):

abbat m. abbet, XV 154_{24} (1522); gdsk. *abbat*; gsv. *abbate*; lat. *abbas*.

afton m. aftan, III 652_{32} (1420), svensk.

akt, f. umsut, tanke, III 487_{31} (1390); mnt. *acht* f.

acthtett (seg) ptc, tenkt (seg) XV 154_{25} (1522).

alieneræth ptc, teke burt, IV 921_{19} (1450), romansk.

anaamædh ptc I 646_{21} (Bergen 1415), sjaa Rygjam. s. 98.

andwordha v. I 647_{14} (Bergen 1415), sjaa Rygjam. s. 98.

arbeide n. dsg. arbeid, VII 397_{42} (1435); mnt. *arbeit*.

arghæ list f. I 647_{26} (Bergen 1415): *vtan alla a. l.*, sameleis i gsv.

armbyst f. boge, XV 154_{17} (1522); gdsk. gsv. *armbyrst*; gn. *arbyst*; mlat. *arcubalista*.

bardskerræ m. pl. barber, II 994_{5} (Bergen 1497); gsv. *bardskärare*, mnt. *bartscherer*.

bedrifvas v. pass. av *bedrifva*, gjera, VII 397_{27} (1435, arnam. avskr.); gsv. *bedriva*, mnt. *bedriven*.

befala v. bjoda, I 713_{21} (Bergen 1426), sjaa Rygjam. s. 98; jfr. *befalningh* s. IX 636_{6} (1529), gsv. *befalning*, mnt. *bevalinge*.

begynnet ptc (av *begynna*, byrja) I 813_{4} (Bergen 1450), med inf. utan *at*; gsv. *begynna*, mnt. *beginnen*.

begærom v. 1 pp II 825_{10} (1458); gsv. *begära*, mnt. *begeren*.

behagadhe v. 3 si, upers. I 749_{17} (1435); gsv. *behagha*, mnt. *behagen*.

behaldæ v. II 514_{17} (1389; vid. Bergen 1410), sjaa Rygjam. s. 98.

behindreth ptc, av *behindra*, hindra, IX 636_{17} (1529); mnt. *behinderen*.

behoff s. trong, torv, VI 535_{4} (1450?) *behof* X 206_{18} (1452); gsv. *behof*, mnt. *behôf*.

beholda v. (= *behalda*) VI 535_{11} (1450? sv. dsk.).

bekender ptc nsm, kjend, XII 223_{5} (1456); gsv. *bekänna*, mnt. *bekennen*.

beledelighe adj. pl., leid, tregeleg, IX 636_{18} (1529); jfr. mnt. *belêden* v. trega, vera leid for.

belægligheit f. tilliggjing, tilstand, I 670_{30} (1420); mnt. *belegelichheit*, gsv. *beläghlikhet*.

beplicther 3 sp (av *beplikta*, gjera til skyldnad) IX 636_{10} (1529); gsv. *beplikta*, mnt. *beplichtigen*.

beraadh n. I 713_{28} (Bergen 1426) = *berodt* Rygjam. s. 99.

berættha v. segja, fortelja, I 670_{30} (Bergen 1420); gsv. *berätta*, mnt. *berichten*. — Den nynorske tydingi: gjeva alterens sakrament — finn me ogso i gsv. *berätta* (1443) og i det nemnde mntyske ord.

beskerm s. vern, I 812_5 (1450); gsv. *beskärm*, mnt. *bescherm*. Hit mn. *beskerman* f. vern, IV 921_{11} (1450).

bestandilse s. upphald, gagn, VII 397_{69} (1435); gsv. *bestandilse*.

besynnerlighom adj. dpl, serleg, I 756_5 (1436); gsv. *besynnerlig*.

betala inf. betala, II 514_{11} (1389, kgbr.) III 688_6 (1427) o. fl. br. *bithalat* ptc XI 111_9 (1405), sjaa Rygjam. s. 99.

betænkke v. tenkja etter, III 830_{55} (1455); sv. *bethänkia*, mnt. *bedenken*.

beuara v. I 756_{38-39} (1436) = *biuara* her nedanfor.

beuist ptc (av *beuisa*) prova, I 750_{18} (1435); sv. *bevisa*, mnt. *bewîsen*.

biskeidine adj. pl., greid, skipeleg, »heiderleg« framfor personnamn, I 643_6 (Bergen 1415): *biskeidine tysker kaupmen*; *biskeidum* dsm XIV 33_2 (Bergen 1417); *biskeideligan* asm III 652_3 (Bergen 1420) *beskedherlig* IV 1066_8 (Voss 1514); mnt. *beschêden* adj. *beschedeliken* o. fl., gsv *biskedhin*, *biskedher* adj., ogso *biskedeliker*.

biwda v. bjoda, VII 397_{65} (1435), sjaa Rygjam. s. 99

biuara v. III 487_{20} (Bergen 1390). sjaa Rygjam. s. 99 (*bevareth*); *biuaringh* I 643_{18} (Bergen 1415).

biuisning f. I 630_{23} (Bergen 1411), sjaa Rygjam. s. 99.

blifua v. »bleiben«, I 643_{18} (Bergen 1415). Tidlegare i Rygjam., jfr. ogso *þa bleif hon deydh* I 592_{10} (Vidareide paa Færøyarne 1404, vid 1407). I svensk finst ordet fyre 1350. Med tydning verta: *som slaghen bleff* XV 154_{46} (1522).

brefwiserske f. kvende som hev brev i eiga, II 938_4 (Bergen 1487); gsv. *brefviserska*.

brwkæ v. I 756_{30} (1436), sjaa Rygjam. s. 99.

burid v. ptc (for *borit*, av *bera*) IV 911_{15} (1449), svensk.

bygghia ok boo I 670_3 (Bergen 1420, og fyrr).

drøfuelse s. trege, sorg, III 830_{52} (Bergen 1455, dsk.); gsv. *drövilse*, mnt. *drovenisse*.

ækta bonde m. egtemann, IV 879_{10} (Bergen 1440); *ekta·man* nsg, d. s. I 750_{12} (Bergen 1435); gsv. *äkta*, mnt. *echte*.

-else, *-ilse*: *bestandilse*, *drøfuelse*, *ffengilse*, *husualelse*, *stadfestilse*.

engilst (pund) asn II 601_{11} (Bergen 1408), *eingiskt* (pund) II 604_4 (Bergen 1408); mnt. *engelsch*.

erlighet s. I 756_{38} (1436); gsv. *ärlikhet*, mnt. *êrlichheit*.

ewich adj. (*e. tijdh*), æveleg, I 813_{17} (1450).

farstofuo f. asg, forstova, III 652_{14} (Bergen 1420); gsv. *farstova*.

fele v. gjeva grid, trygd, III 830_{35} (1455, dsk. br.); gdsk. og gsv. *fela*.

feligheeth ptc, trygda, sikra, I 713_{30} (1426); gsv. *feliga* v., mn. *vêligen*.

feleghan adj. asm, trygg, viss, I 713_{31} (1426); gsv. *feligher*, mnt. *vêlich*; jfr. *felighar* adj. npm III 255_{20} (Berg, Jamtl. 1348, gnorsk br.).

ffengilse n. fengsel, I 756_{18} (1446), sjaa *fangelsom* under a ovanfor.

fliie v. skipa, II 1046_{16} (Bergen 1514), sjaa Rygjam. s. 99.

forakt s. etling, augnemid, XVIII 33_{15} (1389); gsv. *forakt* f. (gdsk. *foragt* Søderw.).

fordeghtinga v. verja, gjeva fred, I 812_{15} (1450); gsv. *fordaghthinga, fordegtinga*, mnt. *vordegedingen*.

fforderffuit ptc, tynt, IX 636_{46} (Sogn 1529); mnt. *vorderven*, gsv. *fordärva*. I formi *fordiarfa, fyrirdiarfa* finst ordet ogso i gnorsk.

forfylghia v. retta seg etter, setja i verk, III 487_{21} (1390); gsv. *forfylghia* d. s., mnt. *vorvolgen* d. s.

forkoma v. II 846_{14} (1462), sjaa Rygjam. s. 99.

forlikom v. 1 pp I 562_{13} (Bergen 1398), sjaa Rygjam. s. 99.

formughande adj. II 461_{15} (1380, kgbr.), sjaa Rygjam. s. 99.

fforsent v. ptc, av *forsenda*, senda i fyrevegen, IX 636_{2} (1529): *helsa fforsent* (= gsv. *helsa forsent*) i staden for norsk *senda kueđiu* i innleidingi til brev.

forstandit ptc, av *forstanda*, merka, forstaa, I 647_{3} (1415), mnt. *vorstân*.

foruaring f. varveitsla, trygd, I 647_{21} (1415); mnt. *vorwaringe*.

fran (ɔ: *fraan*) prp, fraa, III 862_{15} (Bergen 1463); svensk.

fregedagin m. fredag, VIII 395_{18} (Voss 1472); gsv. *fregedager*. Brevet fraa Voss er paa svensk (byrjar: *Tes kennis iak*), so *fregedagin* utan tvil her er ei svensk form. Det same er fulla ogso *fræighiadaghen* IX 311_{3} (Tel. 1420—50), um det ikkje berre er ein forsvenska skrivemaate for *friádagin*, liksom me i brev fraa 15 hundr. ikkje sjeldan finn *sæia* for *siá* (t. d. I 695_{1}, 1424) = sv. *seia, seghia* for *sea* (norsk *siá*)[1]. Sjaa Noreen's Alschwed. Gramm. (1904) § 114, 2 og § 328, 1 a um innskot av *i*, til deils skrive *j* i gsvensk.

[1] Annarleis Fritzner under *friggjardagr*; for dette namnet paa fredagen er der i norsk knapt annan studnad enn det som vert sagt um „*hinn 6 dag*" i Hauksb. 159_{13-14} (Finnur Jónssons utg.), som berre er lærd gissing. Dei norske former av namnet synest visa attende til laan fraa ght. *friatag*, ikkje til ags. *frigdag* eller nokor upphavleg form *friggiardagr*.

frij adj. (uboygt), fri, I 643$_{18}$ (1415), *fri ok frias* (um jord) I 445$_4$ (1377) = *fri ok frials* ibid.$_7$; *frealse ok friheit* III 652$_{25}$ (1420) = *friheth oc frielse* I 812$_{17}$ (1450); gsv. *frir, fri, frihet*, mnt. *vrî, vrîheit.*

fyrstinna f. I 511$_2$ (Akersh. 1388); *förstinna* XVI,I 33$_3$ (1389). Den fyrste formi etter tysk, den andre etter svensk.

förstom m. dpl, fyrstar, III 652$_{26}$ (1420), fraa gsv.

gaffue f. asg, gaava, VI 545$_{11}$ (1453, dsk. br.); tidlegast uppteikna i *morghin-gafwo* asg II 319$_5$ (Baahus 1353) um morgongaava til dronning Blanka; gsv. *gåfva*, mnt. *gabe.*

gafflind m. spjot? XV 154$_{49}$ (1522), ved metatese for g l a v i n (d), dsk.

ganzke adj. b. form, heil, II 461$_5$ (Tunsb. 1380; vkj. Sogn) = *gantze* adj. I 813$_2$ (1450); sjaa Rygjam. s. 100.

gænstan adv. straks, I 562$_{24}$ (Bergen 1398), sjaa Rygjam. 100.

gunst s. godvilje, ynnest, I 756$_{28}$ (1436); gsv. og mnt. d. s.

handtera v. handsama, hantera, I 647$_{17}$ (1415); gsv. *hantera*, mnt. *hanteren.*

-heit: *belægligheit, erlighet, friheit, høgheligheit, kerligheit, liuffligheet, meinogheit, rettugheit, salighet, werdugheit* o. fl.

helsa f. helsning, IX 636$_2$ (1529); gsv. *helsa*, jfr. gn. *heilsa*, helsa.

hielpe ræde n. paafund, umsviv, I 813$_{35}$ (1450); mnt. *helperede* d. s.

hillebaardh f. hellebard, XV 154$_{55}$ (1522); gsv. *hillebard*, mht. *hellebarde* f.

hopoms wi, vonar me, I 670$_{14}$ (1420), sjaa Rygjam. s. 100 under *hopadzt.*

huilkin pron. II 639$_{16}$ (Bergen 1416), sjaa ISVestl. I, Merkn. 390.

huru adv. kor, I 756$_{23}$ (1436); svensk.

husualelse s. hugsvaling, III 830$_{52}$ (Bergen 1455); gsv. *hughsvalilse.*

høgheligheit f høgd, majestæt, I 756$_{38}$ (1436); gsv. *höghelikhet.*

-inna: *fyrstinna.*

jaff s. n.? tvil, I 756$_{31}$ (1436): *ffør utten jaff oc twiffuel.* Jfr. gsv. *iäva* v. tvila, *jafwghe* m. tvil; gn. *ef.*

kraunz m. i *gull kraunz* (gull-kruna) I 537$_5$ (Bergen 1391—92), *kranzs med gul* (av gull) ibid.$_{10}$; gsv. og ght. *kranz*, uppteke fraa ght. *kranz.*

kerligheit f. I 756$_{26}$ (Bergen 1436); gsv. *kärlikhet.*

koningligheit adj. n. kongeleg, IV 921$_{11}$ (Bergen 1450), misskr. for *koningligit*: *wort koningligheit traust oc wald* (jfr. *viterligit* adj. n. VI 534$_4$ 1450). Ein vid. fraa 1490 hev *konugligh æ.*

liker wiis adv. like eins, II 571$_9$ (Bergen 1402); gsv. *likervis*, mnt. *liker wîs(e).*

lijsan s. obl. lettnad, IX 636_{20} (Sogn 1529); gsv. *lise* m., dsk. *lise.*

liuffligheet f. milda, I 756_{34} (Bergen 1436); svensk.

lyuss n. ljos, I 813_{14} (1450); gsv. og gdsk. *lius.*

lödtagne adj. som tek lut i, »luttakande« I 813_{22} (Bergen 1450); dsk.

manade v. 3 si, paaminna, X 207_{24} (Shl. 1452); gsv. *mana,* mnt. *manen.*

meinogheithen s. aalmugen, I 963_{9} (Bergen 1489).

meneghæ adj. pl. av *menigh,* aalmenn, heil, I 647 (1415); gsv. *menogher, menigh*; gdsk. *menig.*

meningh s. meining, etlan, I 670_{19} (1420); gsv. *mening,* mnt. *meninge.* — *meina* v. finst alt i gnorsk.

nationn s. nasjon, folkeslag, VI 721_{9} (Bergen 1532; norskflekkut dsk. br.): *Danssche Norssche Tydske Scotter Hollendere eller aff huad som helst nationn the ere.*

offornwmstogh adj. uvitug, IX 636_{28} (1529); gsv. *ofornumstogher,* jfr. mnt. *unvornuft.*

oforretta v. gjera urett (mot), I 812_{22} (1450), *vforrætta* VI 535_{14} (1450?); gsv. *oforrätta*; mnt. *unvorrechten.*

offortøffwet adv. snart, XV 154_{15} (Shl 1522); svensk.

oldermæn m. pl. (av *oldermann,* forstandar for ein korporation) I 647_{1} (1415); mnt. *olderman*; gdsk. *aldærman.*

ooplwmpat ptc n. som ikkje er tilsulka (um pergam. brev) VIII 490_{5} (Bergen 1516); gsv. *oplumpadher.* Jfr. mnt. *plump* adj. grov, ufin.

oppenbara v. gjera kunnigt, I 647_{2} (1415); gsv. *oppenbara,* mnt. *openbaren.*

owerakt f. »*überacht*«, I 647_{5} (1415); mnt. *overacht(e).*

ouer eino adv. sams, III 688_{11} (1427); mnt. *over ein.*

pappegøyæ f. papegøy-liknelse til skiva, II 994_{6} (Bergen 1497); mnt. *papegoie.*

plæger 3 sp (av *plæga,* pla, vera van til) II 623_{6} (1412, kgbr. etter samt bergensk vid.); gsv. *plägha,* mnt. *plegen,* »gewohnt sein«.

rettugheit f. II 772_{8} (Sogn 1446) *rettigheit* IV 921_{27} (Bergen 1450) o. fl. br.

-*(r)i* (ending): *røueri.* — Jfr. *Lutrj* s. um Lutherdomen, II 1093_{16} (Stav. 1529, biskop Hoskuld): *thenne fordømede vantro oc Lutrj.*

røchte n. ord, gitord, III 830_{50} (1455; dsk. br.); mnt. *rochte.*

røueri s. røving, raning, III 830_{44} (Bergen 1455); mnt. *roverie.*

salighet f. I 756_{39} (Bergen 1436); svensk.

sanningh f. I 900_{7} (Bergen 1472); tevlar i norske brev i 15 hundr. med *sannendi* (-*yndi*). Sjaa G. Tr. s. 42 note.

sywnghe v. syngja, I $813_{4 \cdot 7 \cdot 10}$ (Bergen 1450); gsv. *siunga, syunga.* Jfr. nyn. *sjunga* I Sogn (fraa eldre bergensk-dansk?).

skee v. henda, I 670_{17} (1420), *skedhe* 3 si ibid $_{20}$, *skeer* 3 sp I 647_{28} (1415), sjaa Rygjam. s. 101 under *skædhæ*.

skomakarom m. dpl II 554_{3} (1398), jfr. Ngl. III, s. 206_{12}.

skørlifnad m. utugtig livnad, VII 397_{26} (1435); gsv. *skörlifnadher*.

somlighæ pron. pl. I 756_{16} (1436), sjaa Rygjam. s. 101.

stadfestilse s. stadfesting, V 962_{16} (Bergen 1493).

stadhgan f. fyresegn, IV 921_{35} (1450); svensk.

starke adj. npm (av *starker*, sterk) I 670_{22} (1420); sv. *stark*, mnt. *stark*.

strax adv. III $830_{33 \cdot 35}$ (1455), sjaa Rygjam. s. 101.

stædik adj. npn, fast, urikkeleg, III 384_{33} (1373), mnt. *stēdich*.

swaghrs m. gsg av *svager*, frænde (maag, verfår, verbrôr) I 756_{4} (1436); gsv. *svagher*, mnt. *swager*.

swiszare m. stutt sverd, XV 154_{40} (1522); gsv. *swidzere* (eig. sveitsarvaapn?).

sælscap s. II 825_{11} (Bergen 1458); mnt. *selschap*, gsv. *sälskap*.

sönnerliga adj. f. obl. serskild, II 623_{3} (1412, kgbr.; bergensk vid.) *sönderliga* VI 534_{4} (1450) *synderlige* ibid.$_{9}$; gsv. *sunderliker*, *syndherliker*, *sönnerligh*; mnt. *sunderlik*.

tholicht pron. dilikt, VI 534_{6} (1450), *tuilkæ* apm I 756_{21} (1436), gsv. *þoliker*.

tompt f. *tuft*, III 862_{14} (1463), *tumpt* IV 973_{12} (1472); austn.

traminera v. eig. avgrensa. VII $397_{53 \cdot 56 \cdot 59}$ (1435); jfr. mnt. *termînre* m. tiggermunk, lat. *terminarius*.

trokneckt m. XV 154_{36} (1522) for *trosknecht* (tysk)?

vnderbinder 1 sp (av *underbinda*, forplikta seg til) III 688_{7} (1427), *vnderbundit* ptc I 604_{16} (1405); gsv. *undirbinda*.

vnderdana apl, undersaattar, I 756_{27} (1436) o. fl. st.; jfr. mnt. *underdân*, undergjeven.

vndersata pl. (= *underdana*) I 756_{35} (1436); mnt. *undersate* m.

vntfanga v. taka imot, I 756_{27}; gsv. *untfanga*, mnt. *untvangen*.

værdugheth f. i tiltale til kongen, I 670_{16} (1420), *werdugheit* IX 636_{4} (1529).

verhefftig adj. paalitande, bugild, III 1095_{5} (1524); gsv. *wederhäfftig*, gdsk. *vederhæftig*.

wexilse s. skifting, I 756_{6} (1436).

vindelstenen m. b. form, vindeltropp, II 830_{40} (1455); mnt. *windelstên*.

vitærlikt adj. n. vitelegt, I 518_{3} (1389); gsv. *viterliker*, gdsk. *videlig*, mnt. *witlik*.

öfvas v. pass. (av *öfva*, gjera) VII 397_{27} (1435); *øfviztt* 3 sp III 487_{8} (Bergen 1390).

örlighe n. dsg, strid, I 670_{10} (1420); gsv. *örlögh*, *örligh*, gdsk. *orlog*, mnt. *orlege*; jfr. nyn. *örlag* n. staak og strid, Shl. (Ross).

Onnor minneskrift paa gamalt heimenorsk sudvestlandsmaal.

§ 41. Same maalmerki, som etter granskingi av dei sudvestlandske brevi i gamalnorsk og millomnorsk tid og i samhøve med maalføri i vaare dagar maa ha skilt ut maalet i denne landsluten fraa andre gnorske maalføre, finn me ogso i mange andre skrifter, som me hev att fraa gnorsk tid, og som ikkje er umrødde ovanfor. Dei allerfleste av desse skrifterne vil ein finna upprekna i Innleidingi til desse etterrøknader um vestnorske maalføre s. 10 [1]. Umfram deim kann nemnast:

Elis saga ok Rosamundu, Upsala Univers. bibl. Delag. samling 4—7 fol., fraa umkr. 1260, utgj. av Eugen Kølbing, Heilbronn 1881.

Pamphilus og Galathea, i same samling og med same hand som sistnemnde bok, utgjeve av Kølbing, prenta i Germania XXIII, s. 129—141. I same samling eit lite fragment (13 rader) av ein samtale millom mod og vanmod (*hugrækki ok ædra*), prenta i Heil. manna søgur I s. 452 [2].

Gulatingslogi (landslogi), Stockholms kgl. bibliotek C 16 qv. s. 1—58 (hand c), fraa umkr. 1340. Til ei prøva paa maalet set eg hit fraa blad 55 a, rad 9 o. flg. (or Tjovebolken):

Vm fola [3].

*Nr ef þıofr er fundı*nn *þa sk*al *bında fola a u bak honum ı þuı fylkı sem þıofír er tekı*nn. *7 førı umboðs mannı bundı*nn *7 halldı umboðs maðr* tıl *þíngs. 7 af þıngı í fíoru. En umboðs* maðr *fae mann* tıl *at drepa* hann *7 sua alla þíofa. En bøndr ero allır skyldır* tıl *at fylgıa þıofı* tıl *draps. þa er af þeırra allbyrð. En ef þęır uılıa eígí fylgıa þıofı* tıl *draps. þa er huer þe*ırra *sekr halfrı mork* sılfrs *uıð.* konung. *fe þat allt er tekıt uar af þıofı.* þat *a sa er þıof tok. ef eıgı berst oðrum mannı uíttní* tıl. *en alla aðra aura á konungr. Sa abyrgızst þíof er bındr. ííıj. morkum sılfrs uıð.* konung. *þar* tıl *er* hann *setr bundı*nn *a flet umboðsmannı 7 hafı uítní uıð. En ef þıofr uıll uerıazst. þa fellr* hann *utlegr. En ef* maðr *letr þıof lausan. þa er* hann *sękr. ííıj. morkum* sılfrs *uıð* konun*g. sua umboðs* maðr *konungs sem aðrır* menn. *þar sk*al *huern þıof døma sem stall. huar sem* hann *uerðr staðı*nn.

1 Vestnorske Maalføre fyre 1350. Innleiding: Latinsk skrift i gamalnorsk maal. Videnskabs-Selskabets Skrifter. II. Hist.-Filos. Klasse. 1905. No. 7. Reallexicon der germanischen Altertumskunde, herausg. von Johannes Hoops, Straßb. 1915; s. 336—337.

2 I fyrste radi av dette avprentet stend *þui*, medan hdsk. hev *þau*.

3 Det som i desse prøvor ikkje er prenta med kursiv er uppløysningar.

G u l a t i n g s l o g i (landslogi), Arnam. samling i Kjøpenhamn 307 fol., fraa umkr. midten av 14 hundr. Denne boki hev ikkje faa forvitnelege former, som t. d. *gıafa* (for *gefa*) bl. 32 a, *gıata* v. (for *gæta*) bl. 53 b, 57 b, *þa er hualz vangıat* (ɔ: *vangætt*) bl. 52 b, *Mıðkonor* pl. (for *miǫd-konur*) bl. 64 b, *falag* (for *félag*) bl. 25 b, 26 b, 30 a, *falagha* m. asg (for *félaga*) 21 b, *mısdøyde* m. (for *misdauði*) 26 b; *holre hıonosto* (for *hollri þiónostu*) bl. 62 b, *regnar* ptc npf (< *reknar*) bl. 21 b, *skrøghvıtnum* (for *skrøkvitnum*) 62 a. Halvljoden svagar, og synest gjerne ha retta seg etter vokalen i fyrevegen.

Maalet er helst fraa VAgder. Her er ei prøva or fortalen i logi:

Sıðarst j bokenne æru konun*ga rettar bœtr. at sa* konun*gr sem tıl er skıpaðr* ept*ı*r *at sıa* logho*num* ept*ı*r *vmdœmum sínna forælld*ra. *a eıghí sıðr at hugg(a) sína sıðsama þegna með lınkınd ⁊ rettarbotum. en at tempra ospaka með hírtíng ⁊ loghleghum refsíngh*um. *þat vılíu uer ⁊ eínkanlıgha at þer vıtıð. at ærfðír þær en tıl hafa fallít. ⁊ vm oðals brıgde. ⁊ vıgha færðı. ⁊ oll onnur lagha mal. þa skolu oll* ept*ı*r *þuí dœmazt sem þa gengu logh j landı er þau mal gærðuzt. ef eıghı hef*ır *aðr loglegr domr a komít Bıðíu ver yðr at þer varkunnıt vıð os þat sem a skortír. þuı at meír hef*ır *valdıt fıalskyldı var. ⁊ vankunnenð. æða galøysı. en vılıaløysı sem ætla ma. þo at ver hefðım mın*na *j væð sætt. ⁊ os tøkı þetta æfmní sıalnar en os tækr. fınzt nokot nytsamlegt j þakkum þat allır ıesu* chr*ı*st *huers nafm se blezat vtan enda.*

B o r g a r t i n g s l o g i (landslogi), det kgl. bibliotek i Kjøpenhamn, gml. saml. 3261 qv. (hand a). Prøva er aa finna i Ngl. II, 293—306: Borgartings nyare kristenrett. Maalføret synest vera fraa det austlegaste av sudvaldet. Same maalføre aa kalla som i denne boki finn me i cod. C 14 qv. i Stockh. kgl. bibliotek, Sjaa Ngl. IV (s. 650), der det er ei prøva paa maalet i baae desse skrifterne.

Ei skildring av maalet i kvar av dei mange sudvestlandske skrifterne er det ikkje her høve til aa gjeva, um forfattaren skal sjaa seg von til aa faa skildra ogso noko av austlandsmaali i gnorsk tid [1].

[1] Etterrøknader etter same vegen som eg hev fylgt i utgreidingarne um dei vestnorske maalføri til dessa, er ogso gjort med umsyn til ymse sudvestlandske skrifter, som her ikkje kann medtakast. Soleis ligg ferdige i utkast: O l a v T r y g v e s o n s s o g a (Am. 310 qv.), f r a g m e n t e t av same soga i Delag. saml. 4—7 (Upsala), S t r e n g - l e i k a r, hovudhandskrifti av K o n u n g s - s k u g g s i á og dei norske fragmenti; D i d r i k a v B e r n s s o g a 3dje hand. Til andre er det gjort fyrearbeid. Um A n n a l e s r e g i i kjem ein etterrøknad i næste bolken under islandsk. Um maalet i Hauksbok (den norske luten, 3 hender) hev Finnur Jónsson gjeve vigtuge upplysningar i si innleiding til den store utgaava av boki Kbh. 1892—96. Jfr. § 34 (slutten) her ovanfor, s. 2.

Runeinnskrifter.

§ 42. Umfram brev og bøker hev me ogso fraa den luten av Sudvestlandet, som dette arbeidet umfatar, gamalnorske maalminne i ei rekkja innskrifter med dei yngre runor. Sume av desse innskrifterne er eldre enn dei eldste pergamentsskrifti og kann difor, um dei enn oftast er stutte og ljodmerkjingi ufullkomi, gjeva oss ei fyrestelling um det aalmenne maaltilstandet lenger att i tidi enn noko dokument med latinske skriftteikn, og stundom hev dei ogso forvitnelege upplysningar um einskilde sidor av maalvokstren paa dei ymse stader i maalvaldet. Det aalmenne grunndraget som sermerkjer det norske maalet den dag i dag, openberrar seg soleis klaart nok i ei innskrift som den paa Stedje-steinen i Sogndal, kannhenda fraa 11 hundr.: **olafr kunukr skaut mili staina þesa**, i vanleg gnorsk: *O'lafr konungr skaut milli steina þessa.* — Tvo innskrifter med onnor skrift er medtekne.

Der er runeinnskrifter fraa alle større bygdelag paa Sudvestlandet so nær som fraa Voss. Fraa Sogn er der ikkje faa, dei fleste fraa Urnes (*O'rnes*) kyrkja (yver 20 innskr.)[1]. Av former som er merkande i Sogneinnskrifterne, kann nemnast: I eit vers innskore paa ein trepinn, funnen i Aardals gamle stavkyrkja, som no er nedteki, finn me døme paa itakisme i **beleitir** 3 sp for vanleg gn. *bleytir* eller *bløytir*. Innskrifti kann vera fraa umkr. 1300; *i* for *ø* (*y* ?) finst i ei innskrift fraa Borgunds kyrkja (13 eller 12 hundr.): **in þirkþi þistil** (den klemde tistel), der **þirkti** fulla anten er misskrift eller metatese for **þrikti** < *þrengdi* (for *þrøngdi*) eller **þryngdi*; jfr. ogso **briniolfs**, retta til **bryniolfs** Urn. II (umkr. 1300). Itakisme er velkjent i Lærdal og Aardal i Sogn i vaare dagar, og i grannemaalet i Aurland er der merke etter ei vidare utbreidsla, sjaa ISVestl. I, Merkn. 316 og 348). — Halvljoden er skriven *e*: **liger** 3 sp (av *liggia*) **søfer** 3 sp (av *sofa*) Aard., men er sjølvsagt burte i dei eldste innskrifter. — I sume (yngre) innskrifter er der ljodsamhøve millom endingsvokalen og vokalen i fyrevegen, men i sume ikkje, t. d. **goþ drotin hialpi solo kætils** (Hoprekstad, innskr. burtk.); *u* er det regelrette i endingar, t. d. **skapaþu** 3 pi Borgund, **lofaþum** ptc dsm (?) Urn. VII. — **astsamleha** adj. asf, Urn. I. — *olfr* i **bryniolfs** Urn. II. — *nnr* hev vorte *ð* i **arnfiþr**

[1] Sjaa Aarsberetn. 1907 for Foreningen til norske fortidsmindesmærkers bevaring, Kristiania 1908, der professor Magnus Olsen hev gjeve ei utgreiding um alle Urnes-innskrifterne. Det er hans lesning som her er fylgt, liksom nummerrekkja i utgreidingi (Urn. I, II osfr.). Med sin vanlege godvilje hev han ogso gjeve meg upplysning um ymse innskrifter eg ikkje hev kjent til, og lese korrektur paa runeordi i dette stykket.

Mn Urn. XIII < *Arnfinnr*. — Velar spirant (*ǥ*) er oftast skriven *h*: **dahr** ɔ: *daǥr* Kaupang. — *l* burte i **hiabe** 3 spk Aard. stavk. — Av ordformer er nemnande: **hond** dsg (for *hendi*) Urn. II. — **mik** pron. asg. — **uiiu miʀ** etter Bugge for *wiju-mĕr*, eg vigjer for meg) Urn. XXI (etter Magnus Olsen knapt eldre enn 800, etter Bugge fraa 9 hundr.)[1]. Formi er mykje merkeleg, med di ho spreider ljos yver uppkoma av den refleksive verbalending *-umk* i gnorsk ogso i slike høve der *-mk* syntaktisk er dativ[2]. — Or Hordalands-innskrifter kann nemnast: **foþur** Grindheim, Etne (12 hundr.), **ormor** Mn < *Ormr* Næreim, Ølen. Mykje *i* i endingar, men ofte i innskrifter der det baade etter trøndsk og sudvestlandsk regel skal vera so; likevel **mar(k)us markþi** (merkte, skreiv) i ei innskrift fraa Ullensvang. — **Asolfs** gen. paa ein likstein, Eidfjord[3]; **bryniolf** paa ein stein fraa Ullensvang (no i Bergens Museum). Innskrifterne synest stadfesta, at *-olfr* (*-ólfr*) hev vore den aalmenne form yver heile Sudvestlandet i den eldre tid, utan umsyn til vokalen i stavingi fyreaat. — Jamt **sun**. — **mæk** pron. asg Næreim, Ølen. — Fraa Agder er der ymse forvitnelege innskrifter, til deils med ein rygsk svip som t. d. paa ein stein fraa Huseby i Vanse: **her skibter mørkone**[4], umtala i Rygj. s. 112, og **onotr a mik a honom** (*Qnundr á mik á Hornum*) paa ein stein fraa Bygland til deils med ein egt egda-svip som **kuþ hiabi sal mahniltar** (ɔ: *guđ hiálpi sál Magnildar*) med *l* burtfallen framfor labial konsonant. Ein stein paa Oddernes kyrkjegard hev tvo innskrifter (den eine historisk) fraa 11 hundr.[5]. Av former i Oddernes-innskrifterne er nemnande: **ayintr** Mn < *Eyvindr*, jfr. m. a. fær. *Oyndarfjørđur* paa austsida av Austurøy paa Færøyarne (skr. i dativ *œyndarfirđi* umkr. 1400, Dipl. Fær. s. 28,5) < *Eyvindarfiǫrđr*. — **kosunr** ɔ: *gođsunr*. — **hins** art. gsm. Runeinnskrifterne fraa Sudvestlandet synest stydja den meining at *hin* (og *in*) som adjektivartikel i eldre gnorsk tid hev vore dei raadande former i det maalføret som i desse utgreidingar er kalla indre sudvestlandsk (ISVestl. s. 1, note).

---

1 Sjaa den ovanfor nemnde Aarsberetning fraa 1907, s. 174 og 175.

2 Sjaa den fyrrnemnde Aarsberetn. s. 177.

3 Norske fornlevninger av N. Nicolaysen. Kr.a 1862—66. S. 383.

4 Ikkje **mørkenne**, som det ved vanvare er kome til aa staa i Rygj. paa den citerte staden.

5 Um desse tvo innskrifterne hev Magnus Olsen skrive ei utgreiding i Sproglige og historiske afhandlinger, viede Sophus Bugges minde. Kristiania 1908, s. 8—19.

Maalet i fjellbygderne paa austsida av Langfjelli.

Valdres og Hallingdal.

§ 43. Endaa Valdres og Hallingdal ligg paa austhallet av Langfjelli og er skilde fraa Vestlandet ved høge eg velduge fjell, vert dei likevel mykje tidleg etter det me hev kunnskap um rekna til Gulatinglag [1], og sende nemndemenn til tinget i Gulen [2]. I kyrkjeleg veg laag dei under Stavanger bispestol alt fraa dette bispesæte vart skipa (umkr. 1112?) [3] og til 1631, daa dei vart lagde under Kristiania bispestol.

§ 44. Fraa Valdres hev me 30 gnorske brev fraa tidi 1308—1349, og endaa fleire millom-norske. Dei gnorske brevi fylgjer for det meste det vanlege diplommaal. I nokre brev er der ein svip av rygjamaal, soleis i IV 78 (m. vid. IV 77) fraa 1308, og i IV 159 og IV 160 — baae fraa 1324 —, og allermest i VIII 152 (1344); eit brev II 303 (1349) er mesta reint austlandsk. I dei fleste brevi er der snart austnorske flekkjer og snart vestnorske, helst rygske, som utgreidingi her nedanfor vil syna. Der er mykje i brevi som samstavar med maalføret i Valdres i vaare dagar, men noko heilt bilæte av dette maalet slik som me etter maaltilstandet no maa tru det hev vore i gnorsk tid, er der ikkje noko einskilt brev som gjev oss.

§ 45. Her er ei stutt yversyn yver maalet i dei gamalnorske brevi fraa Valdres:

1. *u*-ljodbrigdet av *a*, ogso framfor halden *u* i næste staving, er rett vel gjenomført i ikkje so faa brev, soleis i IV 159, 160, II 157, II 186, II 225, X 27, II 238, 240, 251, 254, VIII 152, X 53; i hine brevi er ljodbrigdet minder vel gjenomført; i II 264 (1344) er det berre dei tvo fyrste ordi *Ollum monnum* som er ljodbrigda, i I 313 (1348) er der berre dømi *Allum mannum*. Um *a* framfor *lf* o. fl. sjaa nedanfor under **16 f**. — *skula* inf. (= *skulu*) IV 209_{35} (1334); *man* 3 sp (av *munu*) IV 77_{8} (1308). Merk *sangh* 3 si (av *syngia*) I 312_{12} I 313_{5}. — Av tristavingsformer er der *skoðaðom* 1 pi II 110_{23} *vitnaðo* 3 pi II 200_{13} *heyrandum* II 257_{56} *uerandum* ibid.$_{55}$ *uerandom* II 273_{21} I 271_{29}. Av *annarr* finn me *annur* apn II 206_{16}; av *hundrað* i plur.: *hundroð* IV 77_{15}, men *hundrat* II 225_{31} I 312_{6}.

[1] Sunt præterea perplures incolatus inter maritima et montana, ut Waldresia et vallis Haddingorum ac ceteri, qui Gulaticis subjacent legibus, Hist. Norwegiæ (s. 81—82 i Storms Monumenta historica Norvegiæ), fraa umkr. 1180. Sjaa ogso P. A. Munch: Det norske Folks Historie II s. 1000.

[2] Ngl. II s. 124-5.

[3] Sjaa O. Kolsrud i Tillæg til Dipl. Norv. XVII B s. 231.

Den ljodbrigda vokalen er oftast skriven *o*: *agongo hofdu hondom* (*-um*) *loghum morghom odrum Ogmundr ollum* (*-om*), sjeldan *au*: *audru* II 140_4 *Nordaukrum* X 27_8 *saulum* dpl (av *sal*) XIV 4_8 *vidargaungu* XIII 12_{10}.

2 a. *u*-ljodbrigde av *á* i *Oslo* IV 209_{26} *Osmundar* nom. II 186_7 *vor* pron. apn II 238_{12} 251_{24} I 312_{16} Framfor halden *u* er der regelrett inkje ljodbrigde, t. d. *baro* 3 pi X $27_{13 \cdot 16}$ o. fl. br. *barozt* 3 pi II 200_3 *gafw o* 3 pi II 254_{29} *manodaghen* II 157_4 218_3 (oftare *manadag*(*h*)*en* II 124_4 II 251_7 X 53_3) *mathom mær* II 186_{12} *nattom* dpl II 206_{12} 110_{34}. Ogso etter *v* er det oftast *á*: *varom mit* (av *vera*) II 218_5 *uaro þæir* II 140_6 *varo ver* IV 160_2 *varom mer* IV 209_4 o. m. fl. br. I dette høve finst likevel i 2 brev *o*: *voru þeir* II $225_{9 \cdot 18 \cdot 43}$ II $257_{19 \cdot 35 \cdot 50}$; sameleis skulde *bœre* 3 sik (av *bera*) i det fyrste av desse tvo brevi r. 21 fyresetja *bóru* i 3 pers. plur. impf., men nettupp i desse brevi er der ein tilhug til aa gjera ein *æ*-ljod (eller *e*-ljod) etter labial framfor dental eller *r* til *ø* (sjaa her nedanfor under **16 h**, *α*), so me kann ikkje fullvisst avgjera korleis *ø* i *børe* her er uppkomen. *kuost* 3 si (av *knedast*) IV 209_{35} hev vel *o* etter *kuodust* 3 pi; *monada* gpl II 124_{12} er vel kompromisform millom *mǫnuða* og *mánaða*.

2 b. Av andre ordformer som skifter i maalføri etter den verknaden *u*-ljodbrigdet kann ha havt, er nemnande fraa Valdres-brevi: *nokor-* IV 159_{11} (4 br.) *nokot* II 240_{14} (2 br.), *nokkurar* apf II 225_{21}; *honom* II $110_{32 \cdot 33}$ (6 br.) *honum* II 140_{12} (2 br.), *hanum* II $218_{10 \cdot 13}$ (1 br.); *hon* II 251_{16} *henne* II 225_{12}; *gera* II 200_3 o. fl. br. *gerdi* 3 si II 110_{21} *gort* ptc II 157_{17}, *gerom* 1 pp *gerdo* 3 pi *gerande* ptc er dei vanlege former i brevi, ein hende gong med *-ær-* for *-er-*: *gærom*, *gærdi*, men eit brev hev *giorde* 3 si II 225_{44} og *giort*$_{15 \cdot 47}$; *-messo* obl. II 110_{35} 1316 (10 br.) *-mæsso* II 186_5, men ogso *-mœsso* IV 159_7 1324 (9 br.); *biscops*, *biscopenom* IV $77_{7 \cdot 17}$ (1308, vid. til IV 78) 1 br.; (*a*, *i*) *millum* II 110_5 (1311) 7 br., men ogso *i millim* II 200_{17} 2 br., og *i millem* II $257_{15 \cdot 32}$; *j Lœykini*, *till Lœykins* II $238_{8 \cdot 5}$ (1340) *a Lœykyni* II 254_3 (1343) grdn i vestre Slidre, matr. no. 37, no skr. Løken, uttala *lø`kʝi*, av *leikr* og *vin* [1]; namnet paa sviarne finn me i 22 brev i gen. plur., oftast med ljodbrigda vokal og burtfallen konsonantisk *u*: *Sya* IV 209_5 (5 br.) *Syia* II 240_5 (3 br.) *Syiia* II 186_6 (1 br.) *Syæ* I 271_6 (2 br.), tils. 11 br., men ogso med halden *u* (*w*): *Swya* II 225_4 (4 br.) *Suya* II 251_5 (1 br.), medan berre 6 br. ikkje hev ljodbrigde, men skriv *Suia* II 157_5 (4 br.) *Swia* X 27_5 (2 br.).

[1] Samandragingi av *ev* til *ø* i dette namnet maa ha byrja fyre 1350, med di namnet er skrive *a Løkini* II 264_6 (1344). Um formerne elles sjaa Ngn IV, 2den halvdel, s. 283.

2 a. *sua* er den vanlege formi i brevi; undantak er *suo* II 225_8 *so* XIII 12_6, II 251_6 (sua_{11}).

3 *æ* og *e* vert i desse brevi ofte bruka um kvarandre for stutt *æ*- og *e*-ljod. Sume brev hev oftast *e* for baae ljodarne, t. d. II 157 og II 225; stundom er der mest *æ*, t. d. i II 186. Upphavleg lang *e* (*é*) er skriven *e*, t. d. *bref* II 140_1 o. fl. br. *mer* pron. pl. II 110_3 o. fl. br.; undantak: *mær* pron. pl. II 186_4 *sær* pron. II 254_{20} (*ser* X 53_9 I 312_9), *rættlega* adv. II 257_{22}. Um *e* > *ø* sjaa s. 42 (**16 h**, *α*) nedanfor.

huerr pron. og *huarr* skifter i brevi, so me finn former av *huerr* i 6 brev: *hueria* IV 77_{15} *huærium* II 218_9 I 271_{12} X 53_9 *huært* IV 159_5 *huerre* II 225_6, men *huarium* II 140_{25} II 251_{18} 254_{31} 257_{55} *huoriom* II 303_{12}, og dessumfram *huart* II 124_{16} II 218_{11} I 271_{24} o. fl. st. i same brev. — *æinhuærium* X 53_{15-16}. — *huerso* II 257_{12} *huassu* IV 209_{19}.

Formerne med *e* eller *æ* er vestnorske, hine er austlandske; tilstandet tyder paa ein sterk kappestrid millom vestlandske og austlandske former.

4. Gnorsk lang *æ* er ofte skriven *æ*, t. d. *klæde* II 254_{26} *kuæde* 3 pki (av *kueða*) II 140_{19} *kærde* 3 si II 206_9 *forræde* ibid.$_{16}$ og fleire døme i same brevet, *æuenlegara* gsf II 157_{14}. Straks fyre eller etter *n* stend det helst *e*: *frenðr* II 140_{24} *nesta* II 251_4 o. fl. br. *þrinetta* adj. asf II 140_8 *æin netta* II 254_{18} (*einnætta* II 257_{47}). Sameleis i nokre einskilde brev i sume andre høve ogso, t. d. i II 110 (1311), som jamt skriv *Se-* (av *sær* m. sjø) i stadnamnet $Sebu_{32}$ (ogso i vaar tid utt. *se'bu*, skr. Sæbu grd. matr. no. 16 i NAurdal) og i $Sebœndr_{10}$ $Sebonda_5$ $Sebondom_{15}$ osfr., som saman med andre eldre skrivemaatar tyder paa ein yvergang av *æ* til *e* i denne bygdi i dette tilfelle alt umkr. 1300 (sjaa Ngn IV, 2den halvdel, s. 255—256). I II 225 er altslag *æ*- og *e*-ljodar skrivne *e* — ogso $hette_{20}$ dsg (av *háttr*) $kledez_{34}$ gsg — so nær som $tuær_{30.32}$ num., $ætte_{43}$ 3 sik (av *eiga*) og $virdulæghs_4$. Um *æ* > *ø* sjaa nedanfor under **16 h**, *α*.

5 a. *i*-ljodbrigdet av *ó* er *ø*: *handatøke* II 124_{11} *þøtte* 3 sik (av *þykkia*) IV 209_{30} (1334). Um yvergang fraa *ø* > *e* sjaa nedanf. under **16 h**, *β*.

5 b. Av tviformer med grunn i *i*-ljodbrigdet finn me her: *enkanlega* I 312_{11} *kuanfangz* II 257_{53} *brudlaups* II $257_{15.28}$ (1343).

frials adj. nsf IV $77_{8.12}$ *fræalslegha* adv. II 240_{15} *frælst* ptc ibid.$_8$.

5 c. Døme paa etterljodbrigde ved *j* er ikkje uppteikna.

6. *þan*, *þat* og *þar* er dei vanlege former i brevi; med *æ* eller *e* for *a* er berre uppteikna fraa II 140 (1320): $þet_{13}$ $þer_6$ $þær_{20}$, fraa II 186 (1331): $þær_8$, fraa X 27 (1337): $þæt_{20}$ $þer_{10}$, fraa II 303 (1349): $þæt_3$ $þær_9$. Dessumfram er merkande *þadan* II 200_8 *þegath* X 27_{15}.

7. Det privative præfiks er *ú-* (*u-*, *v-*) i II 140_{26} IV 160_8 (*vmæghd*) og IV 209_{24}, men *ó-* II 206_{20} (2 gg) II 238_{10}. Her er soleis den same svagingi som i ymse andre ovringar i desse brevi. Med umsyn til det her umrødde præfikset kann vel Valdres ha vore kløyvt alt i gamalnorsk tid paa lag som enno, sjaa Merkn. 420 (s. 52) nedanfor.

8. Halvljoden, som tidt vert skriven, er oftast *a*. Me møter han fyrste gong i 1311: *Varþiulfar* (< *Valþiúfr*) II 110_{31}. Fleire døme er: *Oddar* Ma nom. II 238_3 *uetar* apl (< *vetr*) II 124_{17} *brøda* dsg (< *brødr*) II 140_{10} *gudas* gen. (< *guds*) II 218_5 (1336), *oft næmdar* ptc nsm II 186_{16} *lengar eda skemmar* adv. II 157_{16} *okar* pron. (< *okr*) II 200_3 *liggar* 3 sp I 271_9 o. fl. br. *kømar* 3 sp X 53_{15} = *kæmar* I 271_{17} (ogso *kæmær* II 186_{17}). Stundom er halvljoden *e* (paaverknad i skrift fraa rygsk?), t. d. *Sigwadder* nom. (< *Sigvatr*) X 27_{16}, *gudes* (< *guds*) ibid.$_5$ (5 br.), ein hende gong ogso *æ*: *vmbodæss* (< *umboðs*) II 186_{14} *gudæs* ibid.$_6$. Merkelegt er *Araþlla* obl. II 186_{12} (1331) < *Atla*, som her paa denne tidi maa ha vore uttala burtimot *a(r)sla*, der skrivaren hev meint aa høyra halvljoden i det kakuminale (*r*)*s*.

9 a. Av dei fallande tviljodar vert *au* skriven soleis allstad, so nær som i *læupæ* apl (av *laupr*) X 27_{10}. — 11 brev hev *æi*, t. d. II 186 (1331) II 303 (1349); 13 brev hev *æi* og *ei*, t. d. II 110 (1311) II 200 (*þæim*$_1$ *þeim*$_{14}$) II 257; 2 brev hev *æi* og *æy*: XIII 12 (*Fornæysium*$_8$, for *ey* vert det i dette brevet skrive *øy* og *æy*: *høyra*$_1$ *læysti*$_{23}$) og II 251 (*allæylaghra*$_4$ gpl for *allheilagra*, *ey* er i dette brevet skriven *øy* og *æy*: *høyra*$_1$ *kæypt*$_{10}$ ptc); 1 brev, II 264, hev *æi*, so nær som i *æiydstaf*$_8$. Det vanlegaste er soleis *æi*. — 19 brev hev *øy* (*øy*), t. d. *høyra* II 140_1 o. fl. br.; 4 brev, X 27, XIII 12, II 251, II 254, hev *øy* og *æy*; 3 brev: II 224, IV 209, II 218, hev *æy*; 2 brev, II 225 (1337), II 257 (1343), hev *ey*; II 240 (1341) hev *øy* og *oy* (*høyra*$_1$ *hoyrdum*$_5$ 1 pi *koyft*$_{14}$ ptc).

(jfr. *ickj* IV 1105$_{13}$ 1536), *myķi*; *hagin* (av *hage* m.) *uksin* (av *ukse* m.), *nåļidn* pl. (< *nálirnar*) *væjjidn* pl. (< *veggirnir*), *röggnis* gen. av *röggne* grdn (Rogne, ASlidre matr. no. 43, 44), *ęŋjil* m. (*engill*); *øpin* adj. m. *øpi* f. *øpe* n., *iŋjin* pron. m. — Den gutturale endingsvokalen er i open utljod o: i dat. plur. av subst. som: *døgo*, *nåļo*, *huso*, *veko* osfr., jfr. *dǫgum*, *nálum*, *húsum*, *vikum*; i ymse dativformer av pronomen: *hono* < *honum*; *meno*, *deno*, *seno*, dsm og dsn av *min*(*n*), *din*, *sin*; *korjo* dsn < *huariu*, *noko* < *nokut*; sameleis o i ubundi nemneform eintal av linne kvendkynsord med stutt stomnvokal: *gøto* = gn. *gata* og *gǫtu*, *veko* = gn. *vika* og *viku*, *løko* = gn. *loka*, *loku*, *føro* = gn. *fura*, *furu*, *støgotak* < **stǫfuþak*; i Slidre og NAurdal ogso i bundi nemneform eintal av slike ord: *goto*, *loko*, *veko* = gn. *gatan*, *lokan*, *vikan*, medan Vang i denne formi hev *a*: *gøta*, *løka*, *veka* (jfr. ISVestl. I, Merkn. 362, 7); i alle linne kvendkynsord og inkjekynsord i ubunde fleirtal: *gøto* < *gǫtur*, *viso* < *visur*, *augo* < *augu*; sameleis o i impf. plur. av sterke verb: *fönno* < *funnu*, *gøvo* eller *gåvo* < *gáfu*. Den gutturale endingsvokalen er *u* i stengd utljod: *vekun*(*n*), *visunn*(*n*) dsg < *vikunni*, *vísunni*; *vekudn*, *visudn* plur. (-u*d̥n*) < *vikurnar*, *vísurnar*; *augudn* (sideform til *augo*), laga etter kvendkynsordi; *styķķudn* plur., laga etter *augudn* (= *augo*). I Bagn, sud i Valdres, er der merke etter gamalt ljodsamhøve: *hoso*, *loko*, men *viku*, *furu*, *gutu*, *tvuru* av gamalnorsk (austnorsk) *viku*, *furu*, *gatu*, *þuaru*, ogso *stugu* < *stafu* = *stofu*. I b. eintal av linne kvendkynsord med lang stomnvokal er endingi ə: *visə* = gn. *vísa*, *vísu*; etter *ķ* i fyrste samansetningsled vert han *i*: *ķyrķigar* (men *visəbok*). — Avleidingsendingar: substantiv paa *-il*, *-ul*, *-iŋŋ* osfr., t. d. *snivil* m. < *sniðill*, *uŋŋuļ* m. < *ǫngull*, *ķæriŋŋ* f. < *kerling*; adjektiv paa *-ig'ə* og *-og'ə*, *-inn* (og *-enn*): *rættig'*(*ə*), *vetog'ə* (pl. ofte *-nə*); adjektiv og adverb paa *-le*: *dugəle* adj., *vederķømməle* adj. & adv. < *viðrkœmilegr*, *sjele* adv. (heilt upp) < **skillega*, jfr. *skelligen* adj. asm II 577$_5$ 1404, *skelligh* II 950$_7$ 1489; *sandin* adj. — Vokalen i den etterhengde artikelen er oftast *e*, *ə*: *stav'ən*, *stabben* (men *hakin*), *bok'e*, *hus'ə* (i pl.: *hus'e*); i dsg bundi form: *stav'e*, *bækk'e* (men *bæķķi* NValdr. liksom i Hall.), *stabba*, *haka*, *bok'ən*, *hus'e*; *me*, *de*, *se* < *mik*, *þik*, *sik*. — Adjektivartikel er *dən* m. f., *də* n., i pl. for alle kyn *dai*. — Gn. *þ* og *ð* er i det heile handsama som i vanleg nynorsk soleis at *þ* hev vorte *t* (*þing* > *tiŋŋ*) so nær som i pronominale ord, der han hev vorte *d* (*þeir* > *dai*, *þar* eller *þær* > *dær*), medan *ð* for det meste hev falle burt (sjaa Konsonant-burtfall her nedanfor) eller vorte *d* (*aðrir* > *arə*, *heyrði* > *hoyrḍə*). — Gn. *fn* hev gjenge yver til *vn* og i utljod *vdn* i ord som *Javna* (ei elv i ASlidre), *navn*, *navdn* (*nabdn* Bagn), *svęvdn*; *hæļmiŋŋ* < *helmingr*. — Maalføret hev *ft* i ord som *ęftan* (< *eftan* I 675$_{13}$ 1421), *löft* < *loft*, *öfto* adv. (< **oftum*); ogso *juft* < *diúpt*, *ķöft* < *keypt*, og endaa *fn* (< *ftn* < *pn*) i *öfniŋŋ*. *fs*: *lęfsə* f. — Ymse former: *sån* < *sonr*, pl. *søne* < *synir* eller *sønir*; *ķuv* < *þiúfr*; *ukse* < *uksi*; *kļukkə* < *klukka*; *bø* (< *bœr* m.) i gardsnamn, einskilt og samansett, finn me mangstad i Valdres, men i SAurdal skifter det med *-by* (< *-býr*); *or* prp (< *ór*); adjektiv paa *-ig* og *-og* (døme her ovanfor), og paa *-utt'ə*: *alla ķydn'ə* (< *kýrnar*) *vøro bröndutta* o *kollutta*. — *frø* n. < *frió*, *sjø* m. < *siór*, *snjø* m. < *snjór*. — Vokallengdi er i det heile som i vanleg nynorsk. Ingi tviljoding av lange vokalar; eit merkelegt undantak er *aikrə* f. < *ækra*. Gamall lengjing syner vokalen her liksom i Hallingdal framfor gn. *rn* i *bådn* < *barn* (eller *bårn*?) og *ådne* (sumstad *åddne*) < *Arni*, jfr. *ådngāļ* grdn Hall., skr. *Aannegaard* NRJ IV 86, 1528, *Odnegaardt* 1578, sjaa Ngn V s. 93—94 (øvst) og s. 144. Framfor *l* + labial hev dei baade i Valdres og Hallingdal stundom *ö*, som her synest framvaksen av gamall *á* gjenom o (jfr. *Holfe* < *Hálfi* o. fl. under **16 f** i para-

grafen ovanfor), t. d. *ö̦lmannsle̦ttidn* grdn (Olmandsletten, ASlidre matr. no. 44, 8) < **A'lmannslettirnar*, *ö̦lterstø̦l'n* grdn (Ørterstølen, Gol matr. no. 13, 3) < **A'lptarstodullinn*, *jö̦lpə* v. < *hiálpa*, *riljö̦lm* Mn < *Vilhiálmr*. I Aal i Hallingdal er der *å* i slike ord: *jå̦lpə*, *mjå̦lk*, *sjå̦l* f. (< *siálf*?), *kå̦ls'ū* grdn (Kolsrud, Flaa matr. no. 16), skr. *Kaalffsrudt* XIII 88$_9$ umkr. 1422, vid. 1607, og same upphav hev vel *kö̦lsru* Valdr. (Kolsrud, NAurdal matr. no. 98, 1); ogso *máltíð* hev vorte *mö̦lti* Valdr. Talg heiter *tö̦lg* Valdr. som kann vera eldre *tolg*, *tǫlg* eller *tálg*; plantenamnet *telg* m. (Filix) heiter *tæ̦lg*, i Hallingdal etter Aasen: »talgegras«. Andre yvergangar: *ø* > *e*: *ķẹmm'ə* < *kœmr*; *mẹggẹ* f. (stor kvinna) til gn. *mœðgin*, som i eit brev fraa Valdres 1483 vert skrive *medgen* (II 924$_7$); *e* > *ø*: *røv* m. (*refr*); for *bøe* ub. pron. m. (< *báðir*) vert ogso sagt *bøe*, som vel eigenleg er neutrumsformi < gn. *bæði*, jfr. *bøə* imperf. konj. for gn. *bæði* av *biðja*, og gn. *bøde* (< *bæði*) sjaa ovanfor s. 42 under **16 h**, *α*; *i* > *ø*: *møkədag* < *my(ði)kudagr* (I SVestl. I, Merkn. 307) < *miðvikudagr*.

i og *y* vert lægde til *e* og *ø* framfor einskild konsonant: *veko* (< *viku*) *hø̦l* m. (< *hylr*). Naar gn. *u* hev vorte *ö* i imperfekt plur. og i particip av mange sterke verb som *fönno* (< *funnu*) *fönne* (*funnit*), er det etter jamlaging med andre verbalformer som *dötto*, *dötte*, *børo*, *børe* (av *bera*). *y* hev vorte til *u* i sume ord framfor *l̦* + kons., t. d. *fu̦lķi* (< *Fylkin*), *mu̦lnar* m. (< *mylnari*), som synst i bygdi (Bagn) heiter *mjö̦lnar* (< *mjulnari*, austnorsk); sameleis *murk'ə* adj. < *myrkr*. Kakuminalen *l̦* hev vel drege *y* att i talereiden; i *murk'ə* kann yvergangen ha byrja i neutrum: *myrkt* > *myṛṭ* > *muṛṭ*. — Utjamning millom rotvokal og endingsvokal er her ikkje lite av, t. d. *lijji* inf. (< *liggja*), *fere* og *fyry* < *fyrir*, *ivi* prp (brukt i breiddi med *ovər* — fraa dansk — som no er vanlegast) < *yfir*, *dugur* m. < *dǫgurðr* < *daghuerd*- II 257$_{31}$, *huvu* n. (< *hǫfud*, jfr. *hwuedeth* II 1132$_{30\cdot 31}$ 1540), *juku̦l* m. < *jǫkull*, ogso stundom um fyrste stavingi er lang: *ystyl* m. (< *ystill*), *uŋŋu̦l* (< *ǫngull*), *jönsök* (< *jónsǫku*). — I gamall open utljod vert gnorsk *a* etter lang staving til *ə* (ö): *gråtə* inf. *visə* f. < *gráta*, *vísa*; men er der etter *a* konsonant i eldre maal, held vokalen seg, endaa um han no stend i utljod, t. d. *hẹsta* < *hestar*, *kasta* (præs. sing. av *kastə*) < *kastar*. Etter stutt staving held *a* seg ogso i utljoden i infinitiv: *bẹra*. I linne kvendkynsord med stutt rotstaving ligg den gamle oblike kasusform til grunn for nemneformi i eintal no: *veko* f. < *viku*. Sume ord med lang staving hev fylgt med baade i Valdr. og Hall., t. d. *møo* Valdr. *mœu* Hall. < *mœðu*, sjaa Ross Nbm IV, s. 19.

Ymse konsonant-yvergangar. *f* (*v*) > *g* i *støgo* ell. *stogo*, jfr. *loftstogonnæ* dsg VII 335$_7$ (1403). — *tl* > *sl*: *æslə* v. < *ætla*. — *l* er her liksom i Hallingdal kakuminal i dei same høvi som i vanleg austnorsk: *sto̦l̦* m.; — *rð* > *l̦*: *ga̦l̦* < *garð*, so nær som i Vang, der det heiter *gar* liksom i Sogn; gn. *verða*, *varð* hev her liksom i Hallingdal vorte til *væṛtə*, *vaṛṭ*, jfr. *vart* V 430$_9$ (Hall. 1403) *wart* IV 993$_{10}$ (Hall. 1483); i bøygjingsendingar held dentalen seg etter *r* baade i Valdr. og Hall.: *hoyṛḍə* < *heyrði*. — Gn. *hu* framfor vokal hev vorte *kv*: *kvit'ə* adj. *huítr*, ogso *k* i pronominale ord: *kor* pron. < *huar*, jfr. *kworium* dsm II 569$_7$ (1402), *korķi* konj. < *kwarke* II 577$_8$ (1404) < *huárki*; jfr. *kwern* pron. asm (< *huern*) II 622$_{14}$ (1412). *rn* vart alt i gnorsk ofte *nn*, som sidan baade i Valdres og i Hall. (liksom i Sogn) hev vorte *ddn* eller *dn* (*ḍn*): *kvæddn* f. < *kuern*, *båtadn* (-*ḍn*) pl. < *bátarnir*; jfr. *ådngā̦l* grdn Hall. (no skr. Arnegaard, Aal matr. no. 40), skrive Odennegaardt 1578, Aadnegaard 1593; *örn* og *ørn* som elles i nynorsk. — *ll* hev halde seg: *gull*.

ld, *nd* og *mb* held seg, helst naar vokal kjem etter: *kvæld*, *strönd*, *lamb*; *ng* > *ŋŋ*: *laŋŋ'ə* < *langr*.

Døme paa konsonant-burtfall: *v* framfor *r*: *raŋŋ'ə* adj. < *rangr*, *riə* v. (vrida). — *m* i endingi *-um*, t. d. *gøro* dpl < *gǫrðum*, jfr. *mino erfuingium* dpl II 589_5 (umkr. 1405), som elles er noko tvilsamt, med di skrivaren berre kann ha gløymt aa setja strik yver *o*; *þeim* pron. hev vorte *dai* i alle høve, ogso som adjektiv-artikel; jfr. *vm þæi* XII *kyrlag* VI 505_7 (1447). — *ð* i det heile som i vanleg nynorsk: *gølaik* Mn < *Guðleikr*, *kvea* v. < *kueða*; jfr. *fferne* (< *feðerni*) VIII 801_9 (Slidre 1553). — *n* i ljodlinn staving etter vokal, t. d. *so'e* f. < *sólin*, *vika* f. (Vang) < *víkan*, *visa* < *vísan*. *n* maa ha vore burte alt i den eldste nyn. tid baade i Valdr. og Hall., um me kann døma etter skrivemaatar av gardsnamn paa *-vin* som: *Sundre* 1539, no utt. *sund're* Hall. (skr. Sundre, Aal matr. no. 110); *Wulffe* 1520, no utt. *u̥lv'e* (skr. Ulven, VSlidre matr. no. 67) < *Ǫlfvin*; *Wodhe* 1520, no utt. *vø̥l'e* (skr. Vaale, ASlidre matr. no. 26). — *r* i ljodlinn staving etter vokal i mange høve: *båta* pl. < *bátar*, *nåle* < *nálir*, *viso* < *vísur*, *kasta* præs. < *kastar*; var vokalen ein halvljod, stend han ofte att, medan *r* hev falle burt: *føt'a* m. pl. < *føtar* < *fœtr*, *rædd'ə* adj. < *ræddr*, *ligg'ə* præs. < *liggr*; sjaa Ross: Norske bygdemaal IV, s. 19. — *l* framfor *f* er burtfallen baade i Valdr. og Hall. i *ūv'le* m. < *úlfliðr*; sjaa ISVestl. I, Merkn. 359 med tilvisning; sameleis i *u'nes* grdn (Ulnes, NAurdal matr. no. 41) < *Vlfnes* II 85^*_{16} (Oslo 1307).

Konsonant-innskot. *t* er innskoten etter *s* i *kost* adv., sideform til *koss*, og i *hællist* (elles); jfr. *samstundist* I 466_{10} (1380) *garst* (ɔ: *garðs*) X 59_{11} (1354). — *n* er baade i Valdr. og i Hall. innskoten framfor *t* i neutr. av sume adjektiv paa *-in* ell. *-en*, t. d. *uvørınt* (*uvørent*), uvoren, *sandint* (*-ent*) < *sandin*. — *l* er (um han ikkje hev vakse fram paa ei onnor vis) innskoten framfor *ft* i *tö̥lft* f. < *tulft* < *tuft* (i Hall. *tuft*); formi med *l* synest i vaar tid vera kjend berre i Valdres, men me finn *tulft* i Am. 63 qv. bl. 21 b, 27 a o. fl. st. og i Am. 31 oct. bl. 27 b o. fl. st., baae tvo austlandske avskrifter av landslogi (Borgartingslog) Merkeleg er ogso *l̥* i *al̥mə* f. (aama, »kaalorm«), i Hall. *öl̥mə* av *al̥ma* (obl. *ǫlmu*) eller av *olma* < *álma* [1], jfr. *viljöl̥m* < *Vilhjálmr* (sjaa her ovanfor under Vokallengd). Hev *l̥* i dilike høve ei tid vore burte i desse bygderne, kann han i sume ord, der han ikkje aatte heima, vera innkomen ved villræde i yvergangstidi daa *l̥* paa nytt flutte inn i maalet; jfr. Rygjam. s. 75 og sjaa utgreidingi um ordet *oskereid* i Maal og Minne 1912, s. 84.

Nokre ordformer. *kne* og *tre* hev i ubundi form plur. umfram *kne*, *tre*, ogso *knjøn*, *trjøn*, som upphavleg er bundne former (gn. *knión*, *trión*); i bundi form *knjøn'e*, *trjøn'e*; jfr. kvendkynsord som endar paa rotvokalen i ub. sing. i vanleg nynorsk, t. d. *aa*, *bru*, men som i Valdres og Hall. i ub. sing. fær *n*, som fylgjer med i heile bøygjingi: *ån*, pl. *æn'a*, i bundi pl.: *æn'adn*. Dativ er mykje i bruk, t. d. *i dai åkr'e* < *í þeim ákrinum*; *på dai arə siun(n)*, *i di ķędn'e* < *í þui tiarninu*. Merk *gūr'n hass Erik Tråndssåne* (dat.). Jfr. dativ og blanda genitiv og dativ for genitiv i mnorsk: *a kirkiunni veghna* IV 545_{16} (1388), *a adru are rikkis mini fru drotnegh Margrette* IX 182_{14} (1389) *med sinom barnoms godin vilie* X 710_5 (nyn. tid 1540), i mnorsk ogso umskrivning av gen. med dat. og *sin*: *Nissa Magnussons døtrom sin modhær arf* IX 214_4 (Valdr. 1412). — I ubunde plur. neutr. av adjektiv synest *-ə* (*storə hus*) aa vera seint innkomen; jfr. *vore insigla* X 619_{10} (1530). — Av talord: *två* m. *tvær* f. *tvau* n.; *tri* m. *tryå* f. *try* n., i akk. m.: *tryå* (< *þriá*). *soyķan* < *söyķjån* < *sautián* < *siautian*; jfr. *sæytianda* dsn V 269_9 (1372) *seythianda* dsn V 283_4 (umkr. 1375). — Av pronomen er merkande: *uss* dat. og akk. pl. for *oss*; *ho* nom. ogso *hona*, i akk. og dat. *hæn(n)a*,

[1] Sjaa elles Falk og Torp: Etym. Wörterb. under Aame.

gen. *hænna(r)*. — I dei linne verb er eintalsformer (eller former paa *-i*, *-e*) for fleirtal i impf. av linne verb paaviselege alt i tidleg mnorsk: *setti mer* 1 pi II 317_{27} (1353) II 376_{21} (1363) o. fl. br. *þau hærydi* III 361_{10} (1368) *setti* 3 pi II 589_{10} (umkr. 1405) *þau hafdhe* II 655_{12} (1420); naar subjektet var neutr. pl. som i sume av desse dømi, kunde elles prædikatet staa i eintal alt i gnorsk. Perf. ptc av *vera* (gn. *verit*) heiter *vøre* eller *våre*, laga etter ptc av *bera*; jfr. *worett* IV 1122_{16} (Hall. 1545).

Refleksive verb endar i valdresmaalet no paa *-st*: *finnast* (liksom i Hall.).

§ 47. Fraa Hallingdal hev me berre 4 brev fraa gnorsk tid: II 99 (1309) II 101 (1310) V 54 (1310) I 302 (1346), men rett mange mnorske. Dei gnorske brevi er alle utferda av prestar og i det heile skrivne paa det vanlege diplommaal, so der er lite sermerkelegt ved maalet. *a* vert i det heile — næmast etter trøndsk mynster — ikkje *u*-ljodbrigda framfor halden *u*: *margum*, *aðrum*, *allum*, *hafðu*, *wakudeginum* o. fl. Millom dei faa undantak fraa regelen er *Roppom* og *Sautum*, som baae er gardsnamn fraa Hallingdal. 2 brev hev *honom*, medan V 54_4 hev *honum*. *kœme* 3 sik II 99_{14} o. fl. — 3 brev hev *a* i *þat* eller *þar*, I 302 hev ikkje døme. — Privativ part. er *v-* II 99_{15}. — Halvljoden vert berre skriven i V 54 og er der *a*: *smiðar*$_{13}$ nsg. — Tviljodar: *au* 3 br., V 54 er utan døme; dei tvo eldste brevi hev *ei*, 1 hev *æi* og 1 hev *æi*, *ei*; V 54 skriv *æy*, medan II 99 og II 101 skriv *œy*; det fjorde hev ikkje døme. — Der er ljodsamhøve i endingsvokalarne. Adjektivendingi er *-læghr* i dei tvo eldste brevi, dei andre hev ikkje døme. — Adjektivartikelen er *hin*. — Siste brev uppt. med *þ* er XV 58 (1430), det fyrste med *th* III 644 (1419); merk mnorsk *med ti skilorde* I 649_7 (Hall. 1416); *daughen* m. nsg (< *dauðinn*, um den store mannadauden) III 293_6 (1358) er vel nordrygsk eller sunnhordsk (sjaa Rygjam. Merkn. 58, s. 33). — *mfn* (*stemfnu*) II 99, II 101, *mn* (*stæmnu*) V 54; I 302 hev ingi døme. — 3 brev hev *gh*, men V 54 *g* for spirantisk *g*. Der er *ft* (*aftr*) i dei 2 eldste brev; hine er utan døme. — *son* i 3 brev. Adjektiv paa *-igr* og *-ugr* som vanleg. — *kœmr* 3 sp I 302_5, men *kæmr* II 101_{15}; *hœfde* 3 sik (av *hafa*) II 99_{24}. *a* i endingar held seg allstad. — I dei tvo eldste brevi er der merke etter aksentar: *lét* 3 si (av *láta*) II 99_7 *bát*, *vár*, *mátz* II $101_{5 \cdot 17 \cdot 22}$. — *tl* > *sl*: *Asle* II 101_{17}. — *vet* (for *vit*) 1 pron. dual. II 99_4 *mit* V 54_2. Refleksive verb paa *-zt*.

Merkn. 421. Maalet i Hallingdal i vaar tid hev liksom i Valdres mange merke etter gamalt gjenomført *u*-ljodbrigde, ikkje berre i stadnamn som t. d. *hęsjabökko* grdn dpl (skr. Hesjabakkene, Hol matr. no. 23, 2), *höllo* grdn (skr. Høllo, Nes matr. no. 98, 2) dpl av *hall* n. ei lein eller ein bakke, *såndo* og *söndo* grdn (Sando, Aal matr. no. 30, 2) dpl pl. av *sandr*, sandflata, *völlo* grdn (Vollo, Hemsedal matr. no. 85) dpl av *vǫllr*, *ömmunsli* grdn (Ommundsli, Gol matr. no. 1, 14) til *Ǫgmundr* Mn, o. fl., men ogso i

ordfanget elles som *døgo* dpl < *dǫgum*, *gølo* dpl < *gǫrðum*, *på skokko* (paa skakke), *svöllug* adj. (til *svalla* = røda), *bröndutt* adj. (brandut), *brottę* f. (bratt stad), *løu* f. (< *hlǫðu* av *hlaða*), *föŋŋön* pl. av *fangan* n. *ölvöru* f. (< *ǫlvǫru*) o. m. fl. Ogso i andre maatar held Hallingmaalet for det meste fylgje med valdresmaalet og hev former som *hono* (< *honum*), *ån* f. (elv), *ron* f. (kraa), *kurr* adj. (< *kuirr*); *koss* (< *huarsu* ell. *huersu*?), *kor* pron. (< *huarr*); *ķaft* m.; *dęn*, *dę*, *dær*; *mænn'a*, *bøk'a*; oftast *hauk* (*hęuk* Hol, liksom i Sogn), *draiv*, *hoyrę* eller *håyrę*, *höyrę*, sjaa Nbm IV, s. 19; *loft*, *joleftan*; *frjø*, *sjø*, *snjø*, *-bø* i dei øvre bygder, *-by* i Nes og Flaa. Merkande er *i tvænniŋŋo*, i tvo deilder eller skifte, *i trænniŋŋo*, i tri skifte < gn. *tuenning* f. *þrenning* f. *sån* m. *or* prp (*örgamall* adj.), *skrukkutt*; *ķæmm* (av *koma*); *lamb'ę* (< *lambit*), *land*, *kvęld*, *stöŋŋ* (ogso *stöŋg*); *kvass* adj. *kaim* pron. inter. (< *hueim*); *kvędn* f. (< *kuern*), *båtadn* (< *bátarnir*), *gal* (< *garðr*); *sol'e* f. (< *sólin*), *visa* f. (< *vísan*); *uhęppint* adj. neutr.; *knjødn* (ogso *hŋnødn* Hall.) ub. plur. til *kne*; *hona* pron. (ho); *finnast*, *dragast*.

Av skilmerke millom maalføri i Hallingdal og Valdres er merkande umfram sumt som er serskilt nemnt ovanfor i dei tvo siste Merknader:

1. *i* og *u* hev større raaderom i Hallingdal enn i Valdres i endingar. Hall.: *boķi* (< *bokin*), *haķi* m. (< *haki*), *saj'i* (< **sagin* < *sǫgin*), *nåli* pl. (< *nålir*), *teķi* ptc (av *taka*; ogso *tiķi*), *dreji* eller *driji* ptc (av *draga*), *viku* (< *viku*), *visu* pl. (< *visur*), *augu* pl. (< *augu*), *stugu* (< *stǫfu*); adjektiv paa *-ug* (*raiug* < *reiðugr*); men i Valdres: *bok'e*, *hake*, *sag'e*, *nåle*, *take*, *drage*, *veko*, *viso*, *augo*, *støgo* (og *stogo*); adjektiv paa *-og*. — Ogso i stomnen i impf. pl. og i ptc av sterke verb som *funno*, *funne* Hall., men *fönno*, *fönne* Valdr.

2. *bdn* eller *bn* i Hall. i ord som *nabdn* (< *nafn*), *hębne* (< *hefna*); *vdn* og *vn* Valdr.

3. Lægjing av *i* > *e*, *u* > *o*, *y* > *ø* er der mindre av i Hall. enn i Valdr., t. d. *viku*, *summar*, *dylja* Hall.; *veko*, *sommar* (Bagn), *dölja* (og *dylja*) Valdr.

4. Jamningsformer som *kapar* m. (< *kopar*), *lava* v. (< *lofa*), *vili* m. (vilje), *huku*, *stugu*, *flugu* Hall., men *køpar*, *løva*, *vele* (og *vilje*), *høko* (og *hoko*), *støgo* (og *stogo*), *fløgo* (og *flogo*) Valdr.

   I Gol, Nes og Flaa er der itakisme: *bi* m. < *by*, *hai* eller *hæi* < *hey*, *lis'eren* grdn (Lyseren i Nes, matr. no. 58, 40), *sinstębi* grdn Sønsteby i Flaa, matr. no. 3). Jfr. mn. *listhe* 3 si (< *lýsti*) X 178_3 (1443) *mikith* ibid.$_6$ o. fl. i same brevet, som elles er skrive etter svensk mynster.

5. *tl* og *sl* > *hl* (*ḷ*), Hall. helst i Hol og Aal (Ross): *kvihl* f. < *kvísl*; ogso i framljod: *hlag* n. < *slag*. Ogso mykje *sl* liksom i Valdres, t. d. *asle* Mn < *Atli*.

6. *kn* > *hn* eller *hŋn*, Hall. *hŋne* (< *kné*) Nes; jfr. skrivemaatar som *þorbiorn Hnupsson* I 636_{12} (Aal 1412) *þorbiorn hnuper* ibid.$_5$; i andre brev fraa Hallingdal er skrive *Nuper* (sjaa Lind).

7. Adjektiv hev i Hall. kasta burt halvljoden i mask. og fem. eint.: *rædd*, i Valdr.: *rædd'ə*; i fem. plur. hev adjektivi i Valdr. sumstad *-a* (*rika*), i Hall. alltid *-ę*. Umfram *uss* pron. dat. og akk. plur. (< *oss*) finn me i Hall. ogso *åkko*, gen. *åkkån*, jfr. i 2 pers. *dikko*, *dikkån*.

Maalføri i Valdres og Hallingdal reknar me i vaare dagar til austlandsk, helst for di dei handsamar den gamle endingsvokal *a* i utljod paa ein annan maate etter lang staving (gn. *gráta* v. > *gråtę* Hall.

gråtö Valdr.) enn etter stutt staving (gn. *vera* v. > *væra*), i motsetning til vestlandsk, der denne endingsvokalen alltid vert handsama eins utan umsyn til stavingi i fyrevegen. Men baade denne skilnaden og ymis annan millom austlandsk og vestlandsk (t. d. austl. *sl* mot vestl. *tl*) er ikkje stort eldre enn fraa umkr. 1300. Fyre den tid maa alle norske maalføre ha havt *a* i den nemnde stoda. Eit maalmerke, som er mange hundrad aar eldre enn dette er *u*-ljodbrigdet av *a* framfor halden *u* i næste staving. Dette ljodbrigdet er gjenomført i all vestlandsk aa kalla, men anten inkje eller i alle fall berre uheilt og sporadisk i austnorsk. Med di Valdres og Hallingdal etter paalitande merke i maalføri no hev gjenomført dette ljodbrigdet, torer me slutta at maalet i desse bygderne hev fylgt vestlandsken den gongen dette ljodbrigdet gjekk for seg, som er den fyrste klaart paaviselege større kløyving millom aust og vest i norsk maal. Kva tid dette ljodskiftet gjekk for seg og kvarhelst det hev byrja, er enno ikkje etter-vist eller prova. Gode grunnar talar for at det i alle fall hev vore i sprettande knupp paa det norske Vestland i slutten av det 9 hundr.[1]. Umkring dette tidebilet og frametter maa daa Hallingdal og Valdres etter alt likjende ha høyrt til det vestnorske maalvaldet. Kor langt aust og sud i dalarne denne vestlandsken hev rokke, er vandt aa segja no, so utmaadde som maalgrensorne sidan ved samferdsel og folkeblanding gjenom dei lange tider hev vorte. Merkelegt og verdt aa nemna er det likevel at gardsnamn med siste samansetningsled paa *-bø*, som er ei gamall egt vestlandsk form[2], finn me i Valdres berre i nordbygderne Vang, Slidre og NAurdal, medan det i SAurdal tek til med namn paa *-by*, som er likso gamall egt austlandsk[3]. I Hallingdal finn me sameleis gardsnamn paa *-bø* i nordbygderne Hol, Aal og Hemsedal, men i sørbygderne Nes og Flaa kjem det gardsnamn paa *-by*, jfr. *mith warum wppi j bønom j Næsby* XV 58_4 (1430). Alt det tilsaman synest peika paa ein ovgamall samanheng i maalvegen millom nordbygderne i desse dalarne og Vestlandet, og millom sudbygderne og Austlandet. Trygge gnorske merke etter jamvegtlogi vantar, og ljodsamhøve i endingar er der i maalføri no knapt utanfor Bagn sud i Valdres. Naar me daa i vaar tid ogso i desse bygderne finn former og ord som i austnorsk, t. d. *kurt* < *kuirt*, *laft* n. (= *nôv* Vestl.), *frjø* n. < *frió* (= *fræ* SVestl.), og uvanleg mykje tiljamningsformer, kann dette vera paaverknad fraa austnorsk (liksom det heller ikkje vantar paa merke etter seinare samanheng med eller paaverknad fraa vestnorsk, t. d. burtfall av *r* i endingar, *dn* for *rn* o m.), eller det kann i alle fall til deils hava sin grunn i ein sjølvstendig maalvokster, som i sumt hev falle saman med austnorsk.

Merkn. 422. Fraa Numedal hev me — umfram VI 131 (1328), utf. av Bjørn logmann i Skien og umrødd s. 3, § 38 — berre eit gnorsk brev V 125 (Sandsver 1338). Det er skrive paa vanlegt diplommaal, paaverka av austlandsk. Fraa dei øvste bygderne i Aust-Telemark — Tinn, Gransherad og Hjartdal — hev me inkje gnorsk brev. IV 228 (Tinne 1337) fraa Heddal er skrive paa austlandsmaal med nokre vestlandske flekker. Maalføri i desse bygder no er heilt upp austlandske aa kalla og maa ha vore det mykje lenge, i gnorsk tid ogso. Kakuminal uttale av *l* (ogso for *rð*) er gjenomførd, jamvegtlogi gjeld allstad. Halvljoden er allstad

[1] Sjaa „Det norske maalet fyre 1350" i innleidingi til Gamalnorsk Ordbok ved Marius Hægstad og Alf Torp. Kristiania 1909. S. XVIII.

[2] I Ngn, 11 band (Søndre Bergenhus amt) vil ein ikkje finna noko namn paa *-by*, men ei mengd paa *-bø*.

[3] I Ngn, 3 band (Hedemarkens amt) vil ein ikkje finna noko namn paa *-bø*, men ei mengd paa *-by*.

burtfallen i subst. eint. (*båt*), adj. (*stor* m.) og præs. indik. (*bit, förtæl'*), men er i Rollag *a* i plur. av subst. som *menn'ar, røt'ar, tæ'ar* (av *tå*), i Flesberg *ä*: *menn'är, rött'är, te'är* (av *to*, taa). Der kann enno paavisast merke etter gnorsk ljodsamhøve i jamvegtord, serleg med umsyn paa skiftet av *e* og *i* i endingar, t. d. *biti* ptc (< *bitit*) Tinn, *biti* Hjartd. Num. (Rollag, Flesberg), men *borē* Tinn, *bore* Hjartd. *børė* Num. (Rollag, Flesb.). I NRollag endar linne kvendkynsord med jamvegt no paa -u, liksom i Aust-Telem., men i Flesberg hev sume slike ord o (*hoso, roko* < *reko*), og sume u (*snuru, viu*), endaa dei gamle reglar ikkje lenger vert gjenomførde i alle høve. — Det ub. pron. *huar* hev vorte *gvan* (< gn. *huarn* asm) og *gvör* i Aust-Tel., *hör* i Num. (Roll; *ver(r)* Flesb. etter dansk?); *iŋvar* (< *einhvar*) Tinn, *engör* NRollag, *ennhörr* Flesb. — *tykk* adj. (< *þykkr*) Num. — *fræ* heiter *frjø* Num. — Refl. verb endar paa *-s*: *møtes*. — Gnorsk *at* (setningskonj.) > *ått* Nore i Numed., framfor inf. o.

Merke etter eldre vestlandsk i Numedal er der i former som *noslə* f. (< *notla* til eit **natla, notlu*; jfr. *naslə* f. Smaal) *sönnə* f. (til *stjarna, stjornu*) *oskə* (til *aska, osku*); jfr. *båndo* dpl (< *bondum*) *lånde* dpl (< *londum*) i ein barnesull fraa Sauland i Hjartdal (Ross: Nbm III, s. 13). — *tå* f. NRollag (*to* Flesberg). — *dannan, dattan, dassan* pron. dem. (= eng. *that*) NRoll. (*dennan* osfr. Flesb.). — Berre *-bø* (ikkje *-by*) i gardsnamn i Nore og Rollag, endaa i namnet *hu'səbø* (Husebø, Opdal matr. no. 74), men sunnanfor Rollag i Flesberg og Sandsver prestegjeld finn me *-bø* og *-by*[1].

Av yngre vestlandsmerke er nemnande burtfallet øvst i bygderne av *r* etter vokal i ljodlette bøygjingsendingar, t. d. *syni* pl. < *synir*; *dögò* (dagar; med stomnvokal fraa gn. dpl *dogum*); *han glöyme* (< *hann gleymir*) Nore. Numedalsmaalet syner seg aa vera paaverka av maalet i Hallingdal og i Aust-Telemark.

Merkn. 423 a. Under sudvestlandsk er i hovudutgreidingi medteke telemaalet i bygderne sunnanfor Bandaksvatnet (Sud-Vesttelemark) so nær som Skafsaa. Bygderne nordanfor og umkring tillaupselvarne til dette vatnet, og endaa noko meir, eller prestegjeldi Raudland, Vinje, Mo og Skafsaa, Kvitseid (÷ Vraadal), og Seljord, er liksom eit maalvald for seg sjølv; me vil kalla maalet Vest-Telemaal. Fraa dette maalvaldet er der ikkje noko anna gnorsk brev enn II 216 (Brunkeberg 1336), utferda av Bjørgulv Aasteson, umbodsmann til Ivar Ogmundsson i Skien sysla. Liksom maalet i dei andre dalføri paa austhallet av Langfjelli maa ogso maalet her i vaar tid reknast til austlandsk. Men det hev so mykje med merkelege avvik at det her lyt faa ei serleg umrøda. Det hev soleis mange døme paa *u*-ljodbrigde av *a* som *snöru* f. (til gn. *snara, snoru*) *kånnə* f. (til gn. *kanna, konnu*) *öllo* eller *öddo* adv. (< *ollu*), *ånno* (< *onnur*) *gåmol* f. (< *gomul*) *åŋŋul* (< *ongull*) *olluŋjes* adv. (< *ollungis*) osfr. For gn. *skulu* inf. er i Mo brukt *siljə*, jamlaga etter *viljə*; i præs. ind. *ska* (< *skal*) Mo, men elles er det mest *skö*, venteleg etter gn. *skolu* 3 pp,

[1] Merkeleg er gardsnamnet *væraldrū* (skr. Væraldrud, Opdal matr. no. 1) av *Veraldr* Mn, berre kjent fraa Voss og Hardanger, sjaa Pn St s. 278. Dei nørdste prestegjeldi Nore og Rollag skil seg i maalvegen ikkje so lite ut fraa Flesberg. Soleis heiter gn. *dokkin* f. bundi form, *ek* pron., *mit* eller *vit* pron., *okkr* pron. i Rollag: *dåkk'è* (*dökk'i* Nore), *e, me, kan* (ɔ: *okkan*); i Flesberg: *dåkk'a, je, mei,* uss. Ei segn fraa Rollag um korleis Numedal vart bygd etter den store Mannedauden, endar soleis: „*Dær æ so stor førskjell' på fållkjè i Röllag* o *opp' åvèr dal'n ell dæ æ i Flesberr, atte dæ æ trule dæ æ sannt, att Flessberin(g)æn æ tå svennsk stamme,* o *Rollin(g)æn æ tå jødar*“, Målprøver fra Numedal ved adjunkt Karl Bjørset. Drammen 1904. S. 5.

som daa ogso kann ha vore gamall infinitiv; i impf. *sillə* < *skildi* < *skyldi*. — Maalføret hev ymse merke etter ljodbrigdet av *á*: *kro* f. kraa (men *å* f. *tå* f. *nått*); *ósmond* < *O'smundr*, *mona* m. < *mónaðr* med *ó* fraa eldre *mǫnuðr*; men utan ljodbrigde: *dęi bårə* 3 pp av *bera*, *dęi gåvə*, *sågə* osfr., former som elles er i lite bruk no; gn. *honum* pron. > *hånom*. Dessutan er nemnande: *syftonsoko* f. < *Syptuns vǫku*, *svidd* f. < *svill*. — *kvæ̈n* pron. interr. < *huern*. *kvör* pron. indef. (*gvör* Selj.) < *huarr*, jfr. *huon* (< *huarn*) i runeinnskrifti i Atro kyrkja i Telemark fraa umkr. 1300[1]; men ogso *kvör* og *kvær* (Moland) og *ęin kvændag'ə* (Mo) til gn. *huerr*; *hössə, höss* adv. < *huarsu*, *hör* adv. < *huar*, *hörə* adv. < *huarra*. — *ja* > *ję*: *bjęlþi* m. *jęll*, *jędd'ə* < *hjallr*; *fjödd*, *fjöll* n. < *fjęll* < *fjall*, *fjöddə* v. (< *fjaddę* Set.) < *fjalla* (pynta); men *ɖaddarbrui* (< *Gjallarbrúin*) i Draumkvædet; *jarə* v. < *jarða*; *jarta* n. < *hjarta*. — *dænn, dę, dęr*. — Priv. part. er u: *udyr*; til deils o i gamle visor: *ein okonno manne* = *ein ókunnugr maðr* (ɔ: framandmann) Landst. 39 (i noten, sjaa Rygjam. s 22). *óbrúkleg* ibid. 182, *ólik* ibid. 433. — H a l v l j o d e n er *ə* (burtimot *ę*) i mannkynsord (*båt'ə* < *bátr*), i adj. m. og f. (*stor'ə*), og sameleis i præs. ind. av sterke verb (*bit'ə*) og linne av typen *tęljə* (*tęl'ə*), men *a* i plur. av subst., der *r* hev halde seg: *røt'ar*, *męnnar*. — T v i l j o d a r n e er *öu*, *ęi*, *öy*; framfor lang konsonant vert dei i Seljord og Kvitseid samandregne: *höst* < *höust*, *grętt* < *gręitt*, *hördə* < *höyrde*. — Den p a l a t a l e e n d i n g s v o k a l er *i* (*hani* m. *gravi* supin. Mo, Vinje) eller *ė* (*hanė*, *gravė* Rauland, Laardal, Kvitseid, Selj.), *fa'ir* eller *fair* (< *faðir*) Mo, *mo'ir* eller *möir* (< *móðir*) Mo, *skålir* plur. — Den g u t t u r a l e e n d i n g s v o k a l er i mange høve u: *viku*, *visur*. — *fn* > *vn*: *navn*, *hevnə*. — *ft* i ord som *löft*; men *köuptə* (av *köupə*), *köptə* Kvits. Selj. — *fræ* n. *fræv'ə* adj. (til gn. *frær*, asm: *frævan*), *mjåg'ə* adj. (= gn. *miár*), *sljå'ə* adj. (< *sliár*); *snjor'ə* m. (*sniór*); *-sjå* m. (< *siár* = *siór*) i vatnenamn, t. d. *vigdəsjå* Selj.; men *sjø* (innført ord) um storsjøen, havet. — *håg'ə* adj. (til *hár*, asm: *hávan*, jfr. *mjåg'ə* her straks ovanfor). — *son'ə* m. (< *sunr*); — *bø* m., ogso i siste samansetningsled i gardsnamn. — *oto* < *útór*. — Adj. paa *-ig'ə* og *-ug'ə*: *örug'ə* og *örig'ə* (< *ǫfugr*); adj. paa *-utt'ə*: *kro'kutt'ə*. — *þøt* n. *smör* n. (*smęr* Vinje). — V o k a l l e n g j i n g framfor gamall *rn* i *bån* n. (pl. *bönn*, men *bon* Selj.), *åni* Mn (< *A'rni*), *on'dål'n* m. (< *undorn*); framfor *l* + *f* osv.: *håv'ə* adj. *kåv'ə* m. *såvi* (< *Sǫlvi*), *homi* m. (< *holmi*), *sjåg'ə* adj. (< *skiálgr*), *höyi* (< *Höylgi* < *Heilgi* < *Helgi*), *fokk* n. (< *fólk*), *håsklæi* n. (< *hálsklæði*) osfr.; merke etter andre gamle lengjingar: *svårt'ə* adj. (< *svartr*) Mo (elles *svart'ə*); *vråŋg'ə* adj. < **vrangr* (her maa *v* vera grunnen til rundingi), men *laŋg'ə*.

Y m s e v o k a l y v e r g a n g a r: *þæm'ə* (< *kemr* < *kœmr*), *męggə* f. (stor kvinna) til *mœðgin*. — Dei g a m l e v o k a l a r hev for det meste halde vel uppe sin klang so nær som framfor nasalar: *tęljə*, *þær'ə*, *fė*, *livə* v. (< *lifa*), *livə* v. (< *hlífa*); *fudd'ə* adj. (< *fullr*), *bru* (< *brú*); *spyr'ə* (< *spyrr*), *dyr'ə* adj. (< *dýrr*); men o hev vorte *ö*: *lök* n.; — framfor gamle nasalar hev *e* vorte *æ*: *tæmjə*; *i, í* > *e*: *ven'ə* m. (< *vinr*), *temi* m. (< *tími*); *o, ǫ* > *å*: *kåma*; u, ú > o: *son'ə* m. < *sunr*, *bro'i* f. (< *brúin*); *y, ý* > *ø*: *sønir* (< *synir*), *tønə* v. (< *týna*). Jamning millom rotvokal og endingi er der ikkje mykje av: *gåmål'ə* og oftast *gamal'ə*; *e'mis'ə* (< *ímiss* < *ýmiss*); *ivi*, *firi* (og *fyri*, *fyry*), *tiþə* v. (< *þyk(k)ja*). — I utljod vert *a* etter lang staving til *ə* i open utljod: *grått*ə inf., men *vęra* inf., og sameleis med *a*: *hęstar*. — I linne stuttstava kvendkynsord ligg den gamle oblike form til grunn for nemneformi no: *viku* (men i Mo og Skafsaa: *vika*); langstava kvendkynsord endar paa *-ə*: *visə*.

1 Sjaa Norske Fornl. av N. Nicolaysen. Kristiania 1862—66. S. 220.

Ymse konsonanthøve: *v* held seg i framljod framfor *r*: *vræŋjə* v. *rengja*. — *mb* held seg for det meste, t. d. *lamb*; men i Kvitseid og Seljord hev han vorte *mm*: *lamm*; *timm'ər* eller *temm'ər* allstad. — *tl* > *sl*: *lislə* < *litli*, oftare er sagt *veslə*. — *nd* held seg: *land*. — *ng* held seg i vest: *feŋg'ə* m. *finger*, i plur. *feŋg'ar*; i aust: *fiŋŋ*, i plur. *fiŋŋ'ar*. — *rð* > *r*: *gar* m. < *garðr*; i sume faa ord er han i Seljord, Kvitseid og Laardal *rd*: *urd* f. *varde* m., og paa dei fleste stader i verbalbøygjingi: *spurdə* impf. — *rn* > *nn*: *hönn* n. < *horn*, *bjönn* m. < *biorn*; *båtan*(*nə*) < *båtarnir*, *vikunn*(*ə*) < *vikurnar*. — *ld* > *ll*: *kvell'ə* < *kveld*. *l* er aldri kakuminal. — *ll* > *dd*: *addə* adj. pl. (*allə* Selj. Kvits.). — Konsonant-burtfall: *k* og *g* vil sume stader falla burt framfor *n* i framljod: *ne* n. (< *kné*) Mo, andre stader *nėtt* (med *tt* fraa den bundne formi) og *knė*; *niv'ə* m. < *knifr*; *naga* v. < *gnaga*. Serleg merkande er burtfallet av *l* etter lang vokal framfor labial og guttural konsonant: *kåv'ə* m. (< *kálfr*), *hægə* Kn (< *Hælga*), *fokk* n. (< *fólk*), *fyjə* v. (< *fýlgia*); merk: *sjav'ə* m. (< *sialfr*), *sjov* f. *sjaft* n., pl.: *sjavə*. *n* fell ofte burt framfor *s*: *vistri* (< *vinstri*); ogso *vebęr* (< *vínber*) Vinje.

Nokre ordformer. Substantiv: *vödd'ə* m. (< *vǫllr*), pl.: *völlir* og *vöddur* (jfr. gn. *vǫllu* apl), ogso *vęddir*; endingi *-ur* i plur. hev fleire mannkynsord: *vöttur*, *vegur* (sjaa Nbm II, s. 22). — Pronomen: *ęg*; i plur. *me* (< *mit*); gen.: *ökkö* (*-ös*, *-öns*, avstytt *kåns*); dat. og akk.: *ökkön* eller *kånn*. *du*; plur. *de* (< *þit*); gen.: *dikkös*, *dikköns*; dat. og akk.: *dikkön*, *dikkån* (< **þykkarn* asm < *ykkarn*). — Verb: *möga* inf. = gn. *mega*; i Mo er det i præs. bøygt *ęg må*, me *mögu*, andre stader me *möga* (*mögu* laga etter *monu*?).

Refl. verb paa *-st*: *møtast*.

Skal ein døma etter maaltilstandet i VTelemark no, synest maalet ha vore upphavleg eit vestnorsk maalføre, som smaatt um senn hev vorte paaverka fraa austnorsk ved samfersla med bygderne austanfor. I gnorsk tid kann likevel den paaverknaden ikkje ha vore stor etter det skapet vesttelemaalet enno hev baade med umsyn paa ljodverk, ordformer og ordfang.

Merkn. 423 b. Paa ymse stader i denne utgreidingi er det umtala, at der millom sume sudvestlandske bygder og austlandsbygder er samferdslevegjer, som utan tvil hev havt nokon verdskap for maalvokstren, snart til den eine sida og snart til hi (NVestl. § 11, s. 30; Rygjam. s. 117, 4; ISVestl. I, Merkn. 201). Den nørdste av dei ferdslevegjerne som er umrødde fyrr, er den millom Valdres og Sogn. Men ogso lenger nord er der nokre farvegjer, som torer nemnast, endaa dei ikkje — som maaltilstandet no er — synest ha mykje aa segja i maalvegen. Fraa indre Sogn er der nokre fjellyvergangar nordetter yver ulende og øydor, sumstad snølagde heile aaret, til fjellbygderne Skjaak og Lom i Otta-dalføret. Fraa garden Fortun i Lustr til Røysheim i Lom er der 66 km. Dei nemnde bygderne hev elles sin lettvinne naturlege ferdsleveg austetter gjenom Vaagaabygdi, som ligg i same dalføret, til hovuddalføret Gudbrandsdalen, og saman med dette hev dei lege under Hamar bispestol fraa 1152 til reformationen. Det eldste upphavsbrevet me hev fraa desse kantar er utferda av Hamarbispen Torstein, og venteleg skrive i Lom umkr. 1299 (D. N. I 90). Det er paa reint austlandsmaal aa kalla. Ogso dei andre gnorske brevi fraa desse bygderne hev meir eller mindre austlandssvip. Ein etterrøknad og næmare paavisning av dette emne eig ikkje heima i denne utgreidingi. Nokre drag av maalskapet i Lom og Skjaak i vaare dagar kann det likevel vera laglegt aa taka med. Me finn i dette maalføret ikkje mange merke etter det gnorske *u*-ljodbrigdet framfor halden *u* i næste staving; dei vanlege døme er som: *daḷåm*, *gaḷåm*, *bakkåm* dpl, *æ'nnor* (*-oḷ*) < *annur*; men der er likevel nokre former som *åŋŋul* m. *åskə* f. oska, *hårpə* f. *låŋŋə* adv.

< *longu, kåŋŋrovə* f. Merke etter eldre *u*-ljodbrigde er der meir av, t. d. *vårvé* m. (*vǫđvi*); som i Sogn er det *hån(d)*, men *natt*. — Det ub. pron. *huerr* heiter *kvar*, *huat* hev vorte *kå*. — Den privative partikel er *o*: *odyr*. — Halvljoden er *ə* i ord som *sæt'ər, åk'ər*; men i bøygjingi hev *r* falle burt: *æin laŋŋ båt, bøk* < *bokr* (*ky* < *kýr*), *ligg* < *liggr*. — Tvi-ljodarne er *öu* (*óu*) < *au*, *æi* < *ei*, *öy* (og *ay*) < *ey*; framfor *m* vert gn. *au* til *åo*: *dråom, flåom, stråom* < *draumr, flaumr, straumr*, framfor *n* til *ŋŋn* eller *ŋŋ*: *kåŋŋ* < *kaunn*; gn. *ei* vert framfor *m* og *n* til *ai*: *haim, stain*. — Maalføret hev *mn* i ord som *namn, sömn, kvåmnə* v. *jæm(n)t* < *iafnt*; og *ft* i *sjiftə, låft* osfr. (*f* er sers bilabial). — Den palatale endingsvokalen er i visse høve *e* (*é*, burtimot *i*), t. d. *bakké, mærké* n. *nål'é* < *nálin, nål'é* < *nálir, hus'é* < *húsin, hus'é* < *húsi(nu), båt'é* < *báti(num)*; *höyré* < *heyrir, funné* ptc, men i mange høve *ə* (burtimot *ö*), t. d. *röyk'ən, hus'ə* < *husit, høyrdə, riandə* ptc, *finnə* inf. — Den gutturale endingsvokalen er i sume høve *å*, i andre *o*, og i sume *u*, t. d. *viså* < *visor, hōlo* < *holo, viku* < *viku, dalåm* (-*om*). — Um vokalverket er elles aa merka at jamvegtlogi er gjenomførd i verb, der infinitivi endar paa *ə* i langstavingsord: *kastə, ropə, kvævə*, og *a* i stuttstavingsord: *vęra, sika* < *sitia, fløka* < *flytia*; sameleis i veike mannkynsord og kvendkynsord, der langstavingsordi hev nemneformi i eintal av den gnorske nominativ, medan stuttstavingsordi hev den gamle oblike formi til nemneform, t. d. *bakké, stålpé* < *bakki, stolpi*; *visə, vöᵘggə* < *visa*, **vǫgga*; men *bæta* m. < *bita, hågå* < *haga*; *viku* < *viku, hōlo* < *holo, niku* < *netiu*. Der er mykje med utjamningar: *håmår, lågå, dågåtal, stykky, synyné* < *hamarr, laga, dagatal, stykki, synirnir*. — Vokallengjing framfor *l* + labial osfr. synest ukjend, og likeeins framfor *ng* og *nk*; døme er: *kalv, fålk, laŋŋ, kraŋk*. Framfor *rn* er vokalen lengd fraa gamall tid i *bån* < *barn*, pl.: *bōn* < *bǫrn*. Framfor *ll* og *nn* hev eldre *a* og *e* vorte lengde til *æⁱ*: *fæⁱllə* v. < *falla, mæⁱnn* < *mann, kvæⁱll* < *kueld, kvæⁱnn* < *kuern, båtæⁱnn* < **båtanne* < *bátarnir*; i same høvi hev *o* og eldre *ö* (*ǫ*) vorte *öʸ*: *töʸllak* < *þórlakr, tröʸll* < *troll* (eller *trǫll*?), *jöʸnn* < **jönn* (< *jǫrn*), *visöʸ(n)n* (< **visonna* < *visornar*) Skjaak, NLom, *visæⁱ(n)n* SLom. Likeeins vert *o* og *ö* framfor *gg* til *öʸ*: *döʸgg* < *dǫgg, glöʸgg* adj. < *gløggr* (jfr. I SVestl. I, Merkn. 198 og 341). — Um konsonantverket er aa merka, at baade Skjaak og Lom hev kakuminal uttale av *l* baade for gamal *l* og for *rđ* (*skål, gal* < *garđ*) i dei vanlege austlandske høvi. *ll* og *nn* er, som dømi ovanfor syner, uttala muljera, men muljeringi er her ikkje sterk. — Gn. *sl, tl* > *hl*: *væhlə, veslə, æhlə*, men gn. *beisl* n. hev vorte *bæiks'əl*. *v* framfor *r* er burte i *raŋŋ* adj. (ogso *vrang* um folk). — *r* er burte etter vokal i ljodlinn staving: *båtə* < *bátar, viku* < *vikur, kasta* < *kastar*. Neutrale tvostavingsord, som endar paa vokal, skyt inn *d* etter vokalen framfor bøygjingsendingar som byrjar med vokal: *ępledə*, bundi form av *ęple, öugadə*, auga(t) (i dat. *öugadé*); *hugudé* dsg, hovudet; *stykkedə*, stykket; *på joḷədåm*, dpl i bundi form av *joḷə* n. eit jordstykke (*gerđi*).

Som ein ser av dette, er maalet i Lom og Skjaak i vaar tid eit greidt austlandsmaal, som i det allermeste fell saman med maalet i nordluten av hovuddalføret Gudbrandsdalen. Liksom dette hev det nokre nordnorske og vestnorske merke (*o*- som priv. part., burtfall av *r* i endingar). Etter alt aa døma maa det ogso i gnorsk litterær tid ha høyrt til austnorsk. Korleis det hev vore fyre den tid er materialet for knapt til aa byggja nokon dom paa. Einskilde former som *ådne* Mn (< *A'rni*), *sövjug* (Ross hev *symjug* Lom), hev lite aa segja; meir veg det at *-bø* (aldri *-by*) er brukt som sisteled i gardsnamn *övərbø, gutubø* (Lom), som kann peika paa eldegamall samanheng med vestnorsk.

Færøymaal (førjamåal).

Kjeldor og nokre ord um uttale-merkjing.

§ 48. Av skriftstykke og brev som i millomalderen er skrivne i dei norske nybygderne paa Færøyarne (fær. *Førjar*, ui *Førjun*), hev ikkje mange vorte berga til vaar tid. Dei eldste er fraa umkring 1400, og for det meste skrivne paa heimenorsk eller islandsk-norsk, men er her og der paaverka av færøysk. Berre nokre reint faa kann segjast vera so sterkt paaverka at me kann kalla deim færøyske, soleis:

1. Skipnaden um ferdapengar for nemndemennerne paa lagtinget (SkF), innførd i cod. C 20 qv. i Stockholms kgl. bibl. med ei hand fraa umkring 1400, prenta i D. Fær. s. 27—28. Ei utgreining um handskriftet gjev Gustav Storm i Ngl IV s. 665—667.

2. Nokre stutte uppteikningar fraa 15 hundradaaret her og kvar i same handskriftet (Upt. C 20).

3. Vidareidbrevet (Vbr), eit brev um Husavik-godset, utferda paa Vidareide 22 marts 1404. Brevet, som er prenta i D. Fær. s. 43—44, er fulla berre ei avskrift fraa 1407, men det synest gjeva eit heller godt bilæte av færøysk, som me maa tru maalet hev vore umkr. 1400. — Ogso i dei hine brevi um Husavik-godset (prenta i D. Fær. s. 36—43, 45—48) er der nokre færøyske merke. Brevi er skrivne millom 1403 og 1405, sume paa Færøyarne og sume paa Hjaltland, men me hev deim berre i avskrifter, upptekne i eit brev som er utferda 1407 i Torshavn og venteleg skrive av ein nordmann. Ein svip av færøymaal hev likeeins eit brev fraa færøybispen Joan, utferda i Kirkjubø 1412 (prenta i D. Fær. s. 49), og eit brev fraa færøybispen Heming, utferda i Torshavn 1443 (D. Fær. s. 51); ogso desse brevi er avskrifter; dei er upptekne i eit brev fraa 1479, som er utferda i Torshavn (D. Fær. s. 52).

Eit pergaments-handskrift fraa fyrste mannsalderen av 14 hundr., som inneheld hirdskraai, Bergens bylog, landslogi (Gulatingslog), Saudebrevet (det er her noko annarleis skipa enn upphavsbrevet) o. m., og som no er

i Lunds universitetsbibliotek (Hist. litt. 12 fol. = Lund 12), hev dei halde for aa vera skrive i Norig av ein færøysk avskrivar; men maalet i det heile i denne boki er islandsk-norsk, sjaa Merknaden her nedanfor.

Heller ikkje fraa 16 og 17 hundr. er der nokor færøysk minneskrift, som gjev eit heilt eller klaart bilæte av maalet. I eit norsk-dansk brev fraa 1533, som bispen Amund, lagmannen Anders Guttormsson og aalmugen paa Færøyarne (*j Ffør øy*) hev utferda i Torshavn, er der nokre faa flekker av færøysk maal saman med ymse heimenorske (D. N. II 1110 = Dbr 1533). — Fraa aar 1600 er der ei færøysk avskrift av Saudebrevet paa modernisera maal (Am 316 fol. = YSbr); der er mykje ustøda i rettskrivningi og former med paaverknad fraa gnorsk og islandsk, nynorsk og dansk, men avskrifti hev likevel ikkje lite verd for maalgranskingi[1]. — I 1639 fekk forngranskaren Ole Worm til seg sendt nokre færøyske kvæde, men dei vart ikkje prenta og er sidan burtkomne[2]. — I ei bok av presten Lucas Jacobsøn Debes, prenta i Kjøpenhamn 1673 med titelen Færoæ & Færoa Reserata, er der ei skildring av øyarne og folket. Boki er paa dansk, men no og daa raakar ein paa færøyske ord eller former, mest i eit maalblanda upprit av ein skaaltale, som Debes fortel at oldermannen heldt for kongen paa det gildet dei pla samlast til um kvelden, naar lagtinget hadde enda aarsmøtet sitt[3].

Det er fyrsta burtimot slutten av 18 hundr., daa Jens Christian Svabo i 1781—1782 tok til aa samla inn folkevisor paa Færøyarne, at me fær paalitelege uppskrifter paa færøymaalet[4]. Ogso presten Jørgen Landt hev hjelpt til med upplysningar um nyfærøysk i boki »Forsøg til en Beskrivelse over Færøyarne« (Kbh. 1800), der me finn færøyske namn paa ei mengd med vokstrar, fuglar, fiskar o. a. Den skodda, som so lenge hadde lege yver dette maalet, tok til aa letta seg, og i 1811 vart færøymaalet for fyrste gong teke upp til vitskapleg umrøda av ingen mindre enn den danske professor Rasmus Rask[5].

---

1 Sjaa meir um dette i innleidingi til Diplomatarium Færoense (D. Fær.) ved Jakob Jakobsen (Torshavn og København 1907), og Arkiv XXVI s. 212—223, melding um D. Fær. ved Marius Hægstad. — Etter det som er paavist i Merkn. 424, maa den meiningi eg hev uttala s. 218 i den nemnde meldingi um færøyske maalmerke i Lund 12 uppgjevast.

2 Færøsk Anthologi I, s. LI i innleidningi (Anth. Innl.).

3 Færoæ et Færoa Reserata av Lucas Debes, den nye utgaava (Thorshavn 1903) s. 250—251.

4 Færøsk Anthologi I, s. LI og s. 430—431, og „Veiledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog" af Rasmus Kristian Rask (Kbh. 1811), s. XLVI i fortalen til boki.

5 Veiledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog af Rask, s. XLVI o. flg. og s. 262—282 (Rask, Fær.).

Merkn. 424. Um pergament-handskriftet Lund 12 meinte Gustav Storm at det er skrive etter 1320, og at det hev tilhøyrt bispestolen paa Færøyarne (Ngl IV, s. 698—700). Wilhelm Gødel held skriftet for aa vera fraa fyrste aari av 14 hundr. Han meiner at bergensbispen Arne Sigurdsson († 1314) hev aatt boki, og at ho sidan saman med andre av Arnes bøker er komi til Sverige, venteleg gjenom Munkeliv birgitinkloster, dotterkloster til Vadstena. Millom Arne og færøybispen Erlend var mykjen venskap; dr. Jakobsen meiner difor at Erlend, som var ofte i Norig, kann gjenom Arne ha fenge Saudebrevet inn i logboki (D. Fær. s. XXX), og vera upphavsmannen til den nye skipnaden av denne rettarboti i Lund 12. Erlend døydde 1308. Ymse maalformer i Lund 12 (som *guđus, synnan* o. fl.) synest likevel tyda paa at boki knapt kann vera fraa den tid som Gødel meiner. — Alt professor P. A. Munch meinte aa finna merke etter færøysk i dette handskriftet, for det maa vera Lund 12 han sigtar til i Norrønasprogets Grammatik (Chr.a 1847) s. 4: »I gamle færøiske Haandskr. finder man for *e* untertiden *ea*, f. Eks. *nea* = *né*«; og sameleis s. 11 i umrøda av former som *guđs, guđrs, guđus*[1]: »Formen *đus* forekommer ellers, saavidt vides, kun i færøiske Haandskrifter, men stadigt (*liđus, herađus*); *đes* derimod meget ofte i norske«. Lund 12 hev nettupp ofte sovorne former, soleis *næa, nea* (for *nema* eller *né*) i dei stykki som er upptekne i Ngl III s. 122_7, $123_{9\cdot16}$ o. fl. a. stader; *herađus* Lund 12, bl. 78 a, bolk 1_{11} o. fl. a. stader, umfram *herađrs* og *herađs*, som hds. ogso ofte hev; *liđus* ibid. bolk 2_{15} (< *liđrs* < *liđs* gsg av *liđ* n. folkehjelp). Med di *liđus* og *herađus* her stend paa same bladsida, kunde ein mesta tru at det er fraa denne staden Munch hev dømi sine. Andre døme i hds er *bođus* n. gsg for *bođs, vmbođus* for *umbođs* m. st., *skyt ek til guđus* (ɔ: *guđs*) i hertugeiden til kongen. — Gustav Storm meinte at bruket av *æ* for *œ*, t. d. *bæ* for *bœ*, halvljoden *u* (*bakstur* for *bakstr*), og serleg *nea* konj. for *né* (= *nema*), og *međ* for *viđ*, som me ofte finn i dette handskriftet, synest visa at det er ei færøysk avskrift (Ngl IV s. 699). Dr. Jakobsen hev paavist (D. Fær. s. XXXIX), at inkje av alt dette er sermerkelegt for færøysk so nær som *ea* for *é* i *nea*, for gnorsk *é* (*kné*) hev i nyfærøysk vorte *ea* eller *æa* (*knæa*). Han meiner likevel ha funne eit anna færøysk merke i *girđa* v. (gjerda, setja upp gard), som Saudebr. i Lund 12 hev, medan upphavsbrevet paa same staden hev *gærda* (Sbr 7_{14}); paa færøysk heiter dette verbet no *ǵira* < *girđa*. Men ogso med *nea* og *girđa* er hakar. Upphavsbrevet til Saudebrevet hev 4 gg *ne* (Sbr 7_{12} 9_3 $10_{6\cdot10}$); Lund 12 hev *ne* paa dei 2 fyrste staderne og *nema* paa dei andre, men ingen stad *nea* i dette brevet, der ein helst kunde venta aa finna det, um *nea* den tid var færøysk og skrivaren færøying. Naar Lund 12 elles tidt hev *nea*, kann det vera, fordi skrivaren, som ikkje sjeldan i staden for *m* og *n* berre set strik yver vokalen i fyrevegen (t. d. *domv* for *dómum, sāflæyt* for *samfleytt*), urimeleg ofte hev late vera aa setja strik yver *e* i dette ordet og skrive *nea* for *nēa* (ɔ: *nema*, heller ikkje, = *né*); jfr. *ragendum* (= *rangendum* Ngl II 64_2). Me finn daa ogso skrive *nēa* Lund 12, bl. 79 a, bolk 2_{24}. Det er lite rimelegt at *é* alt umkr. 1300 hadde gjenge yver til *ea*. I brevi um Husavik-godset fraa umkr. 1400, som hev ymse færøyske merke, finst det ikkje. Naar me derimot umkr. 300 aar seinare i YSbr (Am 316) paa alle dei 4 staderne, der upphavsbrevet hev *ne*, finn *nea* og *næa*, er der grunn til aa tru at yvergangen *é* > *ea* den tid hev vore gjenomførd, og at *né*, som endaa kunde vera

[1] Um slike former sjaa ISVestl. I, Merkn. 364 (s. 169) under innskot av *r*.

kjent (no er det utdøytt), hev vorte *nea*. — *girða* v. for *gerða* er islandsk ogso (sjaa nedanfor under **16 h,** *ð*), og med di der i Lund 12 er rett mykje av islandske flekkjer, t. d. samanblanding av *æ* og *œ* (*sækia* for *sœkia* o. fl.), av *í* og *ý* (*domvm lítt* = *dom lytt* Ngl II Prol. s. 8_{14}), og av *ei* og *ey* (*leyðist* Ngl III s. 92_4), og *hn* for *n* (*hnotum* f. dpl Ngl III s. 16_{10}; *hnefum* dpl = *nefom* Ngl II s. 67_5, *hnyckír* 3 sp = *nyckir* Ngl II s. 67_8), synest det rimelegast ogso aa rekna *girða* til islandsk, sidan me ikkje finn det i heimenorsk.

Ser me burt fraa dei umiskjennelege islandske merke eller flekkjer i handskriftet, er maalet i Lund 12 norsk-sudvestlandsk. *u*-ljodbrigdet er gjenomført som i vanleg vestlandsk. Endingsvokalarne er — umfram *a* — jamnast *e* (ofte ogso *i*) og *u* i open utljod, *i* og *u* i stengd, jfr. § 35 ovanfor (s. 2). Av einskilde former er merkande: *en* baade for *er* (som konj. og som relativ partikel), til deils ogso for *ef*; *með* er mykje brukt for *viðr*, jfr. *mæ* (< *með*) mesta alltid brukt for *ved*, Shl.; *oviðrkuemlict*, jfr. *ukvæmelegt* Shl. Ross; *virku dagha* apl, no: *vyrkədaga* Shl. (men ogso *virka daga* Isl.). — *tegnir* ptc npm (= *teknir* Ngl II s. 46_{11}) kann, um det ikkje er misskrift, syna paaverknad fraa rygsk; *synnan* adv. (= *sunnan* Ngl II s. 18_{18}) er ei uvanleg nyform so tidleg som fyrstningi av 14 hundr., no *synnan(te)* Shl. o. fl., og sameleis *gæmt* ptc og *gæma* v. (= *gœyma* Ngl II s. 62_{24}).

Det er mest likt til at Lund 12 er ei islandsk avskrift av eit (sunn-) hordsk handskrift.

§ 49. Paa Færøyarne hev folket til den dag i dag halde so vel paa maalet sitt, baade i ein rik skatt av nedervd folkediktning (folkevisor, segner, eventyr, gaator o. dl.) og i talen (førjamåal), at me av dette kann faa ei helder klaar fyrestelling ogso om norsken i gamletidi paa desse øyarne. I det unge friske bokriket, som hev teke til aa bløma fram, etter V. U. Hammershaimb umkr. 1840 hadde sett upp ei mynsterform for skrivemaaten av maalet, er der ogso mange upplysningar aa henta um denne sermerkte greini av norrønt maal, mest likevel med umsyn til ordfang, ordbruk og ordfelling, medan den sers etymologiserande skrivemaaten[1] ikkje gjev det klaare bilæte av ljodverket, som er naudsynlegt for den vitskaplege granskingi.

Det nye færøymaalet er soleis den tryggaste og i mange stykke den einaste vegen til aa faa greida paa det gamle norske maalføret paa Færøyarne — og vil difor verta hovudemnet i etterrøknaden her[2]. Færøy-

[1] I innleidingi til Færøsk Anthologi I (Kbh. 1891) s. LV gjev Hammershaimb grunnarne til valet av si normalform.

[2] Færøyskt bokatal ved Sverre Patursson (Oslo 1905) inneheld ei lista yver den færøyske bokheimen til 1905. Av bøker med upplysning um sjølve maalet er dessutan nemnande: Føroysk orðabók av A. C. Evensen, Torshavn 1908; berre 9 hefte (til *fjerðingkar*) er utkomne (Evensen). Føroysk mállæra av J. Dahl, Keypmannahavn og Kristiania 1908. I „Oplysning om Bygdemaalene i Hardanger" (Bergen 1885) av Chr. Vidsteen er ei stutt utgreiding um ljodarne i færøysk og tvo maalprøvor fraa „Øernes største, midtre Del".

maalet i vaar tid vert tala i ymse maalføre, som i sume stykke skil seg noko ut fraa kvarandre. Til grunn for skrivemaaten av ordi er i denne utgreidingi lagd uttalen i maalføret paa Sud-Straumøy (SStr), naar ikkje anna er serleg nemnt. For dette maalføret hev me ei grannvar ljodskrift av den lærde færøying dr. Jakob Jakobsen i ordsamlingi til Færøsk Anthologi ved V. U. Hammershaimb, Kbh. 1891 (Anth. II), og til Færøske folkesagn og æventyr, Kbh. 1898—1901 (FSÆ), som er dei vigtugaste kjeldor for etterrøknaden her[1].

[1] Paa ei ferd til Færøyarne i 1907 hev eg dessutan sjølv gjort uppteikningar, mest fraa Sud-Straumøy, men og fraa Sandøy (Sand.) og Nordurøyarne (Nøy), og eg hev teke upp maalprøvor i fonograf, som i sumt hev vore til mykjen nytte (sjaa Prøvor av Færøymaal attarst i denne bolken). Ogso elles — baade her heime og i Kjøpenhamn — hev eg fenge mange upplysningar hjaa innfødde færøyingar, soleis hjaa Sverre Patursson, Kirkjubø, og — dei fleste og vigtugaste — hjaa frkn. Marie R. Mikkelsen fraa Torshavn, den velkjende avskrivar av færøyske maalminne i Det store kgl. bibliotek i Kjøpenhamn. Jakobsens ljodskrift hev eg fylgt i det meste. Berre i nokre høve, der andre teikn etter mitt skyn svarar betre til det verdet ljodteikni hev fyrr i desse arbeidi um norske maalføre, hev eg gjort avvik. Soleis er her ofte skrive u for Jakobsens o, t. d. *fudlür* adj. (*fodlör* J.), *nuḏḏjür* adj. (*nod'džör* J.), for di uttalen av den fyrste vokalen i desse ordi er so lik den vanlege uttalen av u paa Vestlandet i Norig (t. d. i *fudl'*u eller *fů̊dl'ů̊* Hard.) at det synest vera uraad aa skilja millom deim. Av same grunn er her skrive u i tviljoden u*i* i ord som *tuina* v. tyna (*toina* J.); uttalen av denne tviljoden i færøysk er elles so lik den i *tuynę* i Setesdalen, at dei vel kunde skrivast likeeins (som paa tavla i ISVestl. I, s. 87), men labialiseringi i slutten av ljodføringi er likevel visst ein grand mindre i færøysk. Soleis torer det ogso vera med den tviljoden som svarar til nyn. *öy*, og som difor ogso her vert skriven *åi* i ord som *råik*, *dråima* (paa den nemnde tavla skrive *rǫyk*, *drǫyma*). Um skrivemaaten av endingsvokalarne sjaa nedanfor § 51, **10**. For *š* hjaa Jakobsen er her skrive *ṣj*, t. d. *ṣjaldan* (*šaldan* J.), og for *dž* og *tš* er skrive *ḏ* og *ḵ*, t. d. *ḏarvür* adj. *ḏæstür* m. (*džarvör*, *džæstör* J.), *ḵænna* v. *baḵḵė* m. (*tšænna*, *bå̆tšı* J.). For Jakobsens *‘p*, *‘t*, *‘k* (der ‘ merkjer pust) i ord som *ka‘pı* m. (< gn. *kappi*), *ha‘tör* m. (< *hattr*), *flå‘kör* (< *flokkr*) er her skrive *pp*, *tt*, *kk*: *kappe*, *hattür*, *flåkkür*. Den gjenomførde klangløysa av *m*, *n*, *r*, *l* og *ŋ* framfor klanglaus konsonant hev ikkje fenge noko serskilt merke (sjaa § 51, **16 i** nedanfor). Um ljodskrifti i desse arbeidi i det heile skal det elles koma ei utgreiding i siste bolken.

Til fyrebils rettleiding er nemnande:

1. I *åa*, *æa*, u*i* og *ú*u smelter fyrste ljoden so snøgt saman med den andre, at ljodtrykket vert helder svivsamt, men vil likevel vera sterkast paa andreljoden, helst i *åa* og *æa*; *kråaka* (kraaka), *dæavur* (dag), *luisa* (lysa), *hiuus* lyder mesta som *kråāka* eller *kr*^{å}*aka*, *dæāvür* eller *d*^{æ}*avür*, *luisa*, *hiuus* (*h*^{ü}*us*) eller *h*^{ə}*us*.

2. *eə*, *oə*, *øə* hev ljodtrykket sterkast paa fyrsteljoden, og sameleis *ai*, *åi*, *æi*, ou; *beəra* (bera), *loək* (lok), *høəna* lyder mesta som *bēəra*, *lōək*, *hø̄əna*, og *stain*, *råikür*, *læisür*, *bouk* hev same ljodtrykk som tviljodarne i heimenorsk. — Høve som ou*al* (odel), *mouır* (moder), *mouür* (mod), *hiuuaskægvür* (hudsko) er aa lesa ou-*al*, *mou-ır*, *mou-ür*, *hiuu-a-skægvür*. Sameleis er der sjølvstendig ljodføring av kvar vokal ved skrivemaatar som *måa* (maa, slita ut), *dæar* (dagar), les *må-a*, *dæ-ar* (tvo stavingar med lang vokal i fyrste stavingi).

Tonelagi.

§ 50. Tonelaget eller den musikalske aksent (ordaksenten) er det i færøysk til deils noko vandt aa faa fullgreida paa av grunnar som skal verta umrødde nedanfor. Men etter mi aatgaaing er det utvilsamt at maalet i alle fall paa Sud-Straumøy og Sandøy hev dei same tvo tonelagi, som er dei vanlege i nynorsk: e i n s t a v i n g s - t o n e l a g (aksent 1, her merkt ´), ikkje berre i einstavingsord, men ogso ofte elles, og t v o s t a v i n g s - t o n e l a g (aksent 2, her merkt `). Fær. *hæld´ür* 3 sp (< gn. *heldr*, av *halda*) hev same tonelag som nyn. *hęld´u* 3 sp i Hardanger, og færøysk *hald`a* same tvostavings-tonelag som nyn. *halda*. Der er i færøysk den same skilnad som i norsk millom *bit´ė* og *bit`ė*, i tonelag som i tydning; *bit´ė* (nyn. ogso *bıt´ə, bet´ə*) er gn. *bitit*, den bundne formi av *bit* n., medan *bit`ė* (nyn. ogso *bıt`ə, bet`ə*) er perf. partic. av *bíta*, gn. *bitit*, eller eit subst. mask. som tyder bjelke, gn. *biti* m. I setningar som *skoət´ė e(r) skoət`ė* og *skoət`ė e(r) skoət´ė* er det einstavings-tonelaget som avgjer at det er fyrste ordet i den fyrste setningi, og siste ordet i den andre, som er subjekt. Paa same vis er *fadl´ė* bundi form av *fadl* n. fall, men *fadl`ė* ptc av *fadla*, *luiḱ´ė*, liket, av *luik* n., *luiḱ`ė* n. liknelse, osfr. Klaart kjem skilnaden millom dei tvo tonelagi fram i setningarne: *han e(r) idl´ür o fudl´ür*; *tæa ligg´ür ui æir`e oə sæir`ė* (*í auri ok sauri* ɔ: vanvyrdt og skjemt). Eg set hit ei rekkja av døme, som kann syna nokre hovudlinor i bruket av tonelagi i færøymaalet som eg hev høyrt deim. Det fell saman med mitt eige tonelag (fraa Vestlandet), naar ikkje anna er sagt.

Fraa substantivbøygjingi. Med t v o s t a v i n g s - t o n e l a g: *måan`ė* m. < *máni*, *pænt`arė* m. skrjonemakar, *vuis`a* f. < *vísa*, *åir`a* n. < *eyra*, *snøər`ė* n., og soleis i alle former, ubundne og bundne, i eintal og fleirtal av dilike typar, berre med nokor svaging i nom. og akk. plur. av *ōn*-stomnar, sjaa her nedanfor. — *åa muin`un reə`jė* *á mínum regi*; *nægr ærar fisḱ`ė*, jfr. *ui æir`ė oə sæir`ė* ovanfor; — *fisk`ar* pl. *adḑ`ar* pl. (< *eyjar*), *bigd`ır* pl. (< *bygđir*), og sameleis tvostavings-tonelag i alle fleirtalsformer, ubundne og bundne, av desse typar. — *hüus`ė* n. dsg < *húsi*; *uppė åa ræin`ė*, *uütė åa ræin`ė*, namn paa tvo stader (Thvn), *ræin`ė* dsg av *ræin* n. (< *hraun*), steinlende. — Med e i n s t a v i n g s - t o n e l a g: *fisk´ür* m. nsg, *fisk´ürın*, *fisksıns*, *fisḱ´ın* asg, *føətr´ėnır* npl (< *føtrnir*) *føətr´ėnar* apl, *åa sjoun´un* (< *á siónum*); *bigd´ın* f. nsg, *bigd´ėna* asg, *kønn´a* (eller *kýnn´a*, *künn´a*) asg (< *kúna* av *kigv*, ku); *hüus´ėnė* npl, b. f. *bødn´ėnė* npl (< *borninı*).

Fraa adjektivbøygjingi. I positiv er der t v o s t a v i n g s - t o n e l a g i dei formerne av vanlege adjektiv, som i gnorsk hev tvo stavingar,

t. d. *læŋgˋun* asm (< *langan*), *stærkˋar* npf (< *sterkˋar*), *stærkˋarė* dsf (gn. *sterkri*, seinare gn. *sterkari*); *tæa idlˋa*. I nom. sing. mask. er der einstavings-tonelag: *læŋg´ur*. — I komparativ og superlativ av adjektiv paa *-arė* og *-astur* er der tvostavings-tonelag, men i dei paa *-rė* og *-stur* einstavings-tonelag: *stærkˋarė, stærkˋastur*, men *ældr´ė, iŋgr´ė* (< *yngri*), *mair´ė, størr´ė, ælst´ur, iŋkst´ur, størst´ur* (men *tæi iŋkstˋu bødn´ėnė*).

Pronomen. Med t v o s t a v i n g s - t o n e l a g: *åkkˋun* 1 pers. pron. akk. dat. plur. — nyn. *aokˋo*ᵘ Hard. *aako* Shl. (umkr. 1750, sjaa ISVestl. I, s. 188); *tikkˋun* 2 pers. pron. akk. dat. plur. = nyn. *dikkˋə, dekˋə* Sogn, Nhl. *deko*ᵘ Hard.[1]. — *hoənˋun* (< *honum*), *hæanˋa* (av *hoən*, ho). — *heəsˋın* pron. dem. gn. *þessi*.

Talord. *fuirˋa, ædlˋėrů, åatjˋan* (attan), *fuⁱrs´instjuuů* (80), *halfjærs´instjuuů* (70).

Verb. Med t v o s t a v i n g s - t o n e l a g: *tæakˋa, finnˋa* v. inf. *eə sændˋė, han kastˋar, tair rourˋů* (av *rera*), *han kastˋajė, tair kastˋarů*; e i n s t a v i n g s - t o n e l a g: *han finn´ur, han teəl´ur* (< *telr*, til *telia*). Merkeleg og avvikande fraa all norsk elles er formi for 1 pers. sing. i indikativ av sterke verb og av linne verb etter typen *telia* med tvostavings-tonelag: *e finnˋė, e bjouˋė, e dræaˋjė, e tælˋjė*, nyn. eg finn, byd, dreg, tel; jfr. fær. *e hæaˋvė*, men *han heəv´ur*. — *livˋandė* præs. part., *funnˋın* perf. part.; *driˋjė* ptc av *drǣˋa*, draga.

Døme paa samansetningar. Med t v o s t a v i n g s - t o n e l a g: *stainˋbuitur* m. steinbit (jfr. *stainbutt´ur* adj. ovleg faavis), *vǣrˋfæajır* m. verfår; *bridˋlup* n. *kuuˋfou(ů)r* (!) n. kufôr; *bǎnˋdømė* n. barndøme, *hůsˋbøndė* m. husbond, *hůsˋkadlur* m. tenestedreng, *jadnˋhæatjė* m. *vannˋspann* n. vatsbytta, *sjouˋarstrånd* f. *havnˋarǻa* f. (aai i Havn ell. Torshavn), *åˋarousė* m. elvaros, *bigdˋamæavur*, bygdemann, *grindˋagaislė* m. ryggtovla paa grindkval, *stuirˋısvøəlur* m. styrevol; *havrˋakådn* n. *kæavˋablæak* n. snøball, *til tjirtjˋubøar* (til garden Kirkjubø), *irkˋůdæavur* m. vyrkedag, *mikˋůdæavur* m. midvikedag; *æirˋahåar*; *huusˋalaia* f. husleiga. — Med e i n s t a v i n g s - t o n e l a g: *hǣt´land*, Hjaltland; *uis´land*, Island; *mij´alhadd* f. medels høgd; *att´urritjın* ptc, vanda, forsmaadd.

Ymse ord og setningar: *stræimˋiamåal* n. Straumøy-maal, *surˋjamåal* n. Suderøy-maal; *ui dåavˋa stoəvů* (Davidsstova i Torshavn); *kunnijur* adj. kjend, *vitˋijur* adj. (i Torsh. helst *-ır*); *råndˋutur* adj. *dåmˋlijur* adj. daamleg, tekk, *pinkˋaluitıl* adj. bitte liten; *lǎtlˋia* adv. lettleg, *aisˋınė* adv. ogso;

[1] Paa Sandøy og Suðurøy vert det sagt *oŋ´ur* (< *okkr*) for *akkˋun*, og *ti´jur* (< **tykkr* < **þykkr* < gn. *ykkr*) for *tikkˋun*. So hermer borni i Torshavn: „*gouˋven*“ *ui Sandˋe*, *oə* „*og´ur*“ *o* „*dig´ur*“ *ui Surˋe* — *gouˋven* = kjære ven (i tiltale).

tåa'jė (< *tåa ui*) konj. daa. *betæal'a* v. betala, *fårlåa'ta* v. fara burt fraa; *kast'a kåŋg'ar*[1], leika med lambebein (barneleik); *spæa'la fuir'abounús*, leika gøymeleik (jfr. nyn. *leika trebuns* Shl., a. st. *tribonius*). *Kuss'ú er framm*? kva er klokka? *hoən er hålg'un nuǵǵ'ú*, ho er halv ni; *vil'-tüu koə'ma vi mæar*? *nai! vil'-tüu iķķ'ė*? (med vegt paa *vil*); *hansara æav'ėskai væar' iķķė læŋg'* Thv. ɔ: hans livsgang vart ikkje lang (*skai* er elles neutr. liksom gn. og nyn. *skeið*).

Det synest vera eit noko friare bruk av dei tvo tonelagi i færøysk enn i norsk, soleis t. d. at naar eit ord, som vanleg hev tvostavings-tonelag, fær sterkt ettertrykk, kann det lettare byta aksent og faa einstavings-tonelag, eller kanskje rettare: under sterkt ettertrykk nærrar aksent 2 seg so mykje til aksent 1, at det i minsto for eit framandt øyra lyder som um ordet hadde einstavings-tonelag. I ei prøva fraa Sud-Straumøy her attast i boki lyder fyrste radi av eit vers:

Frui åa fjødl'un oə fløət'un hoən lū'ar[2].

Her hev eg i staden for *fjødl'un* ogso høyrt *fjødl'un*, naar det var lagt sterkt ettertrykk paa dette ordet.

Dessumfram er det aa merka seg at færøysk ikkje alltid hev same aksent i dei same høvi som i nynorsk. I linne kvendkynsord av typen *gøəta*, som i alle former skulde hava tvostavings-tonelag, kann ein stundom høyra ein uttale med aksent 1 i nom. akk. plur., mest kanskje i ordet *søəv'úr* (< *sǫgur*), men eg hev ogso høyrt *klåkk'úr* for *klåkk'úr*. Fraa Sandøy er uppteikna *brøəv'ır* pl. (< *brœðr*), paa SStraumøy *brøəv'úr*; i eintal *brou'úr* paa baae stader. I nokre faa paaviselege høve er der utvilsamt svaging i tonelaget. Det er i dat. sing. bundi form av kvendkynsord, som i gnorsk i nom. sing. enda paa rotvokalen, t. d. *brønnė* (eller stundom *brýnne* Thv.) < gn. *brúnni* (til *brú*, fær. *brigv*), *ǵønnė* < *giónni*, *ånnė* < *ánni*, *åidnė* < *eynni*, ogso *kønnė* < *kúnni* (nyn. *ku*) o. fl. I desse høvi hev eg høyrt baade einstavings- og tvostavings-tonelag; *hann eər ui ånn'ė; han*(*n*) *stou åa brýnn'ė*, men ogso *brýnn'ė* Thvn., der det og vert sagt *ui lånn'ė* (*jæg'van ui lånn'ė*) av *lægv* f. sandfjøra, jfr. *ui loən'ėnė* av *loən* f. stor bygning. I *vånnė* f. dsg av *våa* (vaag, vik) hev eg berre høyrt tvostavings-tonelag. Sameleis er der svaging i dat. sing. bundi form av sterke mannkynsord og inkjekynsord som: *hæstėnun*, *vaglėnun*, og det soleis at einstavings-tonelaget her synest vera det vanlegaste (jfr. nyn.

[1] *kåŋg'ur* m. er det øvste av dei tri smaa beini innum klauvi paa saud (ell. andre dyr); midleden heiter paa færøysk *jadlür* (< *jarl*), nedste leden *purka*. Fingerlederne hev same namni: ytsteleden (nærast naglen) *kåŋg'ur* osfr.

[2] Normalform: *Frið a fjöllum og flötum hon* (ɔ: fridomssoli) *logar*

…*ɔss̀ande* (= *drassande*) *vi læip'ènun*
… *sum tæa svart̀a und̀an nagl'ènun*;
…*gl̀in sit'ür ui vædd'ènun*. Dei sterke
… pl. i bundi form: *hùusènè*.
…ɔt den store ordmengdi som fylgjer
…et. Men tilstandet vert likevel med
…e stykke. Det er mest likt til at der
…dare tilstand, og at færøymaalet her
…tid. Dansk paaverknad kann ha gjort
…tten i sjølve maalet med dei mange
… den eine av vokalarne og snart den
…e munnar, kjem sterkast fram i uttalen.
…den fraa setningsaksenten, er det ikkje
…er denne sida av maalet, so det endaa
…t i færøysk er berre **ein** ordaksent[1].
… ofte maatte melda seg, hev eg i denne
…ut ordaksenten, men maa nøgja meg
… visa til aksentarne i vanleg norsk med
… som er gjort ovanfor. I prøvorne av
færøymaalet, som fylgjer med denne bolken, er aksentarne tilsette for maalføret paa SStraumøy, soleis som eg hev høyrt uttalen der.

Ljodverket.

§ 51. Held me oss til same skipnaden som fyrr er brukt i denne boki, finn me i det nye færøymaalet:

1 a. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjenomført framfor gamall burtfallen *u* (og *v*), og gjerne ogso i gamle tvostavingsord framfor halden *u* i stavingi etter. Døme framfor burtfallen *u* (*v*) er: *døgg* f. *jøər* f. *vødlùr* m. *bødn* n. pl. *nøvn* n. pl. < gn. *dǫgg, iǫrð, vǫllr, bǫrn, nǫfn; spøək* adj. f. *ødl* adj. f. < gn. *spǫk, ǫll; foən* n. fjom; jfr. nyn. *faan* f. < **fǫn* (med kynskiftet smlk. fær. *bjørg* n. og nyn. *björg* f.); *groən* f. snute < *grǫn; soəm*

[1] Sjaa **Axel Kock**: „Die alt- und neuschwedische Accentuierung", Strassburg 1901, s. 25, med tilvisingar i § 61. — Ein annan synsmaate hevdar dr. **Amund Larsen** i Ark. XXV s. 79 o. flg., som eg i det allermeste er samd med. — Av færøyingar hev eg ikkje høyrt noko eller sét noko um dette maalfellet. Det maa ogso ei viss uppøving til aa kunna skilja millom tonelagi. Dei (vistnok faa) færøyingar eg hev tala med um sjølve tonelagi, hev ikkje kunna skilt deim fraa kvarandre korkje i færøyske eller norske døme. Med dei fleste islendingar hev eg røynt det same, og sameleis med mange nordmenn, endaa med slike som hev vore skulemeistrar og maalkunnige nok elles.

adj. nsf, den same; *troəm* f. rand, jfr. gn. *þrǫmr; voən* adj. nsf, van, sedvanleg < gn. *vǫn*; *hånd* f. *lånd* n. pl. *skåmm* f. *ståŋg* f. *dånsk* adj. f. *låŋg* adj. f. *sånn* adj. f. < gn. *hǫnd, lǫnd, skǫmm, stǫng, dǫnsk, lǫng, sǫnn.* Døme framfor halden *u* i dativformer som: *økkun, døəvun, døəlun, gøərun, høərun, jøərun, ørmun* (av *armùr* m.), *håndun, låndun, månnun, Såndun* (*åa Såndun*, grend paa Sandøy), *spøəkun, ødlun, øərun, gåmlun* < gn. *bǫkkum, dǫgum, dǫlum, gǫrðum, hǫgum, iǫrðum, ǫrmum, hǫndum, lǫndum, mǫnnum, Sǫndum, spǫkum, ǫllum, ǫðrum, gǫmlum.* I linne kvendkynsord (*ōn*-stomnar) er den ljodbrigda vokalen ofte yverførd ogso til nom. sing. liksom i sudvestlandske maal i Norig, t. d. *bjødla, bløəra, bløkka, fjøəra, fløəta, gøəta* (*gæata*), *løeva* (*løa*), *nøgla*? *sjødna, støa, søəva, ƫøəra, vøgga, vøəka, vøəra* (fjellnamn), *øska, øəva*, oda (eit slag skjel, Mytilus modiolus, isl. *aða*), alle med *ø*(*ə*) fraa gn. *biǫllu, blǫðru, blǫðku, fiǫru, flǫtu, gǫtu, hlǫðu, *nǫglu*? *stiǫrnu, stǫðu, sǫgu, tiǫru, vǫggu, vǫku, vǫrðu, ǫsku, *ǫðu*: fær. *blånda* (jfr. nyn. *blånda*), *gåŋga.* Andre døme: *kåŋgùl* m. klump (*tårkåŋgùl*, torvklump), *tåŋgùl* m. tangstylk (jfr. nyn. *tåŋgedl* Ryf.), *jøətun, døəvùrė* < *dǫgurð-, høəvùr* < *hǫfuð, kåŋgù(r)våa* f. (skr. *kongurvág*) kongro-vev (dyret heiter no oftast *aitùrkåppùr* m, dsk. edderkop); *råndùtùr* adj. < *rǫnduttr.* Um *nøgla*, nygla i baat, s. 102.

ōn-stomnar med *a* i roti i nom. sing. ljodbrigdar ikkje *a* i bøygjingi, t. d. *alda* (baara), *amma* (stor tunna), *amma* (barnfostra), *æapa, balja* (framandt ord), *blanda* (= *blånda* ovanfor), *bræasa* (sylgja), *bratta* (til *brattur* adj.), *fjanta, flǣa* (flaga, vindkast), *flæana* (flana), *harpa, kanna, snæara, svæala* (svola), *taska, væara* (vara) o. fl., i plur.: *aldùr, ammùr, æapùr* osfr.; *kannur* pl. finst (i skrift) alt umkr. 1400 (D. Fær. 42_{11}). Av andre undantak er nemnande *æakùl.* Millom kvendkynsordi er, som ein ser, sume innflutte ord. I verbalbøygjingi hev det minka med *u*-ljodbrigda former. Præs. ind. plur. endar soleis no i alle personar paa *a* utan ljodbrigde: *vit* (*tit, tair*) *fæara, vit kadla.* 1 pers. pl. imper. er ogso helst utan ljodbrigde: *fæarun, kadlun,* men den færøyske maallæra fører enno upp *føərun, kødlun* som sideformer[1]. Impf. pl. av verb som *fræmja, vælja* endar i alle former paa *ù*, men utan ljodbrigde: *vit framdù* — her fører maallæra upp sideformi *framdum* i 1 pers. —; undantak, som enno hev ljodbrigde, er *høddù, løddù, søddù* < gn. *hǫfðu, lǫgðu, sǫgðu.* I bøygjingi av præt. ptc er like eins *u*-ljodbrigdet burte i former som *framd* f. *vald* f. I det heile er der ikkje lite svaging, og færøymaalet i vaare dagar er ogso paa dette umkverve i eit urolegt yvergangstilstand. Former som *ark* f. og *ørk, sæak* f. og *søək, æavind* og *øəvùnd, fann* f.

[1] Anth. I, § 81, 99; J. Dahl: Føroysk mallæra. Keypmannahafn 1908, s. 73, 3.

og *fånn* (< *fǫnn*), *badlúr* m. og *bødlúr*, *blanda* f. og *blånda*, *skadda* f. og *skødda* o. fl. skifter, i alle fall i maalføri, vel sjeldan i same munn. Framfor endingi *-útúr* finn me sumtid ljodbrigda vokal (*råndútúr*) og sumtid ikkje, t. d. *dæalútúr* (dalut).

Umfram upphavleg *a* kann ogso — etter jamlaging — *a*, *æa* av eldre færøysk *æ* (gn. lang *æ* og *é*) verta ljodbrigda, t. d. *brøəv* plur. av *bræav* n. (< *bræf* < *bréf*), *trøə* pl. av *træa* n. (< *tré*), *løtt* adj. f. av *lattúr* (< *læattúr* < *lættr* < *léttr*), *rødd* adj. f. av *raddúr* (< *ræaddúr* < *ræddr*); *vøn* (ɔ: *vøən*) adj. nsf og npn (= gn. *væn*) Fær. s.[1] sid. 178_{11}, men ogso *voən*, *væan*; sameleis *kløən* f. av *klæanúr* adj. grann, tunn.

Framfor endingar med *-ijúr* (< *igr*) og *-ul* kann me finna ljodbrigda vokal, som er yverførd fraa former med endingarne *-uvúr* (< *ugr*) og *-úl*, t. d. *øərijúr* og *øəvuvúr* (< gn. *ǫfugr*), *jøəkul* og *jøəkúl*; *aŋgul* og *åŋgul* (Sandøy), jfr. *gæata* og *gøəta* her ovanfor.

Um *a* framfor *l* + labial konsonant osfr. sjaa under Vokallengjing.

Merkn. 425. *munna* eller *munnú* (*măn*, *mundė*, *munna*); *skula* eller *skulú*, ogso *skulla*, *skullú* (*skal*, *skuldė* eller *sjildė*, i partic. *skul(l)a*).

Merkn. 426. Som dømi syner er den *u*-ljodbrigda vokalen av *a* (*æa*) i færøymaalet *ø* (*øə*, *ǿ*), framfor stutt eller einskild nasal *oə*, framfor lang nasal eller nasal med konsonant *å*. Denne skilnaden er fulla mykje gamall i maalet. I Dbr 1533 les me *insthødhæ* asg (= nyfær. *innstǿú*), men *i sommæ landhæ* (= nyfær. *ui soəmú landė*), og sameleis i YSbr *nókur* (ɔ: *nøkúr*) npn 392_{19}, men *lomb* pl. 392_{14}.

1 b. Tristavingsformer med *u* i siste stavingi som dat. plur. av *an*-stomnar paa *arė* (*fiskarė*) og impf. ind. pl. av verb etter typen *kalla* ljodbrigdar ikkje *a* i andre stavingi, t. d. *fiskarun* dpl, *vit* (*tit*, *tair*), *kadlavú* < *kallaðú*, eigenleg formi for 3 person, yverført ogso til 1 og 2 pers.; *han bant . . . vi ainun ƫøəravun toəjė* (med eit tjøra tog); *fæara til húusa(r) vi taim bjargavú* (med deim som var berga). Sameleis er det i superlativ: *attastú*, *spæakastú*, *væakrastun*. Sjaa elles Merkn. 427.

1 c. Upphavlege tristavingsord med burtfallen *u* i tridje stavingi hev til deils ljodbrigde, t. d. *køəmúr* pl. av *kæamar* n. (kammers), *summør* (og *summar*) pl. av *summar*, *ånnúr* < *ǫnnur*, *goəmúl* < *gǫmul*; men til deils ikkje: *aldan* pl. av *aldan* n. (alda, frukt, gn. *aldin*), *altar* pl. av *altar* n.; *hundra* pl. av *hundra*, *kadla* ptc f. < *kallað*, gn. *kǫlluð* (neutr. pl. endar i færøymaalet paa *ė*: *kadlajė*). Maalet hev kvendkynsord paa *-an*: *atlan* (< *ætlan*), *bannan*, *blandan*, *laitan*, *sjæmtan*, *sjipan*, *huksan* (og »*hugsun*« Dahl § 28 b), i dat. pl. *-ønun*. *sjipønun*; mannkynsord paa *-avúr* (< *aðr*): *búunavúr*, *dunavúr*, *fagnavúr*, *lagnavúr*, *måanavúr* (um stuttformer av ord paa *-navúr* sjaa nedanfor **16 h**, *ϑ*.

[1] Færeyinga Saga, utgj. av C. Chr. Rafn (Kjøbenhavn 1832).

Merkn. 427. Etter heile svipen paa færøymaalet og former som *şjipønun* eller *şjipùnun* (av *şjipan*, gn. *skipan*), *bløəvùnun* (< *blǫđunum*) dpl, b. f. av *blađ* n., *trøəvùnun* dpl, b. f. av *træa* (gn. *tré*), er der all grunn til aa tru, at *u*-ljodbrigdet i det gamle færøymaalet hev vore gjenomført i tristavingsord liksom i islandsk og vestnorsk. At dette ljodbrigdet ikkje er gjenomført i brevi fraa 15 hundr. i D. Fær. hev ingi vegt, med di me i desse brevi ogso finn *allum* for *ǫllum* (no *ødlun*) og *annur* for *ǫnnur* (no *ånnùr*), og brevi i det heile viser at norske skriftmynster hev vore mest raadande.

2 a. *u*-ljodbrigdet av *á* framfor burtfallen *u* hev sett merke etter seg i *spounùr* m. *voun* f. (= gn. *vón, ván*). Merke er der ogso i eintalsformerne av *ǥægv* f. (bergkluft, pl. *ǥåajır*), *hægvùr* m. haa, ettergras, *krægv* f. (kraa, pl. *kråajır*), *lægv* f. (sandstrand tett ved sjøen, pl. *låajır*), *rægv* f. (lite jarnplata; pl. *røùr*), framvaksne av *gió, hór, kró, ló, ró* — smlk. med umsyn paa yvergangen *ó* > *ægv*: *ƫægv* n. (lær) < gn. *þió* n., og sjaa **16 h**, *κ* her nedanfor. — Elles er det vanlege i færøymaalet former med *å, åa,* t. d. *åa* f. (elv), *åal* f. (reim), *tåa* f. (təa), *åsmundùr* Mn, *åst* f. *nått* f. (natt), *dråttùr* m. *håttùr* m. *tråavùr* m. (traad; pl. *træavùr*, og oftast *trăgrır* < **trægrir* < **trǣđrir*, med halden *r* fraa nom. sing. og ny ending *-ir*); *håavùr* adj. (foraldra) i sume stadnamn og samansetningar som *håasæatė* n. (< *hásæti*), *håatui* f. < *hátíđ*.

Framfor halden *u* i næste staving hev maalet *å, åa,* t. d. *båavun* dpl av *båajir*, *kråakùr* pl., *gåasun* dpl, *håttun* dpl. — Sterke verb av typen »*bera, sitja*« hev impf. pl. ou (< *ó*) i roti, t. d. *bourù, droupù, kvouù, louù, soutù, svou(v)ù* for vanleg gnorsk *báru, drápu, kuáđu, lágu, sátu, suáfu*, liksom det heiter *vourù* (av *vera*) for *váru*; jfr. formerne i Voss og Hard. ISVestl. I, Merkn. 195, s. 20. Desse formerne er visst ikkje gamle, men framkomne ved jamlaging; *koəma* hev i impf. pl. *koəmù*; sjaa Sterke verb under **17 e** nedanfor.

2 b. Her er nokre ordformer som plar vera paaverka av *u*- og *v*-ljodbrigdet: *næakùr* pron. m. < *nakur* < *na(k)kuar*, *nøəkùr* f. < *nǫ(k)kur*, *næaka* n. > *na(k)kuat*; *døkkùr, gløggùr*; *uiǥøg'nun* < *ígiøgnum*; *ǥeəra* v. < *gera*, *ǥørdė* < *giørđi*, *ǥørt* ptc < *giørt*, jfr. *giera* YSbr 399₃ *gióra* (ɔ: *giøra*) ibid. 395₁; *hoən* pron. < *hon*, *hoənun* < *honum*; *biskùshæiùr* (< *biskupshaugr* eller *byskups-*), namn paa ein haug paa Vaagar, og *biskùsstøə* (< *biskupsstǫđ*) ved Klaksvik paa Bordøy, vanl. *biskåpùr*, avstytt *bispùr*, men desse former kann vera paaverka fraa dansk; *ædlėvù* < *ellifu*; *midlun* < *millum*, *midlın* < *millim*; *miƫıl* < *mikill*; *svøvnùr* < *suefn*, *svøvnijùr* adj. sjaa **16 h**, *α* nedanfor; — *kvikùr* adj. (< *kuikr*) snar, kvik, i kvædi ogso livande; *kvaiƫa* v. kveikja, t. d. ljos; *ƫikùr* adj. (< *kykr*) livande, *ƫikna* v. (< *kykna*) livna; *kvirrùr* (< *kuirr*) roleg, um folk,

ķirrúr adj. (< *kyrr*) roleg, um sjøen; *ķirra*, gjera roleg, *ķirra sæi*, gjera ville sauer spake (sjaa Ark. XXVI, s. 223); *ķirķa* v. (< *kyrkja*) kverka, kyrkja; *sifta* v. svinga, syfta; *siftúsøəka* (gn. *syftunsvaka*) med *øə* fraa dei obl. kasus *-vǫku*, nyn. *syftesok* Shl.; jfr. *Svituns voku dag* D. Fær. s. 48 (1400); *sidl* f. (< **syll*, gn. *sylla*), jfr. nyn. *svidd* og *sydd* (ɔ: *syll*) Set. VTel., men elles med *vi* (*svill*, *svidl*) sunnanfor Sogn og med *y* (*syll*) nordanfor (ISVestl. I, Merkn. 198, s. 27); *svimja* v. symja, jfr. nyn. *svymja* Voss; *tiril* m. (< *þyrill* isl.) kirnestong, tverel (og *týrel* Snm. *tørild'ə* Nfj.); *tvistúr* adj. = nyn. *tvist* YSogn < *tuistr*; *kvæamúr* adj. Sandøy (< *kuæmr*), t. d. *hætta slæajė er kvamt*, dette slaget (f. eks. plantor) trivst vel, jfr. nyn. *kvæm'*(ə) Tel. Sogn, Snm. Ndl. *kvem'ə* Nfj.; *køəva* v. < *kœva*; *svæava* v. drepa, slagta, t. d. saud, < *svæfa*, jfr. ISVestl. I, Merkn. 198, der det kann leggjast til, at ogso paa Voss er *svæva* (og *svöva*) brukt um aa slagta t. d. lamb, fisk.

Ein annan grunn hev skiftet millom *vi* og fær. *i* (< *y*) i *virķa* v. (< *virkia*) arbeida og *irķa* v. (< *yrkia*) dikta, eig. arbeida, jfr. *virķė* n. »opkastet vold«, i NHordl. *verķe* m. vegmur. Av ord som høyrer hit hev færøymaalet *irķisæfnė* n. (< *yrkisefni* isl.) vyrke, yrke, og *irkúdæavúr* (*irka-* Thvn.) < *yrkudagr*, nyn. *yrkədag* NVestl. Trh. Ndl., *vyrkədag* SVestl.

I formerne *tiril*, *irkúdæavúr* skil førjamaalet seg ut fraa vanleg sudvestlandsk og fylgjer maali nordanfor Sogn.

Merkn. 428. Gamalt etterljodbrigde ved *u* er der i fær. *soə* adv., skr. *so* i Vbr. (D. Fær. s. 44₅) < *suo* D. Fær. 42₂ < *Sua* SkF.₁. Um den labialiserande verknaden av *dv*, *hv* o. fl. paa gn. *e* i mange høve, sjaa nedanfor **16 h**, *α*.

3 a, b, c. Upphavleg stutt *e*, og *e* framkomen ved *i*-ljodbrigde av *a*, og *e* samandregen (i gnorsk tid) av tviljoden *ei* hev alt falle saman i færøymaalet og vorte: *eə* framfor stutt konsonant eller i utljod, t. d. *beəra* v. *eəta* v. *ģeəva* v. *leəva* f. *seəta* f. < gn. *bera, eta, gefa, lega, seta*; fær. *feətil* m. *feər* f. *gleəjė* f. *ģeərė* n. *meər* f. *seəta* v. *sjeəl* f. *teəķia* < gn. *fetill, ferð, gleði, gerði, merr, setia* v. *skel* f. *þekia* v.; *beə* n. (< **beð*) dyna, jfr. nyn. *bę* f. Hard.; *veə* n. (< *veð*) vaagnad; kjem vokalen straks fyre *a*, vert han *ē*, t. d. *mē'an* < *meðan*. — *æ* (eller ofte *ę*) framfor lang eller samansett konsonant, t. d. *bærg* n. *bræsta* v. *frælsa* v. *fækk*, *ģækk*, *hælt*, *rægn* n. < *berg, bresta, frelsa, fekk, gekk, helt, regn*; *bærja* v. *fæsta* v. *ģænta* f. *ģæstúr* m. *krævja* v. *rænna* v. tr. *sænda* v. < gn. *berja, festa, genta, gestr, krefja, renna, senda*; *flæst*, *mæst* < *flest, mest*, jfr. *æstan* < *æistan* < **eystan* < *austan*. — Ymse (sjeldsynte) eldre skrivemaatar

som *præstur* nsg D. Fær. s. 43 (Vidareidbr.), *fækk* D. Fær. s. $XXVI_4$, *þorbærgr* nom. ibid., *sættia* YSbr 392_{10} hev vel samanheng med dette.

Um yvergang av *e* til andre vokalar sjaa nedanfor under Vokal-yvergangar.

Merkn. 429. *huerr* pron. hev i fær. vorte *kvøər*, og *huersu* > *kvøssù*, *kvussù*. Um yvergangen sjaa **16 h**, *α* her nedanfor.

3 d, 4. Upphavleg lang *e* (*é*), og *i*-ljodbrigdet av *á*, og upphavleg *a* hev falle saman i færøysk og vorte:

æa i utljod og framfor stutt konsonant eller slike samansette konsonantar, som i nyfær. vil hava lang vokal framfor seg (sjaa nedanfor under Vokal-lengjing), t. d. *blæas* 3 si, *æat, græat, læat, bræav* n. *fæa* n. *knæa* n. *Pæatùr* (skr. *Patur*) < gn. *blés, hét, grét, lét, bréf, fé, kné, Pétr*; *klæanùr* adj., jfr. nyn. *klen*, isl. *klén* (Haldors.), *tæana* < *þéna* (fær. ogso *ʄeəna*, danisme); av upphavleg *æ*: *bæajè, bæasa, fræavùr, gæata* v. *kæatè* f. *hæalùr* m. *mæala, væata* v. *ræa* n. < gn. *bæði, bæsa, frægr, gæta, kæti, hæll, mæla, væta, hræ* (lik); *kæarùr* adj. < *kærr* (no oftast *ʄeərùr*), *læara* < *læra*; av upphavleg *a*: *æaka, æakùr, dæavùr, fæajır, græas, læa* < gn. *aka, akr, dagr, faðir, gras, lag*; *kræaklıŋgùr* m. (skjel, kraakeskjel?), *væakrır* adj. npm (av *væakùr*, vakker). Kjem vokalen *æa* fyre ein annan *a*, vert han *ǣ*, t. d. *brǣa* v. < *bræða*, *lǣa* < *laga*.

a framfor lang eller samansett konsonant (so nær som dei konsonantband, som er nemnde her straks ovanfor), t. d. *flatta* v. *fratta* v. *latta* v. *rattùr* adj. *knăsbout* f. < *flétta, frétta, létta, réttr, knésbót*; *frandè* m. *farrè* (med aks. 1) komp., *harrè* (med aks. 1) komp., *kladnıŋgùr* m. *lagd* f. *lagrè* (med aks. 1) komp., *nast* sup., *rasla* f. < *frændi, færri, hærri, *klæðningr, lægð, lægri, næst, hræðsla*; *adlùr, badn, fadla, haffrigv, salta* v. < *allr, barn, falla, haffrú, salta*.

Dette samanfallet maa ha byrja i gamalnorsk tid med yvergangen av *é* til *æ*, liksom her og der i sume andre sudvestlandske maalføre, som t. d. Saudebr. (upphavsbr.) ber vitnesburd um; jfr. fraa umkr. 1400 *vær* pron. (< *vér*) i Vbr. (D. Fær. s. 44_{19}). Daa so den aalmenne nordiske vokallengjing, venteleg seinare paa Færøyarne enn i Norig, tok til aa ovra seg, maatte den gamle stutte færøyske *a* (*sal*) truga med aa falla saman med den gamle lange *a* (*sál*), som i færøysk i lengre tid enn i vanleg norsk synest ha halde uppe den gamle klang eller haatt. Dette kann vera grunnen til at den gamle stutte *a* hev vorte framskoten til *ȧ* burtimot *ä*, og so hev *ȧ* og upphavleg *æ* kome kvarandre so nær, at ogso dei hev vorte samanblanda, og alle tri ljodar vorte uttala *æ*, som sidan hev vorte *æa* — gn. *fræ* n. > fær. *fræa*, gn. *vér* pron. = gn. *vær* > fær. *væar*,

gn. *sal* m. asg > fær. *sæal*; *maðr* > fær. **mäður* > **mævür* > *mæavür*. Samanfallet av dei tri ljodarne maa vera helder gamalt. At det hev vore gjenomført fyre 1600 syner YSbr, som hev *gæta* v. (= gn. *gæta*) 398_{15} *bræfet* (< gn. *bréfit*) 391_1 *ræle(n)kunnar* 399_8 (< gn. *ralin-*), (*þ*)*ær* 393_{20} (< *þar*).

Merkn. 430. Det gamle neittingsordet *né*, og heller ikkje, er skrive *nea* i YSbr 392_{20} og *næa* 398_{14}, so me hev grunn til aa tru at denne tviljodingi hev vore i gang umkr. 1600, venteleg endaa tidlegare. Um skrivemaaten *nea*, *næa* i Lund 12 hev nokon samanheng med denne færøyske uttalen er i alle fall uvisst, sjaa Merkn. paa s. 65. *né* er ikkje lenger i bruk paa Færøyarne; gn. *huárki* — *né* heiter *kvørkjé* — *idla*, korkje — eller.

Merkn. 431. I alle maalføri paa Færøyarne er der samanfall av gn. *é*, *æ* (*ǽ*) og *a* til e i n ljod, men ikkje allstad og i alle høve til den same. Paa Nøy, der maalet i ymse maatar er mest atterhaldsamt, kann ein enno høyra *ǣ* for alle tri ljodar, soleis at det for gn. *tré* n. *ræðr* 3 sp (av *ráða*), *maðr* vert sagt *trǣ*, *rǣvur*, *mǣvur*, minne um eit eldre maaltilstand, som eingong maa ha vore meir utbreidt paa øyarne. Paa Suderøy kann me finna *e* i staden for *æa*: *treə*, *rēir*, *mēir*; men denne *e* synest ha vakse fram av *æ*, for jamsides med t. d. *mēir* hev Suderøy-maalet ogso *mǣir* < **mæʷir* (jfr. *mægir* Vaag) < **mäðir* < *maðr*. Jamsides med desse maalføreformer kann ein allstad høyra former med *æa*, som synest breida seg meir og meir.

I uttalen av *æa* renn ljodarne utan avbrot i ljodføringi heilt saman, likevel soleis at klangen av *a*-ljoden er sterkast. Samstundes med at tunga snøgt glid attende fraa *æ*-stoda til *a*-stoda, der ho liksom fær ei ørliti kvild, dreg lipporne seg ein liten grand fraa kvarandre til lette for ljodføringi. I skrifti syner *æa* seg i nyfærøysk, naar me tek undan YSbr (Merkn. 430), ikkje fyrr enn i Svabo's uppteikningar av folkevisorne i slutten av 18 hundradaaret, og hjaa Landt. Svabo skriv *eâ* for *a* i *kveât* (< *huat*), for *é* i *seâr* pron. (< *sér*), og for *æ* i *sleâr* 3 sp (< *slær*, av *slá*).

Merkn. 432. Ved samanfallet av gn. *é*, *æ*, *a* til ein ljod, til deils saman med andre ljodskifte, hev helder mange ord, som i gnorsk var vel skilde i uttalen, vorte like i nyfærøysk. Gn. *hlé* og *lag* hev baae vorte *læa*; gn. *vænn* og *vanr* hev vorte *væanür*; gn. *fæst* 2 sp (av *fást*) og *fast* adj. neutr. er no baae uttala *fast*, o. m. fl.

5 a. *i*-ljodbrigdet av *ó* er i færøysk *ø*, *øə*, t. d. *føəra* v. < *fœra*, *røətür* f. pl. < *rœtr*, *møddür* ptc av *möa* (< *mœða*); *bøksl* n. sumveng framme paa kval, < gn. *bœxl*, jfr. nyn. *bøksl*, ryggfjør paa kval.

5 b. Av tviformer, som i norske maal kann koma upp ved *i*- og *r*-ljodbrigdet, finn me i færøysk m. a.: *ålvür* m. ein alv, og *ælvür*; *ambeər* f. *æmbarė* m. og *æmbar* n.; *ambæate* n. og *æmbæatė*; *båajin* adj. bægjen, hinderleg, gn. *bæginn*, jfr. nyn. *baagjen* Snm. (Aasen); *djour* n. animal, < *diór*, ogso *djuur*[1], og *duir* < *dýr*; *firvaldür* m. eig. fivrelde, no brukt

[1] *djúr* hjaa Fritzner er fraa eit svensk paaverka brev fraa Austlandet.

um ein vims; jfr. med umsyn paa metatesen nyn. *fyrveld* n. Snm. (Aasen); *ui ǵåar* adv. igaar, < *ígiár*, og *ui ǵårkvøldė* < *ígiárkueldi*; *harrė* m. (ogso *harra*) for *herri*, jfr. nyn. *hårre* Ma. Nfj. (Vaagsøy); gn. *ker* n. heiter *ķeər*, ogso i ymse samansetningar som *bårķeər*, drikkekjer ved bordet, *ijılķeər*, igulkjer (Echinus), *sånķeər*, rom under spildrorne som dei turkar kornet paa i sonnhuset (fær. *sådnhúus*); men *bluikæar* n. blykjer, og *ǣskar*, auskjer, som maa vera fraa nyare tid. *klibbarė* m. klyvsal; i dei nyn. maalføri peikar formerne vestanfjells (t. d. *klyvber* Ryf. Suld.) og i VTel. (*klyvberi* Vinje o. fl.) liksom nyisl. (*klyfberi*) paa *e* til rotvokal i andreleden, medan formerne i Valdr. ATel. og Vestfold (*klybbar, klöbbar, klubbar*), der den upphavlege tyding av ordet hev vorte dimma ved konsonanttiljamningi *vb* > *bb*, hev *a* liksom i færøysk, truleg etter jamlaging med andre mannkynsord paa *-ar* og *-are*. *ķøkkúr* adj. < **þiúkkur* < *þiukkr*.

Av kvendkynsord paa *-ð* (*-iþō*), laga av adjektiv, er sume utan *i*-ljodbrigde, soleis: *mjådd* (til gn. *miár*, ogso regelrett *mjadd* < *mjædd*), *nånd* (til gn. *náinn*, ogso i gnorsk *nánd*), *rømd* < **rúmd* (til gn. *rúmr*), *ķøkt* < **þiúkt* (til **þiúkkur*). Dei fleste slike ord hev vel ikkje noko rett høg alder i maalet.

6. Færøymaalet hev *a* av gn. *a* i dei demonstrative pronomen *tan*(*n*), *tæa* (eller stundom *dan, da*, sjaa nedanfor s. 85) < gn. *þan*(*n*), *þat*, og i adverbet *hæar*, der, < *þar*. Fraa gn. *a* er ogso vokalen *ǣ* i adverbi *hǣar*, dit, < **hagar* < *þagat*; *hǣan*, derifraa, dedan, < **haðan* < *þaðan*.

Fraa gnorsk *e* er stomnvokalen i dei færøyske adverbi *hijan*, herifraa, < *heðan*; *hijar*, hit, < *hegat* (eller *higat*); *hijar*, straks (i kvædi) < *þegar*. Med umsyn til yvergangen *e* > *i* jfr. gn. *meðan* > fær. *mijan*, og sjaa nedanfor under **16 h**, *δ*.

7. Det privative præfiks er i færøysk ou- < gn. *ó-*: ou*bigd* f. ubygd land, ou*tæal* n. utal, ou*væanė* m. uvane, < gn. *óbygð, ótal, óvani*. I dette stykke gjeng færøymaalet i lag med islandsk og med maalføri nordanfor Sogn i vaar tid. Um *ó-* og *ú-* i sudvestlandske maalføre sjaa Rygjam. Merkn. 33 og ISVestl. I, s. 39.

Merkn. 438. Transskript-brevet fraa 1407 (D. Fær. s. 48), som er skrive paa Færøyarne, men truleg av ein nordmann, hev *ó-* (*oskodum* 48_{10}); sameleis D. Fær. s. 49 (1412, avskr. fraa 1479). YSbr hev oftast *ú-*, sjeldan *ó-*; men i denne vegen fylgjer brevet upphavsbrevet, so det er ikkje aa byggja paa.

8. Halvljoden i færøymaalet er ein *u*-ljod, som paa SStraumøy og Suðurøy ligg nærast norsk *u* (Sweet's: mid-mixed-narrow round), ein millomljod millom *u* og *ə*, burtimot *ö*, t. d. *æakúr* m. < *akr*, *båatúr* m.

< *båtr, stainúr* m. stein; *læŋgúr* adj. nsm < *langr*; *ƙeəmúr* 3 sp < *kemr*; *attúr* adv. < *aftr*. I Torshavn er han nærast ə: *båatər*. Andre stader, helst i Nordurøy-maalet, men i nokon mun ogso i Sandøy-maalet, ligg ljoden høgare og lenger att i munnen og maa helst skrivast u: *båaḓur, kvassur, ƙeəmur, attur* Sandøy. Fraa Nøy er elles ofte uppteikna *i* i staden for eller jamsides med *u*: *batır* og *batur*, *bråijır* adj. nsm < *breiðr, kvassır, knuivur* Fugløy, Kallsøy. Ogso paa SStraumøy høyrer ein ofte former som *kåŋgır* m. < *konungr*, *ain stourır båatır, ƙeəmır, lijúvır* adj. ferdig (paa Sandøy helst *lijúvur*); jfr. *mēır* (< *maðr*) Sudurøy. *i* er i desse høvi visst ikkje upphavleg halvljod, men er vel innkomen ved paaverknad fraa vokalyvergangen i nom. og akk. plur. av *ōn*-stomnar, som paa mange stader i desse kasus hev *ır* i staden for *úr*: *vuisır, gøətır* for *vuisúr, gøətúr* etter jamlaging med sterke kvendkynsord: *bigdır* av *bıgd*, bygd, *skåalır* av *skåal* osfr. Jfr. *vᵉısır* plur. av *visa* i Ulv. Odda i Hard. ved jamlaging etter *skaolır*, og *visə* i dei fleste vestlandske maalføre i Norig; den motsette vegen finn me i vossamaalet, der *skaol* i plur. heiter *skaolu* etter *vᵉisu* eller *bøk'u*. Um skiftet av *i* og *u* i bøygjingsendingar sjaa meir nedanfor under **16 h**, *η*.

Merkn. 434. I skrift fraa umkr. 1400 er halvljoden *u*, t. d. *systur* plur. (< *systr*) D. Fær. Innl. s. XXVI. So er det og i Upt C 20 bl. 11 b: *sigvrdvr, netvr* plur. av *nótt*, *vndirhygivsamvr* adj.[1], jfr. *modr* asg (for *môður*, matrem) ibid. Sameleis er det *u* i YSbr, t. d. *skilur* 3 sp 399_7 *fosturs* ibid.$_{18}$; men elles er der mykje svaging i dette handskriftet, og me finn ogso baade *e* og *i*, t. d, *vgıllder* adj. nsm 393_{18} *sæmir* 3 sp (av *semja*) 392_3.

9. Til dei gnorske tviljodar *ei* eller *æi*, *ey* eller *øy*, *au* svarar i færøymaalet etter fylgd *ai*, *åi* og *æi*, t. d. *aija* v. < *eiga*, *gait* < *geit*, *skain* impf. < *skein*; *åira* n. < *øyra*, *gåima* < *gøyma*, *kåira* < *køyra*, *ståila* f. brudgjenta < gn. **steyla*, jfr. gn. *sueinstauli* m. svein, og nyn. *staule* m. stong, tapp, og *stöyl* m. Ross; *æija* n. < *auga*, *ǥæis* < *gaus*, *ƙæipa* v. < *kaupa*. Paa Nordurøyarne hev gn. *ei* vorte *åi*: *åija* v. (eiga), *ståinur* (-*ır*) < *steinn*, og hev soleis falle saman med gn. *ey* (*gåima* < *geyma*); jfr. samanfallet av gn. *i* og *y*, og det islandske samanfall av *ei* og *ey* (til *ei*).

Med di der i færøysk er velar *g* og *k* framfor *ai* (*gait, skain*) og ikkje den palatalisering av desse konsonantar, som elles er gjenomførd i dette maalet framfor upphavleg *e* (t. d. *ǥeəva* < *gefa*), og som i heimenorske maalføre med *ai* for gn. *ei* er gjenomførd ogso framfor *ai* (t. d. *ǥait* Set. *jait* Hard.), maa *ai* i færøysk her vera helder gamalt. I alle

[1] *undirhyggiusamr* (= *undirhyggiufullr*) er ikkje aa finna i ordbøkerne.

høve maa *ai* vera eldre enn den tid daa *g* og *k* framfor vanleg palatal vokal fekk ein uttale som skilde seg k j e n n e l e g ut fraa velar *g* og *k*. Det trulegaste er at den næraste grunnformi er fraa den tid daa *æ* var vel utskild fraa *e* og uttalen var *gæit*. Dette finn studnad i det at *g* og *k* framfor gn. lang *æ* (*ǽ*) ikkje enno i færøysk hev vorte *ǥ* og *ꝁ*, men er uttala *g* og *k*, t. d. *gæata* v. < *gæta* og *kæatē* f. < *kæti*. *æ* maa i færøysk ha lege lenger att i munnen en *e* og mykje nær *a*, som ogso andre ovringar syner, t. d. yvergangen *a* til *æ* (sjaa ovanfor Merkn. 431).

Sameleis som *ai* hev vakse fram av *æi* hev vel *åi* (eller *ǫy*) vakse fram av *øy*. Framfor gn. *œ* hev *g* og *k* i færøysk enno ikkje vorte *ǥ* og *ꝁ*, men held uppe ljoden av *g* og *k*, t. d. *gøa* v. < *gœða*, *køəva* v. < *kœfa*. So hev den same tilhugen som drog *æi* lenger att i talereiden, drege *øy* attende til *oy*, som ved itakisme hev vorte *oi*, *åi*. Um denne tviljoden i utljod sjaa nedanfor **16 h**, *ϰ*.

Merkelegast synest det vera at gn. *au* hev vorte *æi*. Ein kunde her snarast vera freista til aa tru at *au* paa færøysk — liksom paa islandsk og til deils i nokre maalføre i Norig (sjaa ISVestl. I, Merkn. 302) — fyrst hev vorte *øy*, som sidan ved itakisme vart *æi*. Men mot denne tilgangen strider det at *g* framfor tviljoden *æi* av *au* er palatalisera til *ǥ*, og *k* til *ꝁ*. For dette viser at *æ* i *æi* er ein eldre *e*. Den rimelegaste forklaaring synest daa vera, at *au* gjenom *eu* hev vorte framskoten til *ey*, som sidan ved itakisme hev vorte *ei*, *æi*: *dauð* adj. nsf > *deyð* (sjaa Merkn. 435 nedanfor) > nyfær. *dæi*.

Dei næraste eldre grundformer for dei tri upphavlege tviljodar i færøysk torde etter dette vera *æi*, *øy* og *eu* (*ey*).

Merkn. 435. Merke etter uttalen *ai* og *åi* (for gn. *ei*) er ikkje funne i eldre skrifter, som hev oftast *ei* (ofte ogso *æi*); umkr. 1600 dessutan *ẹi*, *æi*: *nẹi* YSbr 391_{21} *læigu* ibid. 393_{12}, stundom skrive: *ǽ* (ɔ: *æigi*) 392_{1}; til deils ogso *ey*: *eygu* (ɔ: *eigu*) 392_{12}.

Den gnorske tviljoden *ey* eller *øy* er i diplomi fraa 1400 skriven *æy* (*sandæy*), *œy* (*skufœy*) D. Fær. s. 27, og *ey* s. 43 (*heyra* Vbr). YSbr skriv *ey*, *æy*, *æi* og *ói* ɔ: *øy* (t. d. *óiri* ɔ: *eyri* 399_{16}).

Den gnorske tviljoden *au* er i skrift fraa 1400 skrive *au* SkF, *aʋ* Upt C 20. I Vbr finn me *ey* i *deydh* nsf D. Fær. 44_{17}, og i YSbr oftast *æi* i *sæidr* 394_{17} — nyfær. *sæijūr*, gn. *sauðr*. I YSbr er der elles mykje ustøda, ikkje minst i skrivemaaten av denne ljoden (*saud-*, *søud-*, *sóud-*, *sæud-*, *said-*); sjaa Ark. XXVI, s. 222, og D. Fær. Innl. XL. — *Søjd* Debes.

Til dei gamle stigande tviljodar *ia*, *iá*, *iǫ* osfr. *ua*, *uá*, *ui* osfr. svarar i maalet no former som *ja* eller *jæa*, *jå* eller *jåa*, *jø* eller *jøə* osfr. *va* eller *væa*, *vå* eller *våa*, *vi* eller *vui*, t. d. *ǥadna* adv. < *giarna*, *ꝁæalar-* < *kialar*, *jåtta* v. < *iátta*, *ꝁåa* < *hiá*, *ꝁødn* f. < *tiǫrn*, *ꝁøəlūr* m. < *kiǫlr*, *kvapp* 3 si < **huapp*, *kvæat* pron. < *huat*; *kvålv* n. (kvelving), isl. *hvolf*, jfr. nyn. *kvåv* (tak), Agder (sjaa Ross), < *huálf*; *tvåa* v. < *þuá*, *tvinnūr* num. < *tuinnr*, *kvuila* v. < *huíla* osfr. Medan *i* og *u* i dei gamle tviljodar av dette slaget hev gjenge yver til *j* og *v*, hev andre-

vokalen fylgt den vanlege vokalvokster i maalet og vil verta umhandla nedanfor under vokal-yvergangar. Dei gamle triljodar hev fare same vegen som tviljodarne, t. d. gn. *siau* num. > *sjæi*, gn. *tuau* num. > *tvæi*.

Merkn. 436. Ved den utbreidde tviljoding av upphavleg einskilde vokalar hev det nye færøymaalet dessutan fenge ei mengd med nye tviljodar, og hev i so maate ein merkeleg likskap med ymse sudvestlandske maalføre i heimlandet. Ved burtfall av konsonantar millom vokalarne hev det samstundes vorte so vokalisk, at det kann tevla endaa med dei vestlandske maalføri i Norig i den vegen. Meir um dette nedanfor under **16 f.**

Merkn. 437. Ogso eit slag nye triljodar (triftongar) er der i færøysk, t. d. ou*al* (odel), *flouarstainúr* m. (stein som er umflødd, naar der er flod sjø), *brúuúr* (< *brúðr*). Men av slike triljodar er dei tvo fyrste ljodarne ein tviljod (ou-, *úu*,) som ved stavingsaksent er skilde fraa den tridje: *brúu'úr* (sjaa noten under teksti s. 67).

10 a. Ljodsamhøve millom endingsvokalen og vokalen i stavingi i fyrevegen er der ikkje merke etter i færøymaalet.

Den palatale endingsvokal er ein *i*-ljod, som etter si stoda i ljodveik staving er noko slakkare enn i stomnstavingar. *i*-ljoden er klaarast i stengd endestaving og er daa i denne utgreidingi skriven *ı*: *skåalın*, *broətın*, *gaitın*, *riddénır* (< *hryggirnir*), *mikıl*, *bundın* ptc. I opi staving er han ein liten grand lægre, og er difor her skriven *é* (ɔ: høg *e*, burtimot *ı*): *bæaté* m. (< *bati*, bate, betring), *bakké* m. *åtté* 3 si (av *aija*, eiga), ou*sé* m. elveos, *værké* n. dsg, *kvisté* m. dsg, *brunné* m. dsg, *kasté* 1 sp (av *kasta*), *suddé* 1 sp (av *sudda*, sjaa), *kastajé* impf. sg., *rænnandé* ptc, ogso i former som *hamrénun* dsg b. f. (av *hæamar*), *føəjéland*, og i høve der ein konsonant i utljoden er burtfallen etter vokalen, t. d. *badné* < *barnit*. Nokon skilnad millom maalføri paa Færøyarne med umsyn paa uttalen av denne vokalen synest det ikkje vera. Um ein stundom i einskilde høve tykkjest høyra noko meir av *i*-ljoden enn vanleg, eller endaa ein ə-ljod, torer det hava sin grunn i uttalen hjaa einskilde personar eller eiga heima paa eit mindre strok. Um *é* og *ı* i substantivartikelen sjaa Merkn. 439.

Den palatale endingsvokal paa Færøyarne fell etter dette nærast saman med den i storluten av Hardanger (sjaa ISVestl. I, Merkn. 238), baade i opi staving og i stengd, liksom det her for baae desse maali vert skrive: *granné* m. *bundé* ptc, men *grannın* m. b. f. *laiır* f. pl. (< gn. *leiðir*), *bundın* ptc. Det er berre aa merka at vokalen i rein utljod hev eit

[1] Fraa Sandøy viser mine uppteikningar for det allermeste *é* i fri utljod, men likevel *dåiji* 3 si (av *dådda*, døy); fraa Austurøy: *han røpte*, *kunde*, *ånne*, men *fırı*, *ıvı* (fyre, yver); fraa Kallsøy til deils *bigdənə* dsg, *batənə* og *batenü* (for det vanlege *båaténun* dsg b. f.) liksom *vuisənə* (< *visunni*). Men døme-tilfanget er for lite til aa byggja paa; det kann vera individuel uttale.

sterkare ettertrykk i Hardanger enn paa Færøyarne, der uttalen i so maate minner um sunnhordsk.

I uppteikningar paa færøymaal fraa slutten av 18 hundr. og fyrste fjordeparten av 19 hundr. svagar den palatale endingsvokalen i rein utljod millom *i* (oftast) og *e* (t. d. *ikkje*); i stengd staving vert han skriven *i*. Sjaa Retskrivningsprøver i Fær. Anth. I, s. 430—437. Schrøters umsetjing av Færeyínga saga hev allstad *i*, og *i* er uppteken sidan i V. U. Hammershaimbs normalmaal for færøysk, som enno er vanleg skriftform for maalet. Umkring 1890 vart det uppsett ei meir fonetisk skriftmaalsform av J. Jakobsen, og der er endingsvokalen i fri utljod allstad *e* (*fire* < *firir*) *gåimde* < *geymdi*, *fingje* < *fingið*, *hävenun* (gn. *hafinu*), sjaa Tvär småsøvur (Torsh. 1891), Fuglakväje (Kbh. 1892), Føriskar vysur (Kbh. 1892); men i »Lydskriftprøverne« i Fær. Anth. I finn me berre *ı*. Chr. Vidsteen (nordmann), som i Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger (Bergen 1885) hev skrive um færøymaalet, skriv oftast *i*, men segjer at vokalen »nærmer sig til *e*«, som han ogso skriv i sume ord: *mene* (medan), *solaisene* o. fl. Framfor endekonsonant hev alle skrifter *i* (Anth. *ı*).

Den gutturale endingsvokal er ein *u*-ljod, i SStraumøymaalet nærast *ů* (millom *u*, *ə* og *ö*) baade i rein utljod (*øsků*, *vøggů*) og framfor konsonant (*vøggůr*, voggor, *gladdůst* 3 pi, gledde seg), so nær som framfor *n* i utljod, der ljoden nærast er u (*førjun*). Endingi i dat. plur. b. form vert uttala *-ůnun*, t. d. *luiůnun* liderne, eller mykje nær *luiənun* (< *hlíðunum*). For Nordurøy — Fugløy og Kallsøy — er uppteikna *ů* i rein utljod (*øsků*, *vøggů*), men framfor konsonant u (*vøggur*, *gladdust*, *førjun*). I Austurøy-maalet tykte eg stundom høyra o i rein utljod (*vøggo*), men uppteikningarne derifraa er utrygge. Paa Suđurøy er det *ů* i alle høve, paa Sandøy nærast u.

Denne endingsvokalen er i alle eldre uppteikningar av nyfærøysk skriven *u* baade i opi og stengd staving. Sameleis i Hammershaimbs normalmaal. I den fyrrnemnde fonetiske nyskrivingi er ljoden skriven *o* i rein utljod (*gjingo*, *høddo*, *vaislo*, *kråkona*), men i andre høve *u* (*hesun* < *þessum*, *vysur* pl. < *vísur*).

Um skifte av *i* og *u* i endingar sjaa **16 h**, *η*.

Merkn. 438. Den palatale endingsvokal er i dei eldste færøyske dokument fraa millomalderen alltid skriven *i*. Soleis i SkF D. Fær. s. 27 (*logþingi*, um uppløysningi av *al'* til *alnir* sjaa noten s. 28), likeeins i stykket um Skuvøy-systerne D. Fær. s. XXVI (*modir*), og i andre samtidige eller noko yngre færøyske uppteikningar i same handskrifti (Stockh. kgl. bibl. C 20 qv.), t. d. paa blad 11 b: *þætta domlagdi ingibiorg þorlaks dottir vid margrætv hivkv : þætta var þæira vndirkvr* (list), *ær*

æk bad gøyma ad hvffi minu ær ek poɪ bɪot, ad ganga til ɪ ftiala bɪot þat ær æk atti þar y ɪ taladi vid margrætv . . . Ogso i YSbr er med faa undantak den palatale endingsvokal *i*. Det kann soleis ikkje vera tvilsamt at denne endingsvokalen i det gamle færøymaalet hev vore *i*, og at der ikkje hev vore ljodsamhøve ved *i*.

Den g u t t u r a l e e n d i n g s v o k a l er i dei eldste færøyske dokument, som er nemnde ovanfor, alltid *u*, t. d. *vaghum* D. Fær. s. 27_{21} *huigu vik* ibid.$_{22}$ *gottunum badum* ibid. 28_{5-6} *nordræygium* ibid.$_{8}$ *onvr* (< *ǫnnur*) ibid. $XXVI_4$ *atthv* 3 pi ibid.$_{5}$, liksom i stykket um Margreta Hjuka. Sameleis er det for det allermeste *u* i YSbr. Det gamle færøymaal hev soleis utvilsamt havt *u* i alle slike endingar, og ikkje havt ljodsamhøve millom denne endingsvokalen og vokalen i fyrevegen.

10 b. I avleidningsendingar hev færøymaalet *ɪ* (*i*) og *ù*, t. d. *øərɪndé* n. *speəjɪl* m. *dråtnɪng* f. *javnɪngùr* m. jamlike, *tuǥǥund* f. tiende; *haimùl* adj., helst i neutr. *haimùlt*. Sjaa nedanfor under **16 d**, *β*, der det finst fleire døme.

Færøymaalet hev adjektiv paa *-liùr* og *-lijùr*, adverb paa *-lia*: *dåndɪsliùr*, retvis, gild; *hulɪsliùr*, løynen, som løyner eitkvart; *tømlijùr*, tomleg, aud, *fadlijùr*, væn (nyn. *fadlig*, lidug; isl. utt. *fadlɪgýr*, væn); *tuiùlia* adv. tydeleg (*tuilja* adv. tidleg), *lătlia*, lettleg. Hev fyrsteleden ei staving er *i* i *-lijùr* stutt, men hev fyrsteleden meir enn ei staving er *i* lang (*dåndɪslı̄ùr*). *-ligr* (og *-liga* adv.) raader ogso i dei eldre skrifter; soleis *witurligt* Vbr D. Fær. 44_1 *lagliga* YSbr 399_5. Likevel *skialægari* Upt C 20 bl. 11 a (jamsides *skialigari*). Meir under Ordformer **17 b** og **f**.

M e r k n. 439. Namn paa *-ólfr* eller *-úlfr* er lite kjende paa Færøyarne. I kvædi finst *touråluùr* (< *þórólfr*), liksom *boutålvùr* finst i *Bótólfsøka* (17 juni). Fraa islandsk skal i seinste tider vera uppteke *sniålvùr*, isl. *Snjó'fur* (< *Snæúlfr*). Etter desse merki torer me vel slutta, at slike namn i færøysk hev enda paa *-ólfr* i eldre tider.

I den etterhengde substantivartikel sviv vokalen millom *i* og *ɪ* framfor konsonantisk ending, og her vil daa verta skrive *ɪ*: *stainùrɪn*, *nåalɪn*, *hafsɪns*, *hæⁱstsɪns*; i andre høve ligg vokalarne, baade rotvokalen i artikelen og den palatale endingsvokal, millom *ɪ* og *e*, og her er daa skrive *é*: *nouténa* asg, *nouténé* dsg, *måalé* < *málit*, *mænnénɪr*, *føətrénar*, *hændrénar*, *fjødléné* (gn. *fjǫllin*), *bainéné*. Den gutturale endingsvokalen framfor *n* i dativformerne er u: *vindénun* dsg, *hæavénun* dsg, *bilǥùnun* dpl. I samhøve med dette er ogso skrive: *fiŋgrénun*, *dranǥénɪr* npl, *vinénɪr*, *skùutùné* dsg, *åirùné* (gn. *eyrun*) osfr.

M e r k n. 440. Akkusativ av dei tvo fyrste personlege pronomen i eintal og av det refl. pronomen er *meə* (eller utan ettertrykk *me*), *teə* (*te*), *seə* (*se*), som hev sitt næraste upphav i *meg*, *teg* og *seg*, som ordi ogso i normalskrift er skrivne. Um dei er komne av gnorske former med *i* eller *e* kann vera uvisst, for endaa um formerne i seg sjølv talar for grunnformer med *e* (*mek*, *þek*, *sek*), kann likevel *e* vera framkomen etter jamlaging med *ek*, som no heiter *eə* (*e*). Dei eldste fornbrevi gjev ingi upplysning. I Dbr 1533 finn me *seeg*$_{8.11}$, som vel kunde vera ein skrivemaate for *seəg*, men rettskrivingi i brevet er so lite fylgjerett, at me kann ikkje døma noko visst etter det. YSbr hev *sik* 393_3 liksom upphavsbrevet paa same staden og er soleis til like liti rettleiding.

Paa Suderøy er desse formerne *mjeə* (*mje*), *tjeə* (*tje*) og *sjeə* (*sjeə*). Den innskotne *j* maa vera innkomen fraa nom. sing. i 1 pers., som her heiter *jeə* (utan ettertrykk *je*), og me hev soleis her eit godt prov for paaverknaden av vokalen i nominativen *ek* paa desse akkusativformer; jfr. got. *þuk* (for *þik*) med *u* fraa *þu*, og sjaa G. Tr. § 113 c Merkn. 5. Um *jeə* for *eə* sjaa nedanfor under **16 k** um konsonant-innskot.

11. Den bundne adjektivartikelen er *hin* m. og f., *hit*(*t*) n., som likevel no berre er brukt i eintal, t. d. *hin iŋgrē brouɪrɪn*. Men elles er *hin* avløyst av *tan* m. og f., *tæa* n., som er mykje i bruk som artikel og er einraadug i fleirtal: *tair sainastū dǣanar* (apl), *tæar stuttlijū løətūnar* (dei morosame stunderne) *tæi iŋkstū bødnēnē*. — Framfor *hin* kann staa *tan*: *tan hin miklē mæavūr*(*ɪn*), jfr. gn. *sá hin mikli maðr*.

Merkn. 441. I Upt C 20 er artikelen *hin* (*hínir skilrikastv men*). I stykket um Skuvøy-systerne fraa umkring 1400 (D. Fær. Innl. s. XXVI) er artikelen *en*(*n*): *en þridia, en fiorda* (stykket er paaverka noko av islandsk). I YSbr finn me *hin*: *hin koronada* 391_8. Merkeleg er *jd nedra oc jd efra* D. Fær. 50_7 (avskr. fraa 1479 av eit brev fraa 1412; maalet er norsk med eit par færøyske former). I dei faa restar me hev av færøysk minneskrift finn me soleis alle tri former: *hin*, *in* og *en*, alt fraa 15 hundr. Den færøyske artikelen var vel *hin* og *in*; i ordelagi ui *ærva* (ovantil) og ui *nægra* (nedanfor, nedanunder) liver enno det gn. *ið efra* og *ið neðra*.

12. Dentale spirantar er der ikkje i færøymaalet no. Den klanglause *þ*, som i gnorsk var brukt i framljod, hev i færøysk liksom i nynorsk jamnaste gjenge yver til *t*, so nær som i nokre faa høve, som straks nedanfor skal verta umhandla. Døme paa den vanlegaste yvergangen er *tænja* v. < *þenia*, *tiŋg* n. < *þing*, *tårpūr* m. = gn. *þorp* n. *truɖɖɪr* num. < *þrír*, *turrūr* adj. < *þurr*, *tiʞa* v. < *þykia*, *tirɪl* m. tyrel, tverel < **þyrill*. I fyrsteleden av nokre samansetningar hev gn. *þórs*- vorte *hōs*: *høsdæavūr* (*hōsdæavur* Sandøy) < *þórsdagr*; *høsmøəl* (< *þórsmǫl*), lite strandstykke med rund smaastein (fær. *møəl*, norsk *mòl*) paa vestsida av Nolsøy, jfr. *torestein* hjaa Aasen; *høsvuik* (*þórsvík*), ei bygd paa austsida av NStraumøy, i dansk skrevet Thorsvig; paa kortet yver øyarne les me paa austsida av Nolsøy *Hosteinsgjógv*, som vel er eldre *þórsteinsgjó*; ogso i *høsbårg* i kvædi (um Oslo), og i *Hóraldur* (avbrigde i eit kvæde for *Tórhallur*, sjaa Anth. II, s. 446) hev me vel denne yvergangen *þ* > *h*[1]. Alle dømi er fraa stader som ligg nordanfor Suderøy, der yvergangen i slike høve, som her er nemnt, synest ukjend; for *høsdæavūr* vert det paa Suderøy sagt *tousdēɪr*.

I pronominale ord hev gnorsk *þ* vorte *t* i *tūu* < *þú*, *tuin* < *þín*, *tan* < *þan*(*n*), *tæa* < *þat*, og i bøygjingsformer av desse ordi, sjaa

[1] Skilet millom Sud- og Nord-Straumøy er kalla *hourɪsgøəta*, skrive *Hórisgøta*, som ser ut som eit eldre *þórisgata*?

Merknaden nedanfor; sameleis i adverbi og konjunktionarne *táa* (< *þá*), *tou* < *þó*, *tou at* < *þó at*, *tui* < *þui*, og *tui at*. Dersom der i talen straks fyre pronomenet gjeng ein vokal, eller *r* med vokal fyre, og pronomenet er utan ettertrykk og ikkje kjem etter ein stans i talen, hev *þ* gjenge yver til *d*, t. d. *du, de, dan, d(æ)a*: *væar da túu*? *túu skuldē skamma dé. tæa væar eə. væar da soə? tæa e(r) soə* (ogso: *tēə soə*). *han læskar da iķķē* (smakar det ikkje). — *vouru dair hæar? nai; tair vouru heər.* — *han nævndē da iķķē. tann sum ķeəmúr fist fæar dan fista fisk.* (Alle dømi fraa SStraumøy.) — I kvædi finn me ogso *tæar* adv. (< *þar*), *tæarui* og andre samansetningar med *tæar*, som no er foraldra. — I andre pronominale ord hev *þ* vorte *h*. Soleis i *heəsın* nsm, denne, den her, < *þessi*; i asm og nsf: *hændan* eller *hænda* < *þenna*; i neutr. *hætta* < *þetta*; *hæasın* < *þassi*, denna, den der, neutr.: *hatta* < *þatta*, nyn. *datta*, sjaa ISVestl. I, Merkn. 388. Sameleis i adverbi *hæar* < *þar*, *hǣar*, dit, < *þagað*, *hǣan* < *þaðan*; *hijar*, straks, < *þegar*, i kvædi; vel ogso i *houast* konj., som synest framvakse av *þó at* (eig. *hou at so*?), og *handan* adv. paa burtre sida, som helst ser ut til aa vera asm av *hæasın* med eit utelate ord, t. d. *handan veəjın*, jfr. *hændan veəjın*, til denne sida.

Skal ein døma etter dette, er det mest likt til at *þ* i det gamle færøymaal hev vore uttala klanglaus ogso i pronomeni, so nær som i ljodveik staving etter vokalar og *r*. *h* i *heəsın* o. fl. talar ikkje imot den slutnaden; *h* i *høsdæavúr* viser at *þ* kunde verta *h* framfor vokal.

K l a n g f ø r dental spirant finn me i vanleg gamalnorsk etter vokal, *f*, *g* og *r*. Etter vokal hev *ð* oftaste falle burt i færøysk i utljod, baade i ljodsterk og ljodlinn staving: *blæa* n. < *blað*, *dåa* f. < *dáð*, *beə* n. sengdyna, jfr. gn. *beðr* m.; *gri* f. < *grið*, *lui* f. < *(h)líð*, *boə* n. < *boð*, *fljou* n. kvinna, < *flióð*; *búu* f. < *búð*, *støə* f. < *stǫð*, *lai* f. < *leið*, *næi* f. < *nauð*; *badnē* < *barnið*, *luitē* < *lítið*, *anna* < *annað*, *kadla* < *kallað*, *tiķē* < *tekið*, *kastē* imperat. 2 pp < *kastið*; um yvergangen gn. *t* > *ð* i slik ljodlinn staving (fyre burtfallet) sjaa nedanfor under Konsonant-yvergangar **16 i**, *α*.

Millom vokalar hev *ð* vorte *j* eller *v* eller hev falle burt, alt etter vokaltilstandet umkring.

Etter høg framljod *i* eller ein tviljod som i maalet no endar paa *i* (*ai, åi, æi, ui*), hev gn. *ð* vorte *j*, t. d. *lijúr* m. < *liðr*, *haijın* adj. < *heiðinn*, *åija* v. < *eyða*, *ræijúr* adj. < *rauðr*, *rijúr* m. slim i halsen, jfr. nyn. *ryda* d. s., *buijúr* 3 sp < *býðr*. Jfr. skriftformerne i kvædi: *miðjal*, *meðal*, brukt som eit slag fyrsteled i samansetning, uttala *mijal*, sjaa Anth. II under *miðr*.

Etter millomljodarne *æa, åa, eə*, oə, *øə* vert gn. *ð* til *j*, dersom det fylgjer *i* etter i næste stavingi, t. d. *fæajɪr* < gn. *faðir, båajɪr* < *báðir, gleəjė* f. < *gleði, loəjɪn* adj. < *loðinn, støəjė* n. *stöde*, rom, < *stœði*. Sameleis i ljodlinn staving etter *a*: *bůunajɪr* m. pl. (ogso *bůunar*) av *bůunavůr*, klædebunad (ogso *bůunė*, sjaa nedanfor **16 h**, *ϑ*), *kastajė* impf. sing. < *kastaði, kastajɪr* præt. ptc npm < *kastaðir*. Men dersom ein *u*-ljod no fylgjer etter i næste staving, vert gn. *ð* til *v*, t. d. *mæavůr* < gn. *maðr, åavůr* adv. < *áðr, reəvůr* m. < *veðr, mjøəvůr* m. < *mioðr*. Sameleis i ljodlinn staving etter *a*: *kastavů* impf. plur. < *kastaðu* (i Torshavn ofte *kastajē* ogso i dette høve), *kastavůr* præt. ptc nsm < *kastaðr*. Dersom *a* fylgjer etter i næste stavingi, fell *ð* burt, t. d. *vǣa* v. < gn. *vaða, klǣa* n. gpl. < *klæða, råa* inf. < *ráða, glēa* v. = nyn. *gleda, lūa* v. hengja ved, loda < *loða, lōa* f. (= nyn. *løda*), som elles ogso hev sideformi *løəva*, liksom *stōa* f. seta etter einkvar (jfr. gn. *staða, stoðu*) kann heita *støəva*, og *ōa* f. skjel (isl. *aða, öðu*) ogso kann heita *øəva*. Stend gn. *ð* millom tvo *a*'ar i ljodlinn staving, svagar han i færøysk millom *j* og *v*; gn. *kastaðar* ptc npf kann verta *kastavar* og *kastajar*.

Etter innljodarne ou, u og *ů*u hev *ð* falle burt, t. d. *ljoua* v. < *lióða, ouɪnshæanė* m. raudtrost, = isl. *óðinshani, brūůr* m. < *bruðr* < *brunnr, mūůr* m. < *muðr* < *munnr, brůuůr* f. < *brúðr, průuůr* ad. < *prúðr*.

I sume ord hev gn. *ð* etter vokal gjenge yver til *d*. Soleis i *gud* (i gen. *guss*). Like eins framfor *l* og *n*, t. d. *bridlup* < *brúðlaup, bluidlijůr* < *blíðligr, ædna* f. < *auðna, mjødn* f. < *mioðm, midnått* f. *rådna* v. < *roðna, kladnɪŋgůr* m. klædning; i desse tilfelli maa *ðl* og *ðn* fyrst ha vorte jamna til *ll* og *nn*, sjaa nedanfor under Fyrejamning **16 i**, *γ*. Same vegen hev gn. *ðl* og *ðn* fare paa Sudvestlandet i Norig, sjaa ISVestl. I, Merkn. 258 og 350.

Um yvergang fraa *ð* til *g*, og *ð* til *r*, o. fl. sjaa Konsonant-yvergangar **16 i**, *β*.

Gn. *fð* hev vorte *vd* i *høvdinɟė* m. < *hofðingi, luivd* f. < *hlífð*, og sameleis naar *v* høyrer til roti og *d* til bøygjingsendingi, t. d. *havdůr* ptc, *kravdė* 3 si < *hafðr, kravði. fð* hev vorte jamna til *dd* i *høddů* 3 pi av *hæava, høddė* m. høgt nes, hovde, < *hofði*, og i *hödd* n. vanl. form for *høəvůr*, hovud, med *dd* fraa gn. *hofði* dsg. Merkande er *hæijė* impf. sing. ind., som kann vera gn. *hefði*, impf. sing. konj. yverført paa indik. (no i fær. skrive *hevði*) [1], eller kanskje *havði*, som ved vokalisering av *v* til *u* wilde verta *hauði*, og dette sidan i nyfær. ljodrett *hæijė*, liksom gn. *rauði* hev vorte *ræijė*. Paa same vis kunde *læijė* impf. ind. av *læɟɟa*, leggja, og

[1] Dette var Rasks meining baade um *hæije, læijė* og *sæijė* (Rask, Fær. s. 280).

sæijé impf. ind. av *sija*, segja, vera uppkomne ved vokalisering av spiranten *g* framfor den dentale spirant i gn. *lagði* og *sagði*, som daa maatte verta *lauði* og *sauði*, og sidan ljodrett *læijé*, *sæijé*; jfr. gn. *sauði* m. dsg > nyfær. *sæijé*. Spiranttilstandet i det heile i færøysk og uttalen av *v*, som ikkje sjeldan nærrar seg til eng. *w*, kann stydja denne forklaaringi, liksom det umstende, at fær. *æi* regelrett er gamalt *au*.

Gn. *gð* hev for det meste vorte *gd*, t. d. *bigd* f. < *bygð*, *brægda* (svinga), *brigda* (lasta), *fa'gd* f. < *feigð*, *lagd* f. < *lægð* (til *lágr*), *nøgd* f. nøgd; sameleis i verb der *g* høyrer til stomnen og *d* til bøygjingsendingi, t. d. *bigdé* 3 si < *bygði*, *tagdé* < *tagði*. Merkande er at *bragd* n. (< *bragð*) ogso finst med burtfallen *ð*: *bræa* < *brag* < *bragð*, sameleis *bræija* v. braa, likjast, < *bregða*, og *brēa* < *brega* (jfr. *bragda* v. »røre sig, vise tegn til liv«); i *faijarmæavúr* < *feigðarmaðr* (Anth. *feigarmaður*), og i *uija* f. igda (en fugl) < *ígða* synest ogso *ð* burtfallen; *læijé* (av *leǳ́a*), impf. sing. ind., gn. *lagði*, hev i plur. *løddú* < *lǫgðu*; likeeins *sæijé* < gn. *sagði*, i plur. *søddú* < *sǫgðu*.

Gn. *rð* hev oftaste mist *ð*: *boər* < *borð* (endaa *boəriskúr* attmed *bårdiskúr* liksom i nyn., sjaa Aasen under Borddisk), *soəvoərın*, sovoren, slik, *biré* f. < *byrðr*, *feər* < *ferð*, *hur* f. < *hurð*, *jøər* < *jǫrð*, *skurúr* m. skurd, slagtetid; *hæarúr* < *harðr*, *harna* < *harðna*, *veəra* < *verða* (samanfalle med *veəra* < *vera*). *rð* hev vorte *rd*, naar *r* høyrer til stomnen og *d* til bøygjingsendingi: *håirdé* impf. (< *heyrði*), *ǵirdúr* (< *gyrðr*) ptc av *ǵira*; eller naar ein millomkonsonant er burtfallen som i *innébirdúr* adj. (eig. ptc) innestengd. Dessutan finst *rd* i *duird* f. < *dýrð*.

Etter *lg*, *ng*, *m*, og etter *l* og *n* i stutt staving stend *d*: *filgdé* (ofte *fildé*) 3 si av *filǵa*, fylgja, *håŋgdé*, *tamdé*, *sømd* f.; *fjøld* f., *taldé*, *landé* (*sind* f. < *synd*).

Merkn. 442. *þ* og *t* er samanblanda i YSbr, som ofte hev *þ* for *t*, t. d. *þaka* 393_{10} *þala* 399_{14} *þorþrygd* 397_{17} *þui lem̄bdr* 394_{3}. Paa ein stad hev brevet *t* for *þ* i *ta menn* (< *þá menn*) 399_{20}, som no vert uppført som foraldra form, men som høver med yvergangen av *þ* til *t* i dette pronomen. At *þ* hev vore burte umkr. 1600 synest soleis utvilsamt. Men noko næmare tidi for yvergangen er det ikkje raad aa koma med nokor vissa etter det som fyreligg. Naar me alt i eit brev fraa umkr. 1400 finn *tora* v. (for *þora*) D. Fær. 40_{10}, hev dette visseleg sin grunn i norsk paaverknad, sjaa Ark. XXVI, s. 220. Brevet fraa 1479 i D. Fær. 52, som ogso er norsk med nokre faa færøyske merke, hev *tessu* og *Torss hafn*; i tvo andre brev, avskrivne i same brevet, stend ogso *tessu* og *tetta* (for *þetta*), men um det enn er so at *t* paa desse stader — naar me tek undan i *Torss hafn* — er uvanleg i norsk skrift, kann det endaa mindre vera færøysk, som her hev *heəsun* og *hætta*.

Merkn. 443. Burtfallet av *ð* millom vokalar maa i alle fall ha vore gjenomført i sume høve umkring eller fyre 1600, etter di me finn i YSbr *ea* (< *eða*) 391_{13} o. fl. st. *bui* 3 si (av *búa*) 398_{10} = nyfær. *búué* (< *búði*).

Merkn. 444. I nyfær. skrift er *ð* uppteken fraa gamlemaalet; men med di dette teiknet ikkje hev studnad i talen, og skulelærdomen i færøysk er ring, vert det stundom ustøda i skrift, so *ð* kjem inn paa urett rom, t. d. borðið ptc for borið (av *bera*), úr neystið, ja endaa máttið 3 si (Tingakr. 1912, no. 28, s. 3) for mátti (av *mega, moga*), og umvendt hvana adv. for hvaðna; for *øərun*, dpl av *annar*, kann ein finna skrive ørðum (Tingakr. 1914, no. 41, s. 1, 2 gg) for den normale skrivemaaten *øðrum* osfr.

13. *fn* hev vorte *vn*: *navn, ävnür, ravnür, svøvnür, livna, sårna.* Kjem det konsonant etter *n*, kann *vn* gaa yver til *m*, t. d. *jamstourür*, ogso *javnstourür, nævndür* eller *næmdür* ptc til *nævna*; ogso uppteikna *nænfd'ər*, og *e ér idla svønfd'ər*, eg er ikkje utsøvd, Thvn. Merkande er *hælmingür* m. < *helmingr*.

Merkn. 445. Fraa Sandøy er uppteikna, at der er ein svip av bilabial spirant i *svøƀnür* og *naƀn* (eller *na*[w]*n*). Same kjelda hadde ogso ein tilhug til bilabial *v* i *luiv* < *líf, liva* v. < *lifa, æavé* f. o. fl. Ogso i Torshavn hev eg tykt høyra ein uttale av *v* burtimot *ƀ* eller *w* i *vuisa, navn* o. fl., so han torer vera meir utbreidd.

Merkn. 446. I diplomi fraa 1400 *fn*, t. d. *nefndar* (ogso skrive *nefdar, nefnðar*) D. Fær. s. 27, 28, *nefndir, nefndr* o. fl. ibid. 43, 44; i YSbr *stefnd* 391_{22} *stefndi* ibid. 397_{12}, *jamgodan* ibid. 391_{16} 395_{13}. *fn* (*vn*) synest soleis vera mykje gamalt paa Færøyarne.

14. Guttural spirant (*ɡ*), i gnorsk ofte skriven *gh*, er der ikkje no i færøysk so nær som i Sumbø (**16 i**, *β*) paa Suðurøy, der *ɡ* til deils ogso hev avløyst *ð*, t. d. *dæɡür* (< *dagr*), *brøɡür* for *brøəvür* < *brœðr*. I sume høve er *gh* burtfallen, i sume hev han gjenge yver til *j* (og *ɖ*) eller til *v* (og *gv*) eller til *g* etter desse reglar:

α. I utljod hev *ɡ* falle burt etter alle vokalar so nær som etter gn. *í, ó, ý* og *ú*, nyfær. u*i*, ou og *ü*u, t. d. *læa* n. < *lag, sæa* f. sag (gn. *sǫg*), *våa* f. vaag, vegt (< *vág*), *seə* pron. seg, *si* n. nedsig (< *sig*), *floə* n. flog, oə konj. og, *höatt* f. eig. høgætt ɔ: nordætt, motsett *låatt*, eig. laagætt ɔ: sudætt, *stai* impf. sing. < *steig*, *læi* impf. sing. < *laug*. Etter u*i*, ou og *ü*u finn me ogso *ɡ* burtfallen ein hende gong som i *n*ou adv. (framfyre adjektiv) < *nóg, sk*ou (i kvædi) < *skóg* asg, og helst i samansetningar, t. d. *vuibrandür* (< *Vígbrandr*), *sk*ou*vaksın*, skogvaksen, *drü*u*føərür*, seinfør; men elles hev desse — som det synest — eldre former former fylgt same vegen som ordi med upphavleg utljod *í, ó* og *ú* (sjaa nedanf. **16 h**, *κ*) og hev auka det palatal-endande u*i* med eit *ɖɖ* (< *gj* < *j*), t. d. *vu*ɖɖ n. draap, < *víg*, og dei velar-endande ou og *ü*u med eit *gv*, t. d. *plægv* f. plog, *bligv* adj. f. < *bliúg*. Sjaa nedanfor under *β*.

β. Millom vokalar hev *ɡ* vorte *j* etter høg framljod *i* eller etter ein tviljod som i maalet no endar paa *i* (*ai, åi, æi,* u*i*), t. d. *drijın* ptc < *dreginn*,

snijil m. < *snigill, taijúr* m. < *teigr, tåijúr* adj. »så pas duelig el. god (til noget)« Suduroy, jfr. nyn. *tøyg,* sein, spak, sagtmodig, Gbr.; *hæijúr* m. < *haugr, kvuija* f. < *kvíga, stijúr* m. < *stigr*; *høglijúr* lettvinn, høg. Etter millomljodarne *æa, åa, eə, oə, øə* hev *ǥ* vorte *j,* dersom det fylgjer gn. *i,* nyfær. *i* eller *é* etter i næste stavingi, t. d. *hæajé* < *hagi, båajın* adj. vand, *speəjil* m. < *spegill, boəjé* m. < *bogi, køəjılsbadn* n. eig. smaagut; men *ǥ* vert *v,* dersom ein *u*-ljod fylgjer etter, t. d. *dæavúr* < *dagr, låavúr* adj. < *lágr, veəvúr* m. < *vegr, søəvúr* pl. < *sǫgur, køəvúlsbadn* (= *køəjılsbadn*), jfr. nyn. *koggebadn* Hard. Etter same millomljodarne fell *ǥ* burt, dersom *a* fylgjer etter: *drǣa* v. < *draga, dǣar* pl. < *dagar, tǣa* f. (liti korg, jfr. Tægja hjaa Ross), *våa* v. (vaaga), *vēa* v. (ogso *vija*) < *vega, plōa* v. < *plœgia*; oə vert i dette høve helst til ū: *būar* pl. < *bogar,* og gjeng inn under næste regel, men *smoəva* f. (smoga) og *soəva* f. (suging) syner *v.* — Etter u (av gn. *u* og *o*) fell *ǥ* burt framfor alle vokalar, t. d. *tūa* v. (toga, draga), *dūa* v. (duga), *hūé* m. < *hugi, dūir* 3 sp < *dugir, lūú* 3 pi < *lugu, hūúr* m. < *hugr*; *ǥ* hev likevel vorte *v* i adjektiv paa *-úvúr*: *kunnúvúr, vitúvúr,* og i *tuttúvú* (< *tutugu*) i kvædi i staden for det vanlege *ꝁúūú* (sjaa ogso nedanfor under Konsonant-innskot). — Etter ou og *úu* finn me ogso burtfall av *ǥ* i nokre høve som *louú* 3 pi (av gn. *liggja*), *souú* 3 pi (av gn. **sía* = *siá*), *ꝁúuú* (< **tiúgu,* ISVestl. I, s. 24), *dúuúlijúr* (gn. *duglegr*). Men desse former er alle etter maaten nyformer — liksom *kúua* v., sideform til *kūa,* og *trúua* v. (truga), venteleg danismar. I slike høve, der gnorsk hev *ó* eller *ú,* der burtfallet av *ǥ* maa vera eldre, finn me derimot ei konsonantisk utviding av vokalen med *ggv,* her skrive *gv,* som i Sudstraumøy-maalet hev stytt *ó* til *æ* og *ú* til *i,* t. d. gn. *skógr* m. hev vorte til *skægvúr, múgi* < *migvé* osfr. Jfr. ovanfor under *α* og nedanfor under **16 h**, *κ*.

γ. Framfor *l, n, r* etter vokal stend *g*: *hagl* n. *rågn* n. (< *hrogn*), *rægn* n. *sigra* v., ogso i samansetningar som *dagløən* f. *laglijúr* o. fl. — Sameleis etter *l* og *r*: *bjølgúr* m. (belg), *bærg* n. Um *g* i andre høve sjaa nedanfor under **16 i**, *β*.

Merkn. 447. *đ* og spirantisk *g* hev, som ein ser av utgreidingi, fylgt mesta ein og same vegen i færøymaalet. Dette hev havt til fylgja millom anna, at sume ord, som i andre norske maalføre er skilde, her hev falle saman, t. d. *læa* n. som kann vera *lad,* gn. (*h*)*lađ* og *lag,* gn. *lag*; *suija* som kann vera verb (< gn. *síga*) og subst. fem. (< gn. *síđa*); *sija* v. seda (< gn. *siđa*) og *sija* v. segja (< *segia*). Um forbyting av *đ* og *g* sjaa nedanfor **16 i**, *β*.

Merkn. 448. *sivrd* akk. Upt C 20 bl. 11 b, og *Siurda* gen. Vbr (D. Fær. s. 44_3) viser burtfall av *g* i dette høve umkr. 1400. Um formerne elles i fær. av dette namnet sjaa **16 e**, Merkn. 455.

15. Til gnorsk *pt* eller *ft* svarar færøysk *ft* i ord som *låft* (luft heiter *luft* f.), *åfta, skaft, sjifta, tåft* f. *tåfta* f. Høyrer *p* til ordroti og *t* til endingi, held *p* seg, t. d. *ꝥæ*ⁱ*ptė* av eldre *kaupti* (gn. *keypti*).

Liksom i nyn. og nyisl. hev *ft* eller *pt* vorte *tt* i nokre ord: *attúr* adv. < *aptr, attan* adv. *attræat* prp. og adv. attaat, *ætter* < *eptir*; *laittúr* m. (liten kval) < *leiptr* m., *litta* v. < *lypta, lutta* v. (lukta), jfr. nyn. *lufta* Berg. st.; *vaittra* v. (»vinke, ogsaa vifte frem og tilbage«) < **veiftra*, jfr. gn. *veifa*, nyn. *veifta* (»svinge, vifte«) Shl. *veitta*? Va. (hjaa Ross).

Færøysk hev *ps* i *slups* n. (= nyn. *slups*), *slupsútúr* adj., *ups* f. øvstekanten paa bergvegg, *upsė* m. stor seid, ufs, men *fs* etter *æ* i *æfstúr* sup. øvst, *græfstúr* m. graving, *ræfsa* v. *fs* og *ps* skifter etter *a* i *slafs* n. og *slaps* (søle, slaps), *slapsa* v. og *slafsa* (ogso med tyding slarva, jfr. nyn. *slapsa*, tala uhøvisk, Hard.).

Merkn. 449. Vbr hev *pt* i *oppt* D. Fær. 44_{17} og *ft* i *eftir* ibid.$_{18}$; i Upt C 20 bl. 11b: (*saud*) *ær þv hæfir hæim raft* ꝛ *skorit*, jfr. nyn. *rapə* v. rykkja burt, Bergen. — I YSbr skifter *ft* og *pt*, *fs* og *ps*, soleis: *forgift* 399_{10}, *efter* 392_{18}, men oftast *epter* 391_{21} n. fl.; *apter* 391_{15} o. fl.; *refsing* 398_{24}, men *repsinga laust* 399_{3}. Med di upphavsbrevet (Sbr) allstad hev *pt*, sjaa ovanfor ISVestl. I, s. 63, kann me vel slutta at *ft* i avskrifti er fraa avskrivaren sitt eige maal og at færøymaalet umkr. 1600 hev havt *ft* liksom no. Sameleis er *refsing* 398_{24} fraa upphavsbrevet (Sbr); men for *repsinga laust* hev grunnskrifti, som her er Lund 12, paa same staden *refsingar lausir*, so *ps* i avskrifti vel maa vera fraa avskrivaren sitt maal. Etter alt torer me daa draga ut at det gamle færøymaal hev havt *ft*, men helst *ps*.

16. Former av ymse slag.

Av former, som hev samanheng med det eldegamle ljodskifte *e — i* og *o — u*, er nemnande:

16 a. Med *e*: *brænna* v. *rænna* v., ogso i præs. alltid *æ* (< *e*); *seəlė* m. (nyn. *sele* og *silė*); *stælkúr* m. stylk (*stęlk* Ndl.); ogso fuglen Totanus Calidris heiter *stælkúr* = nyn. *stęlk* Ndl.

Med *i*: *fiŋgú* 3 pi (til *fækk*), *ɖiŋgú* (til *ɖækk*), *hiŋgú* (til *hækk*), etter jamlaging ogso *hildu* (til *hælt*), og sameleis etter jamlaging med desse former præt. ptc *fiŋɖė, ɖiŋɖė, hiŋɖė, hildė*; *ivė* m. *ivast* v. tvila, jfr. nyn. *iva sęg* Shl.; *snimma* adv. tidleg (i kvædi), *spinė* m. (gn. og nyn. *spene*); *tiva* v. (teva, pusta) SStraumøy (jfr. »teir kendu á tivinum« ɔ: paa pusten, Báb. 110_{10}), gn. *þefa* v. *þefr* m. (Ordlista i Anth. II fører berre upp *tævja* v. og *teəv* n.); *tvinnúr* adj. og *trinnúr* adj. Um *i* for gnorsk *e* i andre høve sjaa nedanfor under vokal-yvergangar, t. d. **16 h**, *ε*.

Med lang *i*: *dvuina* v. gjeva etter, jfr. nyisl. *dvína*, nyn. *dv*ᵉ*ina* Hard. (ags. *dwínan*), men *dvēna* Helg. *dvæ̃n* (< *dvena*) Lof.; *uija* f. (eit slag songfugl) < *ígða*, jfr. nyn. *igd*(*a*) f. erla, Ndl. og *egda, egdę, igdę*, eit slag meis (fugl) VAgd. Set.

Merkn. 450. For det vanlege gnorske *getinn*, præt. ptc av *geta*, hev Vbr *-gitin* (i *skilgitin* D. Fær. 44_{10}), jfr. nyf. *ḑitın* av *ḑita* for vanleg gnorsk *geta*. I dei andre brevi um Husavikgodset finn me òg *gingin* ptc D. Fær. 47_{18} (Hjaltl. brev), *fingid* ptc 45_{19} (Hjaltl. brev), og *tiknu* ptc dsn 37_{15} (Færøybr.) for *teknu*. *tiknu* høver til nyfær. ptc *tiķın*, som er ei utjamningsform, sjaa her nedanfor under **16 h**, ε. *vittuḑḑė* n. skjelm, eig. ei inkjevætta, isl. *vettugi*; jfr. *hueruittna* ASbr 302_2 med *i* liksom i upphavsbrevet.

Med umsyn paa sume av dei former, som ovanfor er uppførde med *i*, t. d. *silė*, *ivė*, *spinė*, *ḑitin*, kann det vera mykje tvilsamt, um dei hev nokon samanheng med det gamle ljodskifte, som her er i umrøda, og ikkje helder er yngre tiljamningsformer.

16 b. Med *o*: *koəna* < *kona*, men enno stend *u* i ei samansetning *kunåḑḑ* f. (gen. *kuniar*, dat. *kunė*) < *kunuey*, Kunøy; *kåŋgůr* < *konungr*; *moəlė* m. (stykke) < *moli* liksom paa Isl. og SVestl. i Norig; *åksė* < *oksi*; *soənůr* < *sonr*, *tåķķė* m. < *þokki*. — *klåkka* f. < *klokka*, sjaa G.Tr. s. 46; *årgan* n. (orga), ogso *urgan* f. og n., men oftare *urga* f. eller *årgul* n. (danisme), jfr. gn. *organ*, *urgan* n.

Med lang *o* (*ó*): *bønde* m. < *bóndi*; *bøəvůr* m. (bø, innmark; by) < *bœr*, i grdn *bøə*, t. d. *ķirķůbøə*, Kirkjubø; for by (urbs) er bruka *buijůr* m., som er danisme (*buḑḑůr*, som det gamle *býr* no skulde heita paa færøysk, er uppført hjaa Evensen, men utan upplysning um det er fraa talemaal eller fraa nytt skriftmaal).

Med *u*: *fuglůr* m. *gud* m. *gul* n. spak vind, jfr. nyn. *gul* n. Hordal. Hard. = isl. *gola* f., nyn. *gola* f. Sogn; *gudl* n. < *gull*; *gulůr* adj. gul; *skutůr* m. (paa baat) < *skutr*, nyn. *skut* m. SVestl., *skått* Trh. Ndl., *skutur* m. (utt. *skýtýr*) Isl.; *hærtůı* m. < *hertugi*, jfr. *hertugi* YSbr 399_2 (*hertoginn* 391_5 er paaverknad fraa upphavsbrevet Sbr, som her og elles hev o i dette ordet). — *funtůr* m. funt, isl. *fontur*. Um færøysk ū for ō, oə i andre høve sjaa nedanfor under vokal-yvergangar.

Med lang *u*: *krůuna* f.; *růům* n. < *rúm*, nyn. *rom*; *skůulė* m. < *skúli*, nyn. *skule* SVestl., *skóli* Isl.; *ķůun* n. < *hjún* (*hiun* YSbr 399_{20}, medan upphavsbrevet hev *hion*); *ůur* prp. (or) < *úr* liksom paa Island, i NNorig og til deils paa VAgder (?); *ur* finn me alt i det eldste færøyske skriftstykke: *vr skufœy* D. Fær. 27_{14}, og sameleis i YSbr $396_{10 \cdot 14 \cdot 21}$ o. fl.

16 c. Frumnordisk *aiw* hev — liksom i Vest-Norig og paa Island — fyrst vorte til *æ*, men sidan hev *æ* vorte *æa* i *fræa* n. < *fræ*; *aiw* > *iá* og sidan til *jåa* i *mjåavůr*, adj. mjaa, smal, og avleidingarne *mjadd* f. < **miædd*, *mjaķķė* m. < **miækki*? mjaaleik, jfr. nyn. *mjaakke* m. d. s. Hall. Voss (ogso fær. *mjåķķė* m.). I fyrsteleden av samansetningar hev *aiw* vorte *ió* > *jou* i *mjouriggůr* (mjaaryggen; paa Sandøy *mjååriggůr*), *mjouaneəs*, Mjoanes paa Austurøy; sameleis i *ʂjou-*, *ʂjouar-*, t. d. *ʂjoutrødl* n. *ʂjouarmåålė* m. flodmaal, men ogso *sæa-* (< *sæ-*) finst i saman-

setning, t. d. *sæakigv* f. < *sækú* (og *sæavarmåalé*). Sameleis *aiw* > *æ* i *snæabjødn* Mn (< *Snæbiǫrn*), vanleg avstytt til *snæabé* (og *snåabé* Suðurøy, foraldra, sjaa FSÆ s. 536). *jó* av *aiw* er der i *snjoufánn* f. (i kvædi), *snjoukvuitúr* adj. snøkvit. *jó* ligg ogso til grunn for *sjægvúr* m. *åa sjounun*, paa sjøen; i akk. *sjou* (i kvædi) < *sió*, og *snjægvúr* (i kvædi ogso *snjou* asg) < *sniór*; um denne siste nyare yvergangen sjaa nedanfor under Konsonantisk utviding av vokal (**16 h**, *κ*).

Merkn. 451. I uppteikningarne fraa Sandøy er uppført *oukvassur* (sljo, um kniv)[1]. Ogso i Norig vert det ofte sagt *ukvass* (liksom ubeitt, uttynd, skjemd o. fl.) um ein kniv som ikkje bit.

16 d, *α*. Færøymaalet hev substantiv paa *-ındé*, som her kann vera eldre *-yndi* eller *-endi*, men etter svipen paa dei ordi, som no hev denne endingi, helst er *-endi*. Døme: *airındé* n. skaansel, living; *bindındé* n. tolmod; *høəjındé* n. (puta) < *høgendi*; *ķirrındı(r)* n. pl. (til *kyrr*), straumstilla; *luiķındé* n. < *líkendi*; *lunnındı(r)* n. pl. < *(h)lunnendi*; *muiķınde* n. (< **mýkindi*) skaansel; *tuijındé* n. pl. < *tíðendi*; *væalındé* n. < *vélendi*; *øərındé* < *ørendi*. Maalet synest elles ikkje no bruka denne endingi i so mange ord som fyrr. I kvædi finn me *sanné* n., fulla ei sterk avstytting av *sannındē*; i maalet no *sannhait* f. (ogso uppgjeve *sannlaiğur* Sandøy).

Merkn. 452. I Vbr *til sanenda* D. Fær. 44_{21} (umsett til nyfær.: *til sanns*); *lunendhe* D. Fær. 50_{11} (1412, avskrift fraa 1479). I YSbr *rangyndum* 392_{21}, venteleg etter upphavsskrifti, som ogso hev *rangyndvm* Sbr 9_4.

β. Substantiv paa *-ıl* og *-úl*, *-ıŋgúr* (og *-uŋgúr*, sjeldan), *-ın* og *-un*; til deils skifter *ı* og *ú* i same ord. Døme: *anģıl* < *engill*, *åŋgul* < *ǫngull*, *åmpıl* havsuleunge, *bændıl* (< *bendill*) og *bændúl*; *bijıl*, friar, bele, < *biðill*, jfr. nyn. *bēdl* Hard. Ryf.; *brimıl* m. kobbe, brimul; *feətıl* < *fetill*; *ķeətıl* < *ketill*; *liķıl* < *lykill*; *æakúl* m. messehakel, < *hakull*, eig. trøndsk for vestn. *hǫkull*; *høəvúl* m. hyvel, jfr. *hefill* Isl. *hevel* SBerg. Tel. o. fl.; *møttúl* < *mǫttull*; *stikúl* m. hornspiss, jfr. *stiķel* d. s. Shl. og gn. *stikill*; *stūúl*, stolpe, < **stuðull*, jfr. gn. *stuðill*; *fjourıŋúr* (-*uŋgúr*?), *grijıŋgúr*, gradhest, Sandøy, jfr. gn. *griðungr*, nyn. *gre(d)ung*, avleføр ukse; *kvuitıŋgúr*, kviting (fisk); *kúuıŋgúr* og *kúuuŋgúr*? kuvung, sjøsnigel, gn. *kúfungr*; *mårgun* < *morgun*, *ui mårgun* ɔ: idag tidleg, medan *mårģın* (< *morgin*) no berre er bruka i ordlaget *ui mårģın* ɔ: i morgon kjem, og i kvædi. Ogso *ı* og *ú* i sernamn, t. d. *tårķıl* < *þorkell*; *mousıs* og *mousús*, Moses, i kvædi; *suimún* < *Símun* D. Fær. 48_{10}, 1407, ogso *suimın*. — Endingi

[1] Fraa Færøyarne er ogso uppgjeve *slæavúr* (< *slær*), men den som nemnde det kunde ikkje segja kvarhelst det skulde vera brukt. Venteleg samanblanda med *slæjın*, vaat.

-elsi, som i gn. berre finst i *fangelsi* n. og *reykelsi* n. (ags. *récels*) hev trengt seg inn i færøysk som i andre norderlendske maal, men noko meir sparsamt. Endingi lyder her oftast *-ılsė*, t. d. *bejinnılsė* n. og f. *luktılsė* n. *skæapılsė* n. skapnad, skikkelse, *øərılsė* n. ørska. For fengsel er sagt *fåŋgsıl* n., og med same ending *illgrunsıl* m. illtru. *-ůlsė* i *bakkůlsė*.

Adjektiv paa *-ijůr* (< *igr*) og *-ůvůr* (< *ugr*), *-ıl* (< *ill*) og *-ůl* (< *ull*); *ı* og *ů* skifter ofte i same ord. Døme: *bragdijůr*, hendig, ogso *brøgdijůr* (som maa ha gjenge ut fraa ei form **brøgdůvůr*); *gøəvijůr* og *gøəvůvůr* < *gǫfugr*; *kunnijůr* (< *kunnigr*) og *kunnůvůr* (< *kunnugr*); *vitijůr* og *vitůvůr* (< *vitugr*); *øərůvůr* (mødesam, strævsam); jfr. gn. *ǫrðigr*; *øəvijůr* og *øəvůvůr* < *ǫfugr*. *-ijůr* og *-ůvůr* kann skifta i same munn, men elles synest den eine endingi vera best lika ein stad, den andre ein annan stad, i alle fall i sume ord. Soleis er uppgjeve fraa Fugløy *kunnijır* (halvvokalen i dette høve *ı*) som det vanlege, men fraa Kallsøy og Sandøy *kunnůvůr* (-ur); *sindıt* < *syndugt*, *vitijır* (< **vitigr*) Fugløy, Kallsøy, men oftast *sindůt*, *visůvur*, *lijůvur*, *kunnůvůr*, Sandøy, jfr. nyn. *syndıg*, *vetıg* NShl. *vetog'ə* SShl. og NRyf.

Skiftet *-ijůr* og *-ůvůr* hev stundom ogso trengt inn i adjektiv paa *-ligr*, t. d. *důuůliůr* (dugleg) og *důulůvůr*, *builijůr* (billeg) og *builůvůr*; dette kann ha byrja i høve som *krutlijůr* (innfløkt) og *krutlůvůr*, framkome ved metatese av *klutrijůr* og *klutrůvůr* (jfr. nyn. *klutra*, dsk. *kludre*, som i Shl. liksom paa Færøyarne hev vorte *krutla*). — *haimıl* og *haimůl*, *luitıl* < *lítill*, *mikıl*.

Merkn. 453. Fraa eldre skrift er uppteikna *kunnigt* Vbr (D. Fær. s. 43), *kyndvg* (*skapin*) Upt C 20 bl. 11 b; jfr. *lidugugan* D. Fær. 37_6 (misskr. for *lidugan*) av *liðugr*, nyfær. *lijůvůr*. — *jamhæimmolir* YSbr 392_5 er bokstavrett avskrift av Sbr. — YSbr hev *fiording* asg $398_{16\cdot25}$ (*-ung* 399_{27}) *siaundung* 399_{22} *triding* 396_{15} (no *trijiŋůr*).

γ. Adjektiv paa *-ůtůr*, t. d. *kådlůtůr*, kollut; *kroukůtůr* (ogso *-ətır*: *kådlətır* SStr.).

16 e. Det gamle ljodbrotet er i det heile gjenomført i dei vanlege høvi. Soleis *e* > *ia*, t. d. *bjarga* v. *bjartur* adj. *fjadl* n. *djadna* adv. (< *giarna*), *jarta* n. *ƙald* n. (< *tiald*); med vokallengjing framfor *l* + labial eller velar konsonant: *bjålƙė* m. (< *biálki*); *fjålgůr* adj. varm, fjelg, < *fiálgr*; *fjåltůr* adj. skjelven, jfr. gn. *felmtr* m. rædsla; *jålpa* v. < *hiálpa*, *ƙålƙė* m. kinn, *sjåltė* m. skjelving, skjelte, < *skiálfti*. — *ǫ* i *iǫ* hev ved jamlaging med ord som *mørk* f. vorte *ø*(*ə*) i ord som *jøer* f. < *iǫrð*, *bjørk* f. < *biǫrk*; *ø* er her den vanlege færøyske vokal for *u*-ljodbrigdet av *a*, ikkje — som ofte i nynorske maalføre — etterljodbrigde av *o* ved *j* og *i*. Sameleis er det vel med vokalen i *ƙøət* n. (< *kiǫt*) med *ø* fraa dativ **ƙøtvė* < gn. *kiǫtvi*,

og likeeins med *mjøəl* n. og *smøər* n.; i *mjølk* f. er *ø* framkomen av gn. *miólk* ved stytting av *ó*, jfr. fær. *følk* n. < *fólk*. Ljodbrotet er i færøymaalet ogso gjenomført i *fjæala* v. løyna, < *fiala* (ISVestl. s. 200_{2-3}), og i *ş̧jæala* v. < *stiala* (Upt C 20 bl. 11 b) < *stela*; derimot er ljodbrotet ikkje gjenomført i *ǥædla* (gn. *gella* og *gialla*) og *şjælva* v. (gn. *skiálfa*), heller ikkje i *hætland*, Hjaltland, likevel *ꝁalta-kråaka* (Corvus monedula) SStr. *jalta-kråaǥa*, *ꝁaltlans-kråaǥa*, Sandøy; hjaa Landt s. 247 *Hetlands Kraaka*.

Merkn. 454. Av ord, som svagar i norske maal med umsyn til gjenomføringi av ljodbrotet, er der i færøysk umfram dei ovanfor nemnde endaa nokre merkande: *bærg* n., ogso *bjarg* n., og *bjørg* n. og n. pl. med tydingi fugleberg. — *dæknúr* m. dekn; gn. *diákn* og *dekan*; isl. *djákni*, jfr. nyn. *dække* VAgd. — *fædlė* n. < *felli*, dsg av *fiall*, i samansetningar som *gåasafædlė* og *sănfædlė* (< *Sandfelli*), namn paa tvo fjell paa Austurøy. — For gn. *fiórir* num. er no sagt *fuira*, nyn. *fira* Shl. o. fl.; i samansetningar hev færøysken *fǣr-* (< *fer-*), *fuir-*, *fuira-*: *færminnıŋgúr* m. < gn. *fermenningr*, *fur'sinsꝁúuŭ* num. aatteti, vel etter dansk, *fuiramannafar* n. baat for 4 roarar, jfr. isl. *fjøgramannafar* n. og nyn. *fjørefar* n., no brukt um baat for 6 roarar, Ndm. Snm.; — fjortan heiter no *fjørtan* < *fiúrtan* (skr. *fiurtan* D. Fær. 41_{18} umkr. 1400) < *fiugurtán*. — *ǥæar* n. rur, smaaskjel (etter Landt s. 297 Lepas Tulipa v. foliacia, dsk. Søe-Tulip eller Tulip Ruur), som stongfiskaren kastar ut (*ǥæarar úut*) og lokkar fisken til ongulen sin med, < gn. **giar* < urn. **gera*? Jfr. nyn. (*g*)*jer* og (*g*)*jęr* n. iver, uro i hugen, Sogn, Hordl., og (*g*)*jera* v. lysta, hika, Shl., »*hann stoo og gjeerte itte da*«, Vidsteens Ordb. under *Gira* v., Ross under *Gir* m. *Gjere* n. — *ꝁaftúr* m. < *kiaftr*. — *ꝁadlarė* m. kjellar, < *kiallari*. — *mjørꝁė* m. sumarskodda i laaglendet, < *miǫrk*(*v*)*i*. — *şjæal* n. grensa, skil (ogso rett og skil) av eit upphavlegt **skela*; *markaşjæal* n. (ogso *markaşjil*) markeskil. Jfr. *iam skıallæg* adv. (rettvisleg) og *skialægari* Upt C 20 bl. 11 a, og *skialigari* komp. nsn D. N. II 580_{28} (isl.-norsk vid. 1404). — *spædl* n. skade, ogso i samansetningar: *mannspædl*. — *stærtúr* m. stert, hale; isl. *stertur*; nyn. *stęrt* Vestl. Ndl., men *s*(*t*)*jart* (-*ę*) Set. Hall. Valdr.

Merkn. 455. For *sigvrdr* (soleis Upt C 20 bl. 11 b) hev Vbr (D. Fær. 44_{12}) det ljodbrotne *Siughurdr* og dessutan *Siurda* gen. ibid.$_3$ for *Siurðar*; *sivrd* akk. Upt C 20 bl. 11 b. No heiter ordet gjerne *şjúur'úr* i nom., men elles i alle kasus *şjúur'a* (med bøygjing etter *an*-stomnarne); ein kann ogso høyra *şjúur'ė* i nom. (»*şjúurė sæijė da*«, Sjurd sagde det). I gn. *skyrta* synest *y* fyrst ha vorte *ju* (**skjurta*), der *u* hev vorte lengd (**skjúrta*) og sidan hev fylgt same vegen som *jú* elles i færøysk framfor lang (eller samansett) konsonant og vorte stytt til *jø*: *şjørta*, utt. med ein *ø*, som i sume munnar — i alle fall paa Sud-Straumøy og Sandøy — ligg so høgt i talereiden, at han er vand aa skilja fraa norsk open *y* (*ẙ*) [1], som fulla ogso hev vore millomleden eller rettare ein av millomlederne i yvergangen *ú* > *ø* i færøysk, til dess *ẙ* og *ø* vart samanblanda.

[1] Dette maa vera grunnen til at Vidsteen i „Færøisk" (Opl. Hard. s. 67) segjer at det finst *y* i nokre ord, t. d. *sjyrta*, *kjyrkja*, *hyskji*, *bryggom*, *brykkona* (brudekona); men etter mitt skyn lyder den vokalen, som Vidsteen her skriv *y*, sameleis som t. d. i *kvøld*, kveld, *bødn* (pl. av *bădn*), som eg ogso hev høyrt uttala burtimot *kvẙld* og *bẙdn*, og er no helst ein høg *ø*.

Merkn. 456. Merkeleg er fær. *bjålgúr* og *bjølgúr*, sideformer til *bælgúr* m. belg, gn. *belgr* (*i*-stomn); etter Evensen òg i smn. *bjølgfletta* v. belgflaa (= *bægfletta* Set. VAgd.); *Bjølgagrêas* n. snelda, kjerringrokk (planta), Equisetum sylvaticum, Landt s. 215, o. fl. Etter Evensen tyder *bjølgúr* i fær. ogso »den Egenskab ved en Genstand, at den bulner ud«. *bjålgr* fyreset eldre **bialgr* av **bialga* v., ljodbroti form av **belga*, svella ut, som me hev i gn. *bolginn* ptc. At der hev vore eit **bialga* (= **belga*) torer me slutta av uppteikningi »*bjelga* v. svulme« hjaa Christie[1]. Fær. *bjølgúr* kann ha fenge *ø* fraa dat. pl. ved jamlaging, jfr. fær. *bålkúr* m. hop, bolk, = *bølkúr*, ogso skr. *bólkúr* (utt. *bølkúr*), liksom me finn skrive *bjólgur* for *bjølgur*. Yvergangarne minner um bøygjingi av *u*-stomnar som *bǫlkr, balkar* osfr.[2].

16 f. Vokallengjing.

Innleiding. Det gnorske tilstandet med stavingslengd og vokallengd er uppgjeve i færøymaalet liksom i islandsk og vanleg nynorsk. Regelen no er i det heile liksom i desse maali, at vokalen skal vera uttala lang framfor nyfærøysk einskild konsonant, og uttala stutt — endaa um det er ein tviljod — framfor lang eller samansett konsonant med den avgrensing at *pr, tr, kr, pl, kl* og *ƙ* hev lang vokal framfor seg: *pīpra* v. biva, *veətrar* pl. vetrar, *æakrar* pl. aakrar, *eəplé*, eple, *ƙúukla*, kjæla, *tīƙa*, tykkja. Den stutte *i* i gn. *kvistr* og den stutte *u* i gn. *gull* er soleis enno stutt: *kvistúr*, *gudl*; men den stutte *i* i gn. *vit* og *u* i (*h*)*lutr* hev vorte lengde: *vit, lutúr*. Samstundes hev færøymaalet framfor lang konsonant lægt den gamle stutte *i* ein grand burtimot *ı* (nyn. open *i*), og sameleis den gamle stutte *u* burtimot *o*-ljoden, men likevel ikkje meir enn at desse ljodarne enno ligg so nær *i* og u at dei i ei utgreiding som denne heller bør skrivast *i* og u enn *ı* og *o* eller *ó*. u-klangen i *gudl* og *i*-klangen i *kvistúr* er like umiskjenneleg paa Færøyarne som paa det norske Sudvestland[3].

Gnorsk stutt *i* og *u* hev daa i færøysk fylgt same vegen som i ymse heimenorske sudvestlandske maalføre, maa henda allernærast maalet i sume

---

[1] Um amtmann W. F. K. Christies „Norsk Dialectlexicon", skrive i fyrste helvti av 19 hundr., sjaa fortalen til Ross' ordbok s. VII. Boki ligg enno uprenta i Bergens Museums bibl., og det store ordfanget, mest fraa Bergens bispedøme, er ikkje heilt etterrøkt og utnytta.

[2] I ei norsk avskrift av landslogi (Frostatingslog) i den Delag. samling i Upsala, no. 8 folio bl. 47 a, finn me skrive *biellgium* dpl (for *belgium*). Men handskriftet, som knapt er eldre enn 2 fjordeparten av 14 hundr., skriv ogso *siøkia* v. (ɔ: *søikia* for *søkia*) bl. 11 b o. fl. st., so *biellgium* her kann vera for *beilgium* med det vanlege innskot av *i* etter *e*, naar næste staving hev *i*, som i *leingi*, *veirit* osfr.

[3] Noko av det fyrste som slo meg i uttalen av færøymaalet var likskapen millom *u*-ljodarne der og mangstad paa Vestlandet heime. Um uttalen av *tuǵǵú* (< *tiu*) i Torshavn — der det forresten er oftast *tuǵǵə* — er tala ovanfor i noten paa s. 67. Og likso tydeleg tykte eg aa høyra svipen av norsk (Ullensvangs) lange u (*ůu* eller *ᵉu*) i fær. *húus*. Daa eg sidan fekk høyra desse ljodarne i maalet paa Nordurøyarne og paa Sandøy, gjorde eg same røynsla.

fjellbygder i VAgder (t. d. Bjelland, Grindum, Aaseral); i bygderne paa det nordlege Sudvestland, t. d. Hardanger, der det ogso for det meste er *gudl* og *lut*, vert den gamle stutte *i* noko meir lægd, helst framfor stutt konsonant (*vit*, *vėt*; *vet* Shl.).

Tek me undan desse tvo nemnde gamle stutte vokalar *i* og *u*, og sameleis *y*, som paa Færøyarne hev falle saman med *i* (*lista* v. < *lysta*, sjaa **16 h**, *γ* her nedanf.), hev færøymaalet tviljoda alle gamle vokalar, stutte og lange, naar dei i maalet no kjem framfor stutt konsonant (og *pr*, *tr* osfr.) og soleis skal vera lange etter den nye lengdelog. Paa denne maaten hev dei gamle stutte midhøge vokalar *e*, *ø* og *o* (ɔ: o) ved utviding med den slakke vokalen *ə*, upphavleg vel ved dubbel uttale av vokalen [1], vorte:

e > *eə*: gn. *ben* f. > *beən* f. og n.; *vera* > *veəra*;

ø > *øə*: gn. *smør* > *smøər*; sameleis gn. *ǫ*, som i fær. for det meste hev falle saman med *ø*: *sǫk* > *søək*;

o (o) > oə: gn. *lok* n. > *loək*; *stofa* f. > *stoəva*.

Desse tviljodarne hev ljodtyngdi paa fyrste vokalen, og det ofte so sterkt at ein knapt eller inkje høyrer den slakke vokalen, naar ordet hev lite ettertrykk. Framanfor *a* vert *ə* i desse tviljodarne heilt burte, og fyrste vokalen i tviljoden vert lengd, t. d. *glēa* f. (gleda) for *gleəa*, *løa* f. (løda) for *løəa*, *lōa* eller *lūa* v. (løda) for *loəa*. Jfr. tviljodingi i setesdalsmaalet (I SVestl. I, Merkn. 319).

Gn. *a* hev — ved framskoti byrjing av vokalen — vorte *æa* (*ᵆa*): *tæaka* v. < *taka*, *mæavür* < *maðr*. Um uttalen av *æa* er fyrr gjort grein i Merkn. 431. Kjem *æa* framfor ein *a*, vert tviljoden til *ǣ*: *klǣa* v. (klaga) for *klæa(ɡ)a*.

Av dei gamle lange vokalar hev *é* og lang *æ* (*ǽ*) — som fyrr nemnt — falle saman i gamall tid til *ǣ*, og denne vokalen sidan falle saman med *a* til ein ljod *æa* (eller *ęa*), som der er merke etter i færøysk skrift fraa umkr. 1600 (sjaa ovanfor Merkn. 430). Døme vil ein finna s. 76. Samanfallet av desse tri vokalar er sermerkelegt for færøymaalet. Framfor *a* vert ogso dette *æa* til *ǣ*: *klǣa* v. (klæda) for *klæa(ð)a*, *lǣa* v. < *læa(ɡ)a* (lægja, gjera laagare).

Gamall lang *ø* (*ǿ*, *œ*) hev i ljod falle saman med stutt *ø* og fenge same lagnaden: *føəra* v. < *fœra*; *føa* v. (føda) for *føə(ð)a*.

Um dei andre gamle lange vokalar gjeld:

á > *åa*, ved runda byrjing av den upphavlege vokalen: *båatür* m. < *bátr*, *håakun* < *Hákon*, *låavür* adj. < *lágr*; ljodtrykket er svivsamt,

[1] Jfr. Retskrivningsprøver Anth. I, s. 430—436, og skrivemaatarne *feer* 3 sp (av *fara*), *oos* pron. dpl, *Mjøøl*, Rask, Fær. s. 262.

men ligg oftast paa andre vokalen (*b*^{å}*at'úr*, *k*^{å}*ap'a*). Framfor *a* hev *åa* vorte *å*: *fåa* v. (faa) for *fåa-a* (til deils *fōa* Straumøy, liksom paa Suderøy). — Paa Vaagar vert *á* framfor *a* til ou: *foua*. Paa Nordurøyarne vert *á* enno i mange ord uttala lang *a* (*ā* som i tysk »Haar«), t. d. *batúr* m. *fāa*. *fav'úr* adj. (gn. *fár*), *lan* n. *tajé*, vanleg elles utt. *tåajé* < **tá í* < *þá er*.

ó > ou, mykje nær *åo*, liksom til deils i Norig, ved høgjing av vokalen i slutten: *bouk* f. < *bók*, *lousú* 3 pi (av *lesa*). Ettertrykket ligg paa fyrste vokalen. Denne tviljoden held seg tviljoda framfor *a*: *ljoua* v. < *ljọða*. — Paa Vaagar og paa Nordurøyarne vert *ó* til *e*u eller æu: *bəuk* < *bók*.

ú > *ú*u, ved framskoti byrjing av vokalen u. Ljodtrykket er paa u, og fyrste vokalen kjem ikkje sterkt, men tydeleg nok fram. Døme: *húus* eller *h*^{u}*us* < *hús*, *knúutúr* m. *ú*u held seg tviljoda ogso framfor *a*: *brúuargåava* f. brudegaava.

í og *ý* > u*i*, ved attskoti runda byrjing av *i* (eller *y*): u*i* prp. < *í*, *bluiúr* adj. < *blíðr*, *luisa* v. < *lýsa*. Den færøyske tviljoden hev so stor likskap med u*y* av *ý* i Setesdalen, og er ein so uvanleg yvergang av *í*, at ein kann freistast til aa tru det færøyske u*i* hev vorte til under ei samangliding av *í* og *ý*, der *ý*-ljoden hev fenge yvertaket: *yi* (?). Merkeleg er skrivemaaten *y* prp. for *í* i Upt C 20 bl. 11 b, avprenta ovanfor i Merkn. 438. Ljodtrykket paa det færøyske u*i* er svivsamt, men synest sterkast paa andre vokalen. u*i* held seg tviljoda ogso framfor *a* (liksom ou og *ú*u): *luija* v. lyda.

Med dei 3 upphavlege tviljodar hev færøymaalet soleis i alt 11 tviljodar. Det er same mengdi aa kalla som i Setesdalen. Men dei fell ikkje heilt saman paa desse tvo staderne, og tviljodarne i færøysk grip um eit mykje større tal med høve paa grunn av vokalsamanfall, so det visst trygt kann segjast at færøymaalet er det rikaste paa tviljodar av alle dei maal og maalføre, som ættast fraa gnorsk og no liver.

Um gamall vokallengjing i færøysk er merkande:

a. Framfor *l* + labial eller guttural konsonant og framfor *ls* hev vokalen vore lengd i gnorsk tid, og sidan hev han vorte stytt etter dei vanlege reglar i maalet no, men hev sett merke etter seg i ljodhaatten. Ved styttingi hev gn. *á* vorte *å*, og *æ* (ɔ: *ǽ*) vorte *a*; *ó* og *ú* hev vorte *ø*. Døme: fær. *jålpa* v. *hålvúr* adj. *håldan* Mn, *hålmúr* m. *fjålgúr* adj. varm, hyggjeleg, *tålg* f. *ålka* f. alka (fugl, Alca torda), *hålsúr* m. < gn. *hiálpa*, *hálfr*, *Hálfdan*, *hálmr*, *fiálgr*, *tálg* (jfr. *tåg* Set. < *tálg*; men *tólg* Isl.), *álka* (jfr. *ålka* VAgd.), *háls*; framleides fær. *alska* v. elska, < **ǽlska* < *ælska* (= *elska*); *malskúr* adj. rødug, pratsam, < *mælskúr*; *haldé* f.

< *hǽlgi (gn. *helgr*); *halga* Kn < *Hǽlga*, vanleg gn. **Helga*; fær. *stølpė* m. *gølv* n. *hølmúr* m. *høldɟė* n. halmvondul, *følk* n. *nølsė* propr. < gn. *stólpi*, *gólf*, *hólmr*, **hólgi* (= nyn. *hölji* Innh. < **holgi*), *fólk*, *Nólsey* (< *nǫrsey*? skr. *norsæy* D. Fær. s. 28_1, sjaa Jakobsens utgreiding um dette namnet i Innl. s. st. s. XLIII); fær. *ølvúr* m. < gn. *úlfr*; *ølma* v. ulna, < gn. **úlma*, jfr. nyn. *ulmə* (= *ulna*) Austf. I *alska*, *haldɟė*, *halga* er tilgangen med vokalyvergangen uviss. — *almvijúr* m. almetre, *falkúr* m. falk, o fl. i kvædi er innflutte ord.

I ord som *alvúr* m. smidjeavl, *ƙælvė* n. kjevle, o. fl., der *lv* er framkome ved metatese (gn. *afl*, *kefli*) i noko nyare tider, er der ingi vokallengjing. Heller ikkje i former av *sjælva*, t. d. *skalv* impf., der bøygjingstvang held vokalen stutt.

Merkn. 457. I eldre skrifter finn me *sialf* pron. nsf D. Fær. s. 47_{19} (umkr. 1400), og i YSbr *half* nsf 391_{15} *halfum* 393_{13} utan *u*-ljodbrigde, og soleis med lang *a*.

β. I framljod er *a* lengd framfor gn. *rn* i *ådnė* Mn < gn. *Árni*, og i *årnúr* m. (ogso *årnė* m.) aare, eldstad, vel framvakse gjenom gn. *arni* dsg av *arinn*. Denne lengjingi er paavist i alle dei sudvestlandske maalføri som til dessa er umhandla (sjaa Rygjam. Merkn. 80, s. 40; ISVestl. I, Merkn. 296, s. 79).

Ogso i nokre faa andre høve er der i færøymaalet merke etter gamall lengjing av vokal naar han byrjar ordet og hev eller hev havt ettertrykk. Soleis er det *ål-* av gn. *al-* i samansetningar som *ålfæavúr* adj. < *alfagr*, *ålkvuitúr* adj. < *alhuítr*, *ålræasın* adj. reint rasande, *ålvæaƙın* aalvaken o. fl. (ISVestl. I, s. 82, 5); adverbet avstad heiter paa færøysk *åastæa* (og *æavstæa*), jfr. nyn. *åvsta* Shl.; til det nyn. *arals ti* Rbg. (Ross) svarar fær. *åarals tui*. Liksom i nyn. hev gn. *at* prp. ogso i fær. kløyvt seg i tvo former: *åa* (< *að* < *at*) framfor infinitiv (= nyn. aa), og *æat* i fyrstningi av undersetningar (= nyn. *at*); gn. *at* prp. og nyn. *åt* (og *at* Tel. o. fl.) er paa færøysk: *æat*. — Av *i* er der gamall lengjing i framljod i *uija* f. (ida, ringstraum) < gn. *iða*, og i *uija* f. (fuglen igda, sjaa **16 a**) < gn. *igða*. Likeeins i *ui* rel. pron. < *ið* < *eð* < *er* (sjaa her nedanfor under **17 c**, *γ*). I desse tri siste høvi hev vel ljodtapet ved burtfallet av konsonant verka med til lengjingi.

Merkn. 458. Nedervd og gamall i færøysk maa den tilhugen vera, som maalet hev til aa lengja dei ljodsterke vokalarne (helst i fyrste stavingi) i gamle personnamn, bibelske stadnamn og andre framandord etter dei gamle lengjingsmynster, t. d. *åabraham* Abraham, *åadam* Adam, *dåavı(d)* < gn. *Dáuið* (ISVestl. I, s. 83_6), *jåakup* Jakob; *kåana* Kana, *såamåaria* Samaria; *ålmanaƙƙė* Almanakka, jfr. *ålkvuitúr* osfr. her ovanfor; hit høyrer vel ogso *fruiskúr* adj. frisk, *kruiatúur* n. krøter, og *puiskúr* m. pisk, uppt. fraa dsk.

γ. Framfor gn. *rð* hev færøymaalet i vaare dagar lengjing i vokalen. Ljodhaatten syner at lengjingi ikkje er fraa gnorsk tid, men yngre, t. d. fær. *gæaıùr* m. < gn. *garðr*, *feər* f. < *ferð*, *hir* f. < *hirð*, *oər* n. < *orð*, *ur* f. < *urð*, *birė* f. < *byrði* (*byrðr*).

Framfor gn. *ng* og *nk* hev gn. *e* (og *ǽ*) i færøysk vorte *å*, naar *ng* og *nk* stend i utljod eller naar det baketter kjem ein guttural vokal eller ein konsonant. Kjem det gn. *i* etter *ng* og *nk*, hev *e* vorte *a* (sjeldan *å*), t. d. fær. *åŋg* f. < gn. *eng*, *åŋga* pron. asf < *enga*, *dråŋgùr* m. < *drengr*, *fåŋgùr* m. < *fengr* (men fær. *fæŋg* < gn. *fang*), *låŋgùr* adv. < *lengr*, *låŋgrė* komp. < *lengri*, *måŋgd* f. < *mengd*, *såŋg* f. < *sæng*, *båŋkùr* m. benk, *ståŋgdė* impf. < *stengdi*, *hånɟa* v. < *hengia*, *stånɟa* v. < *stengia*, *trånɟa* v. trengja, *ånķa* f. enkja, *tånķa* v. tenkja (Nolsøy: *tanķa*); *anɟıl* m. < *engill*, *dranɟır* pl. < *drengir*, *anɟır* pl. av *åŋg* f. eng; *lanɟė* adv. < *lengi*; *vanɟė* dsg < *vængi* (ogso *vånɟė* etter nom. sing. *våŋgùr*); *ånɟın* pron. nsm < *engin* (*anɟın* Sandøy, Nolsøy), *ånķė* nsn, inkje, jamlaga etter *åŋgan*, *åŋga* osfr., paa Nolsøy og likeeins paa Sandøy *anɟın*. I fleirtalsformer som *spæŋgùr*, *stæŋgùr*, *tæŋgùr* av *spåŋg*, *ståŋg* og *tåŋg* held *æ* seg ved bøygjingstvang etter *strændùr* av *strånd* o. fl. — Formerne med *a* og *å* for *e* (*æ*) framfor *ŋg* osfr. er evelaust framvaksne av *ei* — i færøysk normalform ogso skrive so —, som er ei kjend utviding av *e* framfor *ng* og *nk* i sume gamle og nye norrøne maalføre; jfr. *heingium wer* D. Fær. s. 52 (Torshavn 1479), *eingum* pron. dsn YSbr 394_{10} (Sbr: *engv*, nyfær. *åŋgun*), og sjaa ISVestl. I, Merkn. 339, 2; 341, 2; 395. Gn. *drengr* hev vorte *dreingùr* > **draiŋgùr* (jfr. gn. *ei* > fær. *ai*), der *ai* hev vorte runda til *åi* i det gutturale umvære: *dråiŋgùr*, som ved vanleg stytting (sjaa nedanfor under vokalstytting) hev vorte *dråŋgùr*, medan nom. plur. av same ordet med *i* etter *ŋg* ikkje vert runda: *draingir* > *dranɟır*. At vokstren hev vore slik, ser me tydeleg av det at gn. *einka barn* heiter no *åŋkabadn* < **åinkabadn* < *aiŋkabadn*, ei form som enno finst (Anth. II, ordlista), sameleis *åŋkùr* pron. einkvar, < **åiŋkùr* < **ainkùr* < *einhuerr*; akk. sing. m. *åŋkun*, jfr. nyn. *oŋkven*, *oŋkar*, *oŋkon* Nhl. ISogn < *einhverr*, og *oŋkarsta* Nhl. = *åŋkùstæanė* einkvarstad, Fær.

Merkn. 459. Framfor gn. *ng* og *nk* hev gn. *a* vorte *æ* i Straumøymaalet og i det heile nordanfjords, t. d. *læŋgùr* adj. < gn. *langr*, *sæŋka* v. < *sanka*. Sunnanfjords er der *a* i desse høvi: *laŋgùr*, *saŋka*. Stutt *æ* framfor lang konsonant er elles i færøysk anten framvaksen av stutt *e* (*hæstùr* m. < *hestr*) eller òg avstytting av fær. *æi* < gn. *au* (*hæst* n. < *haust*). Framfor *ng* og *nk* hev gn. *e* (og *æ*), som det her ovanfor er vist, vorte *å* eller *a*, som hev sin grunn i ein innskoten høg palatal vokal etter *e*, og det ligg daa nær i dette høve aa forklaara *æ* i *læŋgùr* av fær. *æi* < gn. *au* (*a* med innskoten høg guttural vokal framfor *ng*): *læŋgùr* < **læiŋgùr* < **laungùr* < *langr*, *æŋka* v. ynka, < **auŋka* < *aumka*. Um denne

forklaaringi er rett, hev færøymaalet nordanfjords i dette stykke havt den same vokster aa kalla som maalføri i (ytre og) midre Sogn, Hordal. og NRogal. paa Sudvestlandet i Norig, sjaa I SVestl. I, Merkn. 296, 4, og Rygjam. Merkn. 81.

Uregelrett synest det elles at *gæŋga* v. (*gæŋgúr* m. o. fl.) held paa velar *g* framfor denne *æ*, um *æ* fraa gnorsk tid hev det upphavet som her er nemnt, for i andre høve vil *g* framfor *æi* av gn. *au* palataliserast til *ǵ*.

16 g. Vokal-stytting. Framfor lang eller samansett konsonant, so nær som framfor *pr, tr, kr* osfr., der vokalen etter **16 f** er lang, er ein gamall eller ny lang vokal eller tviljod vanleg stytt. Her er nokre døme paa stytting innanfor det nye vokaltilstandet:

æa (gn. *a, é, ǽ*) > *a* (ɔ: *ă*): *knăsbout* f. knesbot, til *knæa*; *laksmæavúr* m. lagsmann, til *læa* n. lag; *rattúr* adj. < *réttr*; *fast* 3 sp < *fæst* (av *fåast*); *lakné* m. lækjar, < *læknir*; *vammal, vabmal* n. vadmaal, < gn. *vaðmál*, eller < *væðmal* Am. 307 fol. bl. 69 a, sudvestl. avskr. av landslogi, umkr. 1350, jfr. *vedmaall* D. N. VII 143_{13} Bergen 1337, nyn. *vædmål* VAgd. *væbmål* Shl.

åa (gn. *á*) > *å* (ɔ: *å̆*): *låkt* adj. n. til *låavúr*; *båsfarmúr* (< *báts-*) til *båatúr*. — Gn. *á* > *a* i ljodlinn staving i talordi fraa 13—19, t. d. *trættan, sæiʞʞan, nuiʞʞan.*

eə (gn. *e*) > *æ* (ɔ: *æ̆*): *bært* adj. n. av *beərúr*, berr.

i, ī (gn. *i* og *y*) > *ĭ*: *hirmæavúr*, hirdmann, til *hir* (ɔ: *hīr*) f. hird; *liklar* m. pl. av *liʞil* m. (ɔ: *līʞil*) lykjel.

u*i* (gn. *í, ý*) > u^i^, u (ɔ: ŭ): *su^i^ḍḍ* f. sidd, til *suiúr* adj. sid; *vuḑḑ* n. < *víg*. — I gn. *ýtri* komp. ytre, og *ýztr* sup. maa vokalen i gnorsk tid ha vorte stytt til *y* eller *i*, og i fær. sidan ha vorte lengd i komp. framfor *tr*: *ītré, istúr* (eller *ikstúr*), som er formerne no.

oə (gn. *o*) > *å* (ɔ: *å̆*): *bårblæa* n. bordplata, til *boər*; *nårmæavúr*, nordmann, til *noərúr*.

ou (gn. *ó*) > *ø* (ɔ: *ø̆*): *følk* n. < *fólk*; *søtt* f. < *sótt*; *ljøst* adj. n. til *ljousúr*; *sølsjin* n. < *sólskin*.

u, ū (gn. *u*) > u (ɔ: ŭ): *skutla* v. skjota med *skutil*.

ûu (gn. *ú*) > (*u* > *y* >) *ø* (ɔ: *ø̆*): *høsbøndé* m. husbonde, *sørt* adj. n. av *sûurúr*, *sørna* v. < *súrna*; *sjørta* f. < **skjúrta* < *skyrta*, sjaa Merkn. 455. I *uttan* prp. og adv. (< gn. *útan*) maa vokalen ha vorte stytt i gn. tid, naar ordet ikkje hadde ettertrykk.

øə (gn. *œ*) > *ø* (ɔ: *ø̆*): *førsla* f. til *føəra* v. *øə* i *bøə*(*vúr*) vert i siste samansetningsled stundom til *a*: u*i* *froəba*, bygd paa Suderøy, < *í Fróðbœ*; u*i* *sumba*, bygd paa Suderøy, < *í Sundbœ*.

Um styttingi av dei gamle tviljodar er aa segja:

ai (gn. *ei*) > *a* eller *å* framfor *ŋg* og *ŋk*, der *ei* for det meste kjem av gnorsk *e*, sjaa Merkn. 459; dessutan i nokre ord framfor konsonantlag, som byrjar med guttural, soleis *båksl* n. < *beisl*, *nåkta* v. < *neitta*, *ågn* f. < *eign*, *ågnast* v. < *eignast*, *råkna* v. < *reikna*. *gårfuglùr*, Alca impennis [1], < *geirfuglùr* er kannhenda ei nordurøysk form (*går-* < *gåir-* for *geir-*, liksom nordurøysk *båin* for *bain*), jfr. *lårvuik* (skr. Lorvik, bygd paa Austurøy) < *Leirvík*. — I ljodlinn staving hev gn. *ei* vorte *åa* i *rannvåa* Kn < *Rannveig* (um dette namnet sjaa ISVestl. I, Merkn. 320). Utanfor slike høve, som her er nemnde, held *ai* seg godt og vert ikkje stytt, t. d. *gaislė* m. < *geisli*.

åi (gn. *ey*, *øy*) > *å* (ɔ: *å*): *ågdùr* adj. < *eygðr*; *hådđ* n. < *hey*. **åi* dsg av *ådđ* f. (< *ey*) vert avstytt til *ė* (*ı*) i sisteleden av øynamn, t. d. *sūùrstræimė* < *Suðrstraumey*, *sandė* (ui *sandė*) < *Sandey*, *fuglė* < *Fugley*, *kalsė* < *Kalsey*; sameleis i gsg *-ıar* < *eyiar*: *sandıar*, *kalsıar*, *fuglıar*, og fell burt i folkenamni *kalsıŋgùr*, *fuglıŋgùr*. — I *økt* f. tri timar av døgret (< *eykt*), hev *ey* vorte *ø* liksom ofte i nyn., t. d. *økt*, tri timar, Shl. I sume høve held ogso denne tviljoden seg utan stytting, t. d. *gåimsla* f. < *geymsla*.

æi (gn. *au*) > *æⁱ*, *æ*: *æⁱgnaloək* n. augnelok, *hæst* n. < (*hæist* sunnanfj. <) *haust*; *æstan* adv. < *æistan* < **æystan* < *austan*. — gn.? *au* > *ø*: *røst* f. (sidef. i kvædi til reyst) røyst, < *raust* (eller dansk?).

Merkn. 460. Det gamle *skíra* v. og *skírn* f. er i fær. undantrengd av ord, som svarar til mnt. *dope*, liksom i andre norderlendske maal so nær som Island. Soleis (*badna*)*doupùr*, *dåpsklæajir* (ogso *døps-*), *dåpsvatn* (ogso *dåibėvatn* Thv., i kvædi *skuⁱrnavatn*), *dåipa* (*dåıba*) o. fl.

Merkn. 461. Um samandraging av *æa*, *åa*, *eə*, *oə*, *øə* framfor *a* etter same fylgd til *ǣ*, *å̄*, *ē*, *ō*, *ø̄* sjaa ovanfor under **16 f**, s. 96—97. Um *oə* til *ū* sjaa s. 96 og 105.

Merkn. 462. Ved stytting av sume samansette mannsnamn kann sisteleden tverra til ei ljodlinn staving med den vanlege palatale endingsvokal: *Andbiǫrn* > *ambė*, *Sigbiǫrn* > *sibbė*, *Þórbiǫrn* > *tåbbė*, *Guttormr* > *guttė*. Jfr. gn. *-ey* > nyfær. *-ė* her ovanfor.

16 h. Ymse vokalhøve.

α. Runding. Gn. *a* > (o >) *å* i fær. *vågnùr* m. < *vagn*; yvergangen, som me ogso hev i nynorsk, kann hava sin grunn i konsonantarne umkring.

[1] Geirfuglen er utdøydd i fyrste helvti av 19 hundr. Umkring 1800 skriv Landt: „Gaarfuglen begynder nu at blive sjelden paa Færøe".

Gn. *e* > fær. *ø* etter *dv, kv* (av gn. *h* + kons. *u*, og *k* + kons. *u*), *sv* og *tv*, t. d. *dvølja* v. *dvørgúr* m. < gn. *duelia, duergr; kvøkka* v. *kvølpúr* m. *kvøər* pron. *kvøssú* adv. < gn. *huekka, huelpr, huerr, huersu; kvöa* v. *kvøld* n. *kvødn* f. < gn. *kueða, kueld, kuern; svølta* v. *svørja* v. *svøvnúr* m. < gn. *suelta, sueria, suefn; svøəruiʒė* n. < *Sveríke; tvørra* v. *tvøərúr* adj. < gn. *þuerra, þuerr; tvøst* n. kvalkjøt, helst det indre magre kjøt, < *þverst* Helgakv. Hjørvardss. 18_6[1]; nyisl. *þvesti* (Haldorsson: *þversti*) n.; jfr. nyn. *tusna, tosna, tvosna* v. turkast (Aasen, Ross).

Av dei faa undantak — framfor dental og *n* + dental — er nemnande *kvætta* v. riva av, trans.? til nyn. *kvetta*, st. v. fara ned (sjaa Ross); *kvændė* n. *svænskúr* adj. *kræssa* v. < gn. *kuendi, suenskr, huessa*; framfor *pp* i *kvæppa* v. kveppa, ved jamlaging med *slæppa, skræppa*. — Sporadisk er denne yvergangen ogso kjend i Norig, t. d. *tvør(r)* Sogn, Voss, VAgd. o. fl., sjaa ISVestl. I, Merkn. 308.

e gjeng ogso yver til *ø* i nokre ord framfor *r* eller i gutturalt umvære: fær. *løərit* n. < *lerift, vøərıld* f. < *verǫld*, og *høəvúl* m. *hølva* v. *nøgla* f. nygla i baat; dei tri sistnemnde synest betre halda lag med isl. *hefill, hefla* og *negla* enn med norsk *hyvel, hyvla* og *nygla*, etter di ein yvergang *y* > *ø* ikkje med vissa synest kunna paavisast i færøysk (sjaa *y* nedanfor). Uklaarast er fyrste vokalen i *nøgla* (*a*? *u*?).

æ > *ø* i namnet paa øyarne *førjar* f. pl., gen. *førja*, dat. *førjun*, og i alle avleidingar og samansetningar, t. d. *føəriskúr* adj. *føəriŋgúr* m. *førjamåal* n. Yvergangen hev helst byrja i dativformi *Færeyjum* (skr. *færœygum* D. N. II 91_{16}, Bergen 1308, Barth. avskrift fraa 1ste helvti av 14 hundr. Bbk.), tidleg samandrege til *Færium* (Isl. Ann. ved Gustav Storm, s. 279_{24}, med hand fraa umkr. 1380, jfr. *Pherium* D. Fær. s. 23_{24} i brev fraa Tunsberg 1273, avskrift fraa 1600). *Færium* hev ved samverknad millom den labiale fyrsteljod *f* og endingi *-um* vorte *Førjum*, skrive *Førream* D. N. XII 163_{25}, Munkeliv 15 hundr.; *Fførøum* D. Fær. s. 49_{19}, Torshavn 1412, i ei avskrift fraa 1479; *Fførøy* D. N. II 1110_{25}, Torshavn 1533; *fórrium* YSbr 1600; jfr. ogso *fœreyium* D. Isl. II 344_4, Bergen 1320, avskrift fraa slutten av 14 hundr. Etter dette maa namnet ha havt dei formerne det enno hev ute paa Færøyarne alt i slutten av 14 hundr.; berre er det aa merka, at dativendingi *-un* (*førjun*) er yngre (jfr. mnt. *Veerron* dat. D. N. V 932_{15} Lyb. 1487). At fyrsteleden i samansetningi

[1] B. M. Ólsen i Ark. f. nord. Filol. IX, s. 230–231.

av dette øynamnet er gn. *fær* n. saud, er utvilsamt[1]. Yvergangen *æ* > *ø* finst ogso i *føərélúus* f. (av gn. *fær*, saud) Pediculus ovinus, der den labiale fyrsteljod saman med *r* etter vokalen hev vore nok til aa runda *æ* > *ø*. Same yvergangen er der ogso i fær. *pøəsa* v. »trætte, udmatte fuldstændig«; jfr. nyn. *pæsa* v. anda tungt (*pøsə* Sfj.); um tydningsyvergangen sjaa Falk og Torp's Etym. Wörterb. under p æ s e.

Gn. *ei* > *ø* i *hømmilia* f. høymola, Rumex crispus; nyisl. *heimula* og *heimilisnjóli*[2]. Her maa *ø* vera eit gamalt *ei*: *heim-* > *høym-* > *höm-*, som samanlikningi millom dei norske maalføri syner. Sjaa ISVestl. I, s. 97, der ymse dialektformer er uppførde, millom deim ogso ei som er mykje lik den færøyske, nemleg *hömmill* Shl. Planta veks helst heime paa gardarne umkring husi og hev vel namnet sitt av det; jfr. m. a. dei islandske namni.

Um fær. *ø* for gn. *é* i *løtt* adj. nsf (= gn. *létt*), og um fær. *øə* for gn. *é* i *knøə* n. pl. (= gn. *kné*), og fær. *øə* for gn. *ǽ* i *vøən* adj. nsf (= gn. *vǽn*) sjaa ovanfor under **1 a** (slutten).

M e r k n. 463. Paa Skuvøy vert *ø* uttala med so liti runding, at han er mesta lik *æ*; *førjun* lyder her nærast *færjun*, Anth. I, s. 460.

β—γ. V i d k i n g a v r u n d e v o k a l a r.

β. V i d k i n g a v *ø* - l j o d a r. Liksom i nynorsk held gn. *ø* og *œ* seg jamnaste som *ø*-ljodar i færøysk, og vil ikkje som i islandsk gaa yver til *e*- eller *æ*-ljodar. Døme paa vidking av *ø*-ljodar er der likevel ogso i færøymaalet. Soleis:

Gn. *œ* > (*æ* >) *a* i ljodsterk staving i *maggúr* f. pl. (sideform til *møggúr*), *môr* og *dotter*, < **mœđgur*, jfr. nyn. *męgga* f. kvinna, Tel. *męđđa* Dal. Jedr., og *Meggjan* (utt. *mæđđan*) Fær. um ei kvinna i ei segn som elles ber namnet *Illa Magga* (FSÆ s. 79). I ljodlinn staving i *fåatæakúr* adj. fatig, < gn. *fátœkr*, jfr. *fatekr* YSbr 398_{21}; i færøyske kvæde ogso *fåatøəkúr*; *øə* > *ɪ*: *barsɪl* n. (ogso *barnsøəl* Jak.) < *barnsøl*.

[1] Um tydingi av namnet paa desse øyarne hev det fyrr vore mange underlege meiningar, sjaa Indledn. til Anth. I, s. VI. Forfattaren av Indledn., som kjenner baade Dicuil og „Historia Norwegiæ", meiner at „afledning af *fær* (f å r) maa ansees for højst sandsynlig, for ikke at sige som utvilsom". Naar han enno hev ein grand tvil, er grunnen den at øybuarne sjølve kallar øyarne „*Føroyar* (*Førjar*) og ikke *Færöyar*", og denne ljodskilnaden kann han ikkje forklaara. — Ogso fram med den norske havstrandi er der ymse øyar med namnet F æ r ø y, som hev namnet sitt fraa gn. *fær* n. saud.

[2] Ikkje *heimisnjóli* som det stend i ISVestl. I, s. 97_{27}.

Gn. *ø* (stutt) > *æ, eə* i *ærvė* komp. (sideform til *ævrė*) < gn. *efri, øfri,* helst i ordelaget *ui ærva,* høgre uppe, < *jd efra* D. Fær. s. 50_7, jfr. *efstan* ibid. 46_{22}; *ḱeəmúr* 3 sp < *kømr* (av *koma*), *treəvúr* 3 sp < *trøðr* (av *troða*), *sveəvúr* 3 sp for *sefr* < *sœfr* (av *sofa*) med *sv-* fraa gn. *suaf* impf.; *ærr* n. (ogso *øər*), ær, < gn. *err* (og *ørr*). Alle desse yvergangar kann vera fraa gamalnorsk tid. Yngre er vel *stægga* v. stogga (= fær. *støgga* i kvædi) < **stǫðga* < *stǫðva,* og *tærva* v. turva, < fær. *tørva*? med same tyding, men med uvisst upphav, sjaa under *γ*. Jfr. Rygjam. Merkn. 98 um slik yvergang.

γ. Gn. *ý* og *y* hev i fær. falle saman med *í* og *i* (som nemnt under **16 f**) liksom i isl. og sume heimenorske maalføre. Samanfallet synest ha vore yngre enn i islandsk. I D. Fær. finn me fulla *ssamtikium* 1 pp s. 50_{16} (Kirkiubø 1412, avskr. 1479), jfr. ogso *y* prp. for *í* Upt C (umkr. 1450), men elles vert det gjort greid skilnad millom *y* og *i* endaa ved 1600 i YSbr. Yvergangen kann daa ikkje vel vera gjenomførd fyrr enn i det 17 hundr. utanfor andre-ljoden i tviljoden *æi* < *æy* < *au*. I nokre faa ord kann det sjaa ut som um *y* hev gjenge yver til *ø*, t. d. *s̹jørta* f. gn. *skyrta*; *tørva* v. turva, jfr. gn. *þyrva,* sideform til *þurfa*; *nøgla* f., nyn. *nygla*; *nøsta* adv. nyst, no i stad, er forklaara som ei samandraging av *nú fyrsta* i Anth. II under *nústa*. Men yvergangen er tvilsam i alle. *s̹jørta* kann vera ljodlogrett yvergang av *skjúrta, tørva* paaverka av *tørvúr* m., um *nøgla* sjaa ovanfor under runding av vokalar; og *nøsta* minner sterkt um eit gn. **nú í stað,* uttala *no ì sta* Nfj. *í sta* Tel., jfr. *þegar í stað.*

Merkn. 464. I færøysk skrift i vaare dagar hev dei fleste teke upp den gamle skilnaden millom *i* og *y*. Dette valdar sumtid ustøda i skrifti, so me stundom finn *y* for *i*, og *i* for *y*: *typt* ptc for *tipt* (tept), *birjaði* 3 si for *byrjaði, kvyrt* for *kvirt* odl.; *níva* v. »trykke ned, knuge« i Ordlista i Anth. II, s. 223 burde vel vera *nýva,* med di det hev *ý* i norske maalføre som Tel. Rbg. Ryf. Shl.

δ. Lægjing, høgjing og framskot av vokal.

Gn. *e* er lægd til *æ* framfor lang eller samansett konsonant: fær. *brænna* v. < *brenna, hærna* v. < *hefna*; sameleis *o* > *å*: fær. *åddúr* m. < *oddr, skårta* v. < *skorta,* framfor stutt kons. (*đ*) i *tråava* f. < gn. *troða*; u er ogso lægd ein grand framfor nasal konsonant: fær. *summar* n. burtimot *sommar, stund* og *tuŋgúr* adj. burtimot *stond, toŋgúr.*

Gn. *e* er høgd til *i* framfor *j* av gn. *đ* eller *g,* t. d. fær. *hijan* adv. < *heðan, hijar* adv. < *higað, mijal* prp. (i kvædi) < *meðal, mijan* adv. < *meðan, mija* v. < *mega, stijė* m. smidjested < *steði*; *sija* v. < **sega* < *segja*; *tija* < **tega* < *þegja*; kanskje ogso *flija* f. olbogskjel, Patella vulgaris, < **fleða,*

jfr. *Flee* Sfj. (Chr. Jensøn, s. 22), og sjaa *Fleda*, tunn skiva, hjaa Ross, men isl. *flida*, og *flıa* Voss, Sogn, talar for upphavlegt *i*. *e* > *i* framfor gn. *rđ* i *ɡ̇ira* v. < gn. *gerđa*, setja upp gard; *girđa* v. Lund 12 (sjaa D. Fær. Innl. s. XXXIX) i avskrifti av Saude-brevet, der upphavsbrevet hev *gerđa*, og sameleis hev YSbr paa same staden *Girda*; jfr. isl. *girdingar* pl. gjerde, D. I. III 530_7 (1398, hds. fraa 1606), *Girđi* grdn (for vanlegt *Gerđi*), Barðastrandar sýsla no. 106, nyisl. *girđa* v. gjerda, *girđi* n. gjerde. Framleides *e* > *i* i fær. *tippa* v. < *teppa* (teppa, stoppa til), *tiva* v. teva, lukta, < *þefa*.

Gn. *o* (fær. oə) > ū framfor burtfallen *đ* og *g*, naar *a* eller *u* fylgjer etter; gn. *bođi* m. skjer, er paa fær. *boəjé*, men gen. sing. *būa*; sameleis *boəjé* m. boge, gen. sing. *būa*; fær. *lūa* v. < gn. *lođa*, *lūa* v. < *loga*, *rūa* v. < **rođa*, gjera raud, *skūa* v. < *skođa*; i ord som *boəjé* (i baae tydingar), *loejé* m. (< *logi*) kann u fraa cas. obl. ogso trengja inn i nom. sing. *būé*.

Um gn. *a* som hev vorte *æ* i ljodbundelen *ang* og *ank*, sjaa ovanfor Merkn. 459.

Merkn. 465. Av andre sjeldsynte yvergangar er nemnande *e* (eller *æ*) > *a* i *dassum* konj. dersom (venteleg dansk, paaverka av færøysk); *harlihait* f. danisme, paav. av fær. *harré*; *spæal* n. *spæala* v. leika, < **spæl*, **spæla*?, jfr. nyn. *spæl* n. *spæla* v. Shl. (*spællə* v. Bergen). — *ē* for vanleg nyn. *ǣ* hev færøysk i *streəv* n. *streəva* v., jfr. *strev*, *strevə* Bergen, elles vanleg nyn. *stræv*, *stræva*; for *streəven* adj. mødesam, er ogso sagt *stræavın*, = nyn. *stræven* Hordaland.

o er framskoten til *ø* i *ui fjøər* < gn. *í fiorđ*; *bødlıŋgúr* m. halvvaksen torsk, lubbetorsk, ogso *bådlıŋgúr*, kannhenda tvo sjølvstendige ord, det eine til *bødlúr* m. ball, det andre til *bodlé* m. rund skaal, ogso um einkvar annan tingen som er rund og lubben; *bøltúr* m. (= *båltúr*) bolt, ball; *løəta* f. stund, jfr. gn. og nyn. *lota*, rid; *nøərejé*, Norig, < *Noregi*, i vanleg tale no oftast *nårra*, *-é*, ogso *noərejé*, fraa Sandøy dessutan uppgjeve *ui nårruiǧjé* < *í Norríki*, jfr. Fær. s. (Rafns utg. s. XXVI); *nøət* f. (oftast *nøəta*), nòt, < gn. (*h*)*not*, som ogso i nyn. er uregelrett, med di det heiter *nata*(*r*-) i samansetningar. Grunnen til *ø*-ljoden i desse høve er vel at gn. o og *ǫ* til deils i færøysk hev falle saman til *ø* som dei i norsk hev falle saman til o. Hit høyrer kanskje ogso fær. *trødl* n. < gn. og nyn. *troll* (isl. *trødl*). Sjaa Merkn. 478.

Merkn. 466. Uregelrett er vokalen i fær. *skuré* m. ein ung maase, vel same ordet som gn. *skári*, nyn. *skaare* med same tyding; upphavleg *á* viser ogso »*Scaurie, Scorey*« Orkn. (Jameson), *skōri* Shetl. (Jakobsen). — Fær. *mail*, *maila* f. »mundbid i bidsel«, vik av fraa gn., isl., nyn. *mél* n. d. s., og nyn. *mila* f. d. s., »eller nærmest Ringene paa Siderne af Mundbiddet«, Tel. Hall. Valdr. (Aasen), *hovemila* og *hovemil* f. beisl utan munnbit, Shl. Jfr. fær. *mailúbåksl* n. »bidsel med *mail*« (Jakobsen), *m*ᵉ*ilarbaitl* n. beisl med munnbit, Voss, »*Milebeisl* n. Bidsel med Ringe, Valdr.« (Aasen). — Gn. *mastr* m. (gn. *sigla*, *viđa*) heiter i færøysk oftast *maistúr* m. (ogso *mastúr*); hertil vel ogso »*Majsterurt*, Ligusticum scoticum« hjaa Landt, s. 185. Sameleis *kva*ᵃ*stúr* m. fægjekost av fuglevengjer,

oftare enn *kvastûr*, dsk. *kvast*; jfr. *fraᵃst* n. frest, og *fraᵃsta* v. drygja, < gn. *frest* og *fresta*. *blaiktra* v. sideform til *blaktra* (= nyn. *blakra*, blaka), jfr. gn. *blaka*.

Merkn. 467. I ljodlinn staving hev upphavleg *i* i *Cecilia* vorte *a* i nyf. *sissal*, skr. *Sisæliv* umkr. 1400 (D. Fær. Innl. s. XXVI); synest sumstad i Norig ha fare same vegen ei tid: *Siedzsala* D. N. IX 219_{14} (Eiker 1413, avskr. 1583), men heiter no i Norig gjerne *Seselja* (nyisl. *Sesselja*) og *Sissel*, paa Voss: *Sisęlja* (avstytt *Silla* og *Sęlla*). — Til *ainsamadlûr* adj. eismall, < gn. *einsamall*, hev færøysk ogso sideformi *ainsûmadlûr*, der *a* i trykklett stoda hev slakna til *ů*.

ε. Utjamning av vokalar.

Gn. *fyrir* prp. *yfir* prp. *ymiss* adj. hev i fær. vorte *firė* (no ogso konj. for di), *ivır* og *imissûr* (med ei utvida sideform *imiskûr*). Me finn *firir* alt i SkF, men dei andre gamle kjeldor hev ofte *y* (*fyr*, *fyrir*), og YSbr hev jamt *y* i *fyrir* 397_{24} o. fl. *yfir* 392_9, der upphavsbrevet hev *firir* (Sbr 18_3) og *yfir* (Sbr 8_9), so det er mest likt til at utjamningi av vokalarne i desse ordi ikkje hev vore gjenomførd i færøymaalet fyrr enn i det 17 hundr. samstundes med den aalmenne yvergangen *y* > *i*. Gn. *herbergi* n. > *hærbærǵė* som paa Sudvestlandet i Norig (ISVestl. I, Merkn. 316). Vokalutjamning er vel grunnen til formerne i dei nye ordi: *bæara* adv. berre (nur) liksom paa Island og i nokre nyn. dial. (*bara* Rog. VAgd.); *ganska* (jfr. Rygjam. s. 100_1) og *kanska* adv.; *glæavarspjout* (i kvædi) til »glavind«; sameleis i *bartal* Mn av Bartholomæus.

I tvostavingsord med upphavleg *e* i fyrste stavingi og *i* i endingi er der ofte utjamning til *i* (*ı*, *ė*) i baae stavingar. Soleis i notidi av gn. *segia* og *þegia*: *sijır* < *segir*, *tijır* < *þegir*; i mange perf. ptc, t. d. *bijė* < *beðið* (av *biðia*), *drijın* < *dreginn*, *rik̑ın* < *rekinn*, *tik̑ın* < *tekinn*, *vijın* < *veginn*, *dripın* < *drepinn*, *ǵivın* < *gefinn*, *grivė* < **grefið* (gn. *grafit*), *lisė* < *lesið*, *ǵitė* < *getið*, *sitė* < *setið*, men *eətė*, *veərė* < *etið*, *verið*; ogso i *drijıl* m. strimel, < *dregill*, men elles held *e* seg i slike høve: *speəjıl* m. < *spegill*, *meəjın* n. < *megin*. Jamningi maa ha byrja der det gjekk ein *j*-fengen konsonant straks fyre endingsvokalen *i*: *segir*, *tekinn*, *veginn*, eller ein *ð* (*beðið*), som i færøysk i denne stoda hev vorte *j* (sjaa ovanfor under 12). I verbalformer av dette slaget er utjamningi i færøysk gjenomførd, ogso i kasusbøygjingi av particip (t. d. *dridnır* npm av *drijın*); sidan hev andre particip (t. d. *dripı* < *drepið*) fylgt etter ved jamlaging. Utanfor verbalbøygjingi er det vel bøygjingstvang som hev stogga utjamningi. I ljodlinn staving finn me vokaljamning i *silviknė* (ogso *silvitnė*), blikstilt hav, < gn. *silvetni*, vatn som renn sagte; *-minnė* i mange samansetningar, t. d. *bååvûminnė* adv. paa baae sidor, < gn. *báðum megin* (sjaa ISVest. I, Merkn. 351) med tillegg av den vanlege færøyske ending *ė* i

mange adverb (sjaa s. 111, 4), *hinúminnė* (ogso *hinúmeəjın*), paa hi sida, *hansaraminnė*, paa hans sida, *høgrúminnė*, *imsúminnė*, *æstaraminnė*, paa øystre sida, o. fl.; sameleis *aisin(n)ė* adv. ogso, for *einsegin*, jfr. nyn. »*Eyse* i. e. Ocsaa«, Sfj. 1646, Chr. Jensøn[1], isl. *einnig*, *einnegin* adv. paa same vis (etter S. Bugge, Anth. II under *eisini*); hit høyrer kannhenda ogso fær. *hissinė* adv. eig. hin vegen ɔ: ikkje for aalvor, paa moro, paa læstom, jfr. isl. *hinseginn* adv. »the other way« (Zoëga); *iȟȟė* adv. < *ekki*. Utjamna er ogso vokalarne i *kussú* eller *kvussú* adv. Ross, korleis, < *huersu*, *aiŋkúltúr* adj. einskild (nytt ord etter dansk). I sume høve kann det vera tvilsamt, um det er utjamningstrong eller andre moment som hev vore sterkast til aa gjera vokalarne like, som i *blømmøərúr* m. blodpylsa (med talg i) < *blóðmǫrr*, jfr. nyn. *mòr* m. spikepylsa, Berg. st.; *húsbøndė* m. og *høsbøndė*; *nuḑḑú* num. < *níu*; *øskúdølgúr* m. (oskeladd) lyder i snøgg tale mesta eller stundom heilt som *øskødølgør*[2], og sameleis *øskú* i andre samansetningar: *øskøduŋḑė* m. oskedunge, *øskøkalt* adj. n. kaldt fordi elden hev slokna, o. fl.

Sume av dei former som i **16 a** (s. 90) er uppførde med *i* i roti, kann og vera utjamningsformer.

ζ. *a* i endingar held seg godt i færøymaalet. Han hev berre i nokre former vorte *ė* etter jamlaging med andre. Soleis endar komparativ i ubundi form alltid no paa *ė*: *spæakarė* i alle høvi, og sameleis mesta alltid præs. particip: *fæarandė*. I verbalbøygjingi er *a* i 1 pers. sing. i alle dei høvi han stend i gnorsk vorte umbytt med *ė*: *eə fæarė* 1 spk, gn. *ek fara*; *eə kastė* 1 sp og 1 spk, gn. *ek kasta*; *eə kastajė* 1 si, gn. *ek kastaða*; *eə hæijė*, gn. *ek hafða*. Dette er daa som i nyislandsk, berre at islandsk held paa -*a* i linne verb av *a*-klassa (*kasta*) so nær som i Eyfjord (*kastı*).

η. Med umsyn paa endingsvokalarne *i* og *u* er der i vaar tid ikkje so lite skipl i færøymaalet, helst so at *ú* framfor *r* ofte maa vika for *ı*, og *ú* i stavingsutljod maa vika for *ė* eller *ə*, og til deils umvendt. I maalet fraa Sandøy kann ein høyra *gøḏır*, *lampır*, *vøggır*, *vuisır* for *gøtúr*, *lampúr*, *vøggúr*, *vuisúr*, og umvendt: *fæajur*, *brouʷur* for *fæajır*, *brouır*. — Um skipling av uttalen i halvljoden: *batır* m. (< *bátr*) og *batur*, *bråijır* adj. (< *breiðr*), sjaa under **8** ovanf. — Endaa paa SStraumøy kann ein høyra: *bånd o luinır*, *vuisır* f. pl.; *dimmė lattúr* (for *lattir* ɔ: lettnar), myrkret

[1] Ordet hev livt i NHordl. i 18 aarh.: *æijsen* Am. Additam. 399 qv, s. 3 („it u tidig ordsprog, som er kommen i Vane, børn effter forældrene").

[2] *øskúdølgúr* < *ǫskudólgr*, sisteleden *dølgúr* m. tyder i færøysk „meget senfærdig fyr" og er same ordet som nyn. *dòlg* m. leting, lat gut, Ndm. Namd. Ndl., jfr. *dòlgen* adj. doven, og *dòlgesmak*, Sogn.

gjev seg, det dagast; *sijúr* 3 sp < *sijr*; *láinúfundúr* m. løynlegt møte, løynmøte, for *láinéfundúr*.

Det er sjølvsagt at den uroi i talemaalet, som hev sin grunn noko i uklaar ljodføring av endevokalarne, noko i ulik ljodvokster i maalføri, som ved samferdsel kann verta samanblanda, ogso til deils kjem fram i skrift. Det er heller merkelegt at der i prenta bøker ikkje er meir skipl, so liti upplæringi hev vore i færøysk.

ϑ. Burtfall av vokal og stavingar.

I ord med meir enn ei staving hev ikkje sjeldan ein vokal i stavingi falle burt, stundom saman med ein eller fleire konsonantar. Døme: *áasaráitiŋg* f. det aa taka ulli av sauden, < *áasæiaráitiŋg* < *ásauðareyting*; *gæamalsa-* i smn. *gæamalsakroəv* n. skrott av saud, som er yver eit aar, o. fl., er stytting av *gæamal-sæi*, saud som er meir enn aarsgamall, men samanhengen hev vorte burte for maalvitet, so det hev laga seg ei ny form *gæamalsasæiúr* med same tyding som *gæamalsæiúr*; i *s̡jinsaƙøət* n. kokt, linnsalta saudkjøt, som hev henge ei kort tid og torna, er *s̡jinsa* perf. partic.; *æirjė* m. aure, < **æiriðı* < *auriði*, jfr. *orje* m. (< *auriði*) Nhl.; *fastnaroər* n. festarord, < *fastnaðarorð*; *til fúlnar* < *til fulnaðar*; *hældrın* for *hældúr ænn* < *heldr en*; *kárthildêné* adv. kor som er, likevel < *hvárt heldr en*, jfr. *kártėnė* adv. < *hvárt en er*, der *en* i baae hovi er rel. part. *en* (= *sem*); *káŋgúr* < *konungur*; *mikúdæarúr* m. < *miðvikudagr*. I ordelaget *ait ui nádn o anna ui sádn*, »i modsatte retninger, til alle mulige sider«, maa vel *nádn* (skr. *norn*) og *sádn* (skr. *sorn*) vera samandraging av *norrœna* og *suðrœna* (*ætt*), soleis eig.: eit i nord og eit i sud. *niklas* (1479 skr. *Nichlass* gen. D. Fær. s. 51_8) < *Nikolaus*, ogso *nijals* og *nils*, jfr. nyn. *Niklas* Tel. o. fl. og det vanlege *Nils*; *rîlgioun* tidt for *religion*; ofte i stadnamn med avleidingar: (*uí*) *áindafirė*, bygd paa Austurøy, < *œyndar firði* SkF < *Eyvindarfirði*, *bárjaruik* < *Borðeyiarvik*, *førjar* < *Færeyjar*; *s̡júurúr* < *Sigurður*, sjaa **16 e**, Merkn. 455; *surjar* gen. < *Suðreyiar*, i nom. *súrádd*; *áa túualė* (og *touale*) i bygdi Mykines, skr. *á Túvuvødli* etter namnlista i Fær. sagn og æventyr, med *a* fraa *vallar* (*valli*); *áa vijaraiė*, Vidareid paa Vidøy, < *a Vidareide* D. Fær. s. 44_{23}, umkr. 1400, < *á Videyiareiði* (?). Sterk samandraging er der i *ainans* adj. (einaste), i neutr. *aittans* av *ain ainastė* og *aitt ainasta*; *fásdir* f. pl. < *forstofudyrr*; *nøsta* adv. < *nú í stað*, sjaa ovanfor under *γ*. — *tai* konj. daa, < *táajė* < *þá eð*: *tai dair koəmú*.

Endestavingi *ði* er (gjenom *ji*) burtfalli i *andrė* Mn (ogso *ándrė*) < *Eindriði*; *mjølkabi* n. mjølkebytta, < **mjólkarbiði* (jfr. *bide* n. kirna, Snm.); *kalvė* m. (med *lv* for *vl*, sjaa nedanfor under **16 m**) kveita, heilagfisk,

< *kafliði*, eig. djupgangar; jfr. *kalvasamflundra* f. (< **kaflidasandflundra*) kveitebarn. Burtfall av *ð* er fulla grunnen til at me for ord paa *-naðr* m. stundom finn ord paa *-nė* m. eller *-na* f., t. d. *búunavúr* m. (< *búnaðr*) = *búunė* m. *dunavúr* m. (< *dugnaðr*) = *dunė*, *fagnavúr* = *fagnė*, *måanavúr* = *måanė*, *sjilnavúr* = *sjilnė*, *lagnavúr* = *lagnė* m. og *lagna* f. I sume sudvestlandske maalføre i Norig er det noko sameleis, sjaa ISVestl. I, Merkn. 192, og *måne* for *maanad* er endaa vidare utbreidt, men her hev sjølvsagt samanblanding med gn. *máni* (luna) hjelpt til[1].

I utljod er i færøysk vokalen burtfallen i *truiati* (30, i kvædi) < **tríati* < *þríatigi*, no *treətivú* (paav. fraa dansk); sameleis i *fjøərúti* (40), sjeldan *fimti*, *sæksti* (jfr. *segstighi* D. Fær. s. 38), som no er avløyst av ein annan teljemaate, sjaa Ordformer (**17 d**).

I snøgg daglegtale er der elles mange samandragingar og avstyttingar, t. d. *tēr iķķė soə* eller *tē'ķė soə* for *tæa er iķķė soə*.

Merkn. 468. 1. Naar me tek undan namnet paa onsdag: *mikúdæavúr* (sjaa s. 108; paa Suderøy ou*nsdēır*), er dei gamle namni paa vikedagarne ikkje samandregne i færøysk. Gn. *sunnudagr* er *sunnúdæavúr* (*sunnúkvøld* n. sundagskveld), og vyrkedagarne (*irkúdæunır*, *ǵeərandısdæanır*) heiter: *måanadæavúr* < *mánadagr*, tu*ⁱsdæavúr* < *týsdagr*, *hösdæavúr* (Suderøy: tou*sdēır*) < *þórsdagr*, *fruǵǵadæavúr* < **fríadagr* (vanleg gn. *friádagr*), *læiardæavúr* < *laugardagr*. For kvitsundag er sagt *kvuitúsunnúdæavúr*. gn. *huítasunnudagr*.

2. I fyrstningi av ord fell gn. kons. *i* (eller *j*) burt i færøysk etter *r* med konsonant fyre, t. d. fær. *brouta* v. < *brióta*, *drigvúr* adj. (< *drúgvúr*) < *driúgr*, *grout* n. < *griót*, *krúupa* v. < *kriúpa*, *trouta* v. < *þrióta*, *strúuka* v. < *striúka*; i Straumøy-maalet ogso etter berre *r*: *routa* v. sturta, < (*h*)*rióta*, *roumė* m. = nyn. *rjome* (*rúuka* v. vel allstad for gn. *riúka*). Sameleis fell *j* ofte burt etter *l* med konsonant fyre og etter *sm*, t. d. *fligva* v. (< **flúgva*) < *fliúga*, *floutúr* (og *fljoutúr*) adj. < *fliótr*, *bligvúr* adj. < *bliúgr*; etter berre *l* i *ligva* v. < *liúga*, men *ljous* n. *ljousúr* adj. *ljoutúr* adj. o. fl.; *smigva* v. < *smiúga*. Jfr. ISVestl. I, Merkn. 337. *i* (eller *j*) fell burt etter *t* framfor infinitivendingi *a* i nokre verb med upphavleg stutt staving, til deils ogso elles i dilik stoda, t. d. *flita* < *flytia*, *seəta* < *setia*, *sita* < *sitia*, *veəta* v. (eig. væta, men brukt i tydingi: væta halsen, drikka litt; impf. *vattė*) < **vetia*, til *vat-* i *vatn*[2]; etter gn. *ð* i *glēa* v. < *gleðia*; etter *s* i *flisa* v. < *flysia*, *tisa* v. sturta fram, < gn. *þysja*. I verb med *gi* framfor infinitivendingi i gnorsk hev vel ogso fyrst *i* falle burt, og *g* sidan vorte *j*: fær. *sija* < **sega* < *segia*, *tija* < *þegia* (jfr. fær. *hijar* adv. straks, < gn. *þegar*); sameleis i gamle langstavingsord: *vuija* v. < **víga* < *vígia* (jfr. *aija* < *eiga*), og — etter andre vokalar enn *i* — med burtfallen *g*: *lǣa* < *lægia* (gjera lægre), *plōa* < *plœgia*, *slōa* v. sløgja, taka slog (*slægv*) or fisk; *tǣa*, tæja, løysa upp, < *tægia*

[1] I gamall austnorsk synest *máni* til deils ha vore brukt for *mánaðr*: *á tolf mana fræsti* Kgs. $7I_3$ (Brenner), *halfs manæ stæfnu* D. Norv. IV, s. $3I2_{10}$ (1347).

[2] Er denne slutnaden rett, hev me her eit eldegamalt verb i færøysk, som ikkje elles er paavist i germansk; det er ein parallel til got. *natian* v. væta, til **nats* adj. (gsaks. *nat*, vaat), og til tysk *nasz* og (*be*)*netzen*.

(jfr nyn. *tæa, tæ* v. d. s. Shl., og fær. *tǣa* f. tægja, korg fletta av straa). — Hit synest ogso høyra fuglenamnet *rita* f. krytja, Larus tridactylus, < **hrytia*, jfr. isl. *rita* d. s. og gn. *rytr* m. d. s. Sjaa Falk og Torp's Etym. Wörterb. under »Krykje«. — Burtfallet av *i* etter *t* er i alle fall meir enn 200 aar gamalt, um me kann døma etter skrivemaaten *sita* i YSbr 399₁.

3. Gn. kons. *u* (eller *v*) er burte etter *s* i fær. *soə* adv. < gn. *suá* (Merkn. 428). Liksom i gnorsk er *u* ogso burte framfor gamall *o* i fær. *såltın* adj. svolten (gn. *soltinn*, eig. ptc av *suelta*), og i *hårvın* ptc (av fær. *kvørva*) = gn. *horfinn* (av *huerfa*). Sameleis er *u* burte i *kårtènė* adv. likevel (til gn. *huárt*), *kussü* adv. < *huersu*, og i *åŋkür* pron. < *einhuerr*; med di *k* i desse tri ordi er gn. *h*, kann *u* her ikkje ha falle burt fyrr enn *hu* hadde vorte *kv*, og soleis knapt fyrr enn i 15 hundr., sjaa yvergangen *hu* > *kv* s. 117. Naar me i færøysk i vaar tid finn *v* etter *s* og *k* framfor rund guttural vokal i ymse verbalformer som *svoəmė* ptc, *svour*, *svourü* impf., *kvåppė* ptc, *kvukkü* impf. plur., maa *u* i desse høvi vera innkomen att ved jamlaging eller bøygjingstvang, ein tilgang som i heimenorsk kann paavisast alt i gnorsk tid, sjaa ISVestl. I, Merkn. 338.

Etter *gg* og *kk* er kons. *u* burtfallen i færøysk i infinitiv og andre former av verb som *høgga, støkka, søkka* < gn. *hǫggua, stǫkkua, sǫkkua*, men held seg etter *l* i *mjølva* v. (< **miǫlva*) paa same vis som i Hordaland (ISVestl. I, Merkn. 338, s. 121).

Liksom i Norig hev former med *j* paa Færøyarne avløyst dei eldste med *v* i infinitiv av verb som *sinǥa*, syngia, *trånǥa*, trenga, *tiǥǥa*, tyggja; ogso i *svuiƙa*, svika, *vuiƙa*, vika; *j* for gn. *v* er der dessutan i fær. *mjørƙė* m. (Merkn. 454), og i *mirƙa* v. (gn. *myrkua* og *myrkia*).

ι. Innskot av vokal.

Innskot av *i* etter *æ* (gn. *e*) framfor *ŋg* (gn. *ng*) er fyrr umrødt under vokallengjing (s. 99). Sameleis er vanlegt innskot av *ü* millom konsonant og endingi *r* umrødt under **8** (halvljoden). Av andre vokal-innskot er nemnande:

1. *a* er innskoten framfor endingi *rė* i dat. sing. fem. av adjektiv og sume pronomen: *spæakarė*, gn. *spakri*; *ångarė*, gn. *engri*; jfr. ISVestl. I, Merkn. 378. — *a* er komen til etter utljodskonsonanten i *hennara*, gn. *hennar*, og andre pronominale genitivformer som *åkkara*, vaar, og *tikkara*, dykkar, kannhenda ved jamlaging etter *ta'rra* gpl < *þeirra*; endaa gn. hans hev vorte utvida til *hansara* (jfr. nyn. dial. *hans'əs, hass'əs* Austl.). — *ljouarė* m. ljore, takhol til aa sleppa ut røyken, < gn. *ljóri*, heiter paa Suderøy *ljågvarė*; her kann vel *a* vera innkomen fyrst millom *gv* og *r* ved utvidingi av formi sunnanfjords og sidan ha breidt seg vidare utyver.

2. *ė* er komen attaat som ending i ymse former etter jamlaging med andre. Gnorske ord paa *-arr* hev fenge endingi *-arė* eller ei sideform med *-arė*, og vert daa bøygde som *an*-stomnar, t. d. *hæamarė* m. (og *hæamar*) < gn. *hamarr*; *jǣar*(*ė*). gn. *iaðarr*; *næavar*(*ė*), gn. *nafarr*, altsaman venteleg etter jamlaging med ord som *læararė, maistarė* osfr. — I færøysk endar *hin* og den etterhengde substantivartikel i nom. og akk.

plur. i neutr. paa *ė*: *hinė*, *hùusėnė*, gn. *hin*, *húsin*. I gnorsk finn me elles ogso *hini* nokre faa gonger i Hauksbok, t. d. 159_{20} (sjaa ISVestl. I, s. 184). Formi er vel jamlaga etter neutr. plur. av pronomen som *engi*, *þessi*. Ogso *ain* og *kvøər* hev i denne formi *ainė*, *kvørjė*.

3. Merkeleg er i færøysk endingi *ė* i 1 pers. præs. ind. av sterke verb, t. d. *e(ə) fæarė* < *ek fari*, gn. *fer*; *bjouė* < *bjóði*, gn. *býð* (ogso *bjóð*); *råajė* < *ráði*, gn. *ræð*; sameleis i linne verb av typen *fræmja*: fær. *e(ə) fræmjė*, ogso *e hæavė*, *e eərė* av *hæava*, *veəra*. Tek me undan *eərė*, fell alle desse former saman med 1 pers. konj. i færøysk no, jamvel i tonelag: *fæar`ė*, *bjou`ė*. Ein vil difor snarast tru, at det er ei konjunktivform som er yverførd til indikativ. Fraa eit sterkt bruk i undersetningar kann konjunktiven ha trengt seg inn i indikativ; og naar færøysk hev *eə kastė* (< *ek kasta*) i præs. ind., maa *-ė* her vera fraa præs. konj., med di gn. *a* elles regelrett held seg i slik utljod i færøysk (**16 h**, ζ). Noko underlegt er det likevel at konjunktiven i præsens berre er yverførd til 1 pers. (liksom i got. *viljau*). Det heiter *e bjou`e*, men *tùu buijùr*, *han buijùr* (< *býðr*). Dette kann tyda paa ein viss trong til aa skilja ut vokalen i 1 pers. fraa 2 og 3 pers., liksom i eldre gnorsk (*bjóð*, *býðr*, *býðr*) og enno gjenomført i tysk (*halte*, *hältst*, *hält*), og det styd dr. Amund Larsens meining i Ark. XXV, s. 75 flg., at 1 personsformi i notid av sterke verb i færøysk hev sitt upphav i den ikkje-ljodbrigda eldre formi i gnorsk (*bióð*); i alle fall maa det medgjevast, at det synest vera ein samanheng millom den eldre gnorsk og færøysk no i dette stykke. Men løyst er ikkje spursmaalet med dette; det hev fleire sidor, som treng utgreiding, som det likevel ikkje her er rom til aa gaa inn paa (sjaa Noreen ^{3} § 488, Anm. 4, § 520, Anm. 5 med tilvisingar). — Endingi *i* i det nemnde høve maa vera noko gamall i færøysk, for alt i 15 hundr. finn me: . . *þvi æk hafi* Upt C 20, bl. 11 a, . . *þvi æk radi* ibid. bl. 36 a.

4. Adverb og konjunktionar paa *-an* fær ofte tilhengt ein *-ė*: *mijanė*, gn. *meðan*; *suijanė*, gn. *síðan* o. fl. *-ė* er her fulla partikelen *ið* (< *eð* < *er*), som hev stade etter konjunktionen: gn. *meðan er* > fær. *mijan i*; sidan hev partikelen vakse saman med konjunktionen og adverbet. I ord som *annastæanė*, annarstad, *åŋgastæanė*, ingenstad, minner *stæanė* sterkt um gn. *staðina* apl, men fyrsteleden vil sumtid høva betre til *staðinn* asg, og me hev daa same tilsetnad av *-ė* her som i adverb paa *-an*. *-ė* er ogso tilkome i *æinsæarė* adv. < *einn sér*, for seg sjølv, ogso *æinsæaris* (etter *sardailis* odl.), og i *attùrė* (»*frammė o attùrė*«), *burtùrė* (burte).

5. Ein *ė* er sumtid innskoten millom konsonantar, som det synest for godklangen skuld. Soleis i nom. og akk. plur. bundi form av konsonantiske

einstavingsstomnar millom *r* og *n*, t. d. fær. *bøəkrėnar* < gn. *bœkrnar*, *hændrėnar* < *hendrnar*. Ogso i *firėvaldúr* m. (eller *firvaldúr*), fivrelde.

Merkn. 469. Mannsnamni *hæanıs* (*-nús*), *jæanıs* (*-nús*, ogso *jeənıs*), som i vaar tid lyder framande for norske øyro (jfr. *Hans*, *Jens*), hev sjølvsagt vokalen i siste stavingi fraa Johannes (fær. *jouanıs*)[1], som er upphavsformi til alle dei nemnde. Ei egt og mykje vanleg færøysk form av same namnet er *jǣgvan*, ljodrett framvakse av *Jôhan* (sjaa s. 114). — *Jænis* finn me i Bergen 1398 (D. N. I 562_{19}), *Janison* i Bergen 1415 (D. N. I 643_4), og i Torshavn 1442 (D. Fær. s. 51: *broder Janis Nichlass son*). *Hannes* (*-is*, *-ús*) er brukt i Norig alt i 14 hundr., og er enno i bruk paa Island.

ϰ. Konsonantisk utviding av vokal.

Sermerkeleg for færøymaalet er ljodutvidingi dei tviljodar hev fenge, som endar paa ein *i*- eller *u*-ljod — *ai*, *åi*, *æi*, u*i*, ou, *ú*u av gn. *ei*, *ey*, *au*, *í* (og *ý*), *ó*, *ú* —, naar dei i ljodsterk staving stend i utljod (upphavleg eller etter burtfall av *g* eller *v*, *f*) eller framfor ein vokal. Dei tviljodarne som endar paa ein *i*-ljod, fær daa vanleg ein auke av *đđ*, og dei som endar paa ein *u*-ljod ein auke av *ggv* (her skrive *gv*); framfor denne auken vert tviljoden stytt etter dei vanlege reglar (sjaa under vokalstytting her ovanfor s. 100). Døme: *dađđ* n. < **dai* < **deig*, isl. *deig* n., gn. *deigr* m., nyn. *deig* f.; *rađđa* v., nyn. *reia* < **reigia* (sjaa »Rei« n. hjaa Ross, 1ste till.); *håđđ* n. < *håi* < *hey*, *måđđ* f. < *mey*, *åđđ* f. < *ey*, *dåđđa* v. < *deyia*, *gåđđa* v. < *geyia* v.; — *hæđđúr* m. < eldre fær. *hæijúr* (i kvædi) < *haugr*; — *kvuđđ* f. < **kvui* < *kví*; *vuđđ* n. < **vui* < *víg* (draap); *nuđđú*, *tuđđú* < *níu*, *tíu*; *stuđđúr* m. < **stí-ur* < *stígr* (gongestig); *bluđđ* n. < **blui* < *blý*; *muđđ* n. < *mý*, *fluđđa* v. < *flýia*; — *klægv* f. (< *klågv* Suduroy) < *kló*; *jægvan* < *Joan* D. Fær. s. 52_9 (1479); *lægvė* m. < *lófi*, *prægv* n. < **pró* < *próf*, *prægva* v. < *prófa*, *rægva* v. (*rågva* Suduroy) < *róa*; *skæggvúr* m. < *skór*, og *skæggvúr* m. < *skógr*; *ægvast* v. ræddast, < *óast*; *ægvilia* adv. fælt, jfr. nyn. *oaleg*, ottefull, Tel. — *bigv* n. < *bú*, *kigv* f. < *kú*, *bigva* v. < *búa*, *bligvúr* adj. < *bljúgr*, *higva* f. < *húfa*, *åa grigvú* < *á grúfu*; *nigva* (»lille enligtstående fjæld«) < **núfa*, jfr. nyn. *nuvl*, *knuvl* o. fl.

I upphavlegt *ēa* (jfr. ght. *sëhan*), gn. *iā*, sidan paa Island og oftast i Norig *iá*, maa færøysken i ljodsterk staving ha halde uppe *í* som vokal og lagt ettertrykket paa den, so *i* hev vore lengd og *a* stytt: fær. **sía* v.

---

[1] Jfr. *Jouansson* Herjed. 1493 (D. N. XIV 181_{10}), um rett lese. Me finn nemleg ogso eit (*Pæder*) *Jonansson*, kannik i Oslo 1436 (D. N. III 735_3) og (*Olaff*) *Jonanson*, raadmann i Oslo 1437 (D. N. III 740_5). *Jonansson* av *Jo(h)ansson* ved *n*-innskot millom vokalar framfor *n* (jfr. nyn. dial. *monen* for *moen*). Av *Jonansson* kunde verta *Nansson* (liksom *Hansson* av *Johansson*).

for gn. *siá, sjá*. Dette speglar seg av i maalet no, der formi er *suđđa* < **suiggja* < **síjja* < **sía*, sameleis som *fruđđa* v. (fria, béla) hev vakse fram av eit eldre *fría*, som det enno heiter i nyn., og som vel ogso hev vore til i gn. jamsides med *friá*, jfr. *nuđđú* < *níu*. I fær. er der mange former som maa forklaarast av *ía*, soleis *buđđar* gsg — i kvædi, til *bøəvúr* m. bø, gard — < **bíar*, gn. *biár*, nyn. *bjaar* i grdn Bjaarvik, Bjaarstøyl o. fl., jfr. fær. *buđđarmæavúr*, mann fraa Bø-bygdi; *fuđđa* v. < **fía*, gn. *fiá* (hata); *fruđđadæavúr* m. < *fríadagr*; *fuđđar* gsg (av *fæa* n.) < **fíar*, gn. *fiár*; *gluđđa* v. < *glía*, gn. *gliá*; *kluđđa* m. gsg (t. d. i *kluđđastainúr*, kljaastein) < **klía*; *knuđđa* gpl (av *knæa* n. kne) < **knía*, gn. *kniá*; *luđđé* m. nsg, jamlaga etter dei obl. kasus *luđđa* < **lía*, gn. *liá*, obl. til nom. *lé*; *skuđđé* m. nsg (skjaa), etter gpl **skía* eller etter *luđđé*; *truđđır* num., gn. *þrír*, etter akk. som no heiter *truđđar* < *þría*, men jamlagingi maa her ha gjenge for seg fyrr formi med *đđ* hadde vakse til, med di me finn *þrier* (ɔ: *þríir*, jamlaga etter *þría*) alt umkr. 1400, D. Fær. s. 39_{9}, liksom me i YSbr finn ein dativ *þrium* 391_{22}.

đđ maa vera eldre *ggj* framvakse av *jj* etter *i*-ljoden i fyrevegen. Ogso i Norig høyrer ein ikkje so sjeldan *i*-ljoden enda konsonantisk i utljod eller framfor vokal, helst i høgmæla eller naar ordet hev sterkt ettertrykk, t. d. *eg ve vęrə frij*; *de e jort i en fæij*; ogso etter *y*: *båťn e nyj, han villə sęllə halmən, men ikkə höyjə*, Bergen. — Alt i gnorsk tid kann vel denne *j*-ljoden ha vore til og hev kanskje samanheng med skrivemaatar her og kvar som *flygia* (for *flýia*) Didr. av Berns soga s. 150_{2}, *møygjar* (for *meyiar*) ibid. 158_{6}. Dette kann ogso vera grunnen til skrivemaaten *nordræygium* SkF i D. Fær. s. 28_{8}, men er den tid fulla ikkje sermerkelegt for færøymaalet; jfr. m. a. *Færæygium* D. N. X 9_{13} (Bergen 1308, Am. avskr.), og sjaa Rygjam. s. 61 (øvst), ISVestl. I, s. 131 (nedst), og s. 134 (nedst).

Det gutturale *gv* er konsonantisk utviding av dei gutturale vokalar *ó* og *ú*; *gv* i *kigv* er fraa den tid ordet endaa hadde *ú*: *kú* > **kūgv* > *kuggv*; so hev u gjenom *u* vorte framskoten til *y*: *kyggv*[1], som det enno til deils skal heita paa Suderøy, og sidan hev *y* ved den vanlege itakisme i maalet vorte *i*: *kiggv*, her skrive *kigv*. Former som *digva* f. < *dúfa*, *sigva* v. < *súga*, *trigvúr* adj. < *trúr*, *tigva* f. < *þúfa* maa hava sitt næraste upphav av **dúa*, **súa*, **trúúr*, **túa*, og *v* i fær. *trigvúr* hev eit anna upphav enn *v* i gn. *trygguan* asm av *tryggr*. Paa same maaten hev *róa* v. vorte til **roggva*, der *o* sidan er framskoten til *ø*: *røggva*, som ved delabialisering

[1] Rask (Fær. s. 264) fører upp: *Kygv, snygva* (< *snúa*), *trygvur, trygva, dygva* (< *dúfa* f.).

av *ø* til *e* hev vorte **reggva, ræggva*, her skrive *rægva*. I sume ord kann ein endaa stundom høyra (eller synast høyra) *ø*, soleis *sjøgv* asg (for *sjægv*), *nøgv* (for *nægv*), og *føgvædnė* n. (fuglemage) < gn. *fóarn* n., nyn. *fånn* f. (Ross, tillegg); — paa Suðurøy vert *o* opna til *å*: *rågva*. Merkelege er *tægvir* num. npm (tvo) og *tægva* apm, som finst i kvædi; upphavet maa vera gn. *tuá, tuá*, som ved etterljodbrigde ved *u* hev vorte *tó* og hev fenge den vanlege adjektivending *a*: *tóa*, umkr. 1400 skrive *toa* i Húsavik-brevi D. Fær. s. 38_{23} (*toa luti*), 41_{30} (*toa motla*); etter *tóa* hev so ei ny nominativform vorte laga: **tóir*, og sidan hev desse former fylgt den vanlege straumen og vorte *tægvir* og *tægva*, til dess dei laut vika for *tvair*, som no er baade nom. og akk. plur. mask., < gn. *tueir*. Former som *lægvė* m. < *lófi*, *nægvur* adj. < *nógr* maa hava sitt næraste upphav i **lói*, **nóur*. — Utviding av ein guttural vokal i ljodsterk utljod med *g* eller *v* er heller ikkje ukjend i heimenorske maalføre, korkje i ny eller eldre tid. Sporadisk finst det mange stader, t. d. *åg* f. elv (< *á*) Ndl., *jöug* adv. (< *jau* < gn. *iaur*) Stjørd., *sjøg* num. (< *siau*) Gauld., *sjog* m. (< *snjór*) Gbr. *sn(j)ogę* v. (< *snióa* < *sniófa*) Tel. = *snøgə* Asker; *hov* m. Austf. (annarstad *hå, ho*, haa, ettergras, < gn. *há*, **hó*), jfr. fær. *hægvur* m. grasstubbarne paa ein nyslegen voll, som viser — liksom nyn. *ho* — at der hev vore eit gn. *hó* (Noreen[3] § 74, 2). Um dette slag utviding i sudvestlandsk sjaa Rygjam. Merkn. 140, ISVestl. I, Merkn. 365 (slutten) og 366. — Utvidingi synest i Norig ha byrja i sein gnorsk tid (*sagum* < *sáum* i 1ste helvti av 14 hundr.), men ha fenge fart i 15 hundr., og daa helst paa det austnorske maalvaldet. *Ioar* Mn D. N. III 7_{10} (Oslo 1264) er skrive *Ioghar* ibid. I $533_{6\cdot7\cdot8\cdot13}$ (Odalen 1391), og *Iowar, Ioghar* i eit og same brevet fraa umkr. 1445 (D. N. XV 59_{18} og 59_{34}, Nannestad); *Hróarr* er i 15 hundr. skrive *Roar, Roghar* og *Rowar*; *Jo(h)an* er i 15 hundr. ogso skrive *Iowan* (t. d. D. N. III 582_{12}, Jemtl. 1406, o. fl. brev fraa Jemtl. i 15 hundr.) og *Joghan* (t. d. D. N. XV 115_{2}, Jemtl. umkr. 1490, o. fl. jemtl. br.); desse skrivemaatarne med snart *gh* og snart *v, w* i same namn (til deils endaa i namnet paa same mann) provar at uttalen maa ha vore $\overset{w}{g}$ (labio-velar spirant), og spreider ljos yver den færøyske formi nordanfjords og paa Sandøy: *jægvan* < **jøgvan* < *jógvan* < *jó*$\overset{w}{g}$*an* < *jóan*, og paa Suðurøy: *jågvan* < *jogvan* < *jógvan* < *jó*$\overset{w}{g}$*an*.

Merkn. 470. Utvidingi med *ddj* og *gv* er ikkje gjenomførd i ljodlette ord som *ai* adv. ikkje, < *ei*; *ui* prp. < *í*; *kvui* adv. < *huí*; *tui* pron. < *þí*; *tuiat* konj. < *þí at*; *tou* adv. < *þó*; *touat* ell. *houast* < *þó at*; *núu* adv. o. fl.; heller ikkje i *trui* num. neutr. tre, < *þríu* (vanleg gn. *þríú*) med burtfallen *u*. Endaa i sume ljodsterke ord er ikkje utvidingi *ó* > *ægv* gjenomførd, t. d. *houa sæar*, bera seg aat (til gn. *hóf* n.); *nou* adv. framfor adj. < *nóg*; *ʒou* 3 si < *hió*; *slou* 3 si < *sló*; *skroua* v. (ogso *skrægva*),

vera knasturt (um høy), jfr. nyn. *skræna*, verta turr (um høy, korn o. m.); i kvædi ogso *flåi* n. fløy, farkost, < *fley*; *ljouarė* m., paa Suduroy *ljåqvarė*, vik av fraa gn. *ljóri*, men avviket er knapt gamalt, sjaa ovanfor under Innskot av vokal s. 110.

Naar fyrsteleden av ei samansetning inneheld ordroti (einstavingsform) utan ending, fær han ikkje utvidingi, t. d. *håibeərıŋg* f. høybering, til *hådđ*; *sjoubåatůr* m. havbaat, til *sjægvůr*; *bůustævůr* m. bustad, til *bigv* osfr.; ogso *fantabůu* n. klent hus (i kvædi).

I ordbøygjingi skifter det i sume ord med upphavlege og utvida former, soleis t. d.

	Fær. Ub. form.	Gamall upphavsf.	Fær. Bundi f.	Gamall upphavsf.	Fær. Ub. form.
Eintal nom.	*đægv* <	*gió*	*đægvın* <	*gióin*	*knæa* < *kné*
(gen.	*đåar-ljaftůr*[1]	*giáar*	—	—	*knæas, knăsbout*)
dat.	*đægv*	*gió*	*đønnė*	*giónni*	*knæa*
akk.	*đægv*	*gió*	*đønna*	*gióna*	*knæa*
Mangt. nom.	*đåajır*	*giáir*	*đåajėnar*	*giáirnar*	*knæa, knøə*
(gen.	*đåa*	*giáa*	—	—	*knuđđa*)
dat.	*đåarun*,	*giáum*,	*đåarůnun*	*giáunum*	*knuđđun*,
	eller *đægvun*	*gióum*	*đægvůnun*	*gióunum*	*knøərun*
akk.	*đåajır*	*giáır*	*đåajėnar*	*giáirnar*	*knæa, knøə*

Det gnorske vokalskifte i nom. og gen. sg. *gió*, *giár*, speglar seg paa ein merkeleg maate enno av i den færøyske bøygjing *đægv*, *đåar*. Endingarne er til deils paaverka av dei vanlegaste bøygjingsmynster for kvendkynsord. — Medan *knæa* er ljodrett framvakse av gn. *kné*, er gen. plur. *knuđđa* framvakse av *knía* = gn. *kniá*, og *knuđđun* av *kníom*. *knøə* plur. er nyform til *knæa* sing. liksom *bløə* (gn. *blǫđ*) til *blæa* (gn. *blađ*). Fleire døme paa merkelege ljodskifte i færøysk ordbøygjing vil ein finna nedanfor under Ordformer (**17**). Her skal endaa berre nemnast fraa adjektivbøygjingi, at *drigvůr* nsm < gn. *driúgr* heiter i nom. sg. neutr. *drøtt* < gn. *driúgt*, og fraa verbalbøygjingi: *bigvė*, *bu'rt*, *buir* præs. sg. ind. av *bigva*, bu.

16 i. Konsonant-yvergangar.

Innleiding. Konsonantarne i færøymaalet er dei same som i gnorsk so nær som med umsyn til dei gamle spirantar. Um desse er det ovanfor upplyst at *þ* hev gjenge yver til andre konsonantar, oftast *t* (sjaa **12** ovanfor), og at *đ* og *gh* anten sameleis hev gjenge yver til andre konsonantar eller falle burt (sjaa **12** og **14** ovanfor, der eit undantak er nemnt med umsyn til *gh*). I færøysk normalskrift er, som nemnt i Merkn. 444, *đ*[2] og sameleis *g* paa nytt upptekne, t. d. *kallađi*, utt. *kadlajė*; *dagur*, utt. *dæavůr*. — *v* held seg i dei fleste høvi.

[1] Genitiv er i fær. lite brukt utanfor samansetning, sjaa **17**.

[2] Bokstavarne (*bokstavarnir*) hev eg høyrt nemna soleis paa færøysk: *ea*, *be*, *se*, *de*, *edd* (ɔ: *ð*), *e* (hog), *eff*, *ge*, *haa*, *i* (eller *ı* ɔ: gn. *i*), *ı* (ɔ: gn. *í*), *jodd*, *kaa*, *ell*, *emm*, *enn*, *o* (gn. *o*), ou eller ou'' ɔ: gn. *ó*), *pe*, *ku''* (eller *ku*), *err*, *ess*, *te*, *u* (ɔ: gn. *u*), *uu''* (ɔ: gn. *ú*), *ve*, v. *u* (ɔ: gn. *y*), *sett* (eller *settan*), *æ*, *ø*.

m, n, ŋ, r og *l* er meir eller minder klanglause tett framfor og tett etter klanglaus konsonant: *lam̥pa, stam̥pŭr, ban̥t* 3 si (av *binda*), *sain̥t* (seint), *lan̥t* ptc (av *læana* v. laana), *taŋ̊kt* ptc (tenkt), *svar̥t* adj. n. *sal̥t* n. *føl̥k* n. *våpn̥, vatn̥, sakn̥* asg (av *sakn̥ŭr* m. saknad), *tvåtl̥* n. (vas, ogso vaskopp). — Ogso etter *d* (*dd*) er *n* og *l* klanglause: *bădn̥, hådn̥* (< *horn*), *gŭdl̥* n. Kjem det vokal etter, er klangløysa mesta burte: *bădn'ə*.

b, d, g er halvt klanglause i ljodlagi *mb, nd, ŋg*, helst i utljod: *lamb̥* (eller *lambp*), *land̥* (eller *landt*), *ståŋg̊*. For eit vanleg norsk øyra vil den færøyske uttale av *band* n. vera vand aa skilja fraa den norske uttale av norsk-dansk »bandt«, impf. av »binde«, som ogso paa færøysk heiter *bant*; men i færøysk er ordi vel skilde, for substantivet er utt. *band̥* (med klangfør *n* og halvt klanglaus *d*), medan verbet er utt. *ban̥t* eller *ban̥ʻt* (med klanglaus *n* og aspirert *t*); jfr. fær. *land̥* n. og *lan̥ʻt* (laant) ptc. Endaa framfor vokal, t. d. i *land'ė*, er der ein svip av klangløysa (burtimot *land̥'ė*). Ogso i *ld* er *d* halvt klanglaus i utljod: *kvøld̥*.

α. Skifte innanfor same ljodføringsstad.

ft, pt, fs, ps, sjaa **15** ovanfor.

Gn. *þ* > *t*, sjaa **12** ovanfor.

Gn. *þj* > *ƙ* (*tƙ*): *ƙouŭr* m. < *þjófr*, *ƙøkkŭr* adj. < *þjúkkr*.

Gn. *ð* i 2 pers. plur. av verb er no burtfallen, og i dei gamle færøyske skrifter finn me ikkje døme paa formi. Um *ð* > *d* sjaa **12** ovanfor.

Gn. *t* i ljodlinn staving i utljod er ogso burtfallen i færøymaalet no i dei fleste høvi, t. d. i adjektiv, pronomen, particip, og neutrum av substantiv i nom. og akk. sing. i bundi form: *oepė, næaka, veərė, oərė*, < gn. *opit, nakkvat, verit, orðit*. I skrifterne fraa umkr. 1400 er det oftast *t*: *skipat* SkF, *nokuat* D. Fær. s. 36, *gengit* Upt C 20 bl. 11 a, men no og daa *d*: *legid* Vbr 44₉ *fingid* D. Fær. s. 45. Det er vel difor mogelegt, at *t* alt i 15 hundr. i slike endingar hev vore avløyst av *ð*, som sidan fall burt, sjaa **12** ovanfor. I einstavingsformer som *vit* pron. *at* prp. held *t* seg likevel jamt i dei eldre skrifter liksom no i *vit* pron. < *vit, tit* < *þit*; gn. *huat* pron. er no oftast *kvæat*, men ogso *kvæa*. *at* konj. er i eldre skrift snart *at*, t. d. Upt C 20 bl. 11 b, og snart *ad*, t. d. D. Fær. s. 38 og 40, jfr. *æat* (< *at*) og *åa* (< *áð* < *át* < *at*) i maalet no, sjaa **16 f**, *β* (s. 98).

Gn. *tj* > *ƙ*, t. d. *ƙŭu'ŭ* (20), *ƙødn* f. < gn. *tjugu, tjǫrn*. Paa Suðurøy med mindre suseljod enn nordanfjords.

Gn. *dj* > *ǥ*, t. d. *ǥarvŭr* adj. < *djarfr*. Paa Suðurøy *djarvŭr* med mindre suseljod enn nordanfjords.

Gn. *stj* > *sj* framfor dei vokalarne som hev palatalisera *k* til *ḱ* (sjaa nedanfor under *β*), t. d. *ṣjødna* f., gn. *stjarna*, *ṣjǿkmouır* < *stjúkmóðir*, *ṣjæala* v. Paa Suðurøy *stjæala*.

Gn. *sl* og *tl* held seg godt kvar for seg i færøysk, t. d. *kvu'sl* f. mykjakvisl, greip, *vaisla* f. < *veizla*; *atla* v. < *ætla*. Men gn. *beisl* heiter *båksl* n. < *båiksl* eller *baiksl* (um vokaltilstandet sjaa **16** g ovanfor). Jfr. nyn. dial. *bẹksl* Nfj. Hard. Austl., nyisl. *beygsl* (= *beizli*) Haldors. utt. *bẹiksl*; alt av *beizl* ved sporadisk yvergang *sl* > *kl* som i nyn. *kvikl* < *kuísl* o. fl. eller ved paaverknad fraa *beygia* eller *bægia*.

Gn. *hu* (*hv*) framfor vokalar > *kv*: *kvæalúr* m. < *hualr*, *kvånn* f. (Angelika) < *huonn*, *kruitıl* m. < *huítill*: *krussú* (ogso *kussú*, *kvøssú*) < *huersu* (*huorsu* D. Fær. s. 40_1, umkr. 1400). Der er merke etter yvergangen umkr. 1400, for *hv* og *kv* vert daa samanblanda i skrift: *huast* 3 si (for *kuazt*) D. Fær. s. 37_4 *huigu vik* (for *kuíguvík*, no *kvuivuik*) ibid. 27_{23} (SkF) *huitan* adj. asm (< *kuittan*) ibid. 37_6. I *våalúr* m. haug (i kvæde) hev *h* falle burt, um det er same ordet som gn. *huáll*; jfr. fær. *houlúr* m. d. s. (i stadnamn) < *hóll*.

For gn. *k* hev færøymaalet *g* i *gårpúr* m. ravn, gn. *korpr*, nyn. *korp* Austl. Jfr. dsk. *garpe* v. (»om Ravnens og lign. Fugles Skrig« Molb.) og nyn. *garpa* v. skrøyta, skravla. — *kuúŋgúr* m. kuvung, heiter i barnemaalet paa Færøyarne *gågga*.

Gn. *k* > *g* framfor klangfør konsonant i *ru'gdoumúr* m. rikdom, *ṣjøgdoumúr* m. sjukdom; sameleis her og kvar i norske maalføre.

p, *t*, *k* held seg jamnaste godt millom vokalar og i utljod etter vokal i Straumøy-maalet[1] og i det heile paa øyarne nordanfjords, so nær som paa Vaagar, der det etter skrivemaaten i ljodskriftprøvorne i Anth. I, s. 445—452 er *b* for *p*, *d* for *t*, og *g* for *k* i dei nemnde høvi, t. d. *souba*, *vaid*, *laigir* for *sópa*, *vait*, *laikúr*. Sunnanfjords, paa Sandøy og Suðurøy, er denne yvergangen gjenomførd. Det er likevel aa merka, at *b*, *d* og *g* ikkje er heilt klangføre, men er etter mitt øyra og skyn burt imot *ḅ*, *ḍ* og *g̣*. Fraa Sandøy er det soleis uppteikna: *bøəḍa* v. (for *bøəta* < *bœta*), *luḍur* m. (for *lutúr*); *bøg̣rėnar* pl. < *bœkrnar*, *loəg̣* n. < *lok*; *æaḅaldúr* m. < *apaldr*, *souḅa*; fraa Suðurøy: *iḱḱė vaiḍje uggabain åa buiḍa* (ɔ: ikkje veit eg uggebein aa bita), *piḅar* < *pipar* osfr. Men fraastandet millom denne uttalen og uttalen av *p*, *t* og *k* nordanfjords vert likevel likso stor som millom *b*, *d*, *g* og *p*, *t*, *k* i vanleg heimenorsk, med di dei klanglause eksplosiva

[1] I Torshavn kann ein elles ender og daa høyra halv klangføre konsonantar for klanglause. Men her samlar det seg gjerne folk fraa alle kantar av øyarne.

(*p, t, k*) som fyrr nemnt er aspirera i færøymaalet, liksom paa Nordurlandet paa Island (t. d. Eyfjord). For ein færøying fraa Nordurøyarne lyder sunnanfjordsuttalen i dette stykke likso avbragsleg som uttalen i Sud-Ryfylke lyder for ein sunnhordlending hjaa oss.

Merkn. 471. *kn* > *hn̥* eller *hn̥j* i *hn̥æa* n. (< *kné*), *hn̥uivúr* eller *hnjuivúr* m. (< *knífr*) hjaa den eldre slegti paa Sandøy.

β. Skifte av ljodføringsstad.

Gn. *f* > *m* i *oəman, oəmanåa, oəmanfirė* o. fl. < *ofan, ofaná* osfr.; jfr. nyn. *åma, åmanå, åmanfyri* o. fl. Tel. Yvergangen kann vel ha byrja i *ofanfyri, ofanfrá* (dissimilation).

Gn. *f* > *g* framfor *d* i *løgd* f. tverhand, < *lœfð*, nyn. *løvd* Berg. st. Tel. o. fl.; etter *l* i *s̡jålgúr* adj. < *skiálfr*, skjelvande (nyn. *sjöl̥v'ę* Hall.).

Gn. *p* > *t* i *skårtna* v. (< **skorptna*) < *skorpna*.

Gn. *p* > *k* i *våkn* n., sideform til *våpn*, jfr. nyn. *våk'ənhus* Berg. st.; *d̡æⁱkn* f. < *gaupn*; *akna* v. kveldast, < **apna* < *aptna* (= *aftna*); vel ogso i *åkn* f. svana (i kvædi), < **åpn* < **álptn*, gn. *álpt*, med *n* fraa gpl, som me kanskje hev i *åknadæalur* < *álptnadalr*, sjaa Anth. II under *okn*. Enn *åknarhædlė* »mystisk sted, klippehule«?

Gn. *m* > *v* i *gavnė* dsg (< *gamni*) av *gæaman*; *himmel* heiter paa færøysk *himmal* m., men *himin* < gn. *himinn* er brukt i kvædi, der *himne* dsg og *himnar* pl. vert uttala *hivnė* og *hivnar*; hit høyrer òg *hivna* v. klaarna. Fleire døme er: *hin lavnė*, den lame, av *læamın*, og *savna* v., no oftast *samla*, til *saman*. Grunnen til denne yvergangen er vel jamlaging med ord som *navn* osfr., sjaa **13**.

Gn. *m* > *b* ved dissimilation i *marbændıl* m. havmann, marmæle, < gn. *marmennill*; det vert og sagt *marbæmbıl* ved ny assimilation. Paa Island sameleis *marbendill*.

Gn. *m* > *n* framfor dental: *hainta* v. < *heimta*; *sandøəvúr* < *sam-*; *m* > *ŋ* framfor *k* i *æŋka* v. ynka, < **æimka* < *aumka*; *sæŋka* v. < *samka*. — *m* > *n* etter dental: *mjødn* f. < *mioðm*; jfr. *mjødn* Shl.

Gn. *m* > *n* i alle endingar paa *-um*: *bigdun* dpl, *luitlun* dsm, *hoənun* pron.; *vit viljun* (no mesta alltid *vit vilja*), *ælskun* imper. (lat oss elska); *foərun* adv. fordum, *midlun* prp. < *bygðum, lítlum, honum, viljum, elskum, forðum, millum*; sameleis *midlın* < *millim*. Aust paa Sandøy skal det enno finnast merke etter *-m*. Kor gamall denne yvergangen er veit me ikkje. Det er tenkjelegt at han hev byrja i verbi i den mykje vanlege stoda framfor pronomen med dental til fyrsteljod, t. d. *tǫkum þat* imper. (lat oss taka det), som enno i færøysk,

i alle fall litterært, kann heita *tøəkun tæa*. I ei uppteikning fraa umkr. 1400 i Upt C 20 bl. 11 stend der: *æk hafi iamskialæg gengit sin þu* (ɔ: likso retteleg som du), der *sin þu* maa vera for *sem þú*, med *m* > *n* framfor dental (jfr. *hainta* < *haimta*).

þ > *h*, sjaa **12** ovanfor.

þj (eller *þi* framfor vokal) > *ķ*, sjaa ovanfor under *α*, s. 116.

ð > *f* framfor *s* i *vafstainúr* m., sideform til *văsstainúr*, vadstein, søkk paa fiskesnøre, isl. *vaðsteinn*; *vað-* hev vel framfor *s* fyrst vorte *þ*, og *þs* vorte *fs*.

ð > *v*, sjaa **12** ovanfor, s. 86.

ð > *b* framfor *m* i *bløbmøərúr* m. < *blóðmǫrr*; *vabmal*, ogso *vammal*, < *vaðmál* (eller *væðmál*, sjaa **16 g** ovanfor).

ð > *r* i nokre faa ord etter ljodlinn vokal: *hijar* adv. < *higað*, *hæar* adv. < *þagað*, *høəvúr* n. < *hǫfuð*. — ? *mirķadlúr* m. aadr som gjeng til midten av bladet (*kråaka*) paa planta *tambjödla* (Fucus esculentus) SStraumøy, < **miðhiallr*?, eig. *mid-hjell*.

ð > *l*: *hiril* m. (foraldr.) hjurding, < *hirðir* ved dissimilation. *spårl* n. spord, < *sporðr*.

ð > *j* etter *r* i *ṣjærja* v. < *skerða*; um *ð* > *j* i den gamle fortid-endingi *-aði*, sjaa **12** ovanfor, s. 86.

ð > *g* i nokre ord framfor *r*: *agr* f. < *áðr*; *jagrar* < *iaðrar*, plur. av **iaðarr* m., fær. *jæar*(*ė*), kant, jfr. i kvædi *åa jagrė* < *á Iaðri* (i Norig); *nægrė* adj. < *niðri*; *vægrúr* (og *vægrė*) m. saudvêr, < *veðr* med ny nominativending *-úr*; *vægra* (ogso *vigra* og *vira*) v. verta godvêr, < gn. *viðra*; vêr, vêrlag heiter i nom. *veəvúr* n. < gn. *veðr*, men i dei samandregne formerne, der gn. *ð* kom framfor *r*, hev *ð* vorte *g*: *vægr'ə e*(*r*) *gått*.

t > *p* framfor *m* i *mapmouɯr* f. = *matmouɯr*, matmôr.

t > *ḑ* framfor *g* i *maḑḑer* f. < *matgerð*, jfr. nyn. dial. *majjær* hjaa Aasen under *matgjerd*. Her hev soleis vorte full utjamning.

t > *k* i nokre høve, soleis framfor *n* i *silviknė* n. < *silvetni*; sameleis *t* > *k* framfor *st* i *ikst*, *ikstur* < *ýzt*, *ýztr*, framfor *sl* i *båksl* (sjaa ovanfor under *α*), og vonleg framfor *l* i det uklaare *ḑæklar* (i kvædi, skr. *geklar*) um dette, som Jakobsen meiner, er = gn. *geitill*, nyn. *geitel*, hard knut i stein. *tøktė* 3 si (av **tiķa*) hev *kt* ved jamlaging; i kvædi ogso *tótti*, uttala *tøttė*, < gn. *þótti*.

n > *m* framfor *b* i bygdenamnet *sumba* og i samansetningar med dette namnet, sjaa FSÆ s. 537—538, der det er normalisert til *Sunnbø*,

som høver godt, med di det er synste bygdi paa Suduroy. I 1548 er det likevel skrive *Sundbø* D. N. XII, s. 164_{11}, som òg synest høva, med di bygdi ligg ved eit sund; paa hi sida av sundet ligg *sumbiar-hølmúr*, norm. til *Sunnbiarhólmur*. Namnet er skrive *Sumbö* alt hjaa Debes (1670)[1].

Gn. *nn* > gn. *đ*, som sidan hev kvorve. Umfram i høve som *æarır* (< gn. *aðrir*) og ymse andre synkoperte former av *annar*, og i *sūúr* (< *suðr*), ogso i *grūúr* m. fiskegrunn, < *gruðr* < *grunnr* (ogso fær. *grunnúr*). Fleire døme ovanfor s. 86.

Gn. *n* > *l* i *samlır* adj. npm (til *saman*): *adlır samlır*, alle saman; jfr. nyn. *alle samle* Mandal (*al̥lə samnə* Nfj. o. fl.). — Gn. *skǫfnungr* m. skarplegg, som med same tydingi i nyisl. (*sköflingur*) og nyn. (*skovlung*) hev fenge *l* for *n*, held enno paa *n* i fær. *skøvnıŋ̥gúr*, der brukt um handlegg.

Gn. *nn* > *dn*, *rn* > *dn*, *ll* > *dl*, sjaa nedanfor under jamning.

Gn. *hj* > *ƫ* i *ƫáa* prp. < *hiá*, *ƫadlúr* m. < *hiallr*, *ƫoul* n. < *hiól*, *ƫúun* n (mest i plur. egtefolk) < *hiún*, *ƫúukla* v. (kjukla, kjæla) < **hiúkla*, jfr. gn. *hiúka* v. stella um ein sjuk, o. fl. I sume ord som *jålpa* v. < (*hiálpa*), *jarta* n. (< *hiarta*) og *jørtúr* m. (i kvædi) < *hiǫrtr* hev *h* falle burt fyre yvergangen til *ƫ*, sjaa nedanfor under burtfall av konsonant; um *jalta-* i *jalta-kråaga*, og um *ƫaltland*, sjaa ovanfor under **16 e**.

Gn. *g* > *v*, og *g* > *j* er umtala ovanfor i **14**.

Gn. *g* > *d* etter palatal vokal framfor *n* i nokre samandregne particip-former av verb med stomn, som endar paa *g*, t. d. *dridnır* npm < *dregnir* (av *draga*), *vidnır* < *vegnir* (av fær. *vija* < *vega*), *slidnır* < *slegnir*, *tvidnır* < *þuegnir*, *sidnır* < *signir*, *stidnır* < *stignir*. Yvergangen kann ha byrja med utjamning av vokalarne; sidan kann gnorsk *gn* ha vorte utjamna til *nn* og stomnvokalen samstundes fenge so vidt lengd at *nn* vart *dn*: *dregnır* > **drignir* > **drīnnir* > *dridnır*. Andre vegjer er ogso tenkjelege.

Gn. *gi* framfor vokal (*gj*) > *ɖ*: *ɖarna* adv. < *giarna*, *hånɖa* v. < *hengia*; *ggj* > *ɖɖ*: *læɖɖa* v. < *leggia*. Sameleis *g* > *ɖ* i framljod framfor fær. *e* og *æ* av gn. *e*: *ɖeəra* v. < *gera*, *ɖænta* f. < *genta*, og framfor *æi* av gn. *au*: *ɖæila* v. < *gaula*, og framfor *i* av gn. *i* og *y*:

[1] Sameleis *Sumbö* paa eit mykje gamalt hollandsk kort yver Færøyarne, som „Gerard van Keulen, Zeekaart Verkooper te Amsterdam" hev gjeve ut, venteleg etter eit eldre kort fraa 17 (?) hundr. Marie Mikkelsen eig kortet no (sjaa s. 67, noten under teksti).

ǥil v. < *gil*, *ǥidla* v. < *gylla*. Paa Suduroy ofte *jeəra*, *jænta* som i vanleg nynorsk, sjaa Anth. I, Innl. s. LVIII. — Jfr. med denne yvergangen skrivemaatarne i YSbr: *giefa* v. 399_{11} *giera* v. 399_{3}, men *gæta* v. 398_{15}, som alt svarar til fær. uttale *ǥeəva*, *ǥeəra* og *gæata* (utan palatalisera *g*), men ikkje til nynorsk, som krev *ǥæta* eller *jæta*.

Framfor gn. *í*, *ý*, *ǽ*, *ø* (*œ*), *ei*, *ey* vert *g* ikkje palatalisera til *ǥ* i fær., som i so maate skil seg merkeleg ut fraa heimenorsk, liksom det skil seg ut ved palatalisering framfor gn. *au*. Jfr. **9** s. 80.

k > *t*: *stårtna* v. < **stårktna* < *storkna*.

Gn. *ki* framfor vokal (*kj*) > *ķ*: *ķålķė* m. < *kiálki*, *ķousa* v. < *kiósa*, *ķøət* n. < *kiǫt*. Likeeins *k* > *ķ* framfor dei same færøyske palatale vokalar som er nemnde ovanfor under *gi*, t. d. *ķeər* n. < *ker*, *ķælda* f. < *kelda*, *ķæipa* v. < *kaupa*, *ķinn* f. < *kinn*, *ķikna* v. < *kykna*. Paa Suduroy er uttalen nærast som *ķ*. — Gn. *skj* og *sk* framfor dei same færøyske vokalar hev falle saman med gn. *sj* til ein ljod *ṣj*, t. d. *ṣjouta* v. < *skióta*, *ṣjæmma* < *skemma*, *ṣjilja* v. < *skilia*, liksom *ṣjaldan* adv. < *sialdan*. Jfr. *skiemma* YSbr 398_{23}. Liksom *g* vert *k* ikkje palatalisera framfor gn. *í*, *ý*, *ǽ*, *ei*, *ø*, *ey*.

Samanfallet i færøymaalet av *þj*, *tj*, *kj* og *k* framfor færøysk palatal vokal — alt til *ķ* — hev mykjen likskap med den lagnaden desse ljodarne hev havt i Norig og helst paa Sudvestlandet (ISVestl. I, s. 137). Og det same gjeld samanfallet av gn. *sj*, *stj*, *skj* og *sk* framfor færøysk palatal vokal til ein ljod *ṣj*.

Gn. *ng* > *m* framfor *b* i *tambjødla* f. Fucus esculentus, < **tangbjølla*.

γ. Fyrejamning (regressiv assimilation).

I færøymaalet er der mykje med utjamningar av konsonantar. Me nemner:

Gn. *fb* > *bb* i *klibbarė* m. < *klyfberi*; *åbboəjė* adj. n. altfor vandt og mødesamt, jfr. nyn. *ovboden* hjaa Aasen.

Gn. *fð* > *dd*, sjaa **12** ovanfor (s. 86). — Gn. *ft* (*pt*) > *tt*, sjaa **15** ovanf.

Gn. *fg* > *gg* i *luⁱgga* v. < *lífga*; *åggæamal* adj. < *ofgamall*, o. fl.

Fær. *bm* > *mm* i *blømmøərůr* m., sideform til *bløbmøərur* < *blóðmǫrr*; *vammal* n., sideform til *vabmal* < *væðmál*. *mm* er vel her framvakse av *bm*, ikkje umvendt, med di færøysk elles synest framandt for yvergangen *mm* > *bm*.

Upphavleg *mp* > *pp*, sjaa her nedanfor under *nt* > *tt*.

Gn. *ðf* > *ff* i *bræffluis* f. brødmole, < *bræifluis* < **brauðflís*; *ðb* > *bb* i *låbband* n. ullband, < *loðband*; *ðm* > *mm*, sjaa *bm* > *mm*;

ðn > **nn* > *dn* (etter gn. lang vokal): *haidnı̨ŋdʲė* m. < **hainningi*, nyn. *heidning*, *uidnė* f. idn, trott, < *íðni*, *ødn* f. uvêr, < **ónn* < *óðn*, jfr. *o*(*d*)*e* m. upprørt hav, Ryf. Sjeldan etter stutt vokal, sjaa Merkn. 473. *ðl* > **ll* > *dl*, sjaa gn. *ll* > *dl* her nedanfor. *ðg* > *gg*: *bløgga* v. < *blóðga*; *brøggoumúr*, gn. *brúðgumi*; *gøggæatė* n. pl. < *góðgæti*, godmat; *ðk* > *kk*, t d. *bluikka* v. < *blíðka*, *makkúr* m. < *maðkr*.

Gn. *tb* > *bb*: *abburúr* m. < *atburðr*; *abbəərė* ptc < *atborit*. *ts* > *ss*: *båsmæavúr* (ɔ: *båss-*) m. roar, mann i baat, < *bátsmaðr*; *tg* > *gg*, sjaa s. 119.

Upphavleg *nt* > *tt*, *nk* > *kk*, liksom *mp* > *pp* finn me i færøymaalet paa lag i dei same høvi som i andre norske maalføre, t. d. *stappa* v. stappa (dansk og svensk: *stampe, -a*); *veətúr* m. veter (dsk. sv. *vinter*); *klættúr* m. klett (dsk. sv. *klint*); *brekka* f. (dsk. *brink*); *støkka* v. støkka, fara upp, *søkka* v. søkka (dsk. *synke*, sv. *sjunka*). Av undantak, som i færøysk no hev ujamna form, men i nynorsk jamna, kann nemnast: *bant* og *vant*, impf. av *binda* og *vinda* (norsk *batt, vatt*), jfr. gn. *bant* 3 si Hauksb. 161_{38} 169_{10} (norsk-sudvestl. maalføre); Heilagra manna søgur II 394_{19} (isl. maalføre); *anḱa* f. ekkja, enkja; *lanḱa* f. lekkja. *riŋka* v. rikka (ogso i *riŋkústainúr* m. vaggestein, dsk. *rokkesten*); *riŋka* er vel ei nasalera form til *rikka*, jfr. sv. *runka*, dsk. *rokke*; *skrinḱılshændúr*, magre hender, jfr. nyn. *skriklen* adj. og *skrikla* f. magert dyr, Nhl. Voss. Merkelegt er fær. *piŋkú* i *piŋkúluitıl*[1], svært liten, jfr. det nyn. *pikkande liten* med same tyding; holl. *pink* m. litlefinger, og sv. *pink, pinka* o. fl. hjaa Rietz. Av ord som i norsk i vaar tid er ujamna, men i færøysk er jamna, kann nemnast *bækkúr* m. benk, < gn. *bekkr*; *enkja* og *vinter* er ogso no mykje vanlege i norsk utanum hordske bygder.

Gn. *rn* > *n*(*n*) framfor konsonantar, t. d. *bǎns* gsg < *barns*, *jǎns* gsg < *jarns*; soleis òg i fyrsteleden av samansetningar som byrjar med annan konsonant enn *h*, t. d. *bǎndømė* n. < *barndœmi*, *jǎnband* n. < *iarnband*, *kvǎnkadlúr*, = nyn. *kvernkall* (sudvestl. *kvæ̆nkadl*); framfor *h* og vokalar fylgjer *rn* den vanlege yvergangen *rn* > *dn* (ɔ: *ddn*), som er umrødd her nedanfor: *jadnhæaḱė* m. jarnhake, *jadnhæısúr* m. (< *-hauss*). I den fyrstnemnde stoda, framfor konsonant, maatte vokalen i fyrsteleden — um han endaa i det usamansette ordet hadde nokor lengd — styttast framfor den samansette konsonanten,

---

[1] Uppført i Anth. II, s. 243 i formi *pinkulitil*, som um det hadde samanheng med *pina*; dette gjev meining, men strider mot den uttalen som eg hev høyrt. Fyrsteleden er i Torshavn ogso uttala *pinkə-*, *pinka-*.

og sameleis *nn* framfor den nye konsonant, eller: ordet maatte i denne stoda missa noko av sitt ljodfang. Annarleis var det, naar ordet stod einskilt og hadde sitt heile ljodfang og ettertrykk. I dette høve hev færøysk denne yvergangen:

Gn. *rn* > (*nn*) > *ddn*, her skrive *dn*, t. d. *badn* n. *bjødn* m. *fådnúr* adj. *hådn* n. *jadn* n. *ƙidna* f. *kvødn* f. *skadn* n. *tædna* f. (fuglen), *tádna* v. < gn. *barn, bjǫrn, forn, horn, jarn, kirna, kuern, skarn, terna, þorna.* At *dn* i desse former hev vakse fram av *nn* med ein vokal fyre som hev havt nokor lengd, held eg for tvillaust. Ikkje soleis at ei slik vokallengjing skulde ha vore vanleg i færøysk i gnorsk tid. Um der endaa er merke etter ein tilhug til det alt daa, naar vokalen stod i framljod, t. d. i fær. *ådnė* < gn. *A'rni* < *Arni* (men fær. *anfinnúr* < gn. *Arnfinnr*, jfr. skrivemaaten *Arnora Anbiarnar dottir* D. Fær. s. 41_6), vitnar likevel maalet no mot vanleg lengjing av vokal fyre *rn* i gnorsk paa Færøyarne. Men paa den tid yvergangen til *dn* gjekk for seg — og det maa ha vore etter gnorsk tid, heller etter enn fyre 1400 — maa vokalen ha havt nokor lengd, so ljodvokstren hev vore: gn. *jarn* > *jānn* > *jadn*. Eg dreg ut dette baade av det me kann læra av andre norske msalføre med same yvergang (sjaa Rygjam. s. 63 og ISVestl. I, s. 140—142), og av sjølve færøymaalet i vaar tid. For i færøysk er det enno so at etter ein tviljod vil gn. *nn*, jamvel um det ikkje hev sitt upphav fraa *rn*, verta *dn*, t. d. *åidn'ė* dsg < *eynni,* sjaa meir um dette Merkn. 473. Og medan gnorsk *rn* i nom. plur. av mannkynsord og kvendkynsord i bundi form etter stutt ljodlinn vokal hev vorte *n* (< gn. *nn* < *rn*), t. d. *båatanır* < *båtarnır*, *bigdėnar* < *bygðirnar*, *gøøtúnar* < *gǫturnar*, so hev gn. *rn* i same formi etter lang ljodsterk vokal vorte fær. *dn*, t. d. *tadnar* < *tærnar* (av *tá* f.), *klødnar* < *klœrnar* (av *kló*), *bru'dnar* < *brýrnar* (av *brú* f.), *ku'dnar* < *kýrnar* (av *kýr* f.). I dette hev maalet paa Færøyarne fare same leidi som maalet paa Voss, i Hardanger og VAgder i heimlandet (ISVestl. I, s. 141). — Yvergangen *rn* > *nn* > *n* er der merke etter i færøyske diplom fraa umkr. 1400. I brevi um Husavik-godset er der ikkje so faa yvergangsformer. Jamsides med den upphavlege formi *Arnbiorn* D. Fær. s. 44_2 finn me den jamna formi *Ann-* i *Annbiorn* ibid. 44_{10}, og den stytte *An-* i *Anbiarnar* ibid. 43_6; sameleis fleirtalsformer som *kyrtlanir* (= nyfær. *ƙirtlanır*) nom. pl. ibid. 39_{10} < gn. *kyrtlarnir*; *lendænar* (nyfær. *lændanar*) apl ibid. 41_{23} < gn. *lendirnar* av *lend* f.

Yvergangen *rn* > *dn* er i færøysk liksom i andre norske sudvestlandske maalføre i heimlandet og paa Island, som hev same yver-

gangen, ikkje gjenomførd i fortid particip, der *r* og *n* so ofte vil møtast og skiljast i bøygjingi (bøygjingstvang), t. d. *bårnır* npm < *bornir, farnar* npf (= gn. *farnar*) av *fæarın,* osfr.; heller ikkje alltid i avleidde ord og i sume andre høve, der upphavsordet eller nærskylde ord eller annan paaverknad (t. d. litterær, framand) kann verka paa maalkjensla og halda *rn* uppe, t. d. *varnır* adj. npm < *væarın, må'rna* v. verta møyr (*måirūr*), *sørna* v. *súrna*; *årnūr* m. aare; *firnast* v. blygjast, jfr. *firra* v. halda burte; *hirna* f. *hirnė* n. hyrna; *sku'rnavatn* n. (i kvædi) skirslevatn < *skírnarvatn*; *tarna* v. seinka, *tarnė* m. tidspille, jfr. nyn. *tarna(d)* m. ugagn, Nfj. Sfj., og gn. *þarnan* f. skort; *tærna* f. gjenta, < *þerna,* ogso med *rn* i Norig; *tårnūr* m. < *þorn*; *tårn* n. taarn (framandt); *varnıngūr* m. < *varningr,* jfr. *væara* f. handelsvara; *ørn* f. som i Norig. — Gn. *huern* pron. asm hev vorte *kvønn.* — Jfr. *dn* < *ðn* og *nn* Merkn. 473.

Gn. *rs* > *ss,* t. d. *bust* f. < *burst, fæskūr* adj. < *ferskr, fåssūr* m. < *fors, støstūr* sup. < *stœrstr*; *fast* 3 sp (av *fåast* v. refl.), jfr. *fæar* 3 sp *fær.*

Gn. *ll* (ogso av *rl,* sjeldan *ðl*) > *dl* (ɔ: *ddl*): t. d. *badla* v. balla, *bridlup* n. < *bryllaup, fædla* v. < *fella, fjadl* n. < *fiall, ǫødla* adj. < *giørla, gudl* n. < *gull, idlūr* adj. < *illr, stidlūr* adj. < *stillr, trødl* n. < *trøll* (um vokalen Merkn. 465); *vadla* adv. < *varla*; ogso i fyrsteleden av samansetningar framfor vokal eller *h*: *gudleəplė* n. *gudlhådn* n., men framfor konsonantar elles er det berre *l*: *fjǎlstæavūr* m. *gǔlband* n. *ǐlsinnė* n. vreide. *ll* > *dl* er sjølvsagt i og for seg dissimilation.

Der er nokre undantak, men ikkje mange, t. d. *årla* adv. tidleg, aarle, *årloəv* n. *mårla* v. knusa; *sårla* v. knustra, til gn. *saurr* m.

Um lagnaden aat gnorsk *ll* av *lr* sjaa nedanfor under Etterjamning.

Gn. *gð* > *dd* i *baddė* impf. for *bagdi* av *bǣa* (< *baga*), vera i vegen, bægja; *pladdė* impf. for *plagdi* av *plǣa,* som fyreset eldre *plaga* (»pflegen«). Sjaa elles um *gð* ovanfor s. 87, der det er fleire døme.

Merkn. 472. Gn. *of* i samansetningar kastar i fær. anten burt *f* (*v*) og vert *oə*: *oəstourūr* adj. ovstor, eller *v* jamnar seg til same konsonant som fylgjer etter, og *oə* vert stytt til *å*: *åsstourūr, åggæamal* (sjaa *fb* > *bb, fg* > *gg* her ovanfor); framfor *v* stend *oə*: *oəveəkravūr*, utvakt; framfor *u* vert *of* til o: *ōuŋgūr*, ovung, altfor ung. *of* vert stundom samanblanda med det privative præfiks *ó-*, soleis i skrift *ólítil upplýsningur* Báb. 199_2, jfr. *osein* og *usein* for *ovsein* sumstad paa Vestlandet i Norig, sjaa Rygjam. Merkn. 33, og ISVestl. I, s. 39 (noten nede paa sida).

δ. Etterjamning (progressiv assimilation).

m + *v* hev vorte *mm*, som sidan i den ljodlinne stavingi hev vorte stytt til *m*, i *båavùminnė* adj. paa baae sidor, < *báðum vegim*, gn. *báðum megin*; fleire døme ovanfor under Utjamning av vokalar, s. 107.

mb, *nd*, *ld* held seg i færøysk i utljod og fyre vokal og *h*: *lamb*, *lambė* dsg; *land*, *landė* dsg; *kvøld*, *kvøld'ė* (< *kveldit*); *lambhæajė* m. propr. (paa Suðurøy); berre i *gammùr* m. < gn. *gambr*, nyn. *gamber*, ein fabelfugl, hev *mb* vorte *mm*. Men framfor konsonant fell endekonsonantarne burt i desse ljodlagi: *lăms* < *lambs*, *lăns* < *lands*, *kvŏls* < *kvelds*; sameleis i samansetjing: *kamfjøəvùr* f. vorta, *lanbrim* n. brim mot landet, *kvŏlmåal* n. kveldsmaal. Dette burtfallet gjeng elles inn under burtfall av konsonant millom konsonantar.

Um *nr*, *lr* o. fl., som i gnorsk vart *nn*, *ll* osfr., sjaa Stytting av konsonant (s. 131), og Merkn. 473 her nedanfor.

ŋg (< gn. *ng*) vert *ŋ* fyre konsonant: *tuŋlia* adv. tungt, til *tuŋgùr* adj.; i *lănlæggùr* m. skonk (paa dyr) < **langleggr*, hev *ng* vorte *n*. Framfor *v* synest det vera nokor svaging, med di det heiter *læŋgveəjis* adv. langveges, men *rǣnvørdùr* adj.[1] rangsnudd, < **rangverðr*. *Tannebrand* (i kvædi) < *þangbrandr*; jfr. *Tangbrand* Ryf. 1745.

Merkn. 473. Gnorsk *nn* i ljodsterk staving etter gamall stutt vokal er i færøymaalet enno *nn*, t. d. *brænna*, *drunnùr* m. ein pynta hale av ku eller saud[2], *finna*; undantak er *tidna* f. tinna, flint, < gn. *tinna*. I nokre ord som *stadna*, *midnått* (< *staðna*, *miðnátt*) o. fl. kann det vera tvilsamt, um *dn* er kome beinveges av *ðn* eller gjenom *nn* av *ðn* etter nokor lengjing av vokalen (sjaa 12), jfr. *dridnır* ptc < *dregnir* s. 120. — Gnorsk *nn* i ljodsterk staving etter lang vokal i bunde dat. eintal av kvendkynsord, som i nom. eintal i vanleg gnorsk endar paa rotvokalen (t. d. *ey*, *kló*), hev vorte *dn*, um den lange vokalen er tviljod: *åidnė* < gn. *eynni*, *måidnė* < *meynni*. Ogso i gen. fleirtal av desse ordi er der *dn*: *måidna* < *meynna*, *åidna* < *eynna* < *eyianna* (*meynnar* gsg Str. 59_7 61_{11} < *meyarennar*), og dessutan ved jamlaging i akk. eintal (*åidna*) og til deils endaa i dat. fleirtal (*åidnun*), oftare i talen *ådǯùnun*. Etter andre gamle lange vokalar vert det sagt *nn* i vanleg færøysk i dei her nemnde høvi, t. d. *brønnė* (eller *brÿnnė*) < *brú(i)nni*, *brønna* < *brú(i)na*, so nær

[1] I Anth. II er uppført *rangvörgur* [*rænvörgör*] med *rg*. Eg hev berre høyrt ordet med *rd han e(r) soə ræǹvørdùr*; *bouŋın ligg'ùr ræǹvørd* (upp ned); *alt e(r) soə ræǹvørt* (bakvendt) Thv.

[2] Det er gamall brudlaupsskikk paa Færøyarne, at det ved brudlaupsbordet vert sendt ein „drunnur“ fraa den eine gjesten til den andre med eit skjemterim. Sjaa Landt s. 449—450, og Jørgen Falk Rønne: Færøerne, Kbh. 1900, s. 119. Rønne fortel at dei hev havt same skikken i Danmark „i vore Bedsteforældres Tid“. — Skikken minner ikkje so litet um det som vert fortalt i Vǫlsa þáttr i Flateyarbók (Chr.a 1862) 2. bind, s. 331—336. *drunnùr* tyder vel upphavleg hale (jfr. fuglenamnet *drunnkvuitė* m. Procellaria pelagica, som hev ein kvit flekk paa sterten), og er skyldt med svensk og austn. *drunta* v. pedere.

som paa Sudurøy, der det etter alle lange vokalar er *dn*, og soleis *brødnė* (*brýdnė*), *brødna* liksom *åidnė* osfr. Jfr. dativformerne av same ordi paa Voss og i NHordland (ISVestl. I, Merkn. 353)[1]. Gn. *nn* hev ogso vorte *dn* i *saidnė* komp. < *seinni*. Um lagnaden aat gn. *nn* (< *nr*) i dat. sg. fem. av sterkbøygde adjektiv (t. d. *vænni*) og i komparativ, sjaa s. 131. Um *dn* < **nn* < *ðn* etter lang vokal sjaa s. 122 (øvst).

16 j. Konsonant-burtfall.

α. I framljod hev *h* falle burt framfor *l*, *n* og *r* liksom i alle norderlendske maal so nær som i islandsk, t. d. fær. *læipa* v. < *hlaupa*, *nøət* f. < *hnot*, *riŋgúr* < *hringr*. Ogso framfor vokalar er *h* i færøysk burtfallen i nokre høve. Soleis til deils i siste samansetningsled: *ragnild* Kn < *Ragnhildr*, *touradlúr* Mn < *þórhallr*, *saksun* propr., bygd paa NStraumøy, skr. *sagx hofn* (ɔ: *saxhǫfn*) D. Fær. s. 27, og i fyrstningi av nokre ord elles: *æakúl* m. (= *mæssúæakúl*) < *hakull*, *aita* v. < *heita*, *aitė* n. namn, i kvædi ogso med *h*: *heita* osfr., og i *ugga* v. hugga, trøysta. — Kvat tid *h* er burtfallen framfor *l*, *n*, *r* i færøymaalet veit me ikkje. Paa ein runestein fraa Kirkjubø, funnen i 1833 og no paa Oldn. Museum i Kjøpenhamn, stend der **uftiʀ hrua** ɔ: *eptir Hróa*; Wimmer set innskrifti til umkr. aar 850[2], og ved den tid heldt *h* seg i slike høve allstad i Norderlandi so nær som i Danmark. I dei ofte umrødde brevi um Husavikgodset (1403—1407) stend *Hrossa lands strond* 38_{26}, men ogso *hred* 3 si (av *ráða*), *hrentadi* 3 si og *Hragnilld* 42_{22} $47_{18\cdot 19}$. Avskrivaren synest ha vore nordmann, som hev blanda ymse islandske og sernorske former inn i skrifti si og hev dermed kome til aa gjera mistak ogso her, sjaa Arkiv XXVI, s. 219—220. I YSbr finn me *hlutar* 391_4 og *hluti* 396_{18}; men ogso dette skriv seg visst fraa islandsk paaverknad, for paa den tid (1600) er det ikkje rimelegt at det fanst *h* i færøysk. I former av *heita* hev *h* vore burte umkr. 1400: *ett* 3 si (< gn. *hét*, nyfær. *æat*) D. Fær. $XXVI_4$.

Um burtfall av *h* framfor konsonantisk *i* (*j*) i nokre ord, sjaa ovanfor s. 120 under yvergangen gn. *hj* > *ꞔ*; um *våalúr* i kvæde = *huáll*, sjaa ovanfor s. 117. I rask tale vil *h* ofte falla burt i pron. som *an* for *han* (liksom i nynorsk paa Vestlandet), naar pronomenet stend inne i setningi og inkje hev ettertrykk.

Av andre konsonant-burtfall i framljod er nemnande:

v er burtfallen fyre *r* i ord som *ræŋgúr* adj. < *rangr*, *rist* f. (dsk. *vrist*) liksom i vanleg nynorsk og i islandsk. I *vraijúr* adj. < gn. *reiðr* er der *v* liksom i nyn., venteleg ved paaverknad utanfraa (ogso *raijúr*).

[1] Færøy-formerne i den citerte Merkn. er til deils etter eit anna rettskrivningsprincip enn her er gjenomført; etter dette maa *oydn'ė* og *brudn'ė* s. 150_3 skrivast *åidnė* og *brødnė* (eller *brýdnė*). Um aksenten sjaa her ovanfor s. 68.

[2] Ludv. F. Wimmer: Die Runenschrift, Berlin 1887, s. 311 o. flg.

Framfor *o* og *u* er *v* i framljod no vanleg i dei same høvi som i nynorsk, t. d. *vourů* 3 pi (av *vera*) < *vóru*, *vouů* 3 pi (av *vaða*) < *vóðu*, *voərin* ptc < *vorðinn*, *vunnů* 3 pi (av *vinna*). Han er burte i *øndůr* adj. < *óndur < *vóndr, gn. *vándr*, nyn. *vond* (men *ōn* Trh. Ndl.), i fær. ogso *våndůr*; sameleis hev *v* falle burt i *vøəka* f. (gn. *vaka*, obl. *vǫku*) i samansetjingar, t. d. *jou(h)ˇannısøəků aftan*, jonsok aftan (23. juni); *siftůsøəka*, syftesok (2. juli), i D. Fær. s. 48 skrive *svituns vokudag* (1407), som fulla berre er ei skriftform som knapt den tid kann ha vore brukt i vanlegt talemaal paa Færøyarne; *oulasøəka*, gn. *O'lafsvaka*, nyn. *ōlavsoke* Tel., i vanleg nyn. *olsok*, *olsoke* (29. juli).

Um gn. kons. *u* i færøysk no sjaa Merkn. 468, 3.

g hev oftast falle burt framfor *n*, t. d. *nǣa* v. gnaga, *nuipa* f. nipa, fjelltopp, < *gnípa*; *naistė* m. gneiste. Undantak er *gnadda* v. skrapa (um ljod), jfr. gn. og isl. *gnadda*, murra, nyn. *gnadra* Hard.; *gnædla* v. < *gnella*; *gnuḑḑ* n., jfr. gn. *gnýr* m.; *gnuḑḑa* v. gnika, nyn. *gny* Nhl.

β. Um burtfall av konsonant i innljod gjeld den aalmenne regelen, at midkonsonanten millom fleire konsonantar gjerne fell burt, t. d. *kvøltuimė* m., nyn. *kveldstime*; *kålsjinn* n. < *kálfskinn*, *marbuilė* n. < *margbýli*; *væsmanna*, namn paa det gamle *Vestmannahǫfn*, skr. *ves mana hofn* D. Fær. s. 27 (umkr. 1400).

f er ofte burtfallen etter gn. *ó* og *ú*, som deretter (?) hev fenge konsonantisk utviding, t. d. gn. *prófa* v. > *próa > nyfær. *prægva*; gn. *húfa* f. > *húa > nyfær. *higva*, sjaa **16 h**, *κ*, og Merkn. 470, der undantak er nemnde.

Um burtfallen gn. *ð* i innljod, ogso um *ð* er framvaksen av *nn*, som t. d. i fær. *brūůr* m. brunn, < *bruðr* < *brunnr*, sjaa ovanfor under **12** (s. 86) og **16 i**, *β*, s. 120.

n er burtfallen framfor *s* + kons. i *tøsbårg* < *Túnsborg* (for Tunsberg) i kvædi.

r er burtfallen ved dissimilation i *joutra* v. jorta; ved eit slag assimilation i *adla halgana dæavůr*, helgemessa, jfr. gn. *allra helganna messa*.

l er burtfallen ved dissimilation i *hætland* for *hæltland*, det gamle *Hialtland*, jfr. *Hiatlandi* dat. D. Fær. s. 42_{19} (um 1400), og namnet paa fuglen Corvus monedula (s. 94). Av same grunn *luitısveərůr* adj. lite verd, < *lítilsverðr*.

g hev falle burt i *kvøndaslīa* adv., sideform til *kvønndakslīa*. *g* og *k* fell elles ofte burt framfor *t* i *-ijůr* og *-ůvůr*: *kunnıt* < *kunnigt*, *oumøəvůlıt*, umogelegt, *næiůt* < *nauðugt*; sameleis *hailat* < *heilagt*; *førıst* < *føəriskt*, færøysk(t); ogso *drøtt* < *driúgt*.

γ. *f* er burtfallen i mange ord i utljod etter *ó* og *ú*, som deretter hev fenge konsonantisk utviding, sjaa **16 h**, *κ*, der det er døme.

m er burtfallen i endingi *-um* i 1 person plur. imperf. ved jamlaging med 3 pers. Jfr. 1 person plur. i præsens. Gn. *kǫllum vér* heiter no *kadla vit*, og *fórum vér* heiter *fourú vit*. — I prøvorne i Anth. I, s. 456 er enno uppført fraa Norduroy-maalet »*kadlon vær*«.

Um burtfallet av *ð* og *t* i utljod etter vokal i ljodlinn staving sjaa ovanfor under **16 i**, *α*, s. 116.

t er burtfallen i *vann* (< *vant-* < *vatn-*) i fyrsteleden av samansetningar framfor konsonant: *vănkad̦d̦ė* m. (sjaa nedanfor under Metatese).

r fell mykje ofte burt etter vokal i ljodlinn staving, t. d. *døəvúratui* f. < *dǫgurðartíð*, *nåttafrijúr* m. < *nåttarfriðr*, *øksaskaft* n. < *øxarskaft*; *att'úbain* n. (< **aft(u)rbein*) bakfot; ui *șjúuragæarė*, namn paa ei grend paa Suduroy, < *í Sigurðargarði*, jfr. *Siurda* gen. (< *Sigurðar*) D. Fær. s. 443 (um 1400) som syner at dette burtfallet er gamalt. Den gamle genitivending *-ar* i eintal, mest utbreidt i sterke kvendkynsord og no mykje sjeldan brukt utanfor samansetningar, hev halde seg, naar andreleden i samansetningi byrjar med vokal som i *åarousė* m. elvos, *havnaråa* f. elvi som renn ut i Torshavn (*Havn* f.), *søknaråŋgúl* m. stor jarnkrok (sjaa Anth. II), og i det heile i samansetningar med *brúuar-*, og fleire, helst gamle ord, som er bruka i kvædi, t. d. *bårgargæarúr* m. I andre ord, og det i dei fleste, synest *r* jamt burtfallen, som t. d. i *bigdafølk* n. *bigdamåal* n. osfr. — I dei vanlege fleirtalsendingar i nom. av mannkynsord og nom. og akk. av kvendkynsord paa *-ar*, *-ır*, *-úr* hev *r* alltid falle burt i den bundne formi framfor artikelen: *hestanır*, *bygdėnar*, *gøətúnar*; i konsonantstomnarne held han seg i ord som *føətrėnır*, *bøəkrėnar*. Nom. sg. av mask. *ia*-stomnar endar no i ymse ord paa *-ė*: *ændė* < *endir*, *sværrė* Mn < *Suerrir*, anten etter jamlaging med *an*-stomnar, eller fordi *-r* i denne stoda vilde falla burt, eller ved ein samverknad av desse tvo faktorar. I kvædi finst sume gamle ord paa *-ir*, sjaa nedanfor under **17 a**. Ogso i andre høve vil *r* ikkje sjeldan falla burt i færøysk i ljodlinn stoda etter vokal; soleis i *samdøəvė* n. < gn. *samdœgr*, *ættė* prp. < gn. *eftir*, og i sing. i præs. av linne verb: *han dømė*, og *i han e(ə)* < *han eər*, *veərú(r)* < gn. *verðr* (av *verða*), *væa* < *væar* (av *vera*), i alle fall i Torshavn i snøgg kvardagstale.

r hev falle burt i *vi* prp. < gn. *viðr*, men held seg likevel i sume samansetningar som *j*, t. d. *vijúrșjiftė* n.

l fell ofte burt i kvardagstalen i *skæa* 3 sp < *skal*.

k eller *g* hev falle burt i *oə* konj. < *ok*. Um burtfallet av *g* i mange andre høve sjaa **14** ovanfor (s. 88).

Merkn. 474. Svagingi i talebruket med umsyn til *r* etter vokal i ljodlinn stoda set no og daa merke etter seg i normalskrifti ogso. Soleis finn ein ikkje sjeldan *hettar* for pronomenet *hetta* < gn. *þetta*; *hattar* for *hatta* < gn. *þatta*.

Merkn. 475. Fraa Fugløy og Kallsøy er uppteikna i 1907, at *n* (upphavleg *m*) etter ljodlinn vokal i tridje staving til deils er so utydeleg uttala at han er knapt høyrande paa heller stutte fraastand, iser i slutten av setningi. Siste *n* i *batėnun*, *boər̀ėnun* osfr. vart uttala utan eksplosion ɔ: tungetippen vart ikkje greidt flutt burt fraa tanngarden etter *n* var laga, so ordi lydde mesta som *batėnə* eller *båtėnü*, *boərenü* dsg av *boər* n. bord.

16 k. Innskot av konsonant.

j vert innskoten etter *å*, *æa*, *øə* framfor endingar som byrjar med *i*, t. d. *åajın* (elvi) < *áin*, *knæajė* < *knéiđ*, *bøəjın* < *bøinn*; jfr. *fæajır* < *fađir* osfr. Ved jamlaging etter andre kasus er *j* innkomen i nom. sg. av *viljė* m., gn. *vili*, cas. obl. *vilia*; *stæijė* (ogso *stijė*) m., gn. *steđi*, cas. obl. *steđja*, nyn. *steđ* n. Nfj.

j er i framljod innkomen i *jeə* pron. (eg) paa Suduroy for vanleg fær. *eə*. Formi stend eismall i maalet; ho kann ikkje ha kome fram ved ljodbrot av *e*, som her vilde vera *jæa*, heller ikkje ved gamall lengjing av *e* til *é*, fær. *æa*. Det er mest likt til at *j* hev vakse fram millom den sterkt utbreidde endingsvokalen *i* i 1 pers. sing. i verbi og *eg*: **døəmi-j-eg* > *døəmė jeə*. Ved jamlaging hev *j* ogso kome inn i *mjeə*, *tjeə*, *sjeə* < *meg* osfr. At formi med *j* berre finst paa Suduroy kann tenkjast aa hava sin grunn i det at Suduroy-maalet meir enn dei andre maalføri kann ha brukt pronomenet etter verbet.

n, eldre *m*, er komen attaat *u* i dat. sing. neutr. av adjektiv, pronomen og artiklar ved jamlaging etter dat. i mask., t. d. *spøəkun* dsn (gn. *spǫku*), *heəsun* (gn. *þessu*), *landėnun* (gn. *landinu*). Soleis alt i YSbr: *at fornum* 396_1 *eingum* pron. dsn 394_{10} *sinom* dsn 392_{11} *j landinum* 392_{20}. *n* er ogso komen til i suffikset *-gi* i nokre ord: *aldrın* adv. < *aldrigi(n)*, *åŋǵın* pron. < *engi(n)*, *kvørǵın* pron. < *hvergi(n)*; innskotet kann vera fraa gnorsk tid, og er vel kjent i nyn. og isl.

r er komen til etter *i* i nom. og akk. pl. av neutrale *ia*-stomnar: *klæajır* (gn. *klæđi*), ogso etter *a* i akk. pl. mask. i den sterke adjektivbøygjing. *r* er innskoten i *allar-*, aller- (*allarmæstúr*), < *alla-* < *allra-*, um ikkje *-ar* her er metatese for *-ra*.

s er innskoten framfor *t* i 2 pers. impf. av sterke verb med stomn som ikkje endar paa *r*, t. d. *tüu rakst*, men *tüuført* (av *fæara*); *st*-formi er vel jamlaga etter gn. *lezt*, *veizt* osfr. *s* er ogso innkomen framfor *t* i

houast konj. = *houat* < *þó at*, um ikkje ordet er eit samandrege *þó at so* (> *houats* > *houast* ved metatese).

v vert innskoten etter *åa, æa, øə* framfor endingar som byrjar med *u*, t. d. *fåavür* adj. < gn. *fár*, *knæavun* dpl av *knæa* n. kne, *bøəvür* m. < gn. *bœr*. Jfr. innskotet av *j* etter dei same vokalarne framfor *i*. — I ou*vargaduir* n. (sideform til ou*argaduir*) fælt menneskje, ukjura, og ou*vargalijür* adj. fæl, illskefull — med verre tyding enn *bansættür*, uvyrden — maa ogso *v* vera innskoten, med di ordi utan tvil hev samanheng med gn. *úargr*, modig, og *úargadýr*, namn paa løva. Jakobsen meiner at formi med *v* hev sin grunn i »tilnærmelse til *vargur*« Anth. II, s. 228.

Merkn. 476. Innskotet av *s* i 2 pers. sing. impf. er mest i bruk nordanfjords. Paa Sandøy skal det vera lite brukt.

Merkn. 477. Paa Suđurøy er der oftast ikkje innskot av *j* eller *v* framfor vokal. Det vert der sagt: *åın* eller *ōın* < *áin*, *fōür* < *fár*, *brøür* < *brœðr* for vanleg fær. *brøəvür*.

16 l. *a*. Lengjing av konsonantar.

For gn. *ð* i impf. av verb som enda paa rotvokalen, hev færøysk stundom *dd*, t. d. gn. *náði* (av *ná*), fær. *nåddė* (av *nåa*) liksom i norsk. Formi er vel framkomi etter jamlaging med former som gn. impf. *gœddi*, *hlýddi* av *gœða*, *hlýða*. Naar *ð* i slike ord som *gœða* fall burt, fekk desse ordi med sin lange vokal + *a* i infinitiv (*gøa*) ei skaplund som i so maate var heilt upp lik med den i *nåa*. Naar *gøa* i impf. heitte *gœddi*, maatte *nåa* kunna heita *nåddė*. Dette var ei mykje greidare form for fyrrtid enn den som ljodlogrett skulde ha vakse fram av gn. *náði*, som maatte ha vorte *nåajė*. Naar verb med *ú* til rotvokal, t. d. *búa*, som utan tvil mykje tidleg fekk veik bøygjing i impf. (*búði* for *bjó*) ikkje hev vorte med i same fylgje som *nåa*, er grunnen fulla den at *búa* i færøysk vart **búgva*, no *bigva*, og soleis fekk ei skaplund som ikkje kunde føra til jamlaging, og *bigva* hev daa ogso den dag i dag i impf. den ulaglege, men ljodlogrette formi *bůuė* (i tydingi bu, vera).

m er lengd etter gn. *u* i *hummar* m. *summar* n. *summür* adj. < gn. *humarr*, *sumar*, *sumr*; *tummė* m. *tummil* m., jfr. gn. *þumalfingr*; sameleis *lummė* m. lumma.

p er lengd i *læppa* v., nyn. og isl. *lepja*.

t er lengd i adverbi u*ttan*, u*ttar*, u*ttast* < gn. *útan* osfr.; fyre lengjingi hev vel vokalen vorte stytt, jfr. isl. *utan*, nyn. maalføre ofte u*tta*(*n*).

n er lengd i akk. sing. bundi form av einstavings kvendkynsord som endar paa rotvokalen, t. d. *ånn'a* (av *á*, elv) for gn. *åna*, *kønn'a* for *kúna*, etter jamlaging med dat. sing. b. f. *ånn`ė*, *kønn`ė* (tonelaget i dat. svagar).

β. Stytting av konsonantar.

Upphavleg *nr* og *lr* vart alt i gnorsk tid etter lang vokal i ljodsterk staving jamna til *nn* og *ll*, t. d. *sueinn* m. *vænn* adj. *skínn* 3 sp *hæll* m. *heill* adj. I slike høve hev færøymaalet stytt *nn* til *n*, og *ll* til *l*, og sett attaat endingi *r* med halvljoden *ŭ* framfyre: *svainŭr, væanŭr, skuinŭr, hæalŭr, hailŭr*; jfr. isl. *sveinn, vænn, skínn, hæll, heill*. Ogso den gnorske *nn* og *ll* (< *nr, lr*) i dat. sing. fem. av sterkbøygde adjektiv med rotstaving som enda paa *n* eller *l* etter lang vokal, hev i færøysk vorte stytt til *n* og *l*, og i staden for den gnorske endingi *-i* i denne kasus, hev desse adjektivi fenge den vanlege færøyske utvida endingi *-arė*, t. d. *væanarė, hailarė* (*vi væanarė hånd*, med væn hand, liksom *vi stærkarė hånd*, med sterk hand); sameleis i komparativ *væanarė* for gn. *vænni*. Gen. sing. fem. og gen. plur., der gnorsk hadde same jamningi (*vænnar, vænna*), er ikkje no i bruk i færøymaalet. Um endingi *-arė* i dat. sing. fem. sjaa innskot av vokal s. 110. — Undantak fraa desse reglarne er *ain* num. og art. (< *einn*): *ain dråŋgŭr*, ogso *ainė* dsf (*ŭur ainė gouarė bouk*, or ei god bok); *saidnė* adj. og adv. komp. av *sainŭr* og *saint*; — *ådlŭr* m. aal (fisk), sideform til *åalŭr* < *áll*; *pådl* (og *påal*) Mn < *Páll*, no oftast *poul* (dsk.); jfr. ISVestl. I, s. 149.

Etter stutt vokal i ljodsterk staving stend *nr* og *lr* vanleg i gnorsk, um det enn ogso her eingong hev vore jamning. I dette høve hev færøysk som vanleg skote inn halvljoden *u* framfor *r*: gn. *vinr* m. *linr* adj. *venr* 3 sp (av *venia*) > fær. *vinŭr, linŭr, veənŭr*; gn. *hualr* m. *elr* 3 sp (av *ala*) > fær. *kvæalŭr, eəlŭr*.

Dei gnorske endingar *nn* og *ll* i ljodlinn staving vert stytte til *n, l* i fær.: gn. *aftann* m. *jǫtunn* m. *opinn* adj. > fær. *aftan, jøətun, oəpın*; ogso i bøygjingar: *mæavŭrın* nsg, jamvel millom vokalar: *bigdėnė* < *bygðinni, gøətŭnė* < *gǫtunni*; gn. *ketill* m. *ǫngull* m. > fær. *ƙeətıl, åŋgŭl*. Adjektivendingi *-all* kann gaa same vegen: gn. *gamall* > *gæamal, vesall* > *veəsal*; men her er sideformer paa *-ŭr*: *gæamalŭr*; gn. *einsamall* heiter *æinsamadlŭr*, ogso *æinsamaldŭr*; jfr. nyn. *ę̄isemadl* Shl. *gam(m)aldə* Sfj. YSogn.

Dei gnorske *ss* (< *sʀ*) og *rr* (av eldre *rʀ*) hev i færøysk vorte stytt til *s* og *r* i ljodsterk staving baade etter lang og stutt vokal, og dei vanlege endingar i maalet attaatlagde: gn. *íss* m. > fær. *uisŭr*; gn. *herr* m. *flórr* m. flor, fjøs, *stórr* adj. > fær. *heərŭr, flourŭr, stourŭr*; gn. *less* 3 sp > *leəsŭr*. Verb, som er stuttstavingsord med stomn som endar med *r* (*fara*), fær i færøysk ingi ny ending i 3 sp: *feər*. I ljodlinn staving hev *rr* vorte *r*: *hæamar* m. nsg < *hamarr*; *næakar* pron. nsm < *nakkuarr*; ogso *kvøər* pron. < *huerr*.

Gjekk det i gnorsk ein konsonant framfor slike utjamningar som *nn* av *nr*, *ss* av *sr* osfr., fall den eine *n*, *s* osfr. burt: gn. *hrafn* m. nsg, *iarl* m. nsg, *huass* adj. nsm, *koss* m.; i færøysk fær ogso desse former *ūr*, t. d. *ravnūr*, *jadlūr*, *kvassūr*, *kåssūr* m.

ss > *s* i *heəsin* pron., gn. *þessi*; jfr. *þesa* asf D. Fær. s. 46_8, *þesi* ibid.$_{16}$ (umkr. 1400); fær. *hæasin* pron. < **þassin* (denna der). Sameleis i dei foraldra pronominalformerne paa Nordurøyarne: *oəs* dat. og akk. (av *væar*) < gn. *oss*, og i *oəsara* gen. (vaar) < gn. **ossar*. Vokalarne i alle dei her nemnde formerne maa vel ha vore stutte i gnorsk tid.

Merkn. 478. Fær. *tradlūr* m. »skurk, skælm« kann etter formi vera same ordet som fær. *trælūr* m. træl, jfr. *ådlūr* = *åalūr*. I tydning ligg fulla *tradlūr*, som ogso kunde vera eit eldre *trallr*, vel so nær nyn. *troll* n., som forutan aa tyda dæmon (= fær. og isl. *trødl*) ogso kann tyda eit vondt eller fælt menneskje, smlk. fær. *tralskūr* adj. »fortrædelig, skælmsk« og nyn. *tråļļåt*, leid, uskikkeleg, Trh.; men formerne, serleg isl. *trødl* i eintal, og *trødla* gpl, og den umstoda at alle heimenorske maalføreformer læt seg forklaara av *troll*, og ingi med full vissa av **trall*, synest paa norsk maalumkverve leggja fleire vanskar i vegen for aa fyresetja tvo upphavsformer (*trall* og *troll*) enn um me held fær. *tradlūr* for sideform til *trælūr*, og *ø* i isl. *trødl* for eit uregelrett framskot av *o*. Um fær. *trødl* sjaa elles Merkn. 465 ovanfor.

16 m. Ymse konsonanthøve.

Metatese. Av konsonant-umkast er der ikkje so reint lite i færøymaalet. Soleis er merkande:

Gn. *fs* > *sv* i *luisvuiķķa* f. (ogso *-vuiķė* n.) livsykja, isl. *lífsýki* f.

Gn. *fr* (og yngre *vr*) < *rv* i *ærvė* komp. < *efri*; *firvaldūr* m. < **fifraldur*, nyn. *fivrelde* (sjaa s. 77); *karviŋgūr* m. kavring; men *havrė* m. (kornslag). *larvas* Mn < **Lafranz*, Lars. Umvendt, men knapt vanleg, *rv* > *vr* i *nevrar* pl. < *nervar*, Báb. s. 119_{20}.

Gn. *fl* > *lv* synest gjenomført, t. d. *alvė* m. < *afli*; *dralvė* m. dravle < *drafli*; *ælva* v. < *efla*, *galvūr* m. < *gafl*; *gålva* v., jfr. nyn. *geivla* hjaa Ross; *grulva* v. krabba, gruvla, < *grufla*; *kalvė* m. kveita, hellefisk, < **kafliði* ɔ: djupgangar; *nalvė* m. < *nafli*; *nulva* v. gnika millom henderne, nyn. *knuvla* d. s.; *stilve* m. styvel, < **stifli*; *talv* n. < *tafl*; *trilva* v. < *þrifla*. Dette umkastet finn me sporadisk ogso paa Vestlandet i Norig (sjaa ISVestl. I, Merkn. 373)[1]. Det er visst heller gamalt i sume høve, men yngre enn lengjingi av vokal framfor *lv*.

Gn. *tn* > *nt* framfor konsonant i *vatn-*, t. d. *vănkaɖɖė* m. vatskagge, < **vantkaggi* (med burtfall av *t* millom konsonantar) < *vatnkaggi*; *vans-*

[1] *tšælve*, som i Merknaden er nemnt fraa færøysk, maa med den rettskrivning, som her er bruka, verta skrive *ķælve*.

brækka f. namn paa ei brekka paa Vaagar, < **vants-* < *vatns*. Det vanlege norske *vass-* (< *vats-* < *vatns-*) hev eg ikkje raaka paa i færøysk.

tl > *lt* i *striltın* adj. »som bringer lidet udbytte og koster meget besvær«, < **stritlın*; jfr. nyn. *stritlen* adj. slitsam, Hall. (Ross).

Gn. *ns* > *sn* i *høsn̥* n. pl. høns, < *hœns* (ogso *hœsn* i gnorsk), isl. hænsni pl. n.; jfr. nyn. *høss* Set. VTel., som maa vera framkome av *høsn̥* ved det at den klanglause *n* (*n̥*) hev falle burt etter den klanglause *s*.

rv > *vr*, sjaa *fr* > *rv* her ovanfor.

Gn. *sk* > *ks* framfor *t* i neutr. av adjektiv med stomn paa *sk*: *baⁱkst* < *beiskt*, *fruⁱkst* < *fruⁱskt*, *rakst* < *raskt*, *ȶøkst* < *tjøskt* av *tjøskúr* < **þiófskr*, tjuvvoren, jfr. nyn. *tjuvskjen* d. s. Sogn, Ryf. (Ross); ogso stundom elles, t. d. *iŋkstė* impf. *iŋkst* ptc av *insȶa*, ynskja. Same metatese i ymse heimenorske maalføre (ISVestl. I, Merkn. 373).

Gn. *gl* framfor konsonant til *lg*, der *g* fell burt millom *l* og *g*, i *sæl'gadn* n. < **sælggadn* < *seglgarn*; *sildė* 3 si < *silgdė* < *sigldi*; jfr. den ofte nemnde Merknad i ISVestl. I.

ks > *sk* i nokre ord som *køsk* f. skaal < *køks*, nyn. *koks* d. s. *hista* v. hiksta < **hiskta* < gn. *hixta*. Hertil vel ogso *avrıskappė* m. < *afrekskappi*, og *airısgræas* n. cochlearia (planta) < *Eireksgras* d. s. isl. (Haldorss.), jfr. nyn. *eriksgras* d. s. Finm.?

kl > *kl*: *s̡jølka* v. svaga, sjangla, jfr. *stjokla* d. s. ISogn (Ross).

Nemnast kann ogso det gamle ljodumkastet i ordet *råss* n. hest, som no er den vanlege formi, medan *hårs* berre er brukt i kvæde, gn. *hross* og *hors*; dette umkastet maa vera eldre enn burtfallet av *h*; jfr. nyn., tysk og engelsk. Same umstelling er der i fær. *kårs* n. (= *kråssúr* m.) < gn. *kross*; fær. *kårs* er kannhenda danisme, som kynet talar for, men det kann likevel vera fraa 15 hundr., jfr. *helga korss aftan*, krossmessa, 3. mai?, D. Fær. s. 52_{24} (1479), og nyn. *kors* m. NVestl. Trh. Ndl. — Stend *r* (eller *l*) etter ein konsonant i fyrste stavingi av eit tvostavingsord, og andre stavingi hev *l* (eller *r*), hender det at *r* og *l* i færøysk (liksom til deils i nynorsk) kann umbytast: gn. *kringla* f. (krins) > fær. *kliŋgra* (= nyn. *kliŋg'ər* Trh.); fær. *krutla* v. = nyn. *klutra* (og *krutla*).

17. Ordformer.

a. Substantiv. 1. Dei grammatikalske kyni er i færøymaalet i det heile dei same som i gnorsk. Undantaki er faa. Av mannkynsord i gnorsk er no kvendkynsord: *bjødn*, *møna* (sjaa her nedanfor under 2) *ørn*; *våa*, ein vaag, liti vik, men gen. og til deils dat. av det gamle mask. *vágr* liver enno i stadnamn, t. d. *han feər til våks* ɔ: til

bygdi Vágur, Vaag paa Suduroy, ui *våajé* (< *í Vági*), *til mivvåss*, til Miðvágur sud paa Vágar; *våksbåtnúr*, det inste av ein vaag. — Av mannkynsord i gnorsk er no inkjekyn: *haim*, »home« (men *haimúr* m. = *veər*, *vøərıld* f. »world«); *hædlı*, heller, < *hellir*; *ƙiss*, ein kyss, dsk. et kys; *kårs* (men ogso *kråssúr* m.) ein kross, dsk. et kors; *læisåiré*, lausøyre; *spårl*, ein spord, < *sporðr* m.; *stæa*, ein stad, *gæŋga til ait stæa* (*til steəves*, til stadar, Thv.), venteleg etter dsk. (gn. *staðr* m.), men synest vera noko gamalt paa Færøyarne, jfr. *stedh* n. D. Fær. s. 52_{10} (1479).

Av kvendkynsord i gnorsk er i færøysk inkjekynsord: *ƙou*, folk, < *þjoð*, som i formi tjóð er uppteke i det nye bokmaalet fraa kvædi.

Av inkjekynsord i gnorsk er no mannkynsord: *kvaité*, kveite, Triticum, < *hveiti* n.; *lyŋgúr*, lyng(et) — dsk. lyng(en); *saksúr*, ei soks, < gn. *sǫx* n. pl. Av inkjekynsord i gnorsk er no kvendkynsord: *lou*, log, lex, < *lǫg* pl. n., ui *louúnun*, i logi, jfr. *lăktiŋg* n. (ogso *løktiŋg*), lagting, *løgmæavúr*, lagmann.

våar, *summar*, *hæst* (< *haust*) og *kvøld*, som i dei fleste nyn. maalføre no er mask., er i færøysk enno inkjekynsord (likevel *sumrar* pl. m. attmed *summør* pl. n. og um kvøldarnar FSÆ s. 408_{23}); sameleis fær. *rågn* n. < *hrogn* n., nyn. *rogn* f. Gn. *tiǫrn* f. er fær. *ƙødn* f. liksom i heimenorske vestlandsmaal. Det nye ordet *krugg*, krig, er neutr. venteleg etter *strui* n. < gn. *stríð*.

2. Bøygjingi er enno i mykje den same som i gnorsk, men der er likevel ikkje so faa avvik. Yvergangar fraa eit bøygjingsmynster til eit anna er ikkje sjeldsynte. *u*-ljodbrigdet av *a* framfor halden *u* i næste staving er ikkje lenger heilt gjenomført (sjaa ovanfor s. 72); dette gjeld ogso andre ordklassor. Genitivformer er lite i bruk, sjaa Syntaktiske merknader her nedanfor s. 147. Elles er merkande:

Mannkynsord. Nom. og akk. er jamnaste vel skilde i eintal (*stainúr* nom. *stain* akk.); men i fleirtal hev akk. falle saman med nom., soleis i nom. og akk.: *stainar*, *lutır*, *vødlır*, *hæanar* av gn. *hani*. Mange mannkynsord hev ei linnbøygd form jamsides med ei sterkbøygd, t. d. *alvúr* m. (avl i smidja) og *alvé*, *hæamar* og *hæamaré*, *leətıngé* og *leətıŋgúr* o. fl. — Av dei gamle *ia*-stomnar vert i færøysk sume bøygde som *an*-stomnar: *ændé*, pl. *-ar*; *mæaƙé*, eggjarn, kniv, pl. *mæakar*, < gn. *mækir*, sverd; *åiré*, foraldra verdemaal, vegt, pl. *åirar*, ogso fem. og neutr. og i plur. *åirı(r)* (jfr. *læisåiré* n. lausøyre); *sværré* Mn < *Suerrir*, *touré* Mn < *þórir*; i kvædi ogso *hiré* < *hirðir*, *lakné* < *læknir*, og endaa nokre med den gamle endingi *-ir*: *fåvnır* < *Fáfnir*; *hilmır*, kjempa;

stidlır, konge, gsg: *stidlıs*; *æajın* asg, havet, b. form av eldre *ægir*, sjaa FSÆ s. 509. Det gnorske *mœnir*, møne, takrygg, hev falle saman med gn. *mœna* f. møna, ryggmerg, til *møəna* f.; for gn. *hellir*, ein heller, er sagt *hædlė* n., gen. *hædlıs*, pl. *hædlır*. Gn. *einir*, eine, Juniperus communis, det einaste bartre, som veks vilt paa øyarne, heiter *bæaraldůr* m.[1]. — *u*-stomnar som *vødlůr* held paa *ø* i alle kasus, undt. gen. plur. (*vadla*), men for *vødlė* dsg og *vødlır* npl og apl finst i kvædi *vædlė*, *vædlır*; *fjøərůr* (< *figrđr*) er bøygt som i gnorsk (men apl *firır* = npl); *soənůr* hev i dat. sing. *sinė* (< *syni*) og *soənė*, i plur. *sinır*; *tråavůr* (< *þráđr*) i plur. *tragrır* (og *træavůr* < *þræđr*). — *an*-stomnar er bøygde som i gnorsk, men hev *-ar* i akk. plur. Merk: gn. *vili* hev i nom. sing. *viljė*; *baďďė*, bror, obl.: *baďďa*, pl. *baďďar*; *armınďė*, arming, stakar, pl. *armınďar*; for *høvdınďė* er gjerne brukt *høvdıŋgůr*, pl. *høvdıŋgar*; *bøndė* (< *bóndi*), pl. *bøndůr*, dpl: *bøndun* (< *bóndum*), men ogso *bøndrun* etter nom. pl. liksom t. d. i nynorske maalføre (*bönrom*); *fuďďındė*, fiende, pl. *fuďďındar*; *frandė*, frænde, pl. *frandůr*. Ord paa *-arė* fær i plur. *-arır*: *hummarė*, *kaisarė*, *læararė*, *pæntarė*, skrønemakar, i nom. og akk. plur.: *hummarır* osfr., i bundi form nom. plur. *hummarėnır*, akk. plur. *hummarėnar*. — Einstavingsstomnar: *mæavůr* (< *mađr*) er bøygde som i gnorsk, men kann i akk. sing. ogso heita *mæavůr* (vanleg mann); plur. *mænn* og i b. form *mænnėnır* (apl: *mænnėnar*). — *fæajır* (< *fađir*), pl. *feədrar*, mest um forfederne; elles er gjerne brukt *påapė* (pl. *-ar*), liksom *mamma* for *mouır* < *móđir*); *brouır* (< *bróđir*), pl. *brøəvůr*, i b. f.: *brøərėnır*[2].

K v e n d k y n s o r d. *iō*-stomnar (gn. *heiđr*) endar i færøymaalet no i nom. sing. paa *-ė* liksom i nyislandsk og vert elles bøygde som i gnorsk; slike ord er: *birė*, *haijė*, *vaijė* < *byrđr*, *heiđr*, *veiđr*. Men ikkje sjeldan finn me former som er uregelrette, og daa helst linne sideformer; *helgr* heiter *halďė* (ogso *halga*, *hælga*, og *hælďė*) Suđurøy, pl. *halďır* (ogso *halgůr*, *hælgůr*, og *hælďır*); gn. *merr* > *meər*, pl. *meərar*; gn. *mýrr* > *muirė*, pl. *muirır*; gn. *eyrr* > *åirė* (ogso *åira* f., gpl: *åirna*, jfr. O y r n a - n í p a nord paa Suđurøy); gn. *öx* > *øks* (ogso *øksė*), pl. *øksır*, er ogso

[1] Finst ikkje hjaa Evensen; men Landt hev det s. 214, sameleis FSÆ, og Rasmussens Plantulæra, Torsh. 1910, s. 79. Sjølv hev eg ogso høyrt det. Evensen hev derimot: „e i n i r (hann) Enebærtræ. Ss e i n i b e r (Enebær) o. s. fr.“, som eg hev spurt etter, men forgjæves.

[2] Noko dilikt er det hjaa oss i Setesdal, der dei vel brukar *fair* eller *fai* (*fai min*), men oftast i dagleg tale *papa* (eldre *påpi*, no fulla utdøytt, men uppteikna som foraldra paa Langeid i Austad i 1899), liksom *mammę* er det vanlege for *moyr* (< *móđir*). Jfr. Thott 1506 qv.: „*Mama* o *Papi* siger de (ɔ: fjellbønderne i AAgder) til deris Moder og Fader, om børnene endskjønt kand vere graa af alder, *Du Mami, Du papi*“ (Hannaas' utgaava s. 40). — I Setesdalen ogso *boua* (kjælenamn) for broder, som der elles heiter *brouı(r)*, jfr. fær. *baďďe*, paa Norđurøyarne *båďďe*, for det vanlege *brouır*.

bøygt lint: *øksa*. — *ōn*-stomnar er bøygde som i gnorsk, men den gamle endingi *-na* i gen. plur. er berre brukt i nokre faa samansetningar (*håsnatråavúr* < *hosnatráðr*, Anth. I, s. LXXXI), og *u*-ljodbrigdet av *a* er i sers mange høve burtfalle. — *ȋn*-stomnar (sjaa her straks nedanfor) som *ædlė*, alderdom, *raijė* eller oftast *vraijė* (< *reiði*), *ævė* (< *æfi*), *øəjė*, villskap, < *œði*, er no bøygde som neutrale *ia*-stomnar i gen. sing.: *-ıs*, t. d. *ædlıs*, *ædlısdǣar*, alderdomsdagar, *ædlısmæavúr*, gamalmann. — Einstavingsstomnar: *bouk*, pl. *bøəkúr*, pl. b. form *bøəkrėnar*; sameleis *rouk*, gangstig i fugleberg, pl. *røəkúr*; *hånd*, *hændúr*, *hændrėnar*, og sameleis *strånd* og *ståŋg*; *gåas*, *gæas*, *gasnar*; *mørk* (= 16 *ɖidlın*), *mærkúr*, *mærkrėnar*; *múus*, pl. *muis*, *muisnar*; *nøgl* eller *nagl*, pl. *nægl*, *næglėnar*.

Inkjekynsord. *a*-stomnar vert bøygde som i gnorsk: *fjadl*, pl. *fjødl*. — *ia*-stomnar (gn. *kuæði*) hev i plur. *-ı* eller *-ır*: *kvæajė*, pl. *kvæaj(ı)r*; *ruiʈʂė* (< *ríki*), pl. *ruiʈʂır*. — *an*-stomnar (gn. *auga*) vert i sing. bøygde som i gnorsk, men i nom. og akk. plur. er endingi no ofte *úr* (jamsides med *ú*) etter jamlaging med linne kvendkynsord, t. d. *æia*, pl. *æijúr* (ogso *æijú* < gn. *augu*); *jarta*, pl. *jørtúr*; dette er daa same vegen som mange heimenorske maalføre hev fare, sjaa ISVestl. I, s. 164, 17. *mænniʂja* f. menneskja, mannaætti, *mænniʂja* n. menneskje, menne, med same tydningsskilnad som i nynorsk; pl. *-úr*. Til denne flokken høyrer elles same ordi som i nynorsk: *aista*, *nūa* (noda), *nuira*, og dessutan *luŋga*, som i nyn. hev gjenge yver til kvendkynsord. Den gamle genitivendingi paa *-na* er enno til deils brukt i samansetjingar, t. d. *aistnaskølpúr*, pung (scrotum), *æignakast* (Anth. I, s. LXXXII, § 45).

Merkn. 479. Paa s. 115 ovanfor er gjeve nokre døme, som syner kva innverknad dei nyfærøyske ljodlogerne kann hava paa substantivbøygjingi. Me tek her inn nokre fleire.

Mannkynsord:

Eintal	nom.	*dræimúr*, draum	*dræimúrın*	*dæavúr*, dag	*dæavúrın*
	(gen.	*dræims*	*dræimsıns*	*daks-brúun*	*daksıns*)
	dat.	*dræimė*	*dræimēnun*	*deəjė*	*deənun*
	akk.	*dræim*	*dræimın*	*dæa*	*dæajın*
Mangtal	nom.	*dræimar*	*dræimanır*	*dǣar*	*dǣanır*
	(gen.	*dræima-mæavúr*	—	*dǣa-*	—)
	dat.	*dræimun*	*dræimúnun*	*døəvun*	*døəvúnun*
	akk.	*dræimar*	*dræimanar*	*dǣar*	*dǣanar*

Kvendkynsord:

Eintal	nom.	*bigd*, bygd	*bigdın*	*våa*, vik	*våajın*	*klægv*, klo	*klægvın*
	(gen.	(*til*) *bigdar*	—	—	—	—	—)
	dat.	*bigd*	*bigdėnė*	*våa*	*vånnė*	*klægv*	*kløꞑnė*
	akk.	*bigd*	*bigdėna*	*våa*	*vånn'a*	*klægv*	*kløꞑna*

Mangtal	nom.	*bigdır*	*bigdėnar*	*våajır*	*våajėnar*	*kløəvür*	*klødnar*
	(gen.	*bigda-følk*	—	—	—	—	—)
	dat.	*bigdun*	*bigdünun*	*våavun*	*vånnun*	*kloun*	*klounun*
	akk.	*bigdır*	*bigdėnar*	*våajır*	*våajėnar*	*kløəvür*	*klødnar*

Inkjekynsord:

Eintal	nom.	*fjadl*, fjell	*fjadl'ė*	*land*, land	*land'e*
	gen.	*fjals*	—	*lans*	—
	dat.	*fjadl'ė*	*fjadlėnun*	*land'ė*	*landėnun*
	akk.	*fjadl*	*fjadl'ė*	*land*	*land'ė*
Mangtal	nom.	*fjødl*	*fjødlėnė*	*lånd*	*låndėnė*
	(gen.	*fjadla-græas*	—	*landa-værja*	—)
	dat.	*fjødlun*	*fjødlünun*	*låndun*	*låndünun*
	akk.	*fjødl*	*fjødlėnė*	*lånd*	*låndėnė*

Liksom i nynorske maalføre er genitivformer mesta ut or bruk so nær som i visse høve; i staden vert brukt ymse umskrivningar (sjaa s. 147).

Merkn. 480. Ei ny merkeleg genitivform av personnamn, ulik alt som elles er kjent fraa norske maalføre, er mykje brukt paa Færøyarne. Uppteikningarne her er fraa SStraumøy. Til vanleg genitiv er lagd endingi -*sa*(*r*): *jåakups-sa*(*r*) *båatür*; *annü sa bouk*; *tæa lu'ktıst marıü sa æiun*. Naar *sa*(*r*) i slike høve kjem straks etter vokal, lyder det nærast som eit serskilt ord. Ved *an*-stomnar kann det leggjast til nominativ: *e*(*ə*)*r hætta pallė sa higva*? *sværrė sa hüus*. Fyrste gongerne ein høyrer slik ordleiding, minner ho um den vestnorske genitiv med sin, ikkje minst i tonelaget: *jakop sin baat, anna si bok, dę lïktest maria sine augo*, men ho skil seg heilt ut derifraa baade ved sitt upphav og i samanheng dermed ved det ubøygjelege *sa*. — Formi synest ha sitt upphav fraa dei mykje vanlege og utbreidde færøyske personnamn, som i nom. endar paa *s* med vokal fyre og i gen. hev -*ar*, namn som *jæanıs* (ogso *jæanüs*), *hæanıs* (og *hæanüs*), *niklas* o. fl.; i genitivendingi -*ar* vil *r* gjerne falla burt, so det heiter t. d.: *hætta e*(*ə*)*r jæanısa*(*r*) *partür*, *hæanüsa*(*r*) *partür*, og derifraa var det, naar sansen for genitivtydingi av -*a*(*r*) meir og meir veikna, ikkje langt til aa taka *sar* eller *sa* som genitivmerke og segja *sjüura-sa partür* og *jåakupsa*(*r*) *partür*, som no er vanlege former. Sidan maa daa dette *sa* ha breidt seg vidare utyver til alle mannsnamn og kvendenamn, men berre i den friaste kvardagstale, og endaa der lyt det tevla med andre ordingar for genitiv; i skrift og paa prent er det knapt aa sjaa[1]. So ulikt baade i upphav og i tyding som dette *sa* er det *sa*, som ovanfor er umrødt i *gæamalsasæiür* (s. 108), er der likevel ein rytmisk likskap millom det sistnemnde ordet og dei umhandla genitivformer, so rytmen[2] kann ha hjelpt til baade aa gjeva deim liv og halda deim uppe i dette maalet, der øyra i lange tider aaleine hev vore domar utan rettleiding av skrift.

Um -*ėnė* i nom. akk. plur. av inkjekynsord i bundi form (*hüusėnė* for vanleg gn. *húsin*) sjaa s. 111 ovanfor. Ogso neutrale *an*-stomnar hev den lengre formi: *æiünė*, gn. *augun*.

[1] Etter upplysning fraa Marie Mikkelsen er der ei uprenta fær. folkevisa, som byrjar: Jákupsar skegg var ongan tíð turrt.

[2] Færøymaalet synest lika sers godt tristavingsformer med vegt paa fyrste stavingi, og hev ofte slike der gamlemaalet og annan nynorsk hev tvo: *åkkara, tikkara, hænnara, hijanė* osfr.

17 b. Adjektiv. Bøygjingi er mesta som i gnorsk.

1. I den sterke bøygjingi i positiv, t. d. av *spæakûr, spøək, spakt,* er der det avvik at akk. pl. mask. endar paa *-ar*: *spæakar* (gn. *spaka*), og at dat. sing. neutr. fylgjer dat. sing. mask. og endar paa *-un*: *spøəkun* (gn. *spǫkum*); jfr. ISVestl. I, s. 159. Genitivformerne hev gjenge or bruk aa kalla; der er berre nokre faa merke att som i *fåataksmanssoənûr*, fatig manns son, *feəjınsbrûun* f. fegensauga, vinstre auga, sjaa Fegesauga hjaa Ross, s. 154 b; *valdra manna li* (i kvædi), flokk av utvalde menn.

Elles er merkande:

a eller *æa* av upphavleg *é* eller *ǽ* vert ved *u*-ljodbrigdet til *ø*, eller framfor nasal til o: t. d. *løtt* f. av *lattûr* (< gn. *léttr*); *rødd* f. av *raddûr* (< gn. *hræddr*, rædd); *lørd* f. < *lardûr*, lærd; *voən* f. av *væanûr* (< *vænn*). *læŋgûr*, lang, hev i fem. *låŋg* (og *læŋg*). Dat. sing. fem. hev den utvida formi paa *-arė*: *spæakarė, væanarė.*

Adjektiv paa *-ın* og sameleis *miꝁıl* og *luitıl* fær i akk. sing. mask. endingi *-an*, etter *ı* er utskoten: *åpnan* av *oəpın*; *miklan, luᵗtlan.*

Adjektiv paa *-lijur* (< *ligr*) fær i nom. akk. sing. neutr. *-lıt* (< *ligt*): *dåmlıt* av *dåmlijûr*, daamleg, fjelg; *heər e soə nåsslıt*, fjelgt (sjaa *nossa* v. Ross); sameleis *hailat* < *heilagt.*

I den veike bøygjingi er endingarne dei same som i vanleg gnorsk, i heile fleirtalet u.

2. Komparativ hev i dei ubundne former allstad *-ė*: *spæakarė, ruikarė; tiŋgrė* (< *þyngri*); i bundne former dei same endingar som i gnorsk, men utan *u*-ljodbrigde av *a* framfor endingi *-u*: *spæakarû* npm.

3. Superlativ er bøygt som positiv, sterkt og veikt, og med dei same endingar; det er berre aa merka at *u*-ljodbrigdet allstad er burtfalle: *spæakastr* m. *spæakast* f. *spæakast* n. I den bundne formi i fleirtal er endingarne allstad *u*, ogso i dat. *spæakastû.*

4. Notid i particip endar i alle former paa *ė*: *fæarandė.*

17 c. Pronomen.

a. 1 pers. pron. er i sing. *eə, muin, mæar, meə*; plur. *vit, åkkara, åkkun, åkkun.* 2 pers. sing. *tûu, tuin, tæar, teə*; plur. *tit, tikkara, tikkun, tikkun.* 3 pers. *hann, hansara* (og *hans*), *hoənun, hann*; *hoən, hænnara* (og *hænnar*), *hænnė, hæana.* Fleirtal i 1 og 2 pers. er fraa gnorsk tvotal liksom i nyislandsk og nynorsk [1]. I 2 pers. hev *t* fraa eintal og nom. plur.

[1] Sjaa Sprogl. og hist. afhandlinger viede Sophus Bugges minde, Kr.a 1908, s. 216 flg. Um eintalsformerne sjaa Festskrift til professor Alf Torp, Kr.a 1913, s. 64 flg. Baae stykki er skrivne av forfattaren til denne utgreidingi.

trengt inn i heile plur.: *tikkara* < **ikkara* < **ykkara*, gn. *ykkar*, jfr. nyn. *dykkar*; i dat. plur. hev -*un* fraa dat. plur. av adjektiv og substantiv trengt undan den gamle endingi -*r*, som no skulde vore -*ùr*: *åkkun*, *tikkun* for **åkkùr*, **tikkùr* (paa Sandøy enno *oəġùr*, *tijùr*). I vyrdsam tiltale til ein einskild person er sagt *tijun*, som er nom. dat. og akk. — *tæala tijun førjamåal*? — gen. *tijara*. Fleirtalsformerne *væar* (< *vér*), *oəsara*, *oəsun* (og *oəs*) og *tæar*, som enno i siste helvti av 19 hundr. livde paa Norduroyarne (sjaa Fær. Anth. I, s. LXXXIX) synest no vera utdøydde.

Um formerne *jeə*, *mjeə*, *tjeə* paa Suduroy sjaa ovanfor Merkn. 440 (s. 84) og **16 k** (s. 129).

R e f l e k s i v t p r o n o m e n er *seə*, *suin*, *sæar*; paa Suduroy *sjeə* for *seə*.

β. D e m o n s t r. p r o n. er *tann* m. og f., *tæa* n.; dat. sing. m. og n.: *tui* (< *því*); dat. plur. *taimun* (og *taim*); — *heəsın* m. (< *þessi*), *hænda* f. (etter asm *hænda*), *hætta* n. (< *þetta*); dat. sing. f.: *heəsarė* (og *heəsė*); »den der« heiter *hæasın* m. *handa* f. *hatta* n. (= vestn. *danna*, *datta*).

γ. R e l. p r o n. er *sum* (gn. *sum*, *sem*) og *ui*. *ui* vert brukt som gn. *er*, baade aaleine — *ġæntan ui heəvùr risaliȝılın* —, etter pronomen — *han ui*, *kvøər ui* —, og etter adverb, der det vert reint utan ettertrykk: *meənė* = gn. *meðan er*, *tåajė* = gn. *þá er*; det er visst ogso det gamle *er*, som vart *eð* (jfr. isl. *eð* < *er*, sjaa s. 98 ovanfor) og sidan *ið* ved paaverknad fraa ymse sidor, t. d. artikelen *hið*, *ið* (sjaa **11**, Merkn.) og den palatale endingsvokal *i* i maalet; — *ið* hev so vorte *í* > *ui* (etter **16 f**, s. 98) og i reint ljodveik staving *i*, no *ė*.

δ. S p y r j. p r o n. *kvæat* < *huat* (*kvui*, kvifor, < *huí*); *kvøər* m. og f. (kven) < gn. *hverr*, dsf: *kvørjarė* (og *kvørjė*); nom. akk. pl. neutr. *kvørjė*.

ε. U b u n d n e p r o n. *åŋġın* m. og f. *åŋȝė* n. (gn. *engi*). — *åŋkùr* m. og f. *åkkùrt* n. (gn. *einhuerr*, sjaa s. 99), asg: *åŋkun*, gsm og dsn: *åŋkùrs*; i dei andre former vert *ain* og *kvøər* bøygt kvar for seg, t. d. asf: *ainakvørja*. — *annar* m. *ånnùr* f. *anna* n., dsm og dsn: *øərun* < *ǫðrum*; dsf: *æararė* < **aðrari* (gn. *annarri*). — I *annarkvøer* vert baae ordi bøygde. — *båajır* m. *båar* f. *bæajė* n. (gn. *báðir*). — *kvøər* (< *hverr*) er bøygt som det spyrj. pron. — *kvørġın* m. og f. (ingen av baae), *kvørȝė* n. er i tydning likt gn. *huárrgi*. — *næakar* m. *nøəkùr* f. *næaka* n. maa vera av eldre *nakkuarr*, som hev mist *v* (*u*) etter *k*.

17 d. Talord. *ain*; *tvair* m. *tvæar* f. *tvæi* n. (gen. *tvæd̵d̵a* sjeldan, dat. *tvaimun*, apm: *tvair*, sjeldan *tvåa*); *trud̵d̵ır* m. *trud̵d̵ar* f. *trui* n. (gen. *trud̵d̵a* sjeldan, dat. *trimun*; akk. m. og f. *trud̵d̵ar*); *fuira*, *fimm*, *sæks*, *sjæi*, *åtta*, *nud̵d̵ŭ*, *tud̵d̵ŭ*, *ædlėrŭ*, *tølv*, *trættan*, *fjørtan*, *fimtan*, *sækstan*, *sæiʃʃan*, *aaʃan*, *nuiʃʃan*, *ʃŭuŭ* (*ain* o *ʃŭuŭ* osfr.); *treətėrŭ* (i kvædi *truiati*), *fjøərŭti*, *fimti*, *sæksti*, *şjæit*(*t*)*i*, *åttati*, *nuiti*, *hundra*, *tŭusun*. — Rekkjetali: *fisstė*, *annar*, *trijė*, *fjourė*, *fimtė*, *sattė* < gn. *sétti* (eller *sætti*), *şjæ'ndė*, *attandė*, *nud̵d̵ŭndė*, *tud̵d̵ŭndė*, *ædlıftė* (*ædlŭntė*, laga etter *tud̵d̵ŭndė*), *tøltė*, *trættandė* (og *-ŭndė*) osfr. *ʃŭuŭndė* (og *-ındė*), *ain* o *ʃŭuŭndė* osfr. og sidan med *-ŭndė* til 99.

Merkn. 481. For *tvair* hev kvædi (sjeldan) *tægvır* < *tógvir* < *tóir* (sjaa ovanfor s. 114). Fraa 50—99 vert oftare talt etter dansk mynster — liksom enno av eldre folk paa Austlandet i Norig og i Setesdalen —: *håltru'ssınsʃŭuŭ* eller *håltruiss'*, *tru'ssınsʃŭuŭ* eller *truiss'*, *hålfjærsınsʃŭuŭ* eller *hålfjærs'*, *fu'rsınsʃŭuŭ* (skr. *fýrasinnistjúgu* Báb. 157) eller *fuirs'*, *hålfæmsınsʃŭuŭ* eller *hålfæms'*. Jfr. ISVestl. I, Merkn. 400.

17 e. Verb. *a*. 1. I sterke verb er hovudformerne — infinitiv, imperfekt indikativ i sing. og plur., og perf. particip — mykje godt dei same som i gnorsk, sjølvsagt med dei brigde som regelrette yvergangar i ljodverket hev valda; innanfor reduplikationsverbi er der likevel ikkje faae avvik. Her er eit døme fraa kvar klassa:

		Infinitiv.	Impf. sg.	Impf. pl.	Perf. ptc. n.
1.	fær.	*buita*, bita	*bait*	*bitŭ*	*bitė*
	gn.	*bíta*	*beit*	*bitu*	*bitit*
2.	fær.	*njouta*, njota	*næit*	*nutŭ*	*noətė*
	gn.	*nióta*	*naut*	*nutu*	*notit*
3.	fær.	*finna*, finna	*fann*	*funnŭ*	*funnė*
	gn.	*finna*	*fann*	*funnu*	*funnit*
4.	fær.	*beəra*, bera	*bæar*	*bourŭ*	*boərė*
	gn.	*bera*	*bar*	*báru*	*borit*
5.	fær.	*d̵eəva*, gjeva	*gæav*	*gouvŭ*	*d̵eəvė*
	gn.	*gefa*	*gaf*	*gáfu*	*gefit*
6.	fær.	*fæara*, fara	*four*	*fourŭ*	*fæarė*
	gn.	*fara*	*fór*	*fóru*	*farit*

Reduplikations-verb:

1.	fær.	*aita*, heita	*æat*	*itŭ*	*aitė*, *itė*
	gn.	*heita*	*hét*	*hétu*	*heitit*
2.	fær.	*læipa*, laupa	*læip*	*lupŭ*	*loəpė*
	gn.	(*h*)*laupa*	(*h*)*liôp*	(*h*)*lupu*	(*h*)*lopit*

	Infinitiv.	Impf. sg.	Impf. pl.	Perf. ptc. n.
3. fær.	*gæŋga*, ganga	*ɟækk*	*ɟiŋgú*	*ɟinɟė*
gn.	*ganga*	*gekk*	*gingu*	*gingit*
4. fær.	*gråata*, graata	*græat*	*groutú*	*gråatė*
gn.	*gráta*	*grét*	*grétu*	*grátit*

5. fær. *grægva, rægva* o. fl. < gn. *gróa, róa* osfr. sjaa nedanfor under *γ* og Merkn. 485.

Merkn. 482. Merkelege er *bant* og *vant*, impf. av *binda* og *vinda*, for vanleg gn. *batt, vatt*, sjaa ovanfor s. 122. — *jålpa* (< *hiálpa*) hev no linn bøygjing (impf. *jålptė*), etter Jakobsen »undertiden en uregelmæssig stærk bøjning, nutid: hjelpur, fortid: hjálp, fort. tf. hjálpið (formen hjálpin meget hyppig)«, Anth. I, s. CIV. I typarne *beəra, ɟeəva* er rotvokalen i impf. plur. no ou, venteleg etter jamlaging med verb i 6 klassa: *beər* 3 sp og *bourú* ∼ *feər* og *fourú*. At vokalen ogso i eldre færøysk hev vore *á* syner m. a. *gæavė* 3 sik (< gn. *gæ̋fi*), sjaa nedanfor under 4. Gn. *vera* og *verða* hev etter burtfallet av *ð* etter *r* i færøysk falle saman i infinitiv til *veəra* og i impf. plur. til *vourú* (jfr. Hildinakv. s. 96 under *vara* og *vera*). Av gn. *verða* heiter 2 og 3 pers. præs. ind. no *veərúr* < *verðr*, og impf. stundom *vart* som i nynorsk; men for impf. og perf. ptc er elles brukt mykje formerne av *bluiva* liksom i sudbygderne paa Sudvestlandet i Norig (ISVestl. I, s. 38); *veəra* (< *vera*) hev i præs. *eərė, ært, e(ər)*, pl. *eərú*, i ptc: *veərė*. — *soəva* (< *sofa*) hev i impf. *svæav, svou(v)ú*; fraa desse former er det vel at *v* er innkomen i 2 og 3 pers. præs. *sveəvúr*; *soəvė* ptc. — *koəma* hev i impf. pl. *koəmú* med *oə* etter sing. *koəm*. *ʂjæala* (< *stiala* < *stela*) hev skift klassa og er bøygt som *fæara* og *æala* i impf. *ʂjoul, ʂjoulú*, ptc: *stoəlė*; i eldre tider hev vel ogso *fjæala*, løyna, < gn. *fela*, fylgt same vegen, men no hev det veik bøygjing: *fjaldė, fjalt* (um ljodbrotet sjaa **16 e**, s. 94).

For *slou, slouú*, impf. av *slåa*, er nordanfjords ofte brukt sideformi *slærdė* (»*han slou* o *slærdė*«), i kvædi ogso *sleərė* (sjeldan), jfr. isl. *slera*.

iú impf. og *itė* ptc av *aita* er vel jamlagingar etter *ɟiŋgú ɟinɟė, hildú hildė* o. fl.

laika og *svaipa* er alltid veikt bøygde. — *læipa* < *(h)laupa* hev impf. og ptc etter 2 ljodsprangsklassa som *njouta*. — *æika* (< *auka*) er veikt bøygt, men det gamle sterke imperfekt finst enno i det refleksive *økst*, vart *auka*, < *(i)ókst*. — For *ausa* er sagt *åisa* (< **eysa*) med veik bøygjing. — *høgga* er ogso veikt bøygt no, men i kvædi finn me *ꝁou* impf. (< *hió*) og *høɟɟė* ptc. — *bigva* (< *búa*) er veikt bøygt, men i kvædi finst *bjou* impf. sg., stelte til, og *bjøst* (< *bióst*), budde seg til. — *fadla* hev i impf. oftast *fadl* (sjeldan *fædl*), pl. *fudlú*, jfr. nyn. — *blåasa* er oftast veikt bøygt, men kann ogso bøygjast som *gråata*. — *blanda* er alltid veikt bøygt. — *falda* er berre brukt med tydingi kanta = nyn. *falda*, og er veikt verb.

2. Baade i præsens og imperfekt indikativ er talbøygjing og i nokon mun personalbøygjing enno i fullt bruk i færøymaalet.

I præs. indik. er 1 pers. sing. laga av roti i infinitiv med tillegg av endingi *-ė*: *eə bjouė, finnė, beərė, kvøəjė, suɟɟė, fæarė, tæaꝁe, fåajė* av *bjoua, finna, beəra, kvōa, suɟɟa* (sjaa), *fæara, tæaka, fåa*. Um denne formi sjaa ovanfor s. 111. — 2 og 3 pers. sing. endar i dei fleste sterke

verb paa *-ùr* med *i*-ljodbrigde av rotvokalen: *tùu, han buijùr, finnùr, kvøəvùr, teəkùr*; men dersom roti i infinitiv endar paa *-r*, fær verbet i 2 pers. *-t* og i 3 pers. ingi ending: *tùu bært, han beər* (av *beəra*); *tùu fært, han feər* (av *fæara*), sjaa **16 1**, *β* ovanfor under *rr*. — Av *suǥǥa, slåa* og *fåa* heiter 2 pers. *tùu sart* (< **sæart* < **sért*), *han sæar* (< *sér*); *slart, slæar*; *fart, fæar* (< *fǽr*). — I plur. præs. endar verbet i alle personar paa *a*: *vit, tit, tair bjoua, binda* osfr.

I impf. indik. endar 2 pers. sing. paa *-st*: *tùu banst, tùu bæ*[i]*st* (< *þú *baudst*), *tøkst* (og *tåkst*, av *tæaka*); endar roti paa *r*, vert det tillagt berre *-t*: *tùu ført* (< *fórt*). I plur. endar alle personar paa *-ù*: *vit, tit, tair bundù, toukù* osfr. Sjaa elles Merkn. 483.

3. Præsens konjunktiv endar i alle personar i baae tal paa *-ė*: *bindė, tæaķe*.

4. Impf. konjunktiv synest no vera heilt ute or vanlegt bruk. Merke etter eldre bruk er der i *væarė* 3 sik (< *væri*) og *gæavė* 3 sik (< *gæfi*) i visse ordelag, t. d. *gæavė gud æat han koəm attùr*. I staden for *gæavė* kann det ogso heita *gåavė* (< **gáfi*), som maa vera ei yngre form, men likevel eldre enn *gouvù*, sidan ho er etter *gáfu*; jfr. ISVestl. I, s. 120.

5. Imperativ i 2 pers. sing. er laga av infinitiv, men utan ending: *bi*, bed, < *bið, fæar* < *far, tæak* < *tak*; 2 pers. plur. endar paa *-ė*: *fæarė* < *farið* (*-it*), *koəmė* < *komið, kvøəjė* < *kueðið, slåajė* < *sláið, tæaķe* < *takið*. I høgare stil og kvedskap er der ogso ei form for 1 pers. plur.: *fæarun!* = *læatė åkkun* (ogso *læatun åkkun* og *læat åkkun*) *fæara*; *gruipun! tæakun*, poetisk endaa *tøəkun* < *tǫkum*. Imperativ av *binda* heiter *bint*, plur. *binde*; av *gæŋga* heiter det *gakk*.

6. Præsens particip endar paa *-andė*; perfektum ptc paa *-ın*: *hildın* m. og f., *hildė* n. Um bøygjingi sjaa ovanfor under adjektiv.

7. Refleksive verb, sjaa nedanfor under *ε*.

Merkn. 483. 2 pers. sing. i impf. ind. endar i Sandøy-maalet paa *-t* (istf. *-st*) eller hev falle saman med 1 pers. — Endingar paa *-un* (< gn. *-um*) i 1 pers. plur. præs. ind. og impf. ind. er ikkje uvanleg i kvædi. Paa Norduroyarne skal desse endingar endaa ha livt hjaa dei eldste folki i den siste mannsalderen av 19 hundr.: *kadlun væar* for det vanlege *kadla vit*; sjaa Anth. I, s. CXII.

I nyfærøyske maallæror vert fleirtalsformer i præsens indik. som *tøkum, takum, -un, rennum* uppsette som sideformer til *vit taka, renna*; sameleis i imperf. *tókum* (*-un*) jamsides *vit tóku*. — I 2 pers. plur. præs. vert uppførd sideform med *-ið*: *takið, rennið*, og i 2 pers. plur. impf. sideform paa *-uð*: *tókuð, runnuð*. — Imperativ vert uppført i 1 pers.: *tøkum* (*takum, -un*) og i 2 pers. *takið*. Av desse formerne er berre dei paa *-ið* vanlege i den nyfærøyske bokheimen.

β. 1. Veike eller linnbøygde verb. 1. Vanlege mynster er:

	Infinitiv.	Præs. 1 sg.	Impf. sg.	Impf. pl.	Perf. ptc. m.	Sup.
1.	*kasta*	*kastė*	*kastaje*	*kastavů*	*kastavůr*	*kasta*[1]
2 a.	*fræmja*	*fræmjė*	*framdė*	*framdů*	*framdůr*	*framt*
2 b.	*hiďďa*, sjaa	*hiďďė*	*hugdė*	*hugdů*	—	*hukt*
3.	*rænna*	*rænnė*	*rændė*	*rændů*	*rændůr*	*rænt*
4.	*liva*	*livė*	*livdė*	*livdů*	—	*liva*

2. Verb som endar paa *åa* i inf. (gn. *-á*) vert bøygde etter 1 kl., t. d. *tråa, klåa*; *gåa*, gaa, ansa, og *spåa* hev likevel i impf. oftast *gåddė*, *spåddė*, og *nåa* alltid *nåddė*. For præs. *nåar* vert oftast sagt *næar*, og *spåa* heiter i partic. ogso *spått*. Desse sistnemnde hev daa i imperfekt fylgt same voksterlina som i Norig (*gaadde, naadde, spaadde*).

3. Serskilt nemnande er *hæava* (< *hafa*), i præs. sg. *eə hæavė, tůu, han heəvůr* (*-ır*), impf. sg. *hæijė*, plur. *høddů*; ptc *haft*; *læďďa* (< *leggia*), præs. sg. *læggůr*, impf. sg. *læijė*, plur. *løddů*; *sija* (< *segia*), præs. sg. *siır*, impf. sg. *sæijė*, plur. *søddů*; um *hæijė, læijė* og *sæijė* sjaa s. 86 nedst; *tija* (< *þegia*), præs. sg. *tijır*, impf. *tagdė*, ptc *takt* (ogso *tæ̅a*); *ďeəra* (< *gera*), præs. sg. *ďeər*, impf. *ďørdė*, ptc *ďørt*; *valda*, valda, vera orsak til, præs. sg. *eə valdė, tůu, han vældůr*, impf. *vældė* og *våldė*, men med tydingi »valda yver« er det regelrett etter 1 klassa (som *kasta*).

4. Personalbøygjing. Præs. ind. sg. 2 og 3 pers. *kastar*, *freəmůr, rænnır, livır*. I impf. ind. endar heile sing. paa *-ė*, heile plur. paa *-ů*. Præs. konj. endar i baae tal og alle personar paa *-ė*: *kastė*, *fræmjė, rænnė, livė*; imperativ 2 sg. *kasta, freəm, rænn, liv*, 2 pl. *kastė*, *fræmjė, rænnė, livė*; 1 pl. gamaldags og poetisk *kastun* (og *køstun*), *fræmjun, rænnun, livun* (*-un* til deils skrive *-um*), no vanleg: *læat*(*ė*) *åkkun kasta* osfr. — I fær. gram. elskaðu (-m), -u(ð), -u i impf. pl.

γ. Nokre verb, som i gnorsk hadde lang rotvokal framfor infinitivendingi *a*, er no bøygde sterkt i præs. ind., men fær i impf. endingi *-ė*. Soleis:

Infinitiv.	Præs. 1 sg.	Præs. 2 sg.	Præs. 3 sg.	Impf. sg.	Perf. ptc.
bigva (< *búa*)	*bigvė*	*buⁱrt*	*buir*	*bůuė*	*bůu*
dåďďa (< *deyia*)	*dåďďė*	*dåⁱrt*	*dåir*	*dåijė*	*dåi*
gåďďa (< *geyia*)	*gåďďė*	*gåⁱrt*	*gåir*	*gåijė*	*gåi*
læ̅a (< *hlæia*)	*læajė*	*lart*	*læar*	*læajė*	*læa*
spuďďa (< *spýia*)	*spuďďė*	*spuⁱrt*	*spuir*	*spuijė*	*spui*
grægva (< *gróa*)	*grægvė*	*grørt*	*grøər*	*grouė*	*grou*
rægva (< *róa*)	*rægvė*	*rørt*	*røər*	*rouė*	*rou*
snigva (< *snúa*)	*snigvė*	*snuⁱrt*	*snuir*	*snůuė*	*snůu*

[1] I normalskrifti *kastað*; etter di *ð* alltid er burte i talen, hender det at han ogso vert burte i skrift, t. d. *hann . . hevði sakna pening*, Báb. 1844 (jfr. 183_{22}).

M e r k n. 484. I impf. og ptc *búuė, búu* osfr. maa det fyrr ha vore *đ* etter stomnvokalen: *búđi, búđ* osfr., som desse formerne ogso er skrivne i det nyfærøyske normalmaalet. Paa Nordurøyarne skal det enno vera sagt *dåidė* i impf. i staden for det vanlege *dåy(j)ė*. Burtfallet av *đ* i desse høvi er i alle fall sumstad minst 300 aar, som me torer slutta av *bui* 3 si (av *búa*) i YSbr 398_{10} (= *bio* D. Fær. s. 7_7).

M e r k n. 485. Etter dei gnorske reduplikationsformer i fortidsformerne *grera, rera, gnera, snera* og *sera* av *gróa, róa, gnúa, snúa* og *sá* er ikkje beinvegjes funne merke i færøysk. Men med di *sl*ou impf. (av *slåa*) i kvædi hev ei sideform *sleərė* (jfr. *slærdė*, som er i bruk nordanfjords, med same tydning), og denne formi maa vera laga etter *sera* av *sá* liksom *slera* (= *sló*) i islandsk, hev me grunn til aa tru at den færøyske gnorsk hev havt former som *grera* osv. med *e* i fyrste staving.

M e r k n. 486. Som *snigva* i upprekningi ovanfor vert *trigva* (< *trúa*) bøygt. Men elles kann *snigva* ogso hava *snigvajé* i impf. i staden for *snúuė*, jfr. s n ú g v a ð i Báb. 47_{11}.

δ. P r æ t e r i t o - p r æ s e n t i a.

Infinitiv.	Præs. 1 og 3 sg.	Præs. 2 sg.	Impf. sg.	Præt. ptc.
kunna	*kann*	*kanst* (-*nt*)	*kundė*	*kunna*
mōa, mūa	*må*	*måst*	*måttė*	—
vita	*vait*	*vaist*	*vistė*	*vita*

Dessutan i kvædi:

turva (< *þurfa*)	*tarv*	*tarft*	*turvdė*	—
unna	*ann*	*anst*	*untė*	*unt*

For *mōa* finst ogso i inf. *mija* Nøy (og i kvædi) < gn. *mega*. Plur. i præs. ind. er i alle verb lik infinitiv; *mūa* hev likevel ogso *mūú*. For *turva* er no sagt *tørva* (eller *tærva*), bøygt etter 1 kl. (*kasta*); *unna* er ogso no bøygt etter 1 kl. Av andre gamle præt. præs. hev *aija* (< *eiga*) i præs. *aiʲė, aijir*, impf. *åttė*, ptc *ått*; *muna* (minnast) er bøygt etter 1 kl. — *mun(n)a* (-*ú*) og *skul(l)a* (-*ú*), sjaa Merkn. 425. I 2 pers. sg. præs. *mant* (-*st*) og *skalt*.

ε. Dei r e f l e k s i v e former endar i færøymaalet paa -*st*: *finnast* (*finst, fanst, funnúst, funnist*), *kappast* (*kappajist, kappast*), *fildʒast* (< *fylgjast*). Merkande er particip i ordelag som *han e(r) lakstúr* (av *lædʒast*), han hev lagt seg, *han e(r) sæstúr* (av *seətast*), han hev sett seg.

M e r k n. 487. I færøybrevi fraa umkr. 1400 er den refleksive endingi i verb -*st* liksom no: *sagdist* D. Fær. s. 36_{30} o. fl. st.

17 f. Adverb. Av mykje vanlege adverb er nemnande: *aina*, berre, gn. *eina*, nyn. *ęina* Berg. stift, d. s., *alaina, aldrın, altui* (altid), *annars* (ogso *ællars*, danisme), *bæara, burtúr, æntåa* (endaa), *ɖadna* (gjerne), *haima, hæar* (< *þar*, der), *heər* (< *her*), *iķķé*; *jøst* (*jýst*), nettupp, < *júst* (framandt); *kvæar* (< *huar*), *kvussú* eller *kussú* (korleis), *kvøər* (*kvøər miķé*, kor mykje, uppt. fraa Sandøy-maalet, elles brukt poetisk); *mængan*, mang ein gong; *nægv* (nog, nok), *åfta, snimma* (tidleg, i kvædi; jfr. nyn. *snimmə*, snøgt, Sfj.), *tu̇tt* (tidt, snøgt), *væal* (vel). — *ganska* og *kanska* (etter dsk.).

Av adverbiale avleidings-endingar hev maalet m. a.:

-an, -ané: *hijan* < *heđan*, *hǣan* < *þađan*, *kvǣan* < *huađan*, ogso *hijané* osfr.; *uijan* spyrj. adv., kva daa? ja, kva so? (skr. *íđan* Báb. 105_{22}; *uijané*, nysst, < **í áđan(é)*. — Fraa akk. sing. mask. av eit adjektiv er *næivan* (nauvt, knapt) < **naufan*, jfr. *nœfrliga*; nyn. *naua* adv. d. s. Ryf. Shl. Sogn, Sfj. Nfj. — Fraa neutr.: *jamt* (ogso *janft* Thv.).

-ar: *innar, uttar*; *hijar* o *hǣar*, hit og dit, < gn. *higat ok þagat*.

-ıné, -ınné med ymislegt upphav: *kårtıné* (likevel) = *kårtildıné, aisıné* (ogso) o. fl. Sjaa **16 h**, *ε* (s. 106), der det er fleire døme.

-ıs: *aldaiħs*; *aålaiıs* (aaleides), *soəlaiıs*; *ainsæarıs*, for seg sjølv, til *sæar* pron. < *sér*.

-la: *årla, suila* (< *síđla*), *vadla* < *varla*.

-lia, -læa: *æavskræamélia*, avskræmeleg, *størlia*, storlegt, *innalǣa*, heller langt inne, innar, *noəralǣa*, nordleg, *oəvalǣa*, høgt uppe. Som dømi syner er endingi *-lǣa* brukt i smn. med komparativ av adverb, som hev umsyn til ei viss *lega*, so *-lǣa* her maa ha samanheng med gn. *liggia* v. og *lægr* adj., t. d. i *fjarlægr*; *-lǣa* er i færøysk normalskrift skrive *-laga*: *innarlaga*.

-un: *åftun* (ofta), jfr. nyn. *oftom, ofto*, m. st.; *tuiun* (tidt), jfr. nyn. *tiom, tidaa* d. s.

I komparativ fær adverbi *-aré*, i superlativ *-ast*: *åftaré, åftast*; *håalia* (haadleg), *håaliaré, håaliast*; sume fær i komp. *-r*, i sup. *-st*, t. d. *laŋɖé* (lenge), *låŋgúr, låŋgst* (men adj. *læŋgúr* brukt som adv.: *læŋgt, låŋgré, låŋgst*).

17 g. Præpositionar. Med akkusativ: *um*, *gæŋga inn um gått*, ganga inn um gaatti; *framum, umframt*; (*ui*)*ɖøgnun* < *í gegnum*, *vit rægva ɖøgnun sund*; *åaræaka*, beint imot; *firé æstan, firé væstan* osfr.

Med dativ: *æat* (*attúræat tui*, attaat det), *æav, fråa* (og *uifråa*), *gæŋga upp fråa stønné*, ganga upp fraa stødi, *til handa*(*r*), *ķåa* (og *uiķåa*) < *hjá, mouté* (og *uimouté*), *undan, úur*. — *åasamt* (< *ásamt*) berre som adv.

i eit par ordelag, og likeeins *uigægn* (< *í gegn*) med tyding som i nyn. (mot og igjen, sjaa *gjen* Aasen); *åa hændúr* berre i kvædi; gn. *gagnvart* er burte.

Mest brigde er der med deim, som i gnorsk styrde genitiv: *midlun, -ın* (ogso *uimidlun, -ın*) styrer soleis genitiv som postposition (*bigdana midlun*), ofte ogso naar det stend framfor substantiv i ub. form, og i ymse ordelag, men elles styrer det akk. (*uimidlın snøərė oə vabbainė*, millom snøret og vadbeinet; *uimidlın knøəjėnė*, millom knei); *til* framfor stadnamn styrer helst gen. (*til sandıar*, til Sandøy), sameleis framfor pron. (*til tuin* < *til þín*) og i ymse eldre ordelag (*til joula* = nyn. *te jo*ᵘ*la* Voss), men elles akk.: *fæara til førjar, fæara til dansın*; *innan* og *uttan* styrer snart gen. og snart akk.; *åa mijal* (< *á međal*) finst berre i kvædi (med akk.), *firė sæaŧır* (< *fyrir sakir*) sameleis (men med gen.); gn. *án* og *auk* er burte.

Med akkusativ og dativ stend: *åa, åabaint,* beint imot, *ættır* (med akk. berre um tid; ein hende gong med dat. daa ogso), *firė, ui, ivır, undır, vi, gæŋga frăm vi ånnė,* fram med, langs med. Gn. *međ* er allstad avløyst av *vi* (*vi hinarė håndėnė*, med hi handi, *vi pænnėnun*, med pennen), og finst berre i kvædi, utt. *meəd* (danisme), sjaa D. Fær. Innl. s. XXXIX.

Konjunktionar: *bæajė* — *oə*; *antın* — *ıdla, annakvørt* — *ıdla, kvørkjė* — *ıdla*; *măn*, i kvædi ogso *ĕn*; *sum*; *æat, tui* (*tui æat, æav tui æat* o. fl.); *tåajė*, daa (um tid), etter di (orsak) < **tåa ið* < *þá er*, ogso berre *tåa*; *um*; *tou æat, houast*; *sjålt um* (endaa um), danisme.

18. Nokre spreidde syntaktiske merknader. Setningsbygnaden i færøymaalet fell for det allermeste saman med den nynorske i talen, i folkevisorne, i ordtøke, gaator og andre folkeminne. I nyare bøker og bladstykke paa færøysk finn me derimot — meir enn i nynorsk fraa seinare tid — mange merke etter framande mynstrer (dansk, tysk).

Etter uppteikningar fraa tale og folkeskrifter[1] set eg hit sumt som kann vera verdt aa nemna.

1. Utelate subjekt. I setningar, der me i norsk brukar det upersonlege pronomen »det« til subjekt, stend prædikatet ikkje sjeldan subjektlaust paa færøysk, t. d. *væal fiskajıst*, det vart fiska godt, eller dei fiska godt; *soəlaiıs gåŋgúr*, soleis gjeng det; *kussú vait hoənun vi*? koss er det vendt med honom? tá hevði nærum vitað illa við Báb. 173_4, det hadde nær gjenge illa; idla stendur til kjá brúðgóminun FSÆ 258_{11}; *væar kvæanė værrė*, det vart endaa verre.

[1] Dømi fraa folkeskrifterne er prenta med romsett antiqua og med same rettskrivning som forfattarane brukar sjølve.

Liðið er um natturðarmála og komið at niðurfaringartíð (sengjetid) FSÆ 6_{21}; summar var og veðrið gott ibid. 17_7. *Nüu heəvür lanɉė veərė illveəvür.* Um vedret vert gjerne brukt »han« liksom i nynorsk: *hăn eə(r) fæarın a tåija* (tidna); endaa i setningar som: *han eər noəran* til svar paa spursmaalet *kvæat eər attın* (ætti, her vinden) ui *dæa*?

2. Genitiv. Naar me tek undan at trongen til ei genitivform for personnamn hev skapt ei nyform paa *-sar*, som kann verta tilsett alle slike namn (sjaa Merkn. 480 ovanfor), er bruket av serskilde genitivformer ikkje stort i daglegtalen i færøysk. Det gamle genitivbruket held seg i talemaalet mesta berre i sume faste ordelag, der enno former som *mansıns, hafsıns, landsıns,* um *hæstsıns tuı,* um hausten, held seg, eller i visse høve etter præpositionar som: *til båts* (ɔ: til botnar), *til sjøss, til ķirķübøar* (til Kirkjubø), *til fŭlnar* (< *fullnaðar*); *til bigdar, til græavar* (til gravi), *til havnar* (Torshavn), *til jålpar, til hæljar* (til helvites), *til jæarar* (til jordi, ved likferd); *til lan(d)s*; *midlun fjadla, fæara til ŭutérourar,* o. fl., sjaa Anth. II under til. I folkevisorne er der meir, t. d. kongsins sveinar, men oftare utan *s* i substantivet: kongins, jallins, kongins synir og jalla (sønerne aat kongen og jarlarne), liksom òg i talemaalet naar slike former vert brukte, t. d. *himmalıns.* Med etterlikning etter dansk vert sovorne former ikkje sjeldan yverførde til sterke kvendkynsord: *bigdins, nåttins.* I folkevisorne ogso etter gamall skikk: í bóndans garð, frúnnar hond, jomfrúnnar javni, moynna sal. I nyare skrifter synest bruket av genitiv vera større enn i daglegtalen. Her er nokre døme: av heimsins grúgvu Báb. 50, hendan hugsan Gunnars ibid. 214, á Foroyafólks øxlum ibid. 58, Israels bødn Bib., sind (ɔ: synd) Dávids ibid. 39, hann skuldi velta adla veltingarjørð risans FSÆ 271_{26}. hansara kongadømis hásæti Bib. 38, allar veröldar ognir Báb 15, verðsins endi Bib. 107, pápi Sunnevu Báb. 8 (jfr. Hann gekk seg at myrkastovu durum i ei folkevisa, Anth. I, s. 82_{19}), sonur konuna (gn. konunnar) Bib. 3, í barmi Sunnevunar (bundi form som ofte i norske maalføre) Báb. 15, alvi (gn. afli) teirra feðra Báb. 49, Føroya frælsi Báb. 53, sindana firigeving Bib. 110, allar útsíður oyanna. Sumt av dette slaget kann ein ogso høyra i talen. — Stend eit eigedomspronomen attmed substantivet som skulde staa i genitiv, fær gjerne berre det eine — det som stend sist — genitivsmerke: skaplyndið faðir síns Báb. 8, Hermundur vóx í faðir síns garði Anth. I, s. 67_{17}; men mín faðirs leiði ibid. 111_{30} (likevel ogso: faðirs míns hús

Joh. 2, 16), min bróðurs sál ibid 21_{33}; jfr. pápi lítla Jógvan Báb. 157, som ogso kann heita pápi lítla Jógvans. Stundom er det ordet som skulde staa i genitiv, sett baketter styringi utan bøygjing: Var tað ikki sonur snikkarin niðuri á Bakka? Báb. 39. Slike ordfellingar som »framtyis hop, Førjars bæsta skatt, kjærlihaitins bånd« FVys. 31, 33, 38 er sjølvsagt beintfram yverførde fraa dansk. mans etter talord: *fuira mans, tuddjú mans* (4 mann, 10 mann) smakar som eit slag ring etterlikning av engelsk; jfr. likevel gnorsk *hundrað manna, fjǫldi mans.* Talemaalet brukar elles i staden for genitiv oftast umskriving med præpositionar (mykje ofte *ŧåa*) eller samansetningar liksom i nynorske maalføre i heimlandet, t. d. *kråppúrın åa hæaraldė* (Haralds kropp), *møənan åa húusėnú, ain æav taimun, ændın æar aidnė, hæajın ŧåa funnıŋsmånnun, knuirúrın ŧåa niklasė*; svarið kjá honun; *kåŋgadøttır* (kongsdotter), *hafsbåtnúr, mitsummarstui* (midsumars tid), *veəraldarsøəva* (heimssoga), *råikstoəvúbitın* (biten eller bjelken i røykstova). At ordi stundom vert noko lange ved samansetjingi synest ikkje bry færøyingen; her er nokre døme fraa talemaalet: *lannėrıŋgsstårmúr*, landnørdings storm, *føərıŋgafelaksnævdın, håaskúulaŧænnarė*, høgskulelærar, *klassæksdråŋgúr* (dreng som ber klædsekken paa ferder), og fraa skrifter: Vinur mín er mær eit Kofervínberjatyssi Sal. høgs. kap. 1, 14 (isl. Kófervínberjagrein); stovnsetning í samfundskunnleikanum; hann kveitti ... upp ímóti studerikamarsvindeyganum Báb. 88; Pætur gjørdi Jógvanstovumanninum óskel ibid. 24. Mykje brukt er *åa* (skr. *á*) med dativ av personlegt eller refleksivt pronomen i staden for eigedomspronomen ved umtale av kroppslemer, t. d. *heəranar åa taimun*, herdarne deira; *håndin åa tæar*, handi di; *ain bindúr raipė um mijúna åa sæar*, um midja si. Genitiv av det relative pronomen er *sum . . . ŧåa*: Er hetta ikki Jesus, sonur Jósefs, sum vit kenna faðir og móður hjá? Joh. ev. 6, 42; jfr. nyn.: som me kjenner fâr og môr til. Naturlegare for baae maali er det likevel i slike høve aa bruka jamstelte setningar (parataxis) som i isl.: Er hann ekki Jesús, sonur Jósefs? Og þekkjum vjer ekki föður hans og móður? At verb og adjektiv styrer gen. av subst. er uvanlegt utanum kvædi.

3. Ubunde kjenneord er mindre nytta i færøysk enn i nynorsk, men er likevel ikkje sjeldsynt; Eina ferð var ein maður; ein ógvuliga stórur fuglur kom FSÆ s. 281_4, Ein risi fór burtur at fáa sær húskadl ibid. 265_4. Men ogso: Risi hevði gentu kjá sær, sum han hevði stolið ibid. 271_{19}. Som ofte i andre høve stend færøymaalet her millom islandsk og norsk.

4. Bundi form av substantivet er stundom brukt i kvædi, naar det styrer genitiv av eit pers. pron. eller det stend framfor eigedomspronomen: hennara blóðið, blodet hennar, hennara hovðið; so letur hann Ívar Holm byggja skipin sín Anth. 89_{22-23}; úr búðini tíni ibid. 253_{25}. I talemaalet no synest slike ordfellingar ikkje vera lika; det vert sagt *biđđa suinė sjip, úur tuinė búu*, liksom det heiter *hansara bouk* eller *bouk hansara*, ikkje *boukın hansara*. Men baade i kvædi og i talemaalet kann substantivet hava bundi form, um eit demonstr. pron. stend fyre, t. d. *tan mårgúnın, ødl hænda gåŋgan* (heile denne flokken), *tæa råajė* (den raadi), og sameleis um det stend eit adjektiv i bundi form framfyre, t. d. *hin sæama ġæntan, tan lu'tlė blættúrin, tæa støsta húusė*. Denne siste ordfellingi er daa som i nynorsk, men synest ikkje vera so vanleg i færøysk, i alle fall ikkje i skrift, som i bygdemaali i Norig. Færøysk samstavar ogso med nynorsk i bruket av bundi form i slike høve som *ait åarė*, eit aaret, *ait hæstė*, ein hausten, *kvøn dæajın*, kvar dagen, *summar koənúnar* (jfr. nyn. sum fisken).

5. Den bundne formi av adjektiv er i færøysk ogso brukt i tiltale som *gouú* (-ə) *vinır, tit uŋgú mænn, kæarú bødn*; *annar* er bøygt sterkt ogso etter det bundne kjenneordet: *hin annar* eller *tan annar*. — Framfor superlativ og sume ord som t. d. *sæamė* er det bundne kjenneordet ofte utelate (som i norsk): *ælstė soənúr hansara, sæamė mæavúrin*.

6. I staden for eigedomspronomenet *suin* finn me i færøysk skrift stundom genitiv av 3 personl. pronom. (danisme), t. d. fyra mænn o sjipsdrángurin lóte (for lótu) tairra lyv Tvär smás. 3_{16}.

7. Dei relative pron. *sum* og *ui* kann styrast av ein præposition, som daa stend sidanetter i setningi: *tæa veərúr ikkė alt flæitır ui tiıl ķeəmúr ui*; *vit souú ait bræav, sum skriva stou ui*; *tæa erú sæiķ(ķ)un åđđar sum følk buir åa ui førjun*; *sum* kann ofte utelatast, t. d. tær sælu stundir hann hevði haft Báb. 15. Maria ræðist hetta spøkilsið, firi durunun stendur FSÆ 357_{12}. — *kvæar* og *hæar* er brukte som rel. partiklar, t. d. Eitt pláss var skamt ífrá, kvar skip ofta brutust í briminun FSÆ 260_{18-19}; *heər er stabbın, hæar han sitúr hålvan dæajın*, nyn. her er stabben, der han sit halve dagen.

8. Etter imperf. av *aija, kunna, mun(n)a, skula* og ordelag som *hæijė veərė bigvın åa* (ɔ: vore budd paa, reidug til) er mykje ofte brukt perf. partic. i staden for infinitiv, t. d. *vit åttu a finđė* (ɔ: *fengið*) *åkkun ain båat*; *tair kundú boəjė åkkun ķøət a eətė*; *skuldė vægrė* (vêret) *blivė ouhart*; (teir) hovdu kappast um at gingið fyri í bygdini Báb. 6;

altið hevði hon verið bugvin at lønt Jógvani tað aftur Báb. 5_8. Grunnen til denne uregelretta er utvilsamt utelatingi av eikvar formi av *hæava* framfor participet. Jfr. nyn. »dei kunde (ha) bode oss kjøt«. Participformi paa *-andė* av trans. verb kann brukast med passiv tydning som i nyn.: *hann væar vantandė*, kunde ventast. Merk ordfellingar som *taimun væar gæŋgandė*, dei heldt paa aa gaa.

9. Den refleksive formi av verbet vert (mest i skrift) oftare brukt med passiv tyding enn i nynorsk: (báturin) kastajist .. attür o framm ymidlin aldonar Tvär smás. 5. — Sameleis er der i færøysk skrift større bruk av præposition framfor ei setning med at og framfor infinitiv enn i nyn.; serleg merkande er fyri at, t. d. Lív má lúta fyri at lív skal bjargast Báb. 13; firi at koma til royndar, um hetta man vera svik edla ikki, tekur hann likilin FSÆ 440_{26}; stinga nevið inn undir vongin firi at verma tað ibid. 438_{14} (jfr. til at stíra ibid. 400_{12}, som i nynorsk).

10. Ordfylgja i setningi er jamnaste som i nynorsk. I relativsetningar kann prædikatet koma sist noko oftare enn i nyn., t. d. *sluikt ait veəvür* ui *veərė heəvür*! han sigir frá ødlun, ið sær hevur tilborist FSÆ 433_{28}; tað sum vinnast kundi Báb. 41; illviljin vendist brátt móti Jógvani sum hann, ið reist sakina hevði ibid. 204. Etter tí: tí kaldur vetur var Leseb. 27_2. Sumtid vert subjektet sett fyre prædikatet der nynorsk vil hava det etter, t. d. har nógv var drukkið (der vart drukke mykje) Báb. 128; matur stendur borðreiddur, men einki fólk hann sær FSÆ 431_{3-4}.

Merkande er innskotet av adverbet aftur millom præp. og subst. i setningar som: Táið faddrarnir vóru skrivaðir, ... fór yngri Jógvan úr aftur prestagarðinum (nyn. or prestegarden att, eller utan att) Báb. 91; tá ið Dánial kalsmaður um dagin fòr úr aftur Dalbyrgi, helt honum væl tilstandast ibid. 45.

Merkn. 488. Sume av dei avviki fraa vanleg gnorsk, som ovanfor er nemnde, t. d. det sterke bruk av refleksivformi med passiv tyding, præpositionsbruket framfor infinitiv og at-setningar, er fulla paaverknad fraa dansk.

I nyare bøker og blad paa færøymaal er der ofte endaa meir etterlikning etter dansk (eller rettare tysk-dansk) skriftmynster. Lange periodar, med setningar som er innfløkte den eine i den andre, particip med bunde kjenneord fyre osfr. er ikkje sjeldsynt.

§ 52. Samandrag. For færøymaalet i gnorsk tid (umkr. 1300) torer me setja upp desse maalmerki etter utgreidingi ovanfor:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjenomført baade framfor burtfallen og halden *u*, t. d. *ǫll, lǫmb, lǫng, vǫllr, sǫgur, ǫllum, kǫllum, sǫgðu*, nyfær. *ødl, låmb, lång, vødlur, søəvur, ødlun, kødlun, søddu.*

Merkn. 489. Den ljodbrigda vokalen hev — i alle fall fraa umkr. 1500 — vore *ø*, men framfor nasalar *o* (Merkn. 426).

Merkn. 490. Etter alt likjende hev *u*-ljodbrigdet av a vore gjenomført ogso i tristavingsformer som *kolluðu*, nyf. *kadlavu*, sjaa Merkn. 427.

2. *u*-ljodbrigdet av *á* framfor burtfallen *u* synest ha vore gjenomført paa lag sameleis som paa Vestlandet i Norig, t. d. *spónn, vón, gjó, kró*, nyfær. *spounur, voun, ǵæggv, krægv* (sjaa **2 a**, s. 74), men *á* f. *tá, háttr, nátt, Ásmundr*, nyfær. *åa, tåa, håttur, nått, åsmundur*; jfr. *spon, von*, (*jokk*), *kro, å* (i stadnamn), *tå, hått, nått* Shl. Framfor halden *u* hev færøymaalet no ikkje trygge merke etter dette *u*-ljodbrigde, sjaa nystn. citat.

Merkn. 491. Av andre former, som i norske maal plar vera paaverka av *u*-ljodbrigdet, maa det gamle færøymaalet ha havt: *nakkuarr* pron., *døkkr, gløggr, suefn, kuikr* og *kykr, kuirr* og *kyrr, syftunsvaka, syll, kuæmr, kœfa, suæva*, nyf. *næakar, døkkur, gløggur, svøvnur, kvikur* og *ǩikur, kvirrur* og *ǩirrur, siftusøəka, sidl, kvæamur, køəva, svæava*. I sume av desse ordi er ljodbrigdet kanskje etterljodbrigde ved *u*, liksom ogso i *kyrkja* v. og *þyril*, nyfær. *ǩirǩa* og *tiril*.

3. Upphavleg stutt *e* (*bera*), *e* ved *i*-ljodbrigde av *a* (*fetill*) og *e* av tviljod (*flestr*) hev falle saman. — Upphavleg lang *e* (*é*) hev gjenge yver til lang *æ* (*ǽ*), so desse tvo ljodarne hev falle saman alt i gn. tid: *fæ* n. *sær* pron. (nyf. *fæa, sæar*) liksom *mæla, væta* (nyf. *mæala, væata*).

Merkn. 492. *æ* (av upphavleg *é* og *ǽ*) hev sidan tviljoda seg til *æa* og falle saman med *a*, som for same ferdi og vart *æa*. Um den meiningi, at tviljodingi hev vore til i utljod (*né* > *nea*) alt i 14 hundr., sjaa Merkn. 424 og 430 ovanfor.

4. Inkje etterljodbrigde av *a* ved *i*, men former som *fiall, giarna* osfr., nyfær. *fjadl, ǵarna.*

5. *þan, þat, þaðan, þagað*, nyf. *tan, tæa, hæan, hæar.*

6. Ljodbrigdet av *ó* ved *i* (*j*) er *ø*: *dœma, bœta*, nyf. *døəma, bøəta*; undantak maa ha vore sjeldsynte.

Merkn. 493. *i*-ljodbrigdet synest ikkje allstad paa øyarne aa ha vore gjenomført som i vanleg vestlandsk norsk, med di nyfær. hev former som *ǵour* (og *ǵuur*), ui *ǵåar, æiskar, mjådd, rømd* o. fl. som fyreset eldre: *diór* (eller *diúr*), *ígiár, auskar, miádd, rúmd.*

7. Det priv. præfiks er *ó*: *ójafn*, nyf. ou*javnur.*

Merkn. 494. I dette stykke fell færøysk saman med nynorske maalføre nordanfor Sogn. Men *ó* i gnorsk tid maa ha funnist her og kvar ogso paa Sudvestlandet i Norig (sjaa Rygjam. Merkn. 33, ISVestl. I, Merkn. 226 og note).

8. Halvljoden maa ha vore *u*, um gnorsken paa Færøyarne hev havt halvljod so tidleg som umkr. 1300: *allur*, *silfur*, nyf. *adlūr*, *silvūr*.

9. Tviljodar: *æi*, *au* (utt. *eu*), *ey* (utt. *øy*). Stigande tviljodar: *ia*, *iá*, *ió*, *iú*, *iǫ*, *iø*, *ua*, *uá*, *ue*, *ui*, *uí*, *uǫ*, *uæ*.

Merkn. 495. Til vanleg gn. *iá* (*já*) i ljodsterk staving i utljod maa i gamall færøysk ha svara *ía*, som sidan hev vorte *uǥǥa*: gn. *siá* (upphavleg *séa*) > nyf. *suǥǥa* (sjaa ovanfor s. 112).

10. Ljodsamhøve millom endingsvokalarne *i*, *u* og vokalen i stavingi i fyrevegen er ukjent. Den palatale endingsvokal hev vore *i*, den gutturale *u*. Adjektiv paa *-ligr* (og *-lægr*).

11. Adjektivartikelen er *hinn*, men baade i skrift fraa umkr. 1400 og i maalet no er der merke etter *inn*; ogso *enn* er der i gamall skrift far etter.

Merkn. 496. Artikelen er no *hin* og *tan*.

12. Den dentale spirant i fyrstningi av ordi hev vore *þ*, etter alt likjende ogso i pronominale ord, so nær som etter vokal og klangfør konsonant (*ð*), sjaa s. 84.

13. *fn* i ord som *nafn*, *hefna*.

14. Maalet hev havt guttural spirant.

Merkn. 497. Den gutturale spirant er enno brukt i Sumbø (paa Suđurøy): *dæǥir* (< *dagr*), men vert der ogso brukt for gn. *ð*: *brøǥūr* (< *brœðr*), Anth. I, s. LXIII.

15. *ft* i ord som *toft*, *eftir* (truleg bilabial *f*).

16. Av serskilde former er merkande: *brenna* (*brennr* 3 sp), *seli* m.; *fingu*, *gingu*, *hingu*, *gitin* ptc, *iræst*, *rigna* v. regna, *snimma*, *spini* m. (spene), *tvinnr*, *þrinnr*, *þifa* (teva), *dvína*; *kona*, (gen. *kunu*), *konungr*, *oksi*, *sonr*, *klokka*, *bœr* m. (*býli*, *býlingr*), *funtr*, *hertugi*, *hjún*, *krúna*, *rúm*, *skúli*, *toft* f. *úr* prp. — *fræ* n. *mjár* (og *mjór*), *sær* (og *sjór*), *snjór* m. *kunnigr*, *kyndugr*, *kolluttr*, (*h*)*lunnendi*, *sannendi*. — *gella*, *skelfa*, *fiala* (løyna), *stiala* (stela), *biálgr* (og *biǫlgr*). — *fell* n. *kiaftr*, *skial*, *spell*. — *hálfr*, *hálfum*, *gólv*; *Árni*; *langr*; *eygiar* (?), *sía* v. (sjaa) *bíar* (< *býar*), gsg av *bœr*, *þría* am. (< *þriá*); *tiǫrn* f.; *bruðr* m. (< *brunnr*), *gruðr* m. (< *grunnr*); *þit*, *vit* pron. dual.; *þær*, *vær* pron. plur.; *bant* 3 si (av *binda*), *vant* (av *vinda*).

Merkande er ogso, at nom. og akk. neutr. plur. av den bundne artikelen etter alt likjende hev enda paa *-i*: *hini* (sameleis *skipini*), likeeins *einn*, *minn*, *þinn*, *sinn*. Meir uvisst er det um *hverr* pron. i neutr. plur. nom. og akk. hev heite *hverji* (nyf. *kvørjè*), og um 1 pers. præs. ind. av sterke verb hev havt *i*-ljodbrigda vokal eller ikkje (*býð*? eller *bióð*?), fyrr enn formi vart lik præs. konj. i 1 pers. (*bjouè* < *bjóði*), som ho no er.

Umskodnad. Nokre ord um ordfanget i færøymaalet[1].

1. Held me færøymaalet med dei merki, som ovanfor er uppsette, attaat dei heimenorske maalføri, viser det seg straks ved den maaten det vigtuge gamle skilmerket millom hovudmaalføri, *u*-ljodbrigdet av *a* og *á*, er gjenomførd paa, at færøysk er eit vestnorsk maal. Mange serskilde former stadfester dette: *bør* m. *fræ* n. *tjǫrn* f. *hverr* pron. *dvína* v., endingi *-endi* n. o. fl. Med di maalet er utan ljodsamhøve millom endingsvokalarne *i*, *u* og vokalen fyre, stend det saman med den sudvestlandske greini eller maalføri fraa og med Sogn til og med Aust-Agder. Ogso dette vigtuge maalmerke maa vera mykje gamalt, etter di me finn det heilt framvakse alt i den eldste norske skrift. Med sudvestlandsken høver det ogso at færøymaalet hev *a* i former som *þan*, *þat* osfr., og at der er *fn* i ord som *svefn*, *stafn* m. m. Det einaste av dei uppførde maalmerki, som kann synast tala med vegt mot færøysk som upphavleg sudvestlandsk, er det privative præfiks. Dette er paa Færøyarne *ó-* liksom paa Island, medan alle heimenorske maalføre i vaar tid sunnanfor Sunnfjord hev *ú-*. Men som det er paavist ymse stader ovanfor, er der ogso i den eldre sudvestlandsk merke etter præfikset *ó-* (sjaa s. 78 med tilvisningar). Og naar me so finn *ó-* i færøysk og islandsk, som etter mange andre vigtuge og paalitande maalmerke evelaust er sudvestlandske maal, tener *ó-* i desse maali berre til aa stadfesta, at dette præfikset i eldre tider maa ha vore brukt mykje — i alle fall sume stader — paa Sudvestlandet ogso.

2. Etter det soga segjer fekk Færøyarne sin fyrste norske folkesetnad i det 9 hundr.[2]. Desse folki kann vera komne fraa ymse landsluter i Norig, men vel helst fraa bygderne fram med havsida, og fraa fjellbygder med mykje folk og lite mat, der gjetordet um dei nyfunne landi maatte vekkja voner um betre livskaar og kveikja ferdahugen[3]. Naar daa færøymaalet ber sudvestlandsk stempel i dei eldste og vigtugaste maalmerki, torer dette vera ein vitnesburd um at dei fleste av innflytjarane i den tidi, daa

[1] Glosorne vert i dette stykke, naar ikkje anna er sagt, skrivne med den vanlege normale rettskrivning, som er brukeleg i ordbøkerne.

[2] Den fyrste nordmann som sette bu paa Færøyarne, var — etter soga — Grimr Kambann (umkr. 825). Men storfjølden av innflytjarar maa ha kome i slutten av 9 hundr.

[3] At Harald Haarfagres politik skulde vera hovudgrunnen eller endaa den einaste grunnen for den store folkemugen som flutte ut og sette bu paa Island og Færøyarne, er lite truleg. For ei mengd av utflytjarar hev vel grunnarne den tid som alltid ved utvandringar vore mange andre, og mest næringsspursmaal. Det var folk av hovdingeætter som flutte ut av politiske grunnar. Men ogso med deim hev det fylgt mange slag folk.

grunnvollen vart lagd for ein fast og varig samfundsskipnad paa desse øyarne, hev havt sine tidlegare bustader umkring paa Sudvestlandet i Norig.

3. Vandare er det aa finna ut kva for einskilde bygder paa Sudvestlandet det er som hev sett dei sterkaste merki etter seg i færøymaalet og skulde kunna reknast for næraste heimstaden aat det i Norig. So vandt som det er aa svara paa eit slikt spursmaal, er uppgaava likevel so forvitneleg at ho byd inn til aa gjera ein freistnad. Det kann vera nyttigt ogso aa kjenna vanskarne med aa løysa ei uppgjaava av dette slaget. Utan aa kjenna deim vil ingi tid kunna gjeva svar.

Me lyt daa taka fram slike ovringar i færøymaalet som skil det ut ikkje berre fraa maalet i Norig i det heile, men ogso fraa maalet paa større eller mindre strok av det norske Sudvestland. Av slike ovringar i ljodriket vil me fyrst umhandla nokre innanfor vokalverket.

4. Valet av rotvokal i ord som i fyrrnordisk tid skifte med *e* og *i*, *o* og *u*, kann alt i den eldste skrivne gnorsk vera eit skilmerke millom maalføre, med di ei bygd alt daa kunde ha gjenomført *e*, ei onnor *i* osfr. gjenom heile bøygjingi. Men der er likevel døme paa at det ikkje allstad var gjort val, og at vokalen ogso i litteræer tid kunde skifta, so me finn t. d *stigi* m. i nom. sing., men i dei oblike kasus *stega*; *uxi* nom. sing., men *oxa* gen. sing.; *sonar* gsg, men *sunr* nsg i same skrift. So seigliva hev denne gamle ljodlogi vore, at ho i sume norske maalføre verkar den dag i dag i visse høve, so same ordet kann skifta rotvokal innanfor same bygdemaal, helst i austnorsk, men til deils ogso i vestnorsk. Det nemnde gnorske *stigi* heiter soleis i sing. *stije* i SSunnhordl., men i plur. *stegar*, og mesta sameleis er det paa Voss. Dei tvo andre nemnde dømi *uksi* og *sonr* hev i alle maalføri, so vidt det er kjent, alltid same rotvokalen, anten *o* eller *u*, soleis: *oksi*, *sonur* Fær. *okse*, *son* Voss, Hard. SHordl., alt av gn. *oksi*, *sonr*; *ukse*, *son* NHordl. Sogn < gn. *uksi*, *sonr*; i Sudvaldet vert ordet ukse heller lite brukt (o*ksaķýd* Ryf), med di det er avløyst av *stut*, og *son* heiter der i sume bygdemaal *son* og i sume *sun* av gn. *sunr*. Minne um dette eldegamle vokalskiftet innanfor eit og same ord hev dei i fær. *kona*, som i gen. sing. ei tid maa ha heite *kunu*, som enno liver i øynamnet *Kunoy* < *Kunuey*[1]. — I det 9 hundr. maa dette vokalskiftet ha vore livslivande, so den vokalen me no finn i bygdemaali ikkje er noko fullkome trygt grunnlag til aa byggja dom paa for vaart formaal.

[1] *Kunoy* hev namnet etter ein *drangi* (høg, einstaka stein) tett attmed øyi paa nordsida; *drangin* er kalla *Konan*. Paa same vis hev *Kallsöy* namn etter ein drange — *Kallur* — tett nordanfor den øyi.

Med umsyn paa ljodbrotet er det i det heile gjenomført paa same maaten i færøymaalet som paa Sudvestlandet hjaa oss. Av avvik er nemnande at færøysk hev *ja* mot norsk *e* i *stjala* v. som ikkje elles er paavist i norsk. Merkelegt er fær. *bjálgur* (og *bjølgur*) for gn. *belgr*; det minner sterkt um *bjelga* v. »svulme« hjaa Christie, som hev uppteikningar mest fraa »Bergenhusiske Dialekter« (sjaa Merkn. 456). Færøysk hev ogso *fjala* v. løyna, for vanleg gnorsk *fela*; ei slik ljodbroti form maa liggja til grunn for »*Eit Fielster.* Et Skjul« Ryf. etter De Fine s. 23. Gn. *stertr* m. hale, paa Færøyarne *stertur*, er utan ljodbroten vokal fram med heile vestsida av Norig so langt sør som til og med Dalarne, men *stjart* (-ę) Set. Hall. Valdr.

Ei framifraa god tilvisning maatte lengjingi av vokalen framfor *l* + labial osfr. synast gjeva, t. d. fær. *kálvur, fjálgur.* Det kann ikkje vera tvil um at denne lengjingi er ovgamall. I vaare dagar finn me lang vokal i dette høve i Norig berre i Agder, VTelemark og Setesdalen. Men ymse merke baade i eldre skrifter og i dei nye maalføri talar for, at lengjingi hev vore mykje meir utbreidt fyrr i tidi, baade austetter (til Vestfold? sporadisk endaa lenger) og nordetter paa Sudvestlandet, kannhenda yver heile dette maalvaldet, sjaa ISVestl. I, s. 75—78. Den lange vokalen i desse høvi kann soleis ikkje brukast til aa heimfesta færøymaalet i gnorsk tid nærmare enn til Sudvestlandet. Endaa mindre hjelp er der i den kjende lengjingi av *a* framfor *ng* i sume bygder paa Vestlandet, der gn. *langr* no vert uttala *låŋg* (-ə) Hordl., men *laŋg'u* Voss, Hard., medan færøysk hev *læŋgur* SStr. og *laŋgúr* Suðurøy. Lengjingi er knapt fraa gnorsk tid.

Sume merke veg kannhenda noko meir[1]. I færøysk hev *u*-ljodbrigdet av *a*, gn. *ǫ*, jamnaste vorte *ø*: gn. *bǫrn* > fær. *bødn*, og gn. *o* vorte *oə* eller *å*: gn. *lok* > fær. *loək*, gn. *stokkr* > fær. *ståkkúr.* Men framfor nasalar hev gn. *ǫ* i færøysk vorte *oə* eller *å*: gn. *grǫn*, mule, > fær. *groən*, gn. *stǫng* > fær. *ståŋg*, so her hev gn. *ǫ* fare same vegen som gn. *o*. I sudvestlandsk hev gn. *ǫ* jamnaste falle saman med gn. *o* til o (eller *å*): *bodn, bonn, lok, stokk* (eller *ståkk*); framfor nasal er der *å*: *fånn, våmb, ståŋg.* Soleis vanleg Sogn, Voss, Hard. og Sudvaldet. I Sunnhordland hev derimot nokre nordbygder (Tysnes pgd., Os pgd. o. fl.)[2] *ø* for gn. *o* og *ǫ*: *bødn, løk, støkk,* medan sudbygderne hev *å* (eller o): *bådn, låk, ståkk*; framfor nasalar er der *å* allstad: *fånn, våmb, ståŋg.* Grunnen til dette er visst ingen annan enn at gn. *ǫ* og *o* her hev vore skilde i uttalen som *ø*

[1] I dette stykke er glosorne or færøymaalet og norske bygdemaal skrivne etter uttalen med vanleg ljodskrift.

[2] Sjaa Vidsteen: Oplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland, Bergen 1882, s. 17. § 14 med tilvisning.

og o liksom paa Færøyarne enno, men motsette analogiar hev drive nordbygderne til *ø* i baae høvi, og sudbygderne til *å* (o), so den upphavlege fonetiske skilnad no syner seg i ein geografisk. Framfor nasalar maa der vel ogso fyre denne utbytingi allstad ha vore o, som sidan hev vorte *å*, liksom i færøysk. Eit minne um det eldre maaltilstand er *øsp* f. (< gn. *ǫsp*) som enno i Shl. heiter so allstad (Vidsteen's Oplysninger, § 8, Anm. 1). I Nordhordland høyrer ein *ø* (til deils *ö*) for gn. *ǫ* og *o* i alle bygder vestanfor og nordanfor Bergen, kanskje mest i Manger og Lindaas, ofte til skiftes med o (eller *å*) i same ordet, t. d. *vødl* og *vådl*; jfr. grdsn. som *gøto* (skr. Goten, Lindaas Matr. 125, 8) og *-gåto* i *kvædnagåto* (skr. Kvernegaaten, Strandvik Matr. 112, 4), baae av gn. *gǫtu*, fær. (ui) *gøətú*; *fåsse* og *føsse* (skr. Fosse, Alversund Matr. 25) < gn. *forsi*. Framfor gn. *ng* er der i Nordhordland alltid *å*. Ogso denne svagingi er truleg ei fylgja av skipling i eit upphavlegt tilstand med *ø* for gn. *ǫ* og o for gn. *o*; jfr. dømi paa *u*-ljodbrigde av *a* i Valdres og Hallingdal Merkn. 420 og 421 s. 52 og 56 her ovanfor. Denne tilhugen til aa gjera gn. *ǫ* til *ø*, men framfor nasal til *o* (*å*) er soleis sams for Færøyarne og Hordaland, men me kann ikkje ettervisa nokon *ø* for *ǫ* i diplom fraa eldre tid enn fraa umkr. 1500 paa Færøyarne og umkr. 1300 i Hordaland (sjaa Merkn. 426 her ovanfor, og ISVestl. I, Merkn. 189). Dei færøyske formerne *kvikr* og *kykr*, *kvirr* og *kyrr* og *kyrkja* v. fører tanken burt paa grensebygder paa Vestlandet for yvergangen *vi* til (nordleg) *y*. Grensa er ikkje den same for alle ord. For *kvirr* og *kyrr*, og for *kvirkja* og *kyrkja* synest ho i vaare dagar vera Sunnhordland, som hev *kurr*(ə) (< *kvirr*) og *k̦ørr* (ɔ: *kyrr*), *kvęrk̦a* og *k̦yrk̦ja*; *kykr* finn me berre i Sogn i formi *k̦øk*, medan *kvik* hev ei stor utbreiding.

5. Nokre yngre ting som sermerkjer færøymaalet no, bør ogso medtakast til samanlikning. Likskap eller ulikskap her kann sjølvsagt ikkje prova korleis tilstandet var for hundradtal av aar sidan. Men me fær likevel gjenom ei slik samanstelling greida paa korleis den stemna maalvokstren hev teke paa øyarne, høver med maalvokstren i dei ymse bygder i heimlandet, og me vil av det kunna faa ein tokke um like og ulike vilkaar eller fyresetnader for stemna. Ein grand vegt kann soleis ogso dette hava, um enn denne stemna i nokon mun er paaverka av samband og samfersl millom øyarne og visse landsluter i Norig i seinare tider.

Av det som helst sermerkjer færøymaalet, er samanfallet av gn. *é* og *æ* og *a* til *æa* (*knæa*, *sæar*, *dæavúr*) ukjent allstad i Norig; men samanblandtng av *é* og *æ*, som ovringi i færøysk maa ha byrja med, er kjend mangstad (ISVestl. I, Merkn. 205—207). Dinæst er nemnande den utbreidde tviljodingi i færøysk av mesta alle einskilde gamle lange vokalar.

Tek me undan Hordaland, Ryfylke og Jederen av Rogaland, dei nedre bygder i Vest-Agder og austbygderne i Aust-Agder (austanfor Arendal) er der i vaar tid meir eller mindre tviljoding av alle gamle lange vokalar, so nær som av *é* og *æ* yver heile Sudvestlandet aa kalla (til deils ogso i Sunnfjord, sjaa ISVestl. I, s. 86—91). Ved tviljodingi vert — som tavla[1] yver tviljodingi paa den citera staden s. 86 og 87 syner — gn. *ó* til ou (eller *åo*) og gn. *ú* til *ᵉu*, ᵉu, ᵘu odl. som i færøysk, og i Setesdalen vert ogso *ý* til u*y* (*lýsa* > *luysę*); jfr. fær. *luisa*, paa tavla skrive *luysa*. Men *á* vert *ao* (eller *a*u) Sogn, Voss, Hard., eller *åo* (Austad i Set.; Øyestad, Fjære o. fl. i AAgder), *é* til *ē*ⁱ (*rēⁱtt*) Set., *í* vert *ᵉi*, og *œ* (*ø*) vert *ø̊ʸ*, som alt er annarleis enn i færøymaalet. Berre i Setesdalen er der tviljoding av stutte vokalar, og berre av *e*, *o* og *ø*, som etter fylgt vert til *éę* (*béęrę* < *bera* v.), o*ǫ* (*hoǫl*)[2], *øö* (*kjøöt*). Med umsyn paa tviljoding av gamle einskild-vokalar vert det daa Sogn, Voss og Hardanger i Nordvaldet, og dei indre egdske bygder, allermest Setesdalen i Sudvaldet, som likjest paa færøymaalet. Likevel torer denne merkelege likskapen millom færøysk og Setesdalen hava lite aa segja for løysingi av vaar uppgaava, med di yvergangen *é* > *æ* (gn. *rétt*(*r*) > *rætt*), som det er grunn til aa tru er den eldste forskyving i vokalverket paa Færøyerne og upphavet til dei fleste andre, er meir framandt for Setesdalen enn for noko maalføre i Nordvaldet. Av andre yvergangar er merkande til sammenlikning, at gn. *e* liksom paa Færøyarne vert *ø* etter *kv*, *sv* og *tv* yver heile det sudvestlandske maalvaldet, minst i Hordaland, mest i Voss og Hardanger, allstad sporadisk, t. d. *kvølva*, *kvøkkja* Voss, Hard. *kvørva* Hard. (*hølva*), *kvølp* Shl. Ryf. *svøbn* Ma. Dal. *svøvn* Voss, Hard. *søbdn* Sogn, *søvn* Shl. *svør* (< *sverð*) Ma. *tvør-* adj. Sogn, Voss, Hard. VAgd. Set. Rbg. — Gn. *y* vert liksom i færøysk *i* i ISogn (*bigd*), truleg ved paaverknad austanfraa (ISVestl. I, Merkn. 316). — Dei gamle tviljodar *ei*, *øy* vert liksom paa Færøyarne uttala *ai* og o*y* (*åi*) i Sogn, Voss, Hard. (til deils), og Set., men finst ogso her og kvar i indre bygder i Nhl. og Shl. Den færøyske yvergangen gn. *au* > *æi* er ukjend i alle heimenorske maalføre.

Dessutan kann nemnast at halvljoden, som i færøysk er *ú* (*læŋg'úr*, lang, *bøək'úr*, bøker), sameleis er *u* paa Voss og i Hardanger, t. d. *laŋg'*u, *bøk'*ur, men elles *ə*, og i Agder ofte *a* (*bøk'ar*).

6. Med umsyn paa konsonantverket er nemnande burtfallet av *v* framfor *r* i færøysk. Her hev Sudvaldet i Norig *vr* (*vråŋŋ-*, *vraŋŋ*), og Jedr. og

[1] Paa tavla hev *e* i *ᵉu* sumstad sige ned under lina (sjaa *hᵉus* under Hardanger). Den færøyske uttalen er til deils gjeven etter eit anna princip enn her (*oy* og *uy* for *åi* og *ui*).

[2] Am. Larsen skriv *koəl*, sjaa Norvegia, s. 172, note.

Dal. hev ogso noko att av dette; men Nordvaldet og Ryfylke stend saman med Færøyarne: *raŋg-*, *råŋg-*, *raŋŋ-* Nordvaldet, *ræŋgår* Fær. Dette burtfallet er visst mykje gamalt, sjaa Noreen, Geschichte d. nord. Spr. § 137, 1. — Yvergangen gn. *hj* > *kj* (*ḱ*, *t́*) er ikkje heilt gjenomført, korkje paa Færøyarne eller paa Sudvestlandet; men næst etter Færøyarne er det Agder, som hev dei fleste døme paa yvergangen, og sidan minkar det med slike nordetter til Nordhordland, Voss og Sogn, som ikkje synest hava døme. — Liksom i færøysk hev gn. *ll*, t. d. *fall* n., vorte *dl*: *fadl*, yver heile Nordvaldet og sameleis i Ryf. Jedr. Dal. til Flikkefjord. Austanfor Flikkefjord hev dei øvre bygderne *dd* og dei ytre *ll*; men *dd* er kome av *dl*, og *ll* i sjøbygderne er vel kome austanfraa i seinare tider med samferdsli. — Gn. *rn* i roti av ord (*korn*) hev liksom paa Færøyarne vorte *dn* (*kodn*) i heile Nordvaldet, i Ryf. Jedr. og Dal., og sameleis i VAgder so nær som lengst aust (Aaseral og Bjelland); i heile Sudvaldet elles er det no *nn*. Det er likevel likt til at *dn* hev vore utbreidt noko lenger aust fyrr enn som no det er (sjaa ISVestl. I, s. 141). At færoysk i dette stykket hev meir likskap med Nordvaldet enn med Sudvaldet segjer soleis ikkje stort for eldre tider. I endingar hev *rn* vorte *dn* i Sogn, SShl. og Ryf., men allstad elles til *n*(*n*) liksom paa Færøyarne. Her er der soleis ein merkeleg likskap i vaare dagar millom færøysk og maali i Nhl., Voss, Hard., NShl. og mykje av Rogaland og VAgder. Gn. *nn* vert *dn* etter tviljod og etter lang vokal ymse stader i Nordvaldet (sjaa ISVestl. I, s. 149, Merkn. 353); paa Voss og til deils i Nordhordland vert *nn* til *dn*, endaa um *n*-ljoden høyrer til artikelen, i dativformer etter lang vokal som *brud'nė*, *oyd'nė* Voss, *brŭd'nə*, *øydnə* Nhl. (Hamre, Hosang.), liksom paa Færøyarne *åidnė* med *dn* etter tviljod, og paa Suduroy ogso *brødnė* (< *brúnnė*) med *dn* etter vanleg lang vokal. I bundi form plur. av slike ord som *klo* vert i dei same bygderne og vidare *rn* til *dn* liksom paa færøysk: *klødna* Voss, Nhl. o. fl., *klødnar* Fær. *nn* til *dn* etter stutt vokal er sjeldhøyrt i all sudvestlandsk utanfor Nordhordland, men finst i spreidde høve i Shl. paa Voss og i Hard., jfr. det uvanlege *dn* i *tidna* Fær. (sjaa ovanf. Merkn. 473).

Nokon heilt paalitande slutnad kann me vel ikkje draga ut av dette. Men det meste synest peika i den leid at det helst er dei hordske sudlege bygder Voss, Hardanger, Sunnhordland med sumt av grensebygderne i nord og sud (Nordhordland og Ryfylke), som maa ha stade saman med Færøyarne i maalbygnad paa den tidi det her gjeld. Sers sterke vitnesburdar er *ø* som *u*-ljodbrigde av *a* (*øsp* Shl.) og burtfallet av *v* framfor *r* (*ranga* f.). Merkeleg er ogso den likskapen millom maalet i det ytre Sudvestlandet, som fyrr er umtala med umsyn til konsonantarne *p*, *t*, *k* fram-

for vokal (sjaa s. 117 ovanf. og ISVestl. I, Merkn. 345). Her gjeng nordanfjordsmaalet paa Færøyarne med sine klanglause konsonantar (*glåipa, vita, laika*) saman med Nordvaldet og NRyfylke (*gloypa, vita, laika* Hard. Voss, Sogn; *gløypa, veta, lęika* NRyf. Shl. Nhl.), medan sunnanfjordsmaalet gjeng saman med SRyfylke og sjøbygderne sunnanfor med klangføre eller halvt klangføre konsonantar (*glåiba, vida, laiga* Fær., *gløyba, veda, læiga* SRyf. o. fl.). Denne yvergangen er visst ikkje sers gamall paa nokon av staderne (i Norig paaviseleg i 14 hundr.), men haatten i maalet, som fyrebudde yvergangen, kann vera mykje eldre.

7. Me torer gaa ut fraa at maalet i Norig i det heile var mykjegodt eins i 9 hundr. Men landet var eit vidlende, der folket alt daa i lange tider hadde butt spreidt, og bygderne var skilde ved fjordar og fjellvidder, og sume stader endaa meir ved store tette skogar. Det er daa sjølvgjeve, at der maatte verta noko avbrigde i maalvegen, ikkje berre i aksentbruk, ljodlengd og ljodhaatt, og formval millom gamalt og nytt etter ulike analogiar o. m. som maatte faa innverknad paa maalbygnaden, men ogso paa ordfanget og ordvalet. Nyord vilde det sjølvsagt alltid verta trong til. Landet hev ein skifterik natur. Det skifter med sjøbygder og fjellbygder og flate innlandsbygder, det skifter med vêrlag nord og sud, vest og aust, og det skifter med dyreliv paa land og i sjø, som alt saman hev innverknad paa mannelivet og gjer livskaari, næringslivet og arbeidslivet ulikt paa dei ymse stader. For deim som var spreidde yver dette mangkyndte vidlende, maatte det gjenom tiderne, snart paa ein stad og snart paa ein annan, ovra seg nye ting i naturi, i arbeidslivet eller i aandsheimen, ting som der ikkje var namn paa fyrr eller som vel hadde eit namn i maalet, men det kunde av einkvar grunnen sumstad vera gløymt, so dei laut finna eit anna. Dette nye ordet kunde daa lagast etter eit umsyn paa ein stad og etter andre umsyn paa andre stader. I Hallingdal, Telemark o. fl. kallar dei polarreven, Canis lagopus, for *melrakke*, av di han likjest ein rakke (hund) og hev tilhelde i melar (sandbakkar); i Nordland kallar dei honom *fjellrakke*, fordi han held til i fjellet; og paa dei fleste romi elles kallar dei honom *kvitrev*, for di han er kvit. Fisken Gadus merlangus kann segjast vera *kvit, bleik* eller *ljos*; i Hordaland og sudetter heiter han *kviting, kvitling* (eller lenger aust *viting, villing*), paa Nordvestlandet og nordetter *bleikja* (utt. *blęiḱə, blęiḱ*`), paa Helgeland *lysing*; jfr. fær. utt. *kvuitiŋgúr* (< *hvítingr*). Eit rundt vidt, heller laagt kjerald, samansett av smaa stavar og utan honk eller øyro, brukt til aa setja upp mjølk i, er kalla *ask* m. i Sogn, Valdres o. fl. etter gn. *askr* (fraa emnet), men *kolla* (*kodla*) Nhl. Shl. o. fl., fordi det er utan øyro, og *ringja* (utt. *riŋję, riŋjə*) Set. Hall. NVestl. o. fl., for di det er rundt; jfr. fær. *kolla* (utt. *kådla*) med same tyding. Dei mange

synonyma i gamall og ny norsk viser at det hev vore mykje av dette slaget. Til dette kom umlagingar eller umtydingar av eldre namn, for di den upphavlege tydingi var gløymd, eller hadde vorte uklaar ved ljodvokstren, eller ikkje høvde med naturi paa alle bustader. I gn. *marbakki* m. (eig. havbakke), som skifte med *marreina* eller *marreinubakki*, er fyrsteleden *mar-* sume stader umbytt med *möl-* (rund smaastein): *molbakke* Ma. *molreina* Sogn; sum staden med *mor-* (jfr. isl. *mor* n. dust, dumba): *morbakke* Ma. (Finnsland), jfr. det nedanfor nemnde *mørbakke*; sumstad med *mel-* (sandbakke): *mælbakke* Vfold.; sumstad med *møre-* (jfr. *møra* f. »mudder, dynd« Va. o. fl. Aasen): *mørbakke* Va. *mørereine* Va.; — allstad med ord, som høvde best med naturi paa staden, men likevel paa ein slik maate at samanhengen med det upphavlege *marbakke* og *marreina* skyggjer igjenom. Ved dette og mange andre umstende, radt til den ovtrui sume stader at ein ikkje i alle høve (helst paa sjøen) skulde nemna tingen med sitt vanlege namn, men laga serord for dette bruket (tabu-namn)[1], maatte det verta skilnad i ordfanget umkring i bygderne.

Paa Færøyarne, der det er trulegt — som det ovanfor er nemnt — at folk flutte til fraa mange kantar av Norig, maatte maalskilnaden helst visa seg i dialektblandingi med umsyn til ordfanget. For um sudvestlandsken raadde grunnen, naar det galdt maaltypen, er det sjølvgjeve at han maatte koma under mange slag paaverknad fraa dei andre norske maalføre, naar det galdt ordfanget, og det so mykje lettare som dette ordfanget hadde vakse upp or same rot og laga seg etter same ljodloger som sudvestlandsken sjølv.

8. Det som her er sagt um dialektblanding i ordfanget millom sudvestlandsk og andre norske bygdemaal paa Færøyarne, kann ogso yverførast paa sjølve den sudvestlandske kjernen i dette øymaalet. Det er ikkje tenkjelegt at alle dei sudvestlendingar, som flutte til Færøyarne, kom fraa ei einaste bygd paa Sudvestlandet. Det rimelege er at dei kom fraa mange bygder, sjøbygder og innbygder i nord og sud. Men ogso Sudvestlandet er ei stor vidd — mykje større enn t. d. Schweitz —, og folket bur spreidt og skilt ved fjell og fjordar, so der utvilsamt paa den tidi det her er tale um, ogso millom desse bygder maa ha vore nokon ulikskap i ordfang.

Ein grundig etterrøknad av ordfanget i færøymaalet, samanlikna med det heimenorske, er dessverre ikkje mogeleg so lenge me ikkje hev meir

[1] Sjaa Jakob Jakobsen: Det norrøne sprog paa Shetland, Kbh. 1897, s. 82 o. flg. Til dei norske tabu-namn han nemner, kann vel ogso leggjast *skoddefole* m. (= humregauk) Snm. Sume namn som ein endaa kann høyra i skjemt paa Vestlandet, som ei *haldtfast* (for knappenaal), ei *byks i fjell* (geit) kunde vel ogso hava slikt upphav. Til fær. tabu-namn høyrer vel *kalvi* m. (sjaa ovanf. s. 132 under *fl* > *lv*) for *kveita*, som etter Landt (s. 277) enno var i bruk umkr. 1800 jamsides med *Kalvi*; han skriv *Qvajta*.

upplysning um denne sida av færøysken enn som no fyreligg. Me hev ingi færøysk ordbok, og dei norske er heller ikkje fullnøgjelege. Eg fær difor nøgja meg med nokre døme fraa ymse strok av maalet.

Um ikkje ordet hev ei sermerkeleg form, er her ikkje medteke vanlege ord, som finst baade i vestnorsk og austnorsk, slike som: fær.[1] *alda* (baara) *anga* v. *annaðhvört, arvi* m. *ásjón* f. *avseta* f. *bagga, baldursbrá, barkakýli, berbaka, berggylta, bláma, bólkur, gasa* v. (i Anth. skr. *gæsa*), *líkverja* f. *ljósmamma, lækja* f. *marmennil, skerpa* v. (*skerpukjøt*; *skjerpufisk* Hall.) *vælindi* o. m. fl. Heller ikkje er medteke færøyske ord som finst yver heile Sudvestlandet eller i alle fall sumstad baade i sud og nord, og som er sers mange. Det er soleis innanfor eit sterkt avgrensa ordfang dømi her nedanfor er tekne.

Av ord i færøymaalet som me berre finn[2] i Nordvaldet (ɔ: Sogn, Voss, Hardanger, NHordland og SHordland) er nemnande: *agnhald*[3] n. ongulhake, agnor; i Berg. st. *agnhald* (til deils uttala *aŋghald* Shl., som ogso er kjend uttalen av ordet paa Island). — *aldan* n. (ogso *aldin*), trefrugt; *alda* d. s. Hard. — *andnes* n. utnes »promontory«; *andnes* n. d. s. Nhl. Shl., utt. *aggnes* Shl., men *annes* Fær. og Nhl. liksom paa Isl. — *ass*, interj. utrop ved sterk harming eller uventa uheppa; *ass* d. s. Berg. st. — *avnot* n. og *avroð*, visse deilder av slagta krøter; *avnòt* og *avròt* d. s. Nhl. Shl. (jfr. *avròtor* f. pl. »avfald« Set. Ross, Tillegg 4). — *bersøgun* adj. framtalande; jfr. *berrsøgjen* d. s. Nhl. og *bersögull* Isl. — *bert* adv. berre, einast; *bert* d. s. Shl. o. fl.? — *bína* v. stira; *bina* v. d. s. Berg. st. — *bráðfengi* n. naudhjelp; *braadfenge* n. Berg. st. — *brigsla* v. lasta, neisa; *brigsla* d. s. Hard. — *bragd* n. skard i saudøyra til merke; *bragd* n. d. s. Shl. (og Isl. Ross)[4]; — *broysa* f. fyndig visa; jfr. *broysa* f. vindflaga, Sogn. — *brøsur* f. pl. kiv; jfr. *bròsa* f. vindflaga, Sogn, Voss, Nhl. — *bulla* v. 1. bubla upp, t. d. um ei uppkoma, Voss, Sogn. 2. pupla, vasa; *bulla* d. s. Sogn. — *bullur* m. ukse, tjor; *bùl* m. d. s. NShl., *bol* SShl. — *bundi* n. bundel; *bunde* n. d. s. Hard. — *bunga* f. bunk, kul; *bunga* Shl. — *des* f. høysaata; jfr. *desja* f. liten dunge, t. d. med høy (høydesja) Sogn. — *dvína* v. gjeva etter; *dvina* Hard. — *dælur* adj., tilgjengeleg, hyggjeleg; *dæl* Shl., *dælleg* Voss, Hard. Nhl. — *eiði* n. (og *eið*): *eide* n. Shl. (*eid* Fuse). — *eisini* adv., jfr. eldre nyn. *æijsen* Nhl. 1723, *eyse* Sfj.? 17de hundr., sjaa s. 107 ovanf. — *falligur* adj. vakker; jfr. *fallig* (utt.

[1] Ordi er her uppførde i den formi ein finn deim i ordbøkerne.

[2] Det vil daa sjølsagt segja etter dei upplysningar som fyreligg til dessa.

[3] I upprekningi er den færøyske form sett fyrst: *agnhald, aldan, andnes, ass, avnot, bersøgun, bert, bina* o. s. fr. Dei nynorske former kjem etter semikolon.

[4] Er ikkje aa finna hjaa Østberg (Saumærker, Kristiania 1909), som vel hev fær. *bragd*, men segjer (s. 18) at dette svarar til norsk *bjore* og isl. *biti*.

fadlig'ə) »smidig« Nhl. — *fják* n. narr; *fjaak* m. Voss. — *flikki* n. fleskesida, < gn. *flykki*; *flykke* (utt. *flykkjè*) n. og *fleskaflykke*, uppt. fraa Voss, jfr. *flykkja* f. d. s. Nhl. — *frýggja* v. lasta, brigsla; *frya* Voss, Nhl. — *gjógv* f. »klippekløft, fjeldkløft«; *gjo* f. trong bergkluft ved strandi, uppt. fraa Nhl. (Hamre), sjaa ogso Ross under *jo*, og jfr. *gjokk* f. Shl. med same tyding som *gjo* Nhl. — *glíggja* v. skina; *gljaa* Hard. — *glymja* v.; *glymja* Hard. Voss. — *grýla* f. skræmsel, maskeklædd person; jfr. *grøle* m. fabelskapning, som er ute i myrkret, buse, uppt. fraa Nhl. (Hamre). — *gul* n. jamn, spak vind; *gul* n. d. s. Nhl. Shl. Hard. — *haki* m. spade; *hake* m. d. s. Sogn, Nhl. Shl. — *hálvdregið orð* »hentydning«; *halvdrege ord* d. s. Berg. st. — *hjølmutur* adj. kvithovda, um myrklita ku med kvitt hovud; *hjelmutt* Sogn. — *íli* m. stein til anker for baat = *ílasteinur*; sameleis *ile* m. Berg. st. (i Nordl. kallar dei iletoget for *ile*). — *ím* n. sot (paa gryta); *ím* n. tunt lag av dumba, sot odl. Hard. Shl. — *kjálki* m. »1. kæve, 2. kind«, sms. *kjálkabein* o. fl.; *kjelke* m. (ogso *kjelk*) kjake, kinn, Nhl. Shl., sms. *kjelkarode* m. rode i kinnerne, *kjelkaskjegg* o. fl. Shl. *kjelkabein* n. kjakebein, Ryf. (jfr. isl. *kjálki* m. kjake, kjakebein. — *klikkja* v. slaa lett; jfr. *klekkja*, klemma, Sogn, Hard. og »*klikke te nåkken*«, slaa til einkvar, Bergens by, *klikka* (*ar*) slaa, Voss. — *klombra* f. liti bergkluft; *klòmra* d. s. Nhl. Shl. — *kongurvág* f. kongrovev; *kungervaag* Nhl. (Eksingedal). — *korki* m. Lecanora tartarea, eit slag lav; *kòrke* m. d. s. Berg. st. o. fl. Aasen (i grannebygder?). — *krov* n. uppskoren kropp, slagt; *kròv* n. Berg. st. — *kroka* v. eig. krøkja seg ihop, vanl. søkja livd mot uvêr; *kròka* v. bøygja seg ihop, um dyr som lid vondt av uver, Berg. st. — *kukka* v. cacare; *kukka* d. s. Berg. st. — *kyllingur* m. (i FSÆ skr. *kidlingur*) »lille høstak«; *kylling* m. »stak af hø eller løv«, Sogn. — *kønur* adj. klok, kunnig; *kjøn* d. s. Hard. — *lakur* adj. laak, elendig; *lak* Nhl., jfr. isl. *lakur* og sv. *elak*. — *lýða* v. kviskra; jfr. *ly*(*d*)*ast* »fortælles, gaa som Rygte« Shl. Vidst. (ogso Nhl. og fleire stader vestanfj.). — *í midlin* prp. svarar til *imydlæ*, *imødlæ* Shl. — *mura* f. Potentilla anserina, planta; *mura* (fyreset gn. *ú*) f. Hard. Med di isl. *mura* liksom færøysk fyreset upphavleg stutt vokal, er vel lengjingi i Hard. fraa seinare tider. — *onkur* pron., einkvar; *ongkar* Nhl. — *ørøkin* adj. skøytelaus; *urøkjen* adj. ugreid, ulagleg, Hard. Shl. — *ota* v. skuva; *òta* Sogn, Nhl. Shl. — *puntanastrá* n., *Puntale-Straa* Landt, Aira cæspitosa, planta; *puntastraa* eller *puntagras* n. Voss, jfr. *puntur* og *puntastrá* Isl., *punt* Jedr. *funt* Sogn, *bunt* Tel. *bunke* Trh. Um etymologien sjaa Falk & Torp's Etym. Wörterb. under Bunke III. — *rassur* m. rumpa, anus; *rass* m. Berg. st. — *rong* f. »stavnsæde«; *rång* f. det »yderste knæ nærmest ved stavnen« Nhl. Shl. (sjaa Facs. IV, no. 11). — *ross* n hest, baade aaleine og i sms. som *rossadrein-*

gur o. fl., *hors* i kvedskap (sjaa s. 133); jfr. *ròssa* f. Nhl. (og i sms. *ròssegauk*), medan *hors* um hest ogso i nyn. er ute or bruk (*hòrsa* f. merr finst i Sogn, Shl. Ryf. Nfj.). — *ræ* n. daudskrott, aat; *ræ* n. d. s. Nhl. Hard. — *skola* v. skylja, vaska; *skòla* med same tyding Sogn, Voss, Hard. Nhl., med tydingi *skvala* mykje meir utbreidt. — *skon* f. snute, fjes; *skòn* f. mule og nase paa dyr, helst paa hest, heile Nordv. — *skreiða* v. renna, glida paa is; *skreida* d. s. SBerg. Bergens by (utt. *skręiə*, jfr. *skręiəbakkə*). — *slag, trý ár í slag*; *try aar i slag* (= *i rad*, isl. *í røð*) Berg. st. — *slavur* adj. (vel rettare: *slævur*) vaatvoren; jfr. *slæberg*, vaatvore sladberg, Shl. og *slęskarv* d. s. Voss. — *smækka* v. minka paa; jfr. *smækka* v. intr. minka, stilna, Nhl. — *spryta* f. liten pinn; *spryta* f. pinn i ei fella, Hard. — *steinstúlpa* f. (utt. *stainstølpa*, skr. i Anth.: *steinstólpa*) Saxicola oenanthe (fugl); av dei mange norske former er den næraste *steindulpa* Shl. — *stikla* v. faa til aa trilla; *stikla* v. kasta, stikla yver, kasta i koll, Hard. — *svambla* v. damla, skvalpa; *svamla* Berg. st. — *svinta* f. forklæde; jfr. *svinta*, stor vaskeklut Shl., isl. *svunta*, forklæde. — *tysja* v. myldre, vrimle; *tysja* d. s. Sogn. — *tøta* v. verka til ullty; *tøta* verka til, helst verka til ullty, Sogn. — *vakka* v. vanka; *vakka* Hard. — *vansi* m. skade; *vanse* m. skort Hard. — *vella* v. koka (i kvædi); *vella* d. s. ISogn. — *ymja* v. susa; *ymja*, murra, Hard. Shl. — *ætt* f. himmelætt, himmelkant; *ætt* f. SBerg. — *øgja* v. skræma; *øgjast* verta rædd, Sogn, Hard.

Døme paa færøyske ord som me berre finn i Nordvaldet og Rogaland (Ryf. Jedr. Dal.): Fær. *beyka* v. »læsse, proppe«, *b. í seg*; *bauka* v. »drive voldsomt paa« (Ross under *bauka* 5) Hard. Shl. Ryf. I den upphavlege tydning »rota« er ordet meir utbreidt. — (*bonus*), *spæla fírabonus*, leika gøymsla; jfr. *spela trebuns*[1] Shl. (*spela trebonius* Stavanger). — *bósin* adj. »stor og før«, *bósi* m. »en kluntet fyr«; *bosen* adj. »fyldig og rødmusset« Hard. Shl. Ryf., *bose* m. stump, »klods«, ogso um »en dygtig karl« Sogn, og »fyldig, kraftig karl« Ryf. (um eit tjukt lag av flate ting Shl.). — *brugda* f. Selache maxima, ein fisk; *brugda* Shl. o. fl. *brogda* Ryf. — *búreisingur* m. mann som set bu; *bureising* m. d. s. Sogn, Voss, Nhl. Shl. Ryf. Dal. — *díkja* v. slaa, pryla; *dýkja* d. s. Hard. Dal. — *frysta* v. vera frostvêr; jfr. *frysten* adj. hustren, frostall, Hard. Voss, Ryf. — *geklar* pl. (i kvædi) av **geitil*, hard knute i stein, sjaa ovanf. s. 119; jfr. *geitel* m. »kjertel i sten« Sogn, *heggeitlastein*, skin med harde knutar, Nhl. (um kvernstein Sfj.), *heggjedl*, pl. *hegglar* Ryf. — *higar* adv. hit.; *hega* Hard.

[1] Det maa minst vera 3—4, naar dei skal leika denne leiken. Ein kann koma til aa tenkja paa tyske ord som „dreibündniss", ell. „vierbündniss". Nordfjord: „*slaa trebolius*". Andre namn finn ein hjaa Ross under *Bumb*.

Nhl. Shl. Ryf. — *ridla* v. staa ustødt, rugga; *ridla* d. s. Hard. Shl. Ryf. — *rust* f. rinde uppetter fjellet; *rust* f. Nhl. YSogn, Ryf. — *stallur* m. »afsats i bjærgvæg«; *stall* m. »ophøiet flade« Nhl. Shl. Ryf. — *tvíburabarn* n. tvilling; *tviburar* m. pl. tvillingar, Sogn, Hard. Voss (um lamb), Nhl. Jedr. — *vætti* n. »ussel liden person«, i sms. *lygivætti*, ljugar, *óvætti*, svivyrdeleg person, *vesælavætti*, stakar, o. fl.; jfr. *møvette* n. (for *mødevette*) stakar, mismenne, Voss, Ryf., *uvette* n. ei inkjevetta, Shl. *rekavette* n. rekefant, Hard. Ryf., og andre sms. med *vette* i desse bygderne og Sogn. — *øði* n. f. »raseri«; *øda* f. sterk hug, ovhug Hard. Shl. Ryf.

Færøyske ord som me finn berre i Sudvaldet er: Fær. *bráa* v. lysa, loga; *braa* v. og *brjaa*, lyna, Set. — *dast* n. glansen av eitkvart, *dasta* v. sterkna til, heimta seg, *desta* v. kveikja upp, friska upp, *destin* adj. stolt; jfr. *desta* v. kveikja upp, friska upp, VAgd. Set., *desten* adj. kvik, ogso »noget kneisende i livsmod«, Set. — *glens* n. fjes; *glens* n. d. s. VAgd. Set. — *gler* n. »blank, speilklar is«, *glerpípa* f. istapp; *gler* m. isflata VAgd. (Ma.) *glerung(e)* d. s. VAgd. Rbg. — *grand* n. skade; jfr. *til grands*, til skade Rbg. — *gæva* f. lukka (i kvædi); jfr. *gjæva* f. ynnest, VAgd. — *kloddi* m. filla, klut; *klodda* f. »med smuds sammenfiltet uldtot« VAgd. — *net* n. fiskegarn; *net* n. d. s. Rbg. o. fl. — *pápi* m. får; *papi* Set. (eldre: *paapı*). — *skellilátur* m. skrellelaatt; jfr. *skjellelæ* v. storskratta, VAgd. — *spangabelti* n. »spændebælte« (i kvædi); jfr. *spånggebelte*, som mandfolkene bruger. Thott 1506. — *ælabogi* m. regnboge; *elebogje* m. VAgd. (Ma.).

Færøyske ord som me finn berre i Sudvaldet og Rogaland: Fær. *áraldstíð* f.; *Arals tid* Rbg. Dal. o. fl. — *blik* n. vindstilla; *blik* f. d. s. Agder, Dal. — *fen* n. blautmyr; *fen* n. d. s. Rbg. VAgd. Jedr. — *gall-* i sms. t. d. *gallróp* n. »vældigt rop«; jfr. *gall-* i *gallgaula*, skraala kvasst, VAgd. *gallskrika*, illskrika, Dal.

Ikkje faa er dei ordi som her ikkje vert medtekne, og som er sams for Færøyarne og Sudvestlandet saman med grannebygderne i nord og daltopparne paa austhallet av fillefjell. Utanfor dette maalumkvervet synest det minka med ord av dette slaget, Men noko er der, og me vil daa her fyrst nemna nokre ord (namn paa fuglar og sjødyr), som i vaare dagar ikkje synest vera i bruk utan paa Færøyarne og i Nordland: Fær. *bakur* m. og *svartbakur*, havmaase, Larus marinus; *svartbak* Ndl. — *brimil* m., han-sel; *brimul* m. eit slag stor sel, Ndl.? jfr. *Brem-Vlff* Chr. Jenss. (s 17 i orig.): »en stor forvoxen Sæl-Hund«, gn. *brimill* (stor sel), isl. *brimill*, han-sel. — *bøxl* n. »forluffe paa hval«; *bøgsl* n. ryggfinn paa kval, Ndl. = gn. *bœxl*. — *kjógvi* m., kive, Lestris parasitica, hjaa Landt *Tjovi*; *jo* m. *livre-jo*, o. fl. Nordl., *kjói* Isl. — *lomvigi* m. Uria Troile, fugl; *langve* Ndl., ogso skr. *lomvie* og *langvie* Lof. (Aasen), jfr. *langve* Sn. Edda, og *langvigi* Isl.

— *marfluga* f. Cancer pulex; *marfluga* Helg. (annarstad *marflo*). — *steinkobbi* m., vanleg sel, Phoca vitulina; *steinkobbe* Ndl. — *stelkur* m. Totanus calidris, fugl; *stelk* m. Ndl. (sume stader *stilk*). — *títlingur* m. Anthus pratensis; jfr. *títing* m. sporv Ndl., gn. og isl. *títlingr*. — *æðublikur* m. (ædarstegg); *ē-blik* Ndl. At alle desse ordi fyrr hev vore kjende og brukte sør paa Vestlandet òg, kann ikkje vera tvilsamt; nordlandsmaalet sjølv er nærast ei grein av vestlandsk. Det er den sérvorne naturi i Nordland og paa Færøyarne som hev ført med seg, at fugleverdi og sjødyrverdi i lange tider hev havt meir aa segja for folket paa desse staderne enn for Vestlandsbygderne. Og dette hev halde uppe namni.

Ogso i flatbygderne paa Austlandet finn me ord som det i alle fall no er likt til berre finst der og paa Færøyarne. Hit høyrer færøyisk *eymlega* adv. elendig; *omli*, elendig Austf. *ømli* Øysterd. — *fógverni* n. (< gn. *fôarn*) krel, kraas (paa fugl); *faann* f. Rom. SSoløyr, *faan* og *faa* m. Rom. Soløyr, skal i eldre tider ha vore brukt ogso i Tel. (etter Ross Till. 1 under *faann*), — *gleimur* m. »munterhed,«; *gleima* v. og *gleim* m. »skottende stjaalet skjævt Øiekast« Austl., sjaa *gleima* hjaa Ross. *hógvur* m. haa, ettergras; *hov* m. d. s. Austf. — *krákuber* n. krekling, Empetrum nigrum; *kraakebær* Austl. — *ljoma* v. lysa, og *ljómi* m. skin (i kvædi); jfr. *lømme* v. lysa Øystred., »*ljømende rau(d)*« ɔ: ljomande raud, Valdr., *lømme* m. sterk lysing Austf. — *lúgvaður* adj. utmødd, uttrøytt; *luen* adj. d. s. SØystred., gn. *lúinn*, trøytt, ptc. av *lýja*. — *nøgl* f. nagl; *nagl* f. Austl. — *samregn*, *samrigni* n. stendigt regn; jfr. *samregna*, regna stendig, NØystred. — *skríma* v. timja, sjaa dimt; *skrime* v. d. s. Austf. Follo. — *søpul* m. 1. »feieklud« 2. »uordentlig sammenfiltret gjenstand«; jfr. *søpl* f. »feieskarn« Austl. (ogso i Hall.). — *tràna* v. herskna; *traane* v. d. s. Austl.

9. Me vil til slutt skoda paa ei serskild heil innreiding som ei vanleg vatskvern og samanlikna dei færøyska namni[1] paa det som till høyrer, med namni hjaa oss.[2] Kverni sjølv vert paa Færøyarne jamnast kalla *milna* (utt. *milla*). Det nynorske *teina* ell. *kornteina* (dsk. mølletragt) Vestl. Valdr. o. fl., ogso kalla *vida* Rog. ÷ Ryf. (*teina* Suld.), Agd. Tel. Austf. Odalen, heiter fær. *kornkassi*; den nedre deildi heiter fær. *skógvur* (utt. *skægvúr*), som svarar til nyn. *sko* Berg. st. Det nedste av *teina*, som hjaa oss heiter *rap* n. Set., er fær. *tutúr* m. eller *kornsvín*, som spraakleg (men ikke sakleg)

[1] Uppteikna 1907 fraa Austuroy.

[2] Paa Færøyarne brukar dei enno ogso handkvern (*kvørn*), som fraa gamall tid er mykje uvandt skipa med tvo steinar, *yvirsteinur* og *undirsteinur*, som ligg paa eit bord. I eit hol paa den eine kanten ute i yversteinen er det sett ei liti stong til aa snu steinen rundt. Naar dei mel, snur dei steinen med den eine handi, medan dei slepper kornet ned i kvernauga med hi. Stongi som dei sveivar med heiter *mondil* m. < gn. *mǫndull*, nyn. *monnol* Helg. Namd.

svarar til nyn. *svin* Austl. Li. Ma. *matsvin* Set., der det er brukt for det vestlandske *sko*. Dei tvo kvernsteinarne heiter fær. *yvirsteinur* og *undirsteinur* sameleis som hjaa oss. *Skaketein* m. Berg. st., ogso *skakvònd* m. Tel. Set. *skakvòl* Voss, Ryf. (Suld.), *skakar* Austl. (Romerike), *ristil* Tel. heiter fær. *ristari* m.; fraa Suldal er dessutan uppt. *pilar* m., jfr. *pillar* hjaa Ross, og fraa Setesdalen *darrestav* m. brukt jamsides med *skakvònd*, jfr. *darre* d. s. hjaa Ross. Kvennholet heiter fær. *eyga* (utt. *æia*) som hjaa oss *auga*. Det nyn. *spenel* m. SVestl. (*spænòlv* Hard. *spönòlv* Voss), *spunur* Innh. *spænor* Austl. (Romerike) er fær. *spinnil* m., og nyn. *sigle* n. Vestl. Ndl. Tel. er fær. *sigli*. Nyn. *grotte* m. NVestl. Shl. Ndl. o. fl. er fær. *grotti*, jfr. gn. *grotti*. Benken som ber steinarne og heiter nyn. *lur* m. (< gn. *luðr*), er ogso fær. *lúður* (utt. *lüuür*). Nyn. *kvernkall* eller *kall* m. (dsk. mølleaksel) er fær. *milnustokkur*, men i ei gaata enno *kvarnkadlur*, aalm. *kvantali*[1]. *Veng* nedst paa kallen, som hjaa oss ogso kann heita *skaak* f., pl. *skjækur* Voss, Hard., eller *fjör* f. Rog. Set., er fær. *blað* n. pl. *bløð*. Jarnpiggen (*grunntappen* Set.) i grunnstokken (*grunnlaag* f. Set. *grunnpodda* Suld. *frosk* Voss) er fær. *pík* f. (og *píkur* m.?) liksom nyn. *pik* Voss, Ryf. o. fl. Nyn. *lettetre* er fær. *lyftari* m. *Renna* som fører vatnet ned paa kallen heiter fær. *renna*, *rennustokkur*, *vatnstokkur*.

Glosor er ikkje dei beste domarar til aa avgjera skyldskapsspursmaal i maalvegen. Kannhenda endaa mindre, naar det som her ofte syner seg, at ord som berre finst paa nokre faa stader, hev nære avleidingar andre stader i maalvaldet, so det kann vera tvil um ein bør taka deim med i samanlikningi eller ikkje. Men utan vegt for spursmaalet er ikkje ordfanget heller. Og kann ein døma etter det som fyre ligg, gjeng færøymaalet med umsyn till ordfang mest i lag med maalet i Nordvaldet paa Sudvestlandet og i grannebygderne i nord og aust og i Ryfylke.

10. I same leid peikar ei rekkja med ord som er sams for Færøyarne, Nordvaldet paa SVestlandet og dei nordvestlandske bygderne. So-

[1] Her er den færøyska gaata:

Stuttur stakkur dansar, kvantali kvað,
eftir kom hin langa slóð, git már tað.
(Ein áarmila). Antiqv. Tidsskr. 1849—1851, s. 322.

Jfr. hermed:

Fraa Sunnfjord:

Stytte-stacken Dantza, aa Kringtola qua;
Ettekom ho laaingesloe git kvat da var. (Christen Jensøn 1646).

Fraa Sunnholdland:

Stubbestakkjen dannsa og Kvinntoola kva,
itte kom huu Laannggasløra, spoore ka da va. (Vidsteen's ordbog under *Kvern*).

Gaata er vel kjend enno mange stader paa Vestlandet. Sjaa Hannaas' utgaava av Christen Jensøns Dictionarium s. 45, og Ross under *gøyta*.

leis dei velkjende namni paa himmelætter: Fær. *landnorður*, nordaust, *útnorður*, nordvest, *landsuður*, sudaust, *útsuður*, sudvest, og paa vindarne: *landnyrðingur*, nordausten, *útnyrðingr*, nordvesten osfr., som høver likso lite paa Færøyarne i det heile som paa Sudvaldet paa SVestlandet. Men i Nordvaldet og paa Vestlandet nordanfor høver dei framifraa vel og maa vel ogso ha vorte til der. Enno er dei i bruk fraa og med Sunnhordland nordetter alt til og med Nordland.[1] — Det fær. ordelaget *sól gongur til viðar* (i kvædi) eig. soli gjeng til skogar, d. e. ned attum skogen, soli gladar,[2] kunde synast peika i ei onnor leid, med di dei ikkje paa Færøyarne — heller ikkje paa Island, der *sól gengur til viða* er brukt sameleis — hev nokon skog, som dette kann høva paa, og landslaget paa Vestlandet i Norig heller ikkje er slikt at dette ordelaget vel kann tenkjast ha kome upp der. At det likevel maa vera gamalt i vestnorsk syner Alex. soga, der me finn det brukt jamsides med eit sermerkt vestnorsk ordelag: *sol gengr til viðar* 51_{14}; jfr. *solin scundaðe nv gang sinom í eginn* 67_{8}. I det 14 hundr. finn me same fyrestelling i vanleg prosa i ei avskr. av Frostatingslogi (Kgl. bibl. Stockh. Cod. C 22 qv.) og ei avskr. av Borgartingslogi (Kgl. bibl. Kjøp. gml. saml. 3261 qv.) i ordelaget *sol er undir viði*, som er parallelstader til *solo er sætt* i Ngl. II s. 133_{19}; for desse tvo landsluter vil ordelaget mange stader falla naturlegt. Men etter di me ogso finn det i gamall svensk: *sol ganger undir viþ, sol ær undir viþ* Västgötalagen, Östgötal. *til thäs solen gaar til widh* Konung Alex., og ordlaget ingen stad kann høva betre enn paa dei vide skogvaksne slettorne i Sverike, er det mest trulegt, at det hev sin eigenlege heimstad der, og er gamall sameiga millom norsk og svensk.

11. Endelykti paa denne etterrøknaden vert daa at færøymaalet er eit norsk sudvestlandsk maalføre, nærast skyldt med maalføri i nordluten av dette maalvaldet baade i bygnad og i ordfang. — Naar maalføri i Sudvaldet, helst i Setesdalen, i vaare dagar til deils viser større likskap med færøysk i ljodvokster — serleg vokallengjing fyre l + labial kons., og ny tviljoding — ligg grunnen til dette noko i seinare utjamningar i Nordvaldet paa grunn av større samferdsel med andre landsluter, og noko i det at Færøyarne og dei indre Agder-bygder laag so einsleg og avsides at visse

[1] Me finn same nemningarne i bruk paa Island, der dei berre — med si upphavlege tyding — høver paa Vestsida. At same namni i eldre tider til deils ogso hev vore brukt i dei vikske bygder, ser me av Borgartings Kristenr. Ngl. I s. 368_{26} (*landsudr*), D. N. I 92_{20} (*utsudrs*). I gamall svensk og dansk synest desse nemningarne ukjende; *utnøling* (< *útnyrðingr*) Åland er vel kome vestanfraa yver Trondheim, Jamteland og vidare, men kunde vel ogso vera jamsides vokster paa vestlandet i Finnland.

[2] Ogso *Sólin fer til viðar*; jfr. visa um Arngrims synir (v. 41):

Inntil tann hin triðja (nemleg *dag*),
ið sól til viðar rann.

serskilde tilhugar i maalet fekk tilhøve til aa veksa sterkare fram paa desse staderne enn i Nordvaldet.[1]

12. Stor vegt hev stadnamni, naar ein vil leita etter dei tidlegare heimstaderne aat eit folk. Um dei færøyske stadnamni er aa segja at dei er laga av same maalto og paa same maaten som namni i det upphavlege heimlandet, og at ei mengd med namn er sams for Færøyarne og vestsida av Norig. Soleis t. d. namni paa dei fleste av dei 17 øyarne, der det bur folk: 1. *Dímun* f; jfr. *Dimn'a* f. b. f., grd. i Ulvstein paa Sunmøre, der *Dimn-* som Sofus Bugge meinte er samandrege av *Dímun*, gen. *Dimnar*, fulla eigenleg er namnet paa øyi *Dimmøy*, der det er tvo fjell (irsk namn), sjaa N. G. XIII, s. 55. — 2. *Eysturoy* < *Austrey* = austøy, som helst maa reknast til appellativ i Norig, men finst som sernamn t. d. i Vestf., jfr. *Østrøy'a* i Vestre Moland (AAgder), der likevel *østr-* kann vera *eystri*. — 3. *Fugloyggj*; *Fugløy* Nhl. — 4. *Hestur*; *Hesten* vanlegt fjellnamn frammed havsida. — 5. *Koltur*, jfr. *kolt* m. bergnabb Hall. *kult* Shl. ofl. — 6. *Mykines*; jfr. *Mykjenes*, nes paa Senja i Nordland. — 7. *Sandoyggj*; *Sandøy* i Gulen, ofl. — 8. *Streymoyggj*; jfr. *Straumøy* Nhl. Shl. ofl., og formi *Straumsey* i Fær. saga finn me att i *Straumsøy* Nhl. — 9. *Suðuroyggj*; *Sørøy* er i Norig helst appellativ, men mange stader ogso øynamn fram med havsida. — 10. *Svínoyggj*; *Svinøy* Snm. Shl. Ndl. ofl. — 11. *Vágar* f. pl.; *Vaagan(e)* Ryf. Ndm. Ndl. ofl. < *Vágarnir*, gn. *Vágar*. — 12. *Viðoyggj* (< **Viðey*); jfr. *Ve(d)øy* Shl. — Atter stend daa 13. *Borðoyggj*; jfr. gn. *borð* n. bord, rand, kant, og i stadnamn *borði* m., t. d. *Borðadalr*, no *Borddalen* Voss. — 14. *Kallsoyggj*, med namn etter »drangen« *Kallurin* (ɔ: kallen), og 15. *Kunoyggj* med namn etter »drangen« *Konan*. — 16. *Nólsøy*, utt. *nølsi*, skr. *norsæy* SkF., vert avleidt av *nǫrr* adj. trong, smal, sjaa D. Fær. XLIII. — 17. *Skúvoyggj* med namn av fær. *skúgvur* m., gn. *skúfr*, fuglen Lestris catarrhactes. Med andre stadnamn er det like eins. Nokre er dei same som i vestnorsk, t. d. *Múli* m. *Skarvanes*, *Kvín*, *Mjólkará* (paa Kallsøy, same namn som *Mjøl'krånæ* Nhl. gn. *Mjólkrá*). Sume er avleidde av røter eller saman-

[1] I Norsk grammatik § 375 Anm. reknar Ivar Aasen upp nokre ord som er mykje brukelege ein stad i landet og sjeldsynte annarstad. Fraa landet nordanfjells hev han 20 ord; av deim finn ein att 8 ell. 9 i fær. Vestanfjells: 22 ord; av deim finn ein att 15 i fær. Sunnanfjells (ɔ: Austlandet): 21 ord; av deim finn ein att 3. Fraa den „sydligste Del af Landet" (ɔ: Sudvaldet paa Sudvestl.) hev han 17 ord; av deim finn ein att 12. Av ord som er sams for landet vestan- og nordanfjells hev han 17 ord; av deim finn ein att 10 i færøysk. Som ein ser stend her maali i Sudvaldet paa SVestl. og Vestanfjellsmaalet nærast færøysk.

[2] Øynamnet Dimun finst ogso paa Island (i Breidefjorden). Som stadnamn finst det ogso paa Hjaltland. Alstad der namnet er brukt er der tvo toppar (eller fjell). Sjaa Jakob Jakobsen: Shetlandsøernes stednavne. København 1901, s. 231—232.

sette av ord som er kjende, t. d. *Dragasund, Gravará, Hattarvík, Hellan, Hoyvík, Kalbaksbotnur, Langanes, Lýsuá, Marmaskallará.*

13. B y g d e r n e paa Færøyarne ligg ved sjøen, og hev vel for det meste namn etter den fyrste garden, som vart rudd der. Millom desse upphavlege gardanamn er der ingi gamle paa *-vin, -heim* eller *-land,* — merk likevel *Ongland* (< *England*) paa Sandøy, nytt? — og berre eit paa *-staðr*: *Velbastaður,* utt. *vælbastæuvür* paa Straumøy. *Velba-* kann etter Jakobsens meining vera gen. av eit *Velbi* = **Vilbiǫrn,* ell. *Valbi* = *Valbiǫrn*[1], jfr. *Vælbahella* i Midvaag paa Vaagar og norsk *Valbelann,* no skr. *Valbeland* i Landvik i AAgder, skr. *Walborgland* 1610; jamsides *Valbiǫrg* hev me gen. *Vilborg* (*willeburga,* alt i Reichenau-Necrol. under Hislant terra). Paa *-tveit* og *-setr* er der heller ikkje namn. Flest er bygdenamni paa *-vík,* t. d. *Hvalvík,* jfr. *Kvalvik* Hard. *Húsavík,* jfr. *Husavik* Shl. *Klaksvík,* jfr. *Klaksøy* Shl. Paa *-dalur* endar 5 namn, t. d. *Gásadalur* paa Vaagar, jfr. *Gaasdalen* Nhl., skr. *Gaasedalen* 1668, sjaa Ngn XI 227. Paa *-vágr* endar 4 namn, t. d. *Trongisvágur* ell. *Trungisvágur* paa Suđurøy; jfr. med umsyn til fyrsteleden *Trengereid,* utt. *træŋŋ'rei,* i Samnanger, Nordhordland, sjaa Ngn XI, s. 222. Paa *-bør* er der sameleis 4 namn: t. d. *Fróðbø* (utt. *fråbba*); jfr. *Frotveit* Nhl., skr. *Frodotveit* NRJ IV, s. 473 (16 hundr.). Sameleis 4 namn paa *-nes,* t. d. *Skipanes* (Austurøy); jfr. *Skipaneset* (utt. *sjẽpanes'ə*) Nhl. Ngn XI, s. 242. Paa *-hǫfn* er der eigenleg 4 namn: *Saxun* (Straumøy) < *Saxhǫfn,* skr. *sagxhofn* Sk.F; *Skopun* (Sandøy) < **Skophǫfn*;[1] *Havn* eller *Havnin* (Torshavn paa Straumøy), skr. *þorshafn* 1403, sjaa ovanfor s. 87; *Vestmanna* (utt. *væsmana,* Straumøy) skr. *vesmanahofn* Sk.F. Paa *-sund* er der 2 bygdenamn. Paa *-skáli* er der *Skáli* (Austurøy), og *Blankskáli* (Kallsøy), som no er nedlagd; jfr. *Skaale, Skaalevik, Fjellskaal* ofl. Nhl. Shl. Hard. Paa *-topt*: *Norðtoftir* og *Skálatoftir* (Bordøy). Paa *-angr* kanskje *Saltandará* for *Saltangará*[1]. Alle desse sisteleder er heller vanlege i gardsnamn paa Vestlandet, — *hǫfn* ikkje minst i Nordvaldet paa SVestlandet.

Av andre færøyske bygdenamn er merkande: *A'nir* f. pl. (Bordøy) av gn. **ón,* gen. **ánar,* fulla same ordet som *vón* f. (von) med yverførd tyding vonfull stad; jfr. *Ona* grdn (utt. *ōn'a*) paa Sandøy paa Sunnmøre, *Onarheim* Shl., sjaa Ngn XI, s. 178 og XIII, s. 312, der ein finn upplysning um namnet. *Argir* pl. (Straumøy); ei genitivform *Argis-* er i færøysk fyrsteled i mange stadnamn: *Argisá, -dalur* o. fl., som Jakobsen (Streifl. s. 72) steller saman med fær. *ørg* f. og *ørga* um steinut eller aurut jordkynde; jfr. *Erga,*

[1] Sjaa Jakobsen: Nordisk Tidsskrift for Filologi, tredie række, 17 bind, s. 64—85, ei utgreiding med yverskrift: „Streiflys over færøiske stednavne", som ligg til grunn for upplysningi um dei færøyske bygdenamni her.

elvenamn i Sundalen (Rygh: Norske elvenavn s. 43). *Depil* (Bordøy) tyder liten dam, depel, og er grdn i VAgder ogso, sjaa Ngn IX, s. 118. *Glyvrar* pl. (Austurøy) av fær. *glyvur* n. bergkluft, nyn. *glyvr* n. d. s. jfr. *Gløvre* grdn i VAgder. *Hov* n. (Suđurøy), grdn ogso i Norig; jfr. *hov* n. haug, laagt berg, og gn. *hof* n. gudehus.

14. I namn paa einskilde eigedomar finn me elles paa Færøyarne i sisteleden: *-á* f. (aa, elv), *-bakki, -berg, -brekka, -byrgi, -bøur, -fløta, -garđur, -gerđi, -gil, -hagi, -heygur, -jørđ, -kinn, -klettur, -krókur, -mýri, -nes, -skor, -stein, -stykki, -teigur, -trøđ* (< gn. *trǫđ*; jfr. *Traa* grdn Shl. < gn. *trǫđ,* Ngn XI, s. 5), *-túgva* (< gn. *þúfa*), *-tunga, -válur.* Alt dette og meir til er ogso i bruk i Nordvaldet av Sudvestlandet i gardsnamn, anten aaleine eller som siste- eller fyrsteled. Av sume andre sisteleder i færøyske gardsnamn finn me annarstad i Norig, men sjeldan, ogso: *-deild* (Hall.), *-partur* (t. d. Gbr.) og *-skinn* (t. d. Snm.), medan *-góđs, -gyllin, -nummar, -skattur* synest vera sermerkelege for Færøyarne.

15. Um ordfanget elles i færøymaalet er aa segja, at maalet ikkje hev so rett faa ord, som er utdøydde eller i alle fall no ukjende i maalføri i Norig, men som me finn i gnorsk og islandsk, eller i eit av deim, t. d. *bella* v. skada (ogso i gn.), *bjálvi* m. pels (ogso i gn. og isl.), *blóta* v. banna (sameleis i gn. og isl.); det oftnemnde *drangi* m. og *drangur*, einstaka høg stein i sjøen, finn me i gnorsk og islandsk sameleis, elles berre i norske stadnamn fraa og med AAgder til og med Nordhordland eller yver heile Sudvestlandet, t. d. *drang'en* grdn paa AAgder, Ngn VIII, s. 109, *drångje* grdn i Nordhordland, Ngn XI, s. 209[1]; *dýrđ* f. herlegdom (ogso i gn. og isl.) o. fl. — Færøymaalet hev ogso ei rekkja med ord som berre finst der, ikkje berre samansette som *ábeint* prp. beint imot, *alduskot* n. baarestøyt, *avfall* n. nedburd, regn eller snø, *bráđræsi* n. hastverk o. m. fl., men ogso usamansette som *bilsin* adj. forstøkt (til *bila?* v. vanta), *blak* n. saup, *branda* v. loga, *darva* v. hindra, *drós* n. fylgje (i kvædi; jfr. nyn. *drús* n. hop med lausøyre, Shl. Ryf. Dal.), *durva* v. vera svevnug, *eimingur* m. eld (jfr. nyn. *eimyrja*), *fjóna* v. hata, *sipa* v. kasta, o. m. fl.

Innanfor denne rekkja finn me mange ord for det som sermerkjer natur og folkeliv paa Færøyarne, t. d. *eystfall* n. straum som ber austetter, motsett *vestfall*; *mysing* f. ovsterk straum; *havmiđaleiđ* f. leidi til fiskemidi ute paa havet; *lognbrá* f. hildring; *pollamjørki* m. tett skodda i pollar og dalar, medan fjelltopparne er skoddefrie; *nykbrandur* m. eldkula paa himlen; *eyrvika* f. aurblanda jord; *kolamógvur* m., eit slag torvjord; *reyđleir* n. raud leirjord; *børkuvísa* f. Tormentilla erecta (Landt), brukt til garving;

[1] I Nordland likevel enno *drange* m. um ein smal bergodde som sting ut i sjøen.

»*Vujriksgrêas*« n. Hypericum pulchrum (Landt); *grind* f. flokk av *grindahvalir* (sjaa Ivar Aasen), *grindast* v. liggja still med hovudi ovanfor vatsskorpa (um grindekvalar i flokk), og mange samansetningar med *grinda*: t. d. *grindabođ* n. — *lína* f. — *mađur* m., og ord som hev samband med veidingi, t. d. *kastugrót* n. *sporđreisast* v. *gyllinshvalur* m. *kallsmađur* m. medhjelpar til syslemannen; *fleyga* v. fanga fugl i lufti, og mange ord som er brukte ved fugleveidingi (*fygling, fleyging, omanfleyg*), t. d. *fleygusessur* m. *fleygustong* f. *bjargalína* f.; — *treskitræ* n. banketre til aa treskja med. *sodnur* m. turkeomn for korn i *sodnhús* (vel rettare *sornur*, jfr. *sonn* hjaa Ross; dette ordet finst ogso i Romsd. Ndm. og Inntrøndelag). Ogso namn for alt det som høyrer med til baaten[1] og fiskjet og til saudavlen (dei hev sine eigne færøyske namn paa alle beini i sauden fra granabeiniđ tit halinn),[2] og faste namn paa dei serskilde partar av slagtet, t. d. *válgari*[3] bringestykket med noko av sida. — Medan ordfanget soleis er rikt, naar det gjeld færøysk landslag og livskaari aat folket, hev det lide tap paa andre kantar paa grunn av den fatige natur paa sjølve øyarne og det store fraastand fraa andre land. Mange ting i naturi, som er vanlege i Noreg, finst ikkje her ute. Av ville dyr er der berre mus og rotta, av amfibia inkje, av skogfuglar ingen — der er heller ikkje skjor —, av vatsfiskar umfram *álur* berre *bleikja, eyrji* (< *aurriđi*) og *sýl*, knapt nok *laxur*[4], av treslag berre eit som veks vilt, det er einen, som heiter *baraldur* (bar-treet). Paa sumt av det som soleis ikkje finst, hev namni likevel halde seg i kvædi eller ved samferdsli med Noreg, t. d. *bjørn, hjørtur, hind, úlvur, revur, ormur, almur, askur, bjørk, birkitræa, -viđur* o. fl. sms. med *birki, eik, fura* (jfr. det skjemtsame ordtøke: *ikki trýtur furan í Førjum*) o. fl. Men mesteparten er sjølvsagt gløymt og burte i det livande talemaalet. Det er alt ovanfor leika inn paa at sume ord, som er vel kjende fraa annan norsk, hev skift tyding i færøysk, visseleg til deils ved paaverknad fraa den sermerkte færøyske natur. Me skal her taka fram nokre døme paa dette. Paa desse øyarne er det soleis sjeldan at snø vert liggjande i mange dagar anna enn upp i høgderne. Snøen viser seg mest i lufti som kave. Og no hev *kavi* vorte det vanlege ordet for snø paa Færøyarne, anten han er i

---

[1] Sjaa Facs. IV og V.

[2] Sjaa Facs. III.

[3] Sidsteleden i dette ordet er kanske *geiri* (utt. *gairé*), strimmel.

[4] Hjaa Landt s. 21 les me: „Leinumvatn“ (paa kortet yver Færøyarne: Leina Vatn) „samt nogle mindre Ferskvande i Kollefjords Dalen paa Nordstrømøe, ere nu mindre fiskerige, i disse sidstnævnte findes og et Slags Foreller, som ere røde under Bugen, og derfor kaldes Rødmaver“. Millom fiskarne nemner han s. 279 Salmo alpinus, „i Lejnumvatn paa Strømøen“. Salmo alpinus er norsk røyr (< gn. *reyđr*). Etter upplysningi hjaa Landt skulde det færøyske namnet vera *reyđamagi*, utt. *ræiamæaje*.

lufti eller ligg paa jordi, endaa til i sms. som *kavablak* n. ell. *kavabøltur* m. snøball; og verbet *snøa* heiter *kava*, jfr. elles *kave* m. djup laussnø Tel. — *snjógvur* m. (< *snjór*) finst berre i kvedskap og nokre samansetningar, t. d. *snjóhvítur*, og *snjógva* vert sagt um sauderne, naar dei søkjer livd mot snøvêret. *jøkil* m. (gn. *jǫkull*) kann umfram isfjell ogso tyda gras som isen hev rive ned fra hamrarne og som vert liggjande paa snøen, naar den braadnar; men istapp, t. d. under taket — som *jǫkull* i gn. og nyn. — kann fær. *jøkil* ikkje tyda, han heiter *glerpípa*. *hjallur* m. (< gn. *hjallr*) tyder enno hjell, fiskehjell, men ogso eit serskilt uthus av bord med opne millomrom til aa vindturka kjøt (*skerpukjøt*) eller fisk i.

Det er den velkjende logi i maali si soga at det med umskifti i naturhøvi fylgjer umskifte i maalet. Eit forvitnelegt døme paa kor lang tid det likevel kann taka, fyrr eit gamalt ord vert slept, endaa det slett ikkje høver med den nye naturi, er fær. *bjarnarterri* (ogso *bjarnterri*) m. vind som turkar sterkt umkr. Mikkelstid eller burtimot midten av oktober, eig. »bjørnturke«. Paa Færøyarne finst ikke bjørn, so ordet maa vera kome utanfraa, og ordskapet syner at det er eit eldegamalt norsk ord. Det fær si forklaaring gjenom nyn. *bangseterre* m. som tyder det same og er i bruk paa Jedren (= *bunkaterre* Sogn, Nhl.). »Bangseterre«, skriver Ross (s. 939), »menes benyttet av Bjørnen, *bangsi*, til at tørre Mosen, hvorpaa den skal ligge i Hi«. Det fær. *bjarnaterri* (< **biarnarþerrir*) finst no berre paa Mykines og VVaagar; andre stader segjer dei *kópaterri*, som høver til færøysk natur; sjaa FSÆ s. 448.

